

Skildring skule- og barnehageanlegg

Alver kommune



Vedlegg til Temaplan for barnehage- og skulebruksplan

April 2024

Innhald

Innleiing	3
Metode for evaluering	4
Skulane	5
Samletabell skular	5
Radøy ungdomsskule	6
Hordabø skule	15
Austabygd skule	20
Manger skule	25
Sæbø skule	34
Rossland skule	41
Vestbygd skule	49
Meland ungdomsskule	57
Sagstad skule	66
Grasdalen skule	75
Knarvik ungdomsskule	86
Knarvik barneskule	93
Alversund skule	99
Leiknes skule	106
Seim skule	114
Lindås ungdomsskule	122
Lindås barneskule	130
Myking skule	139
Ostereidet ungdomsskule	146
Ostereidet barneskule	154
Eikanger skule	161
Kløvheim skule	168
Barnehagane	175
Samletabell barnehagar	175
Austabygd barnehage	176
Bø barnehage	180
Lindås barnehage	185
Juvikstølen barnehage	189
Marilhøna barnehage	193
Sæbø barnehage	197
Prestmarka barnehage	201

Innleiing

Norconsult har vinteren 23/24 evaluert pedagogisk funksjonalitet ved dei kommunale skulane og barnehagane i Alver kommune. Arbeidet inngår i kunnskapsgrunnlaget for Temaplan barnehage- og skulebruksplan.

Samla er 22 skuleanlegg og 7 barnehageanlegg evaluerte etter kriterier laga med utgangspunkt i planprogrammet.

Oversikta og innsikta gjev Alver kommune eit verktøy til strategisk byggforvaltning og eit utgangspunkt for felles forståing og samarbeid om anlegga mellom kommunal barnehageeigar, skuleeigar og byggeigar.

Metode for evaluering

Alle skule- og barnehageanlegga er evaluerte etter kriterium for funksjonalitet og eignaheit. Kriteria er utleia av fokusområda i planprogrammet.

Anlegga vert vurderte etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg / barnehageveg	Tilkomst til barnehagen / skulen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre. Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen/barnehagen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal / leike og opphaldsareal	Generelle læringsareal / leike og opphaldsareal er ihht. krav for godkjenning, og fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal / støtteareal	Spesialromma / støtteareala har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Arealane har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklimate.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Evalueringane byggjer på synfaringar, eigenrapportering frå skulane / barnehagane og teikningsanalyse. Rapportane frå kvart anlegg er omfattande, og vert oppsummerte med tilrådingar til tiltak. Rapportane er eit viktig grunnlag for samla tilrådingar i saka.

Skulane

Samletabell skular

Område for evaluering	Radøy u	Hordabø	Austebygd	Manger	Sæbø	Rosland b/u	Vestbygd	Meland u	Sagstad	Grasdøl	Knarvik u	Knarvik b	Alversund	Leiknes	Seim	Lindås u	Lindås b	Myking	Ostereidet u	Ostereidet b	Eikanger	Kløvheim
Helse – miljø – tryggleik	Orange	Orange	Orange	Rød	Orange	Rød	Orange	Rød	Rød	Grøn	Rød	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Rød	Orange	Orange	Rød	Orange	Orange	Orange
Vedlikehaldsbehov	Orange	Orange	Orange	Rød	Orange	Orange	Orange	Rød	Orange	Orange	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Orange	Rød	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange
Skuleveg	Rød	Rød	Rød	Rød	Orange	Orange	Orange	Rød	Rød	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Rød	Rød	Rød	Orange	Orange
Skulen som nærmiljøanlegg	Orange	Grøn	Orange	Rød	Orange	Orange	Orange	Rød	Orange	Orange	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Rød	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn
Generelle læringsareal	Orange	Orange	Orange	Rød	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Rød	Grøn	Grøn	Orange	Grøn	Rød	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn	Orange
Spesielt læringsareal	Grøn	Orange	Orange	Orange	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Orange	Grøn	Rød	Orange	Rød	Rød	Rød
Personalareal	Grøn	Grøn	Orange	Orange	Grøn	Orange	Orange	Rød	Orange	Grøn	Rød	Grøn	Grøn	Orange	Orange	Rød	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn
Driftsareal	Orange	Orange	Orange	Rød	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Grøn	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange
Uteareal	Orange	Grøn	Orange	Orange	Grøn	Orange	Orange	Rød	Orange	Orange	Orange	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Orange	Grøn	Orange	Orange	Orange	Orange	Orange

Oversikten syner at det er svært stor forskjell i kvalitet på skuleanlegga i Alver kommune. Dei to nyaste skulane, Alversund skule og Knarvik barneskule, har høg måloppnåing på alle / dei fleste måla. Desse skulane har gode pedagogiske kvalitetar, sikrar godt arbeidsmiljø for tilsette og barn, og byggjer opp under ein variert praksis som kan fremje variasjon og samarbeid. Også skulane Leiknes, Seim, Sæbø og Grasdøl skårar jamt bra, og har fleire gode kvalitetar.

Det er særleg ungdomsskulane i kommunen som, saman med Manger barneskule, skårar lågt på mange mål innafor fleire område. Desse skulane har til felles at dei er eldre bygg prega av manglande vedlikehald og byggutvikling, og vert på fleire område vurderte til ikkje å vere funksjonelle skulebygg.

Skuleanlegga fremjar ikkje målsetjinga om eit likeverdig opplæringsstilbod i kommunen. Fleire stader er bygg og funksjon i strid med lov og forskrift.

Radøy ungdomsskule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd på slutten av 1970-talet. Ulike delar av bygningsmassen har vore oppgradert i åra som har gått.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 15.04.08				
Tal bygg:	Eitt samanhengande skulebygg, som og inneheld offentleg bibliotek. Skulen brukar Radøyhallen, som er næraste nabo, til kroppsøving.				
Kapasitet	235 elevar				
Elevtal	186				
Over-/underkapasitet	49 elevar				
Tal klassar/grupper	8 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	2 barn (Liknande tilbod)				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	33	3+1	23	6	0

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Radøy ungdomsskule har eit relativt bra vedlikehalde og godt fungerande skulebygg som er rundt 45 år gammalt. Det offentlege biblioteket ligg inne i skulebygget og Radøyhallen, med idrettshall og svømmebasseng er næraste nabo. Skulebygget består av to bygningsdelar med ein lang innvendig passasje med helling som bind delane saman. Dei fleste undervisningsromma ligg på same plan i den største delen, medan den andre delen har 3 etasjar og husar personalfunksjonar, musikkrom og skulen sin store samlingssal med plass til opp mot 250 personar. Det er ikkje heis i anlegget. Skulen er ein tradisjonell klasseromskule. Dei generelle læringsareala består av 9 ordinære klasserom og 10 grupperom. Det er lite areal og rom som vert brukt til samhandling. Skulen har ikkje garderober til elevane. Yttertøy heng i gangane. Det er elevtoalett fleire stader inne i bygget. Skulen har nyleg oppretta 2 nye rom til elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov. I tillegg har skulen to rom med same funksjon som er litt eldre. Det er eitt HCWC i undervisningsfløya og eitt i underetasjen. Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: kunst og handverk, musikk, naturfag, bibliotek, mat og helse, kroppøving og symjing. Spesialromma er stort sett funksjonelle og har bra tilstand (om ein ser bort i frå sløydrømmet). Skulen har gode og funksjonelle personalfunksjonar og høvelege areal for støttetjenester. Det er og innreia eigne arbeidsplassar til alle fagarbeidarar på loft over personalrom/lærarkontor. Skulen sjølv vurderer tilstand, funksjonalitet og kapasitet på dei ulike driftsfunksjonane som god (vi saknar teikningar for driftsfunksjonane). Anlegget har (for!) stor lagringsplass til langtidslagring på loft over undervisningsfløya. Skulen sine rom er relativt lite brukt av nærmiljøet, men det offentlege biblioteket, fotballbana og Radøyhallen er svært mykje i bruk. Fotballbana og nærliggjande leikeapparat er og eit fint uteområde for skulen sine elevar. Uteområdet rundt sjølve skulebygget har nokre gangvegar, sitjebenkar og eit lite amfi, men elles lite utstyr. Dette hang saman med at delar av området vert brukt til parkering for Radøyhallen. Trafikksituasjonen ved skulen er ikkje trygg med køyring og parkering av bilar til og frå Radøyhallen.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ:</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre nødvendige tiltak for å få anlegget universelt utforma i tråd med nye krav (m.a. installere heis i personalfløya). Renovere sløydsalen og etablere maskinrom Justere ventilasjonen og få litt betre temperaturstyring Gjennomføre diverse bygningsteknisk vedlikehald på grunn av skulen sin alder (m.a. takstein, takrenner, korrosjonsskadar, maling og tetting av sår, skifte mange golvbelegg og nokre ytterdører, byte av himling og oppussing av kjellar) Elektro: mange lyskjelder må bytast ut Etablere ei trafiksikker løysing for parkeringssituasjonen og trafikk til og frå Radøyhallen og etablere fleire aktivitetar for elevane ved skulebygget. Få på plass gangfelt der elevane må krysse vegen på veg til og frå bussane. <p>BØR:</p> <ul style="list-style-type: none"> Vurdere tiltak for å redusere lydsmitte (usikkert omfang) Etablere nokre elevtoalett med inngang frå uteområdet. Få litt fleire grupperom med fleksibel tilkomst frå klasserom og korridor. Renovere to garasjerom, slik at dei kan brukast til undervisning i t.d. arbeidslivsfag og friluftsliv. Vedlikehald av grøntareal. Ryddede og kaste det som ikkje lenger har verdi å ta vare på loftet.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget tek i vare ein stor del av krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Anlegget har gode system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. Anlegget har godt med reinhaldsrom og verkar lett å halde reint, men utan gode elevgarderobar har ikkje skulen eit godt skilje mellom skitten sone og rein sone. Skulen har et funksjonelt ventilasjonsanlegg og god luftkvalitet, men det er litt lyd frå anlegget. Temperaturstyringa er stort sett god, men det er litt utfordringar med å få styrt temperaturen i enkelte rom p.g.a ulik tilkopling av omnar og plassering av temperaturløslarar. Det er gardiner til skjerming av sollys i aktuelle vindauge. Det er gode lyskjelder innandørs, men ein del armatur er gamle og vert lett øydelagde når lysstoffrør skal skiftast pga materialtrøytteleik. Akustikken er varierende og det er og litt lydsmitte mellom enkelte rom. Anlegget fremjar samla sett eit trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Anlegget fungerer etter skulen si meining godt i høve til å ha oversikt, både inne og ute. Skulen har jobba for å luke bort område elevane kan vere på som har vist seg å vere uoversiktlege. Heile anlegget har ulike soner med rom for leik og sosialt samvær både mange saman og få som ønskjer rolegare område. Ute kan elevane disponere ein stor fotballbane og leikeapparat i tilknytning til denne, men det skulle gjerne vore litt meir variert, mellom anna med fleire sitjebenkar og bord, og med fleire tilbod ved sjølve skulebygget. Skulen si store utfordring og utryggheit rundt trafikkavvikling, er omtalt lenger nede. Anlegget manglar ein del på å vere universelt utforma. Anlegget har ikkje heis. Det meste av skulen er likevel universelt tilgjengeleg ved at det er ein lang innvendig passasje med helling som bind dei to bygningsdelane saman (men det er usikkert om hellingsgraden er innafor dagens krav). Alle klasserom, dei fleste spesialrom og forsamlingsalen har terskelfri tilkomst. For å komme til kjellar med undervisningsrom i musikk, skuleadministrasjon og helsesjukepleiarkontor, er det berre trappetilkomst om ein ikkje går rundt skulebygget. Det er og berre trappetilkomst til nytt arbeidsrom for assistentar og til dei store lagerromma over hovudfløya. Anlegget har gode lystilhøve, men saknar kontrastfargar og har litt varierende akustikk og lydtilhøve. Skulen har HCWC i den store undervisningsfløya og i underetasjen. Det er ikkje HCWC i personalavdelinga. Skulen manglar universell skilting, men 3 ytterdører får i februar 2024 installert dørautomatikk. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Skulebygget er oversiktleg og har god flyt og logistikk, med god nærleik mellom funksjonar Ein kan gå tørrskodd mellom alle funksjonar, om ein ser vekk i frå idrettshallen der elevane har gymnastikk og symjing (den ligg like ved skulen). Det er kort avstand til ytterdører frå alle klasserom. Spesialrom er samla i ein fløy av bygget med kort avstand frå resten av bygget. Det er ikkje god kontakt mellom ute- og inneareal. Det er eit stykke å gå til idrettsbana og leikeapparata, og lite som skjer nær skulebygget. • Anlegget har ein forsamlingssal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Skulen brukar m.a. salen til å kunne samle alle elvane til felles samlingar og andre føremål, som t.d. foreldremøte for heile skulen. Salen har plass til opp mot 250 personar. Utover dette er det lite fellesareal på skulen. • Det er på ingen måte trygg og tenleg trafikkavvikling ved anlegget. Det er ein god del køyring til og frå Radøyhallen. Parkeringa til Radøyhallen ligg slik til at ein både køyrer og parkerer der elevane oppheld seg. Varelevering og søppelhenting skjer og i det same området. Det er og manglande gangfelt der elevane må krysse vegen for å komme frå bussane til skulebygget 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bygget er frå 1982 og treng ein del utvendig og innvendig vedlikehald, som er utdjupa meir nedanfor. • Tekniske anlegg fungerer stort sett bra. Luftkvaliteten og temperaturstyringa er generelt god, men i enkelte rom er temperaturstyringa utfordrande pga ulik tilkopling av omnar og plassering av temperaturfølarar. • Ventilasjonsanlegg lagar ein del lyd enkelte stader. • Ein del lysarmatur er gamle. • Akustikken er varierende. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Byte takstein på delar av bygget, utbetring korrosjonsskadar, maling utomhus, utskifting av portar og einskilde ytterdørrar, skifte golvbelegg i personalavdeling, klasserom, bibliotek og gonger i nord-fløy, byte av himling i gongar samt i sør-fløy, oppussing i kjellar ○ Elektro: Byte belysning i klasserom, personalrom, bibliotek og skulekjøken • Basert på konkrete manglar som var synlege ved synfaring eller som skulen sjølv har peika på, kan lista over justerast og supplerast: <ul style="list-style-type: none"> ○ Innvendig: Generell oppgradering av klasserom med maling og tetting av sår i veggjar og restar frå tidlegare vedlikehald som ikkje har vorte gjort ferdig. Sløydsalen treng totalrenovering. ○ Utvendig: bygget treng maling og generelt ettersyn av beslag ved takrenner. Rensing og sjekk av takrenner. 	

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Grøntareal treng jamleg vedlikehald. Skulen lager prosjekt med elevane for å avhjelpe men dette er ikkje tilstrekkeleg. • Skulen opplever at det kan ta tid før innmeldte feil og manglar vert retta. 	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Trafikksituasjonen ved skulen er ikkje tilfredsstillande. Det er ein god del køyring til og frå Radøyhallen som ligg like inntil skulen og som er i bruk heile dagen. Parkeringa til Radøyhallen ligg slik til at ein køyrer der elevane oppheld seg. Etter skuletid i sommarhalvåret må skulen og fjerne stativa til volleyballnettet for å gje meir plass til parkering. • Rundt 35 elevar går vanlegvis til fots til og frå skulen, medan om lag 10 sykklar. Skulen har ikkje oversyn over kor mange elevar som vert køyrde i privatbil. • Rundt 130 elevar har krav om skuleskyss på grunn av avstand. Omlag 10 har vedtak om trafikkfarleg veg. • Elevane med lengst veg har om lag 21,5 km reiseveg til skulen. • Det er ikkje gangfelt der elevane må krysse vegen for å komme frå bussane til skulebygget. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Sjølve skulen er relativt lite i bruk som nærmiljøanlegg, men om ein inkluderar Radøyhallen og fotballbana er det mykje aktivitet i området både om kveldane og i helgane. • Skulebygget har god kapasitet for utleige, og dei som ynskjer får plass og tildelte tider. • Per i dag brukar Kulturskulen musikkrommet ein ettermiddag kvar veke. Elles er det berre tilfeldig leige, t.d. til organisasjonar som nyttar klasserom til kursing og møter eller skulekorps som leiger bygget til øvingshelgar. Klasserom, skulekjøken og forsamlingsal vert nytta. Skulen er godt eigna for dette. Skulen ligg vegg i vegg med Radøyhallen og til nokre store arrangement vert både hallen og skulen nytta. • Uteområda ved skulebygget kan ikkje nyttast som nærmiljøanlegg. Uteområda vert brukt som parkeringsplass og køyring til Radøyhallen på ettermiddag/kveld.. Skulen må t.d. pakke bort utstyr som volleyballnett og stenger etter skuletid fordi plassen vert nytta til parkering på ettermiddagstid. • Det har vore lite hærverk på skuleområdet dei seinare åra, berre noko tilgrising med søppel, spesielt etter helger. • Andre nærmiljøanlegg i nærleiken: Radøyhallen, Manger barneskule, stor fotballbane like ved skulen og Ungdomshus, som kan leigast. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har 9 klasserom, som er nok i høve til elevtalet. Alle klasseromma er frå 1982, men standarden på romma varierer. Dei fleste romma ligg samla i den eine enden av skulebygget. • Skulen har og 10 grupperom, som ligg plassert i nærleiken av klasseromma. 4 av grupperomma har berre tilkomst frå eit tilliggjande klasserom, medan dei andre kan nåast frå gang/korridor. Skulen hadde gjerne sett at dei kunne hatt fleire grupperom i 	

	<p>tilknytning til klasserom for å kunne variere mellom ulike arbeidsformer på ein betre måte. Dei skulle og gjerne hatt fleire rom for skjerming av elevar som treng det.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid vert gjennomført i klasserom og i gangareal utanfor klasserom, der det finst nokre arbeidsplassar med benkar (men ikkje bord). Det kunne med fordel ha vore fleire rom for samarbeid mellom elevar slik at elevane slepp å arbeide i gangane. Skulen har eit samlings-, møte-, aktivitets- og utstillingsrom på omlag 200 m2 som slik vi ser det og må kunne nyttast til ulike former for samarbeid og samhandling mellom elevar og klassar. • Med lukka klasserom, lite variasjon og få rom som eignar seg for samarbeid på tvers, fremjar ikkje læringsareala samarbeid om undervisning i profesjonsfelleskapet. Undervisninga vert planlagt i profesjonsfelleskapet av lærarane på trinnet, men klassane jobbar for seg sjølv. • Inventaret har grei standard. Møbleringa i klasseromma er tradisjonell. Løysingane for IKT er velfungerande og det er digitale tavler i alle klasserom. • Skulen har nyleg oppretta 2 nye rom til elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov. I tillegg har skulen to rom med same funksjon som er litt eldre. Desse romma har kjøkken og plass for utstyr elevar med svært spesielle behov treng. Nokre av romma ligg litt borte frå anna læringsareal. Samhandling med andre elevar skjer fortrinnsvis i klasserom. • Skulen har ikkje garderobar til elevane. Yttertøy heng i gangane utanfor klasseromma. Det er nok elevtoalett i skulebygget i høve til elevtalet. Elevtoaletta har veggjar til tak, utan innsyn og mykje lydsmitte, men det hadde vore ønskeleg med nokre toalett med tilkomst frå skuleplassen. I dag må elevane inn i bygget i friminutta for å gå på toalett. Dette gjev utfordring med mange elevar "på drift" i gangane. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, musikk, naturfag, bibliotek, mat og helse, kroppsøving og symjing. Skulen ønskjer å få renovert to garasjerom, slik at dei kan brukast til undervisning i t.d. arbeidslivsfag og friluftsliv. • Spesialromma er funksjonelle. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er stort sett tenlege og dei fleste romma har bra tilstand. • Det er enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma, men det er ikkje universell tilgang inne i bygget til musikkrom (då må ein ut og rundt bygget). Det er arbeidsstasjon for elevar i rullestol i mat- og helserommet, men ikkje i rom til kunst og handverk. • Krav til tryggleik er stetta, men det skulle ha vore et eige maskinrom til sagar og anna utstyr som elevane ikkje skal ha fri tilgang til i sløydrommet, og som og skapar mykje støv i rommet. Det er godt arbeidsmiljø i romma med tanke på lys, lyd og inneklima. • Organisering av undervisning i spesialromma: Kunst & handverk: Delte klassar for å få mindre 	

	<p>elevgrupper.</p> <p>Mat og helse: Halv klassegruppe, deling mot 1t musikk, 1t naturfag (forsøk) og 1t matematikk</p> <p>Kroppsøving: Heil klasse i Radøyhallen</p> <p>Musikk: Delt mot mat og helse i ein av timane</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har eit stort og fint areal tilrettelagt for ulike kunst & handverksaktivitetar. Sløydsalen treng renovering. Utstyret er gammalt og rommet er ikkje innreda med tanke på skjerming for lyd frå maskinar, men sjølve storleiken på sløydsalen er fin, med høgt under taket, store vindauge og god golv plass med plass til mange maskinar og ulike arbeidsplassar. Resten av kunst & handverksavdelinga består av eit stort rom med ulike arbeidssonar for teikning, tekstil og veving m.m. Denne delen av K&H-avdelinga er funksjonell og godt eigna til føremålet. • Det offentlege biblioteket på Radøy ligg midt i skulebygget til Radøy ungdomsskule. I tilknytning til dette biblioteket ligg skulebiblioteket. Skulebiblioteket har god kvalitet, er godt utstyrt og ligg sentralt plassert i nærleiken av alle klasseromma til skulen. • Naturfagrommet ligg i nærleiken av romma til kunst & handverk. Eit tidlegare førebuingssrom er no ein del av rommet. Rommet eignar seg greitt som forsøksrom. Rommet har plass til full klasse, men vert berre nytta med halv klasse av omsyn til tryggleik i høve til forsøk. • Rommet til Mat & helse har tradisjonell inndeling med arbeidsstasjonar for elevane plassert langs vindauga. Det er og småbord til elevgruppene, samt skap og nødvendig fellesutstyr som kjøleskap, frys og matlager. Det er berekna nok plass til ein halv klasse. Til dette har rommet grei funksjonalitet. • Skulen har et godt utstyrt musikkrom med 4 øvingsrom i nærleiken. Alle romma ha god kapasitet og funksjonalitet, men ligg litt for seg sjølv eit stykke unna dei andre undervisningsromma • Skulen brukar Radøyhallen til kroppsøving. Radøyhallen er næraste nabo til skulen. Idrettshallen har god kapasitet og funksjonalitet. • Skulen brukar symjebasseng i Radøyhallen til symjing. Her er det og god kapasitet og funksjonalitet. Hallen har 25-meters basseng og terapibasseng. 8. klasse har ein time symjing heile skuleåret. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. • Anlegget har gode funksjonelle lærararbeidsplassar i eit kontorfellesskap fordelt på 6 arbeidsrom med 2-6 lærarar på kvart rom, og tilgjengelege støttefunksjonar i fellesareal. På grunn av manglande teikningar kjenner vi ikkje storleiken på romma, men slik vi vurderte det var romma store nok iht. forskrift. • Skulen har og innreia eit eige arbeidsrom med arbeidsplassar til alle fagarbeidarane ved skulen. Dette ligg på loft over personalrom/lærarkontor. • Det er nok møterom med tenleg funksjonalitet i anlegget • Leiinga og administrasjonen har 5 funksjonelle og nye 	

	<p>ombygde kontor i etasjen under lærerarbeidsplassane og personalrommet (det eine kontoret er og møterom). Det er litt avsides plassering i høve til resten av skulen – på baksida, men nær inngang.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Personalrommet som har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Rommet har tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging og oppbevaring av mat. • Personalgarderobar med toalett har god tilstand og har tenleg plassering og storleik. Det er ikkje dusj i garderobane. • Det er høvelege areal for støttetjenester i anlegget, t.d. areal for helsesjukepleiar, PPT, ansvarsgruppemøter og anna. Skulen har fastkontakt i PPT. Ressursteam med PPT ein gong i månaden i tillegg til jamlege møter. Helsesjukepleiar er på skulen to dagar i veka og har eige kontor i ein eldre del av same fløy som administrasjonen. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen sjølv vurderer tilstanden, funksjonaliteten og kapasiteten på dei ulike driftsfunksjonane i anlegget som god, men utan gode teikningar har det vore vanskeleg å stadfeste funksjonar og rom innafor denne kategorien som vi ikkje hadde fokus på under synfaringa. • Reinholdssentral med vaskemaskin er plassert i kjellar. Det finst små bøttekott med plass til utstyr og vaskevognar i nærleiken av undervisningsromma. • Skulen har eit stort fjernlager på det opne loftet over undervisningsfløya. Lageret er berre tilgjengeleg via trapp frå biblioteket. Elles finst det fleire mindre lager-, utstyrs- og rekvisitarom ulike stader i anlegget. • Vaktmeister har kontor og utstyrsrom i kjellar, nær administrasjonen. Det er og lager til drift (stigar og stillas mm) i garasje under sløydsalen • Varelevering skjer til vanleg via inngangen ved administrasjonen, eller ved inngang A. I samband med varelevering til ulike avdelingar er det om nødvendig og praktisk mogleg å køyre rundt heile skulebygget. Sjøppeldunkar for papir og plast står under tak i leskur utanfor skulebygget, bioboss i vanlege NGIR bosspann plassert ved stor kontainer og restavfall i stor kontainer ved parkering til Radøyhallen (delt med Radøyhallen). 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet rundt sjølve skulebygget er lite i høve til elevtalet og består av asfalterte gangvegar rundt skulen, ein asfaltert plass (der det kan setjast opp volleyballnett), eit lite amfi, nokre sitjebenkar, eitt balansetau, små plenar og bed. Uteområdet har og nokre basketballkorger og eit lite skur med eit bordtennisbord. • Radøyhallen vert nytta til aktivitetar i storefri i vinterhalvåret (oktober til april). • Når elevane er spreidd rundt heile skulebygget og på fotballbana kan det vere utfordrande med inspeksjon. • Uteområde og bed med beplantning er utfordrande å halde ved like og er ofte overgrodd. • Utearealet er universelt utforma, men er ikkje trygt. Det 	

	<p>er stor utfordring med trafiksikkerheit då delar av skuleplassen og er parkeringsplass for Radøyhallen. Dette medfører ein del biltrafikk som kan skape farlege situasjonar. Stenger og nett til volleyball må og fjernast kvar ettermiddag for å gje plass til parkering.</p>	
--	---	--

Hordabø skule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 2001.				
Tal bygg:	To bygg + gymsal				
Kapasitet	140 elevar				
Elevtal	111				
Over-/underkapasitet	42 elevar				
Tal klassar/grupper	7 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	40 barn				
Tilsette	Samla: 17	Leiing/adm: 2	Pedagogar: 10	Ped.medarb.	Andre:

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Hordabø skule ligg sentralt i Bøvågen og er eit viktig samlingspunkt for bygda. Skuleanlegget er bygd i 2001, med alt på eit plan. Skulen har samlingsareal i bibliotek og gymnastikksal og kort avstand mellom ute- og inneareal. Skulen er generelt i god stand. Mykje kledning er skifta og skulen er nymala utvendig. Ein del ytterdører til klasseromma er modne for utskifting.</p> <p>FV 409 går forbi skulen og har farlege strekkingar inn mot skuleanlegget. Anlegget nyttast som nærmiljøanlegg og til fritidsaktivitetar til mellom anna skulemusikk. Det er ofte elevar ute og leikar på skulen sitt uteområde på ettermiddag/ kveld. Det er lite eller sjeldan hærverk, men det har vore situasjonar der elevar klatrar på taket.</p> <p>Innvendig har skulen ein tradisjonell oppbygning med ein lukka klasseromsstruktur med eigne inngangsparti. Det fysiske miljøet i trinnareala legg i liten grad lagt til rette for samhandling og profesjonsutvikling da det ikkje er innvendige forbindelsar mellom dei ulike trinna. Inne i klasseromma legg innreiinga opp til variasjon i undervisning.</p> <p>UDI har inngått kontrakt med Hero om etablering av asylmottak på Marøy, og Hordabø blir nærskule for desse elevane. Det er vanskeleg å seie kor mange elevar ein kan rekne med i ein mottaksklasse, men ein må rekne med ein kapasitet til dette. Slik det er i dag, har ikkje skulen eit eige rom per trinn. Det er naudsynt å finne ei løysing som gjev gode høve for eit variert tilbod til elevar i asylmottak.</p>
Forslag til utbetringar	<p>Må:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nye dører med transparens/innsyn inn mot klasserom og grupperom. • Oppgradere inventar og utstyr i sløydsal. • Erstatte øydelagde uteapparat og etablere fleire aktivitetar og sosiale soner for

	<p>dei eldste.</p> <p>Bør:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utbetre trafikkhøve på FV 409, slik at fleire elevar kan gå til skulen. • Sjå på om nokre grupperom kan gje direkte inngang og transparens frå klasserom • Installere ny innreiing i SFO/ førstetrinn garderobe • Installere berøringsfrie armatur i alle handvaskar • Utomhus låsbar avfallsbod • Finne ei løysing for klasserom for mottaksklasse, som ikkje går ut over ordinær skule. Sjå arealbehov i samband med barnehage.
--	---

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ivaretek i nokon grad krav til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. • Bygningsdelane har eit forskyvd pulltak, men stor takhøgde på den eine sida og normal høgde på den andre sida av bygget, noko som kan føre til utfordring for reinhald. Anlegget ivaretek ikkje i stor nok grad system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. Gode system og orden hos brukar gjer at skulen ser rein, ryddig og triveleg ut. • Bygget har ein arkitektur med skrå himling og vindauge oppunder taket. Kanalar, lysarmatur og lagringshyller er eksponert for støv. Dette gjeld òg kjøkkeninnreiing i skulekjøkken og lagringshyller elles i skulen. • Anlegget og har ikkje skilje mellom skitten sone og rein sone. Skulen består av fleire bygningsdelar som ligg rundt ein indre skulegard. • Det er ikkje innomhus samband mellom funksjonane. Dette fører til utfordringar med skilje mellom rein og skitten sone, og ei ulempe for tilsette og elevar når dei skal nytta seg av ulike rom og funksjonar. • Temperaturen er stort sett stabil og vert opplevd høveleg, med unntak frå bibliotek. Der er det kaldt på vinterstid. • Det er tenlege lyskjelder innandørs, men ikkje tenleg solskjerming i vindauge. Dette går utover kvalitet i undervisning med digital tavle. • Ventilasjonsanlegget fungerer godt, slik brukarane opplever det, men det er noko luftlyd enkelte stader. Det er grei akustikk i rom og lite lydsmitte mellom rom. • Anlegget fremjar i stor nok grad trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. • Anlegget er stort sett oversiktleg og fritt for mobbesoner. • Det er ikkje transparens mellom klasserom, grupperom og garderobar • Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er rikt. • Anlegget er stort sett universelt utforma, med god skilting og enkel tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne. • Anlegget har gode kontrastfargar og stort sett kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. • Det er HCWC godt fordelt i lærings- og personalareal. • Anlegget er oversiktleg, men har ikkje i stor nok grad god innvendig flyt og logistikk. Det er likevel god nærleik mellom 	

	<p>funksjonar ute- og inne frå alle bygg.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er overbygg over inngangspartia og mellom bygg, slik at ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar. • Anlegget har funksjonelle fellesareal i gymsal og bibliotek, som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget er eit anlegg frå si tid, og har enkelte stader nytte av oppussing. Det er stort sett gjort jamleg vedlikehald. • Overflater inne (golv, vegger og tak) er stort sett heile og utan mykje slitasje. • Overflater ute, til dømes kledning, er ny. 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget legg i nokon grad til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på skuleveg, parkering, skilje harde og mjuke trafikkantar, varelevering, søppelhandtering og skuleveg. • Skuleveggen er definert som utrygg, og om lag 20 elevar som bur nær må ha skuleskyss til anlegget. Krysset der ein svingar inn til skulen frå fv 409 er trengt og det går mykje trafikk igjennom. Det er laga til med fotgjengarovergang og det er vakt ute om morgonen for å sjå til dei mjuke trafikantane. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg:</p> <p>Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er mykje i bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider og ved behov. • Anlegget vert halde i hevd av brukarane, og det er lite/ingen hærverk til vanleg. • Anlegget er funksjonelt som nærmiljøanlegg til dagens bruk , med god sonedeling og rom og funksjonar som fremjar sosial berekraft, kultur og idrett. 	
<p>Generelle læringsareal:</p> <p>Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Dei generelle læringsareala (klasserom og grupperom) er innreia for å fremje læring og trivsel. Det er lagt opp til gode system for orden og oversiktleg læringsmiljø. Utforminga er tradisjonell, med klasserom og tilhøyrande grupperom. • Det er møblert for noko variasjon i gruppestorleik og måtar å undervise på i klasseromma, men arealet i klasseromma har ikkje avlastande fellesareal knytt til trinnet. Det er ikkje transparens mellom klasserom og garderobar, og mellom grupperom, klasserom og garderobar. Dette set grense for kor variert elevane kan jobbe og korleis ein kan dele opp i grupper. • Det er 6 klasserom på 7 trinn. Verkstad for kunst og handverk og skulekjøkken er nytta til undervisning for klassar som ikkje har eige klasserom. Dette er ikkje optimalt. Det er likevel stort nok areal i det generelle læringsarealet for dagens elevmasse og ein mogleg auka kapasitet. • Møblar og inventar er tenleg, med stort sett god kvalitet og tilstand. • På grunn av manglande solskjerming er digitale tavler utsett for blanding frå sollys. • Utforming av areala legg i nokon grad til rette for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet, og spesialpedagogisk undervisning, men anlegget har ikkje eigna rom for elevar med større hjelpebehov: Hev/senk stallebord, HCWC, dusj og takheis. • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med tenlege kvalitetar og kapasitet ved inngang til klasseromma. • Garderobeinnreiing i SFO har hyller høgt på vegg med plastkorgar til oppbevaring. Dressar og regnkledde heng inn til vegg, noko som ikkje er optimalt med tanke på tørking. • Det er enkelt tilgang til nok elevtoalett, og elevtoaletta har vegg til tak, utan innsyn og lydsmitte. 	

<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på følgjande spesialrom: Bibliotek, rom for kunst og handverk, mat og helse, kroppsøving. Kunst og handverk nyttast som generelt undervisningsareal. Skulen har ikkje eige musikkrom eller naturfagrom/realfagrom. • Sløydsal treng oppgradering av inventar og utstyr. Grasvoll utanfor spesialromma tek mykje av dagslyset, og det bør gjerast ei vurdering på om desse romma har gode nok dagslyshøve for ordinær undervisning. • Ordinær undervisning i spesialrom gjer at ikkje alle lærarar / klassar kan nytte seg av spesialromma. • Det er universell tilgang til spesialromma, og arbeidsstasjon for elevar i rullestol er på plass i verkstadareal og mat og helse. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklime.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. • Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklime. • Anlegget har lærararbeidsplassar som er funksjonelle og store nok etter forskrift. • Det er nok møterom med tenleg funksjonalitet i anlegget • Leiinga har funksjonelle kontor med tenleg plassering i anlegget • Personalrommet har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. • Det er tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / lagning av mat • Personalgarderobar med toalett er i god tilstand og har tenleg plassering og storleik • Det er høvelege areal for støttetjenester i anlegget, t.d. areal for helsesjukepleiar, PPT, ansvarsgruppemøter og anna. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har følgjande funksjonelle driftsareal: Reinholdssentral, reinholdsrom i alle etasjar / bygg, tenlege lagerareal, men har ikkje ein eigen funksjon til varemottak og søppelhandtering i låsbart system ute. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet er sonedelt og tilpassa ulike aldersgrupper og inspirerer til variert leik, samhandling og læring og legg til rette for rekreasjon og kvile. • Skulen er nøgd med uteområdet og ser at det innbyr til mykje fysisk aktivitet. Det er oversiktleg og fint utforma. • Skulen ynskjer meir tilbod for dei aller eldste elevane, for eksempel fleire benkar og stader å henge. • Utearealet er delvis universelt utforma, men har ikkje trinnfri tilkomst til sandkasse. • Tilstanden på leikeapparat blir jamleg vurdert, men det som er øydelagd blir ikkje erstatta. Det er trong for å erstatte leikeapparat som er øydelagde. • Uteområdet har høveleg sonedeling som gjev god oversikt og er tenleg med tanke på tilsyn 	

Austebygd skule



Byggeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 1969 og utbygd i 1997				
Tal bygg:	2 bygg				
Kapasitet	90-100 elevar				
Elevtal	29				
Over-/underkapasitet	- 70 elevar				
Tal klassar/grupper	3 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	5 barn				
Tilsette	Samla: 8	Leing/adm: 1	Pedagogar: 5	Ped.medarb. 1	Andre: 1

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inn klima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	


Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Austbygd skule er et skuleanlegg frå 1969. Skulen drivast saman med barnehagen og deler kjøken og delar av uteområde med dei. Uteområdet er variert, med fleire leikesoner og ei blanding mellom flate og kuperte område. Skuleanlegget står fram som eit anlegg frå si tid med klasserom på rekke og rad og desentraliserte grupperom. Klasseromma har tradisjonell møblering, men legg i nokon grad til rette for variasjon.</p> <p>Skulen er eit viktig anlegg for dei som bur i bygda, og uteområde og gymsal nyttast utanfor skoletid. Skulen ligg langs med Stettevegen. Veggen er smal, og det er fortau frå tomtegrensa og til busstoppet. Det er laga til eit busstopp og «Kiss and ride» ved innkøyring til skulen.</p> <p>Universell utforming frå hovudvegen og i skuleanlegget er ikkje ivareteke, og anlegget fremjar ikkje helse, miljø og tryggleik i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>
Forslag til utbetringar	<p>Må:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utbetre ventilasjonsanlegg • Universell utforming ved tilkomst og inne i skuleanlegget • Oppussing av overflatar og møblar • Betre tilrettelegging for eit effektivt reinhald <p>Bør:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Installere berøringsfrie armatur i handvaskar • Oppgradering av møbelringsplanar for å tilpasse tal på elevar og tilsette og sikre godt og effektivt reinhald.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ivaretek i nokon grad eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. • Anlegget manglar stadvis gode system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. • Ulike etasjenivå og trangt reinhandsrom er eit hinder for godt og effektivt reinhald. Personalavdelinga med garderobar, kontor, arbeidsrom og personalrom er stadvis overmøblerte og det lagrast utstyr på golv og under bord. • Fleire rom og gangareal har svært gammalt og slitt golvbelegg som gjer effektivt reinhald vanskeleg. • Anlegget har ikkje heis og har ikkje skilje mellom skitten sone og rein sone mellom inngang og klasserom. Det er tenlege lyskjelder innandørs, og solskjerming i vindauga. • Ventilasjonsanlegget er under utgreiing fordi det slår seg av og på. Radiatorane har varierende temperatur. • Anlegget fremjar ikkje i stor nok grad trygt og godt skulemiljø, og legg i ikkje i stor nok grad til rette for inkludering, alderstilpassing, variasjon i aktivitet og variasjon i elevgruppa. • Anlegget har ein lukka struktur i klasserom og grupperom, utan innsyn frå gang og garderobar. Dei fysiske rammene er ikkje i stor nok grad oversiktlege og frie for mobbesonar. Skulen har lågt tal på elevar og høg pedagogtetheit. Det er slik sett mogleg å få oversikt over elevane, kven dei er og kva dei gjer i skulekvardagen. • Anlegget er ikkje universelt utforma, og har verken skilting eller enkel tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne. • Anlegget har fleire etasjenivå og har ikkje heis/løfteplattformer som sikrar likeverdig tilkomst. Anlegget har ikkje gode kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. • Det er ikkje gode nok HCWC fordelt i lærings- og personalareal. • Anlegget er lite, men ikkje i stor nok grad oversiktleg med god flyt og logistikk, nærleik mellom funksjonar og god kontakt mellom ute- og inneareal. • Gymsalen vert nytta som fellesareal og vert lånt ut til nærmiljøet. • Anlegget legg ikkje til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på skuleveg, parkering, skilje harde og mjuke trafikkantar, varelevering og søppelhandtering. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har stor trong for vedlikehald på kort og lang sikt. • Fleire overflater inne (golv, vegger og tak) har mykje slitasje. • Overflater ute, kledning og murvegg har stadvis trong for maling og vedlikehald. • Det er saltutslag på vegg i klasserom i kjellar. • Tekniske anlegg, m.a. varme og ventilasjon, fungerer ikkje som dei skal. 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulevegen langs med Slettevegen er smal og ikkje trygg. Dei aller fleste elevane tar buss, eller blir køyrde. 	

<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Gymsalen vert nytta til ulike arrangement som t.d. fødselsdagefeiring, klassetreff og bygdemøte. • Foreldra i barnehagen arrangerer treff i gymsalen for alle småbarn og foreldre i bygda, kvar torsdag om ettermiddagen. • Anlegget vert halde i hevd av brukarane, og det er lite/ingen hærverk til vanleg. • Anlegget er funksjonelt som nærmiljøanlegg, til det behov nærmiljøet har. Det er god kapasitet til utlån. Alle som søker om bruk av gymsalen får plass. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane har i nokon grad gode generelle læringsareal (klasserom og grupperom) som fremjar læring og trivsel. Det er lågt tal på elevar, og av den grunn god kapasitet i rom og areal. Læringsareala er tradisjonelle, men er i nokon grad lagt til rette med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar. • Møblar og inventar er tenlege, men med noko slitasje. • Løysingane for IKT er velfungerande. Det er god kapasitet i dei generelle læringsareala. Det er ikkje innsyn i klasserom frå gang, og læringsareala fremjar ikkje i stor nok grad samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. • Anlegget har ikkje eigna rom for elevar med større hjelpebehov: Hev/senk stellebord, HCWC, dusj og takheis. • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett i gangen utanfor klasserom. • Det er enkelt tilgang til nok elevtoalett, og elevtoaletta har veggjar til tak, utan innsyn og lydsmitte. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, mat og helse, bibliotek og kroppsøving. Det er ikkje eigne rom for musikk eller realfag/naturfag. • Det er trong for oppussing i spesialromma, spesielt sløydrom som har mykje slitt utstyr, mangel på maskinrom og eigna lagringssystem. • Det er ikkje universell tilgang til spesialromma frå innsida av bygget. Det er ikkje arbeidsstasjon for elevar i rullestol i verkstadareal og mat og helse. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inn klima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala er store nok og fremjar til ein viss grad trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. • Areal har tenlege kvalitetar, men har noko lydsmitte mellom rom i administrasjonen. • Anlegget har lærararbeidsplassar som er funksjonelle og store nok etter forskrift. • Biblioteket nyttast som møterom. • Leiinga har funksjonelle kontor med tenleg plassering i anlegget • Personalrommet har god kapasitet, men er overmøblert og verkar sånn sett trangt og uframkommeleg for reinhald. • Det er tenlege løysingar for enkel tilrettelegging / laging av mat. • Personalgarderobar med toalett er i grei tilstand og har tenleg plassering og storleik. Det er ikkje universell utforming i personalgarderobane. • Det er høvelege areal for støttetjenester i anlegget, t.d. areal for helsesjukepleiar, PPT, ansvarsgruppemøter og anna. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har følgjande funksjonelle driftsareal: Reinholdsrom, tenlege lagerareal, • Løysingar for varemottak og søppelhandtering opp den bratte tilkomsten til skulen og over fotballbana er ikkje optimal. 	
<p>Uteareal:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utearealet er stadvis universelt utforma. Det er soner tilpassa ulike 	

<p>Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<p>aldersgrupper og funksjonsnivå, som inspirerer til variert leik, samhandling og læring og legg til rette for rekreasjon og kvile.</p> <ul style="list-style-type: none">• Tilstanden på leikeapparat er generell god og oppgradert dei siste åra.• Uteområdet har høveleg sonedeling som gjev god oversikt og er tenleg med tanke på tilsyn.• Fotballbana ligg midt i skulegarden, og må kryssast for å komme til inngangsparti for skule og barnehage.	
---	--	---

Manger skule



Byggjeår og seinare endringar	<p>Skulen vart bygd på 1950/60-talet og vart sist oppgradert i 2014 og det vart då og bygd på eit nytt inngangsparti. Inngangspartiet sig, og det er ein pågåande prosess om korleis dette skal løysast.</p> <p>Det er for få klasserom på skulen, og det er difor plassert ein klasseroms-paviljong for 6. og 7. trinn på skuletomta, men tilstanden til paviljongen er ikkje god.</p> <p>Gamleskulen, som framleis er i bruk som SFO-base, vart bygd i 1863 (!), men har seinare vorte påbygd og tilpassa/endra etter bruken. Gamleskulen framstår som det trivelegaste bygget å opphalde seg i.</p> <p>Skulen ber tydeleg preg av ei stor trong for oppgradering, men eksisterande bygg er lite egna til føremålet og bør nok erstattast med nybygg. Det hastar med å finne ei permanent løysing i høve til kapasiteten til skulen.</p>										
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 16.10.18										
Tal bygg:	Tre bygg; Eitt vinkla langstrakt hovudbygg, klasseroms-paviljong og SFO-base										
Kapasitet	200 elevar										
Elevtal	187 (196 neste skuleår)										
Over-/underkapasitet	13 elevar (4 neste skuleår)										
Tal klassar/grupper	11 Språkdeling: Nei										
SFO/UFO	51 barn (har i tillegg SFO-barn frå Austebygd og Hordabø på langdagar)										
Tilsette	<table style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 20%;">Samla:</td> <td style="width: 20%;">Leiing/adm:</td> <td style="width: 20%;">Pedagogar:</td> <td style="width: 20%;">Ped.medarb.</td> <td style="width: 20%;">Andre:</td> </tr> <tr> <td>28</td> <td>2+1 vakant</td> <td>19</td> <td>5</td> <td>1</td> </tr> </table>	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:	28	2+1 vakant	19	5	1
Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:							
28	2+1 vakant	19	5	1							

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad


Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Manger skule har 3 ulike bygg, men det opplevast som 4 i og med at ein må ut om ein skal bevege seg mellom dei to fløyene i hovudbygget. I tillegg til hovudbygget er det gamleskulen og ein klasserom- paviljong for 6. og 7. trinn. Mykje av bygningsmassen til skulen er gamal, utdatert og/eller i dårleg stand. Anlegget tek ikkje i vare krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Anlegget har universell tilkomst til alle bygg med rampe og automatiske døroppnarar. Det er to heisar og ein trappeheis i hovudbygget. Det er likevel mykje som manglar på full universell tilrettelegging av anlegget. Dei generelle læringsareala består av 12 rom som vert brukt som klasserom og nesten like mange grupperom. Ingen av klasseromma er spesielt store. Tilstanden på dei 8 klasseromma i hovudbygget er ikkje så aller verst, men romma i paviljongen er dårlege. Garderobetilhøva er svært varierande, men dei fleste garderobane er tronge og mange har dårleg kvalitet. Heile anlegget er uoversiktleg og har dårleg soneinndeling og samanheng mellom læringsareala. Det er og dårleg flyt mellom ute- og inneareal. Skulen har ikkje eigna rom for elevar med større hjelpebehov. Rom i paviljongen vart nytta sist skulen hadde elev med hjelpebehov. Det er HCWC i paviljongen, men tilhøva elles er ikkje eigna. Elevtoaletta er generelt ikkje bra. Dei fleste ligg samla, er tungvint å kome seg til, er få og i utdatert stand (spanskveggar). Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: sløydsal, musikk, skulekjøken og gymnastikksal. Desse spesialromma er funksjonelle, men gymnastikksalen er for liten til ein såpass stor skule. Her er det og ei sjenerande lukt som ein ikkje finn ut av. På skulekjøkenet har det vore mykje utfordringar med ventilasjon og straum. Tidlegare tekstilrom vert brukt som klasserom. Skulen har ikkje naturfagrom og biblioteket er dårleg (sambruk med musikk). Musikk/bibliotek, og sløydrom ligg i kjellar, men kan nåast med høvesvis trappeheis og heis. Dei fleste personal- og administrasjonsfunksjonar er samla i 2. etasje i skulebygget. Personalrommet og personalgarderobane er gode. Lærararbeidsplassane er for små i høve til forskrift og har dårleg inneklima. 3 av 4 kontor til administrasjonen har dårleg varmeregulering og lydisolasjon. Det er ikkje høvelege areal for støttetjenester i anlegget. PPT nyttar skulens eine møterom og helsesjukepleiar har eit eige rom, men rommet er dårleg isolert med tanke på lyd og elevane må og gå gjennom skulekjøkenet for å komme til rommet! Driftsareala til skulen er ikkje gode. Skulen har for få og for dårlege reinhaldsrom og avstandane i anlegget er store. Reinhaldssentralen er plassert med inngang frå skulekjøkenet og fungerer og som vaskerom for dette rommet. Dette er ikkje tilfredsstillande og kan og vere helseskadeleg. Rommet til vaktmeister er dårleg og anlegget har for lite lagerplass. Plassering av søppelcontainerar er for langt ifrå skulebygga. Gymnastikksal, musikkrom, skulekjøken og klasserom vert ein del nytta av nærmiljøet, men skulen manglar eit stort samlingsrom for nærmiljøet og skulen sine elevar. Gymsalen vert i mange høve for liten. Uteområdet er lite i bruk av nærmiljøet. Uteområdet framstår lite tiltalande og er i følge skulen sjølv for lite i høve til elevtalet. Uteplassen til elevane legg til rette for variasjon i aktivitet, men er spreidd på fleire område som medfører at dei tilsette må ha mykje tilsyn i friminutta. Uteplassen har få tilbud til dei eldste elevane. Trafikksituasjonen ved skulen er svært utfordrande. Kommunen har fått pålegg frå miljøretta helsevern om utbetring. Det er fortau i skulens nærrområde, men det er for lite sykkelparkering og for få parkeringsplassar til tilsette og til føresette som skal levere eller hente. Området der elevane vert sett av i bil er lite og uoversiktleg. Elevar med buss går frå Manger senter. Her er det lite lys, overgangsfelt er lite synleg og det manglar fartsdempingar</p>
Forslag til utbetringar	<p>Det er mykje som må utbetrast for at skulen skal oppfylle alle krav i lov og forskrift og få tilfredsstillande innhald og utforming i tråd med dagens funksjonskrav. Store delar av skuleanlegget er, slik vi vurderer det, både ueigna og/eller i så dårleg stand at det kanskje bør vurderast om rehabilitering og oppgradering av anlegget er rekningssvarande for kommunen. Vi tilrår ei eiga teknisk tilstandsvurdering av anlegget som del av ei slik vurdering..</p>

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget tek ikkje i vare krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Det er dårleg luft i paviljongen, underetasjen i hovudbygg og i gymsal. I paviljongen er det og mykje lyd frå ventilasjonsanlegget. Ventilasjonsanlegget i gamleskulen har hatt mange avvik og er nyleg skifta etter at gamleskulen vart stengd av VO. Ventilasjonsanlegget på hovudbygget, gymsalen og vestfløya har ikkje vore testa dei seinare åra, men det er påvist fuktproblematikk i 1 etasje i hovudbygget. Opplevd dårleg ventilasjon på arbeidsrom har nok samanheng med at det sit for mange på romma. I ein del rom er det dårleg akustikk og for høg lydsmitte. Det er dårleg lys i fellesareal som gangar og garderober. Solskjerminga er ikkje god nok i fleire klasserom og kontor. Skjerminga dempar lyset men tar ikkje varmen, som då vert for høg. Det har vore mange klagar på hovudverk og trøttleik hos dei tilsette, men det er ikkje påvist samanheng mellom inneklima og helseplagar. Det har heller ikkje vore sjukmeldingar relatert til inneklimaproblematikk dei seinare åra. Skulen melder etter synfaringa at det er konstant dårleg lukt i gymsalen og at den aukar i intensitet i periodar. Skulen får mange klagar frå dei som nyttar lokala på ettermiddag. Dette er meldt ved fleire anledningar og det er mistankar om at det er skadedyr som kjem inn og dør. Golv har vore tatt opp i det eine hjørnet, men det er ikkje funne noko. Anlegget har mange slitte overflatar og det er ikkje lett å halde reint. Garderober i gangane gjer at det er dårleg skilje mellom skitten sone og rein sone. Skulen har og for få og for dårlege reinhaldsrom. Det er sand i vatnet i springane på skulen. Undervisninga til elevane er spreidd på mange fløyer og bygg og anlegget er ganske uoversiktleig. Det er nok relativt lett å gøyme seg vekk om ein vil oppsøke moglege mobbesonar der det ikkje er vaksne. Dette gjeld både inne og ute. Anlegget bidreg difor ikkje til å fremje eit trygt og godt skulemiljø. Uteplassen til elevane legg til rette for variasjon i aktivitet, men er spreidd på fleire områder som medfører at dei tilsette må ha mykje tilsyn i friminutta. Uteplassen har få tilbod til dei eldste elevane. Anlegget har universell tilkomst til alle bygg, med rampe og automatiske døropnarar. Det er heis i begge fløyane i hovudbygget, men så langt vi kan sjå av teikningane er det ikkje universell tilkomst til driftsfunksjonar i kjellaretasjen. Det er eigen trappeheis til musikkrom/bibliotek. Om ein ser bort i frå den nyaste delen av anlegget, er det dårleg med kontrastfargar og andre kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. Det er HCWC i paviljongen, i personal- og gymgarderobane og ved elevtoaletta i hovudbygget, 	

	<p>men ikkje i gamleskulen. Utearealet ikkje godt tilrettelagt for rullestolar og det er ikkje kontrastmarkering for synshemma. Det er svært dårleg lyssetting ute.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er dårleg flyt og logistikk i anlegget. Det er fire ulike soner for undervisning. Dette medfører og at fleire tilsette ikkje vel å gå til personalrom i pausar. Det er spesielt utfordrande for dei tilsette å forhalde seg til dei ulike bygga. Spesialromma er og spreidd rundt ulike stader i anlegget. Ein kan gå tørrskodd mellom alle funksjonar i hovudbygget, men ein må gå ut under tak om ein skal bevege seg mellom dei to fløyene. Det er svært dårleg kontakt mellom skulen sine inne- og uteareal. • Til å vere ein såpass stor skule har skulen svært lite fellesareal som kan fremje samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Gymnastikksalen vert nytta til samling eit par gongar i året, men den er for liten for heile skulen. Då må elevane stå. Foajeen ved inngongen er det nest største rommet skulen har, men den er ueigna. • Trafikksituasjonen ved skulen er svært utfordrande. Kommunen har fått pålegg om å utbetra i frå miljøretta helsevern. Området der elevane vert sett av i bil er for lite og uoversiktleg. Det er og for få parkeringsplassar. Mange elevar kjem med buss og dei må gå frå Manger senter og her er det for lite lys og overgangsfelt er altfor lite synleg. Fartsdempingar er ikkje plassert i samband med gangfelt. Det er fortau i skulens nærområde til dei som ikkje treng transport. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ber preg av å vere gammalt og nedslite både inne og ute. Heile anlegget har eit stort generelt vedlikehaldsbehov. <ul style="list-style-type: none"> ○ Overflater både inne og ute har mykje slitasje og treng oppgradering. ○ Tekniske anlegg fungerer ikkje som dei skal. ○ Inneklimaet er dårleg mange stader, med dårleg luft og solskjerming som ikkje fungerer godt nok. Det er og mykje lydssmitte og for dårleg lys. ○ Hovudbygget har fuktproblematikk og bygget sig. (Det nye inngangspartiet sig, og det er ein pågåande prosess om korleis dette skal løysast) ○ Elevtoaletta er ikkje tilfredsstillande. ○ Brukarane av skulen finn sand i vatnet i springane. ○ Skulen har behov for nytt nøkkelsystem. ○ Areal kring skulen har behov for opprydding. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <u>Gamleskulen/ SFO:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Utvendig maling, pussing av grunnmur, byte vindaug i kjellar, byte dørar innvendig og utvendig, byte golvbelegg, utskifting deler av himling, oppussing loft, maling innomhus, 	

	<p>utbetring av gjerde.</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ VVS: Utskifting ventilasjonsaggregat (dette vart utført i 2023) <p><u>Hovudbygning:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Byte takstein, utbetring av setningsskader i tilbygg, utbetring fuktinntrenging i veggjar, maling utomhus ○ Elektro: Byte belysning i kjeller <p><u>Vestfløya:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Maling innomhus og utomhus, oppussing i garderobe, byte golvbelegg <ul style="list-style-type: none"> • Golvet i gymnastikksalen er slitt og bør skiftast og luktproblematikken må løysast (sjå punkt om helse og miljø). • Den midlertidige klasserompaviljongen, som dei to eldste årstrinna har sine rom i, er ikkje nemnt i oversikta over. Paviljongen har eit ventilasjonssystem som bråkar mykje og den generelle tilstanden til paviljongen framstår som svært dårleg etter dagens standard. • Det er eit tankekors at gamleskulen frå 1800-talet er eit bygg som innvendig ikkje framstår som eit spesielt dårlegare vedlikehalde bygg samanlikna med dei andre bygga på skulen (men utvendig treng det maling). 	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Trafikksituasjonen ved skulen er svært utfordrande. Kommunen har fått pålegg frå miljøretta helsevern om utbetring. • Rundt 30 elevar går vanlegvis til fots til og frå skulen, medan 25 sykklar. Om lag 70 elevar vert køyrde i privatbil. • Skulen har dårlege løysingar for sykkelparkering (når det er mogleg kan opp mot 50 elevar sykle til skulen). • Det er fortau i skulens nærområde, men det er for få parkeringsplassar til tilsette og til føresette som skal levere eller hente. Området der elevane vert sett av i bil er lite og uoversiktleg. • Om lag 20 elevar har krav på skuleskyss på grunn av vedtak om trafikkfarleg veg, medan rundt 60 elevar har krav om skuleskyss på grunn av avstand. Desse elevane og andre elevar som kjem med buss må gå frå Manger senter. Her er det lite lys, overgangsfelt er lite synleg og det manglar fartsdempingar. • Elevane som har lengst veg har om lag 7,7 km reiseveg til skulen. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Delar av skulen sine rom, som gymnastikksal, musikkrom, kjøkken og klasserom, er ein del i bruk som nærmiljøanlegg til faste tider og ved behov. • Skulemusikk, kulturskule, ulike korps og seniortrim nyttar for tida skulebygget kvar veke. Dei som ynskjer, får stort sett plass og tildelte tider. Skulen kan lånast av Aktiv kommune og nokre nyttar og skulebygget i helger. • Lukt i gymsalen er i det siste blitt eit stort problem og i høve til utlån (sjå punkt om helse og miljø). • Skulen har utfordring med utlån av klasserom når dei 	

	<p>som låner romma nyttar skulen sitt utstyr, t.d. spel og leikesaker. Dette må kunne løysast ved å låse av rom og utstyr som ikkje kan lånast ut. Informasjon om elevane må heller ikkje vere tilgjengeleg for dei som låner romma.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet vert ikkje nytta som nærmiljøanlegg, truleg mest fordi området er ikkje spesielt godt tilrettelagt for ballspel og heller ikkje framstår som så veldig tiltalende og spanande. Skulen har lite parkeringsplassar og lite areal under tak. • Skulen har ikkje utfordringar med hærverk eller tilgrising. • Andre nærmiljøanlegg i nærleiken: Radøyhallen idrettshall og svømmeanlegg, samt fleire forsamlingshus (på Manger). 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har 12 rom som vert brukt som klasserom. 11 av romma er mellom 50 og 60 m², medan eitt rom er 38m². Tilstand, kvalitet og funksjonalitet på dei 8 romma i hovudbygget og vestfløya er ikkje så aller verst, men dei 3 romma i paviljongen er dårlege, med fuktproblem, dårleg luft, støy frå ventilasjon og dårleg lyssetting. Det siste rommet ligg i gamleskulen og er eit kombinert rom til 1. klasse og SFO. Det er nesten like mange grupperom som klasserom, men kvaliteten på desse romma er varierende. • Kapasiteten i dei generelle læringsareala er ikkje så verst, men det er lite tilgang på varierte læringsareal, stillesonar og sonar for samhandling. Det er svært avgrensa mogelegheiter for å legge til rette for samarbeid mellom dei ulike klassane. • Løysingane for IKT er velfungerande. Det er digitale tavler i alle klasserom. • Skulen er uoversikleg og har dårleg soneinndeling og samheng mellom dei generelle læringsareala. Dei generelle læringsareala fremjar i liten grad samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. • Skulen har ikkje eigna rom for elevar med større hjelpebehov. Rom i paviljongen vart nytta sist skulen hadde elev med hjelpebehov. Det er HCWC i paviljongen, men tilhøva elles er ikkje eigna. • Garderobetilhøva er svært varierende, men dei fleste garderobane er tronge og mange har dårleg kvalitet. Tronge garderobane er kjelde til mange konflikter når elevane skal inn og ut. Det er dårleg flyt mellom ute- og inneareal via garderobane. Garderobane ligg både i korridor og i eigne rom. Tilhøva er best i vestfløya. • Elevtoaletta er ikkje tilfredsstillande. Toalett-tilhøva for elevane i hovudbygget og Vestfløya er svært dårlege. Her ligg alle dei 6 toaletta samla i eit toalettanlegg ved inngangen til Vestfløya, i toalettbasar utan heile vegg frå golv til tak. Elevane som er i hovudbygget må ut for å gå på desse toaletta og dette er dei einaste toaletta som er tilgjengelege for alle elevane i friminutta. I paviljongen og gamleskulen ligg det nokre toalett inne, nær garderobane, men desse er ikkje tilgjengelege i friminutta. Skulen får, og det med rette, mange klagar frå elevar og føresette på toalett-tilhøva på skulen. 	

	Toalettanlegget i Vestfløyen er ofte utsett for hærverk og det er og ein utsett stad for mobbing.	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: sløydsal, musikk, skulekjøken og gymnastikksal. • Tidlegare tekstilrom vert brukt som klasserom. Skulen har ikkje naturfagrom og biblioteket er dårleg (sambruk med musikk). • Spesialromma som er nemnt øvst er funksjonelle, men gymnastikksalen er for liten til ein såpass stor skule. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring i desse romma er tenlege men i varierende stand. • Det er ikkje enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av alle dei fungerande spesialromma. Musikk/bibliotek, og sløydrom ligg i kjellar, men kan nåast med heis og trappeheis. Det er universell tilgang til gymnastikksal og skulekjøken, men det er ikkje arbeidsstasjon for elevlar i rullestol på kjøkenet. • Krav til tryggleik er stetta, og det er bra arbeidsmiljø i dei fleste romma med tanke på lys, lyd og inneklima, men på skulekjøkenet har det vore mykje utfordringar med ventilasjon og straum. • Skulen har ein gamal sløydsal som har grei tilstand, kapasitet og funksjonalitet. Sløydsalen har mykje utstyr som verktøy og sagnar. Det er avsug på sag. Sløydbenkane er gamle og nedslitne. Benkane er heller ikkje fastmontert. Sløydsalen har fleire små tilliggjande rom som tidlegare har vore i bruk som keramikrom, lager og fotorom som vi ikkje var inne i på synfaringa, men som truleg ikkje er i bruk til anna enn lager no. Skulen sitt tekstilrom vert no nytta som klasserom. • Skulen sitt musikkrom ligg i kjellaren til hovudbygget og er og skulen sitt bibliotek. Sambruksrom for desse funksjonane er ikkje ei god løysing. Som musikkrom fungerer rommet fint. Rommet er godt utstyrt, har god tilstand, kapasitet og funksjonalitet. Som bibliotek fungerer rommet dårleg. Det er laga til nokre hyller med bøker i den eine enden av rommet, men det er nok utstyret i resten av rommet som fangar interessa hos elevane som er der for å lese. • Skulekjøkenet ligg midt i hovudbygget. Rommet har fleire arbeidsstasjonar for elevane med naudsynt utstyr, men kjøkendelen verkar litt trong for ein halv klasse. Det er småbord til servering. Vaskarane har sin vaskesentral med inngong via skulekjøkenet. Det er ein dårleg kombinasjon. Vi såg berre ei vaskemaskin, men reknar med at det er ei eiga vaskemaskin som høyrer til kjøkenet. Elevlar som skal til skulehelsetenesta må og gå gjennom kjøkenet. Dette er heller ikkje bra. • Skulen sin gymnastikksal er på ca 180 m², som er lite for dei eldste elevane når klassane er fulle. Tilstand og funksjonalitet er grei om ein ser bort i frå luktproblema (sjå punkt om helse og miljø), men det verkar å vere litt knapt med lager- og utstyrsrom. Gymsalen har scene som kan fellast ned. Garderobane er relativt nye og i god stand. • Skulen nyttar Radøyhallen til symjing. Elevane kan til 	

	hallen. 3. og 4. trinn symjar kvar veke. Dei har 1,5 time til rådigheit.	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Alle personal- og administrasjonsfunksjonar er, med unntak av personalgarderobar, samla i 2. etasje i skulebygget. • Det er 3 arbeidsrom med 6 lærararbeidsplassar på kvart rom. Alle lærarane har sin eigen arbeidsplass, men ingen av romma er store nok til meir enn 4 arbeidsplassar etter forskrift. På to av romma er dei mykje plaga med sol/varme. Det har vore avvik på lyd frå dataskap på det eine rommet. • Leiinga disponerer 4 kontor. Kontora er for dårleg isolert med tanke på lyd og 3 av dei har dårleg varmeregulering (solskjerminga tek ikkje varmen). • Merkantil ressurs har ein svært dårleg arbeidsplass. • Skulen har berre eitt møterom, men rektor sitt kontor kan og nyttast. • Personalrommet har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Rommet har tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat, men plassen ved kjøkenbenken er litt liten. • Det er ein personalgarderobe med toalett i det nye inngangspartiet i første etasje. Denne er i god stand. • Skulen sine 3 bygg gjer at personalrom og garderobar ikkje er like tilgjengelege for alle i det daglege. • Det er ikkje høvelege areal for støttetjenester i anlegget. Helsesjukepleiar har eit eige rom, men rommet er dårleg isolert med tanke på lyd. Elevane må og gå gjennom mat- og helserommet for å komme til rommet! PPT må nytte ledig kontor når dei er på skulen. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har for få og for dårlege reinhaldsrom og avstandane i anlegget er store. • Reinhaldssentralen er plassert med inngang frå mat- og helserommet og fungerer og som vaskerom for dette rommet. Dette er ikkje tilfredsstillande og kan og vere helseskadeleg. Det er bøttekott i samband med gymnastikksalen og eit lite bøttekott i paviljongen og i gamleskulen. • Rommet til vaktmeister i kjellaren er dårleg. • Anlegget har generelt for lite lagerplass. I dag nyttar skulen loftet over elevtoalett, eit lite grupperom i vestfløya og loftet på gamleskulen. Det er god lagringsplass til gymsalen og det er og utvendig skur for uteleikar. • Skulen har ikkje ei god søppelordning. Conteinarene står ved porten inn til skuleplassen. Avstanden frå dei ulike bygningane er stor. • Varelevering skjer og ved porten. Bilane køyrer ikkje inn på plassen. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet til elevane ved skulen framstår lite tiltalende og området er i følgje skulen sjølv for lite i høve til elevtalet. (Vi har ikkje hatt tilgang til tomtegrenser og kjenner ikkje arealet på tomta, men vi har lagt til grunn at dette stemmer) • Uteområdet består av skuleplassen og leikeareal rundt 	

	<p>gamleskulen. Det er eit skogsområde bak hovudbygget som er overgrodd og difor i liten grad vert brukt av elevane. Manglande vedlikehald gjer og andre delar av uteområdet lite tilgjengelege.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet har generelt for lite tilbod til dei eldste elevane. • Uteområdet inneheld følgjande installasjonar og utstyr <ol style="list-style-type: none"> a. Fotballbane med grus som støvar når veret er bra. (bana er for liten, spesielt til dei eldste elevane) b. Basketballbane c. Klatrepiramide d. Klatrestativ e. Disser f. Sandkasse g. Sklie h. Leikehytter i. Skur til laust leikeutstyr j. Benkar og bord som kan brukast til kvile • Det er registrert fleire avvik på leikeapparata på skuleplassen. Fleire av leikeapparata treng oppgradering. • Uteplassen har dårlege lyskjelder i mørke periodar. • Det saknast areal under tak ved paviljongen og gamleskulen. • Det saknast beplantning som kunne ha gjort uteområdet meir tiltalande. • Det er mykje vatn på uteområdet når det kjem nedbør. Avløp fungerer ikkje og kummer er tette. Blader og anna nedfall vert liggjande og det veks opp mykje ugras. • Skulen har hatt rullestolbrukar og den delen av uteområdet som er i bruk har difor relativt god universell utforming, men grasbakkane rundt gamleskulen er nok ikkje like tilgjengelege for alle. • Skuleplassen og leikeområda rundt gamleskulen har høveleg sonedeling og relativt grei oversikt som er tenleg med tanke på tilsyn, men i skogen bak skulen og paviljongen er det mogleg å gøyme seg vekk. • Skulen meiner det er behov for større uteareal og fleire tilbod til elevane i utetida. 	
--	--	--

Sæbø skule



Byggjeår og seinare endringar	Skulebygget var nytt i 2009 og det var bygd som ein baseskule. Det har kome opp nokre fleire veggjar i ettertid som gjer at bygget no er meir lukka enn når det var nytt, men skulen har framleis fleire opne klasserom.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 05.01.11				
Tal bygg:	Skule og idrettshall er i et samanhengande bygg på eitt plan. I tillegg er det eitt mindre bygg med underetasje som inneheld tekniske rom og lager.				
Kapasitet	200 elevar				
Elevtal	94				
Over-/underkapasitet	46 eller 106 elevar				
Tal klassar/grupper	6 Språkdelling: Nei				
SFO/UFO	37 barn				
Tilsette	Samla: 19	Leiing/adm: 4+1	Pedagogar: 9	Ped.medarb. 5	Andre: 5

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Sæbø skule vart bygd i 2009. Heile skulen og tilhøyrande volleyballhall er i det same bygget – på eitt plan og er universelt utforma. Kjellaren til gamleskulen er integrert i anlegget og nytta som lager.</p> <p>Anlegget ber preg av godt vedlikehald og orden både ute og inne.</p> <p>Sæbø skule vart bygd som ein baseskule med sju klasserom og tilhøyrande grupperom. Det har kome opp fleire veggjar i ettertid som gjer at bygget no er meir lukka enn når det var nytt, men skulen har framleis fleire opne klasserom. Alle klassetrinn har eigne garderober med toalett. Det er god flyt mellom ute- og inneareal via garderober og det er overbygde tak på utsida. Skulen har gode og varierte generelle læringsareal med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar. Skulen har spesialrom til kunst & handverk, kroppsøving, musikk, mat og helse. Skulen har og eit fint bibliotek/mediatek. Rommet til kunst & handverk kan og nyttast til naturfag. Alle undervisningsrom er fint møblert og godt utstyrt.</p> <p>Skulen har ikkje et eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov, men det er mogleg å gjere justeringar som gjer at det vert lagt til rette for dette om behovet melder seg. Skulen har to HCWC.</p> <p>Skulen har funksjonelle og gode personalfunksjonar med god kapasitet, som fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Det er og gode og funksjonelle rom til driftsfunksjonane.</p> <p>Anlegget har fleire svært funksjonelle og gode fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Skulen har både amfi, volleyballhall, kantine og uteamfi der mange kan samlast.</p> <p>Skulen har eit fint uteområde, som er universelt utforma. Det er tilpassa ulike aldersgrupper og funksjonsnivå, inspirerer til variert leik, samhandling og læring og legg til rette for rekreasjon og kvile.</p> <p>Skulen opplever å ha ein utfordrande trafikksituasjon rett utanfor skuletomta. Her er det m.a. eit trafikkknutepunkt med mykje busstrafikk. Eitt konkret framlegg for å få ei permanent betre sikring av mjuke trafikkantar ved henting og bringing, er under arbeid.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ:</p> <ul style="list-style-type: none"> Etablere ein betre og meir trafikkikker situasjon for mjuke trafikkantar ved henting og levering av elevane (konkret forslag er under utgreiing) Legge til rette for eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov. Utbetne styring av ventilasjon for å få betre temperaturstyring Utbetne brannalarm i volleyballhall Utbetne skadar i takbelegg og nedløp Betne lys på merkantilkontoret Skulen etterlyser oppdaterte planteikningar etter ombygging (treng dette i høve til brann, evakuering og styring av varne og ventilasjon) <p>BØR:</p> <ul style="list-style-type: none"> Vedlikehald av overflatar Endre plassering av hovudbrytar for lysstyring (er i dag i administrasjonen)

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget tek i vare dei fleste krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Ventilasjonsanlegget fungerer godt og luftkvaliteten er god, men temperaturen kunne vore betre regulert. Det er kaldt om vinteren og varmt om sommaren, og det kan vere store variasjonar mellom rom. Det er tenleg solskjerming i vindauga. Det er gode lysforhold, men det kunne vore betre lys på merkantillkontoret. Skulen er ein open skule. Dette gjer at det er mykje lydsmitte mellom romma, som vert kompensert for på andre måtar. Akustikken i anlegget er god, med unntak av når alle elevane er samla i kantina. Anlegget har gode system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. Anlegget er lett å halde reint, og har skilje mellom skitten sone og rein sone. Anlegget fremjar trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Skulen har god plass både ute og inne. Anlegget er oversiktleg og fritt for mobbesonar. Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er rikt. Anlegget er universelt utforma, med og enkel tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne. Heile bygget er på eitt plan, med unntak av nokre lagerrom. Anlegget har gode kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. Skulen har to HCWC (eitt i kvar ende av anlegget). Bygget manglar framleis skilting, sjølv om det har vore meldt inn som ønskje i fleire omgangar. Anlegget er oversiktleg og har god flyt og logistikk, med god nærleik mellom funksjonar og god kontakt mellom ute- og inneareal. Ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar. Skulen får melding om at bygget er noko uoversiktleg når ein er ny. Anlegget har fleire svært funksjonelle og gode fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Skulen har både amfi, stor gymsal, kantine og uteamfi der mange kan samlast. Anlegget har ein utfordrande trafikksituasjon med mykje busstrafikk utanfor porten. Det er lagt fram eit forslag til utbetring av området slik at sikkerheit ved henting og bringing av elevar kan ivaretaast betre enn i dag. Skulen har tenlege løysingar for varelevering og søppelhandtering. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget ber preg av godt vedlikehald og orden både ute og inne. Dette heng i følgje skulen saman med at anlegget frå det var nytt hadde ein vaktmeister som tok tak i alt som skulle gjerast med ein gong. Etter meir enn 10 år i bruk ser ein no meir og meir behov for vedlikehald frå år til år. I hovudsak gjeld dette slitasje og skadar på overflatar som er enkle å utbetre. Dei fleste tekniske anlegg fungerer som dei skal, men 	

	<p>temperaturen kunne vore betre regulert. Her er det stor variasjon mellom ulike rom og delar av bygget.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Luft og lys er i det store og heile OK, men leiinga ved skulen meiner at det ikkje er ei hensiktsmessig løysing at hovudbrytaren for lysstyringa i bygget er i administrasjonen. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <u>Bygningsteknisk</u>: Byte skadde fasadeplater, kledning og listverk, maling innomhus og utomhus, utbetring av skader i takbelegg, utbetring nedløp frå tak, utskifting av ein del golvbelegg, utbetringar etter setningsskader. ○ <u>VVS</u>: Reparasjon/utskifting av varmpumpe (denne er no skifta ut), utbetring styring av ventilasjon ○ <u>Elektro</u>: Utbetring brannalarm i gymsal 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen opplever å ha ein utfordrande trafikksituasjon rett utanfor skuletomta. Her er det m.a. eit trafikkknutepunkt med mykje busstrafikk. Her er og stor parkeringsplass for dei som tek buss vidare, t.d. til Bergen. Den nærliggande barnehagen har eigne parkeringsplassar for tilsette og føresette som leverer og hentar barn der. • Skulen har ein mindre parkeringsplass for tilsette ved ein veg til byggjefeltet. Vegen går på «baksida» av skulen med eigen gangveg inn på skuletomta. Sweco har kome med framlegg til etablering av avsetningsplassar for elevar som vert køyrd til skulen ved området der parkeringsplassen til dei tilsette ligg. Konkret forslag til løysing vert no utgreia. • Rundt 20 elevar går vanlegvis til fots til og frå skulen, medan 10 sykklar. Om lag 20 elevar vert køyrde i privatbil. • Om lag 20 elevar har krav på skuleskyss pga. avstand, medan litt fleire har vedtak om trafikkfarleg veg. • Elevane som har lengst skuleveg bur vel 9 km frå skulen. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg:</p> <p>Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulebygget er relativt mykje i bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne, ettermiddag og helg. Bygget har god kapasitet, og så langt skulen har oversikt får alle som ynskjer det plass. • Skulebygget er funksjonelt som nærmiljøanlegg, med god sonedeling og rom og funksjonar som fremjar sosial berekraft, kultur og idrett. Volleyballhall og musikkrom/kjøken/kantine vert mest brukt. • Skulen opplyser at Idrettslag (turn, fotball) og korps nyttar bygget kvar veke. I tillegg er det utleige til bursdag, dåp, konfirmasjon osv. Om behovet for lån og utleige aukar er det nok kapasitet til det. • Det er ikkje organisert aktivitet i skulen sitt uteområde utanom skuletida, men mykje uorganisert aktivitet med elevar og vaksne både kveld og helg. Skulen sitt uteområde er tilrettelagt for mange ulike aktivitetar. Det er like mykje i bruk sommar som vinter. • Det har vore noko hærverk siste tida med knuste ruter, og det kan til tider vere noko boss på skuleplassen. 	

	<p>Elles er anlegget stort sett godt halde.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Andre nærmiljøanlegg i nærleiken: Stor 11-bane med tilhøyrande klubbhus nedanfor skulen, grendehus, Sæbø kyrkje. 	
<p>Generelle læringsareal:</p> <p>Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane ved skulen har gode generelle læringsareal som fremjar variert læring og trivsel. Det er god kapasitet og formålstenleg balanse mellom skjerming og transparens. • Skulen vart bygd som ein baseskule, med store basar til kvart trinn og opning mot gangareal. Det har kome opp nokre fleire veggjar i ettertid som gjer at bygget no er meir lukka enn når det var nytt, men skulen har framleis nokre opne klasserom (der det ikkje er fellesareal rett utanfor). • Skulen har varierte generelle læringsareal med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar. Læringsareala fremjar samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. • Møblar og inventar er tenleg og med god kvalitet og tilstand. Løysingane for IKT er velfungerande, med digitale tavler på alle klasse-/baserom. • Skulen har ikkje eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov, men det er mogleg å gjere justeringar som gjer at det vert lagt til rette for dette om behovet melder seg. Skulen har to HCWC. • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med gode kvalitetar, funksjonalitet og nok kapasitet i høve til skulen sitt dimensjonerande elevtal. • Alle klassetrinn har eigne garderobar med toalett. Det er god flyt mellom ute- og inneareal via garderobane og det er overbygde tak på utsida. Alle elevtoaletta har veggjar til tak, utan innsyn og lydsmitte. 	
<p>Spesielt læringsareal:</p> <p>Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har god tilgang og nok kapasitet på spesialrom til kunst & handverk, kroppsøving, musikk, mat og helse. Skulen har og eit fint bibliotek/mediatek. • Undervisning i faga musikk, kunst- og handverk, kroppsøving og matematikk/naturfag/koding vert organisert gjennom aldersblanding på tvers av 1.-4.trinn og 5.-7.trinn. Gruppene har 12-17 elevar. • Spesialromma er funksjonelle. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er tenlege og i god tilstand. • Skulen har eit spesielt fint tilrettelagt område der ein finn kantine, skulekjøken og eit kombinert amfi og musikkrom. Foldevegg mellom amfi/musikkrom og kantina gjer det mogleg å lage eit stort samlingsrom. Alle romma er tiltalende og både skulekjøken og musikkrommet er godt utstyrt. Frå kantina kjem ein rett ut på skulen sitt uteområde. • Skulen har og eit variert, sonedelt og godt utstyrt rom til kunst & handverk, med både sløydbenkar og fleire andre bord til maling, keramikk og teikning. Det er eksemplarisk orden på lageret. Nokre av borda har vask og rommet kan difor og brukast til naturfag. Rommet ligg ved sida av biblioteket og har praktisk nok direkte utgang til skulen sitt uteområde. • Skulen har eit stort og flott bibliotek/mediatek, som er 	

	<p>inspirerende og godt utstyrt med fine møblar og ulike arbeidssonar. Rommet ligg sentralt plassert i høve til elevane sine klasserom.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Til kroppsøving har skulen ein flott volleyballhall på knapt 400 m², med funksjonell utforming, gode garderobetilhøve (4 garderobar), lager og utstyrsrom. Det er mogleg å bygge opp ei scene i den eine enden. Det er og eit vaktrom i høve til tilsyn utanom skuletida. Elevane har fremja ønskje om båsar i dusjane til garderobane, men dette er ikkje innvilga. • Elevane tek buss til Radøyhallen på Manger for symjeundervisning. Skulen har tildelt to økter i veka heile året. Den eine dagen disponerer mellomtrinnet, og den andre disponerer småtrinnet. • Det er enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Det er universell tilgang til alle rom og funksjonar. Det er ikkje tilrettelagt arbeidsstasjon for rørslehemma på skulekjøken eller kunst & handverk. • Krav til tryggleik er stetta, og det er godt arbeidsmiljø i romma med tanke på lys, lyd og inneklima. 	
<p>Personalareal:</p> <p>Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. • Skulen har funksjonelle og gode lærararbeidsplassar fordelt på 3 arbeidsrom. Arbeidsplassane er store nok i høve til forskrift. Det er arbeidsplassar til fleire enn pedagogane ved skulen. • Det er nok møterom med tenleg funksjonalitet i anlegget. • Leiing og merkantilressurs har funksjonelle kontorarbeidsplassar med tenleg plassering ved hovudinngangen til anlegget. • Personalrommet har god kapasitet, variert møblering og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Det er tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat • Personalgarderobar med toalett og dusj er i god tilstand og har tenleg plassering og storleik. • Det er høvelege areal for støttetjenester i anlegget. Skulehelsetenesta har eige kontor. PPT brukar møterom ved administrasjonen og nyttar grupperom ved elevkartlegging. 	
<p>Driftsareal:</p> <p>Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har gode og funksjonelle rom til driftsfunksjonane. • Reinholdssentral er plassert nær hovudinngangen, som og er praktisk i høve til varelevering. I tillegg er det eit bøttekott i motsett ende av bygningsmassen, ved Volleyballhallen. • Skulen har tenlege lagerareal i heile anlegget med eksemplarisk orden over alt! Det er m.a. lager under amfi. I kjellaren til gamleskulen («Bunkeren») er det lagringsplass til møblar som ikkje er i bruk, og større ting som sceneelementar til volleyballhallen. (Bunkeren er integrert på ein fin måte i det nye anlegget). • Vaktmeister har eige kontor ved volleyballhallen. Han 	

	<p>nyttar og rom i «bunkeren» når han treng verkstad.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har tenlege løysingar for varemottak og søppelhandtering. Varebilane køyrer inn på baksida av skulen og parkerer bak skulen ved ein vareinngang ved garderobane til volleyballhallen. Søppelcontainerane står litt bortanfor skulebygget langs den same vegen som varebilane brukar. 	
<p>Uteareal:</p> <p>Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Om ein ser bort i frå nokre mindre skogsområde er utearealet universelt utforma og fremjar inkludering. Det er tilpassa ulike aldersgrupper og funksjonsnivå, inspirerer til variert leik, samhandling og læring og legg til rette for rekreasjon og kvile. • Tilstanden på leikeapparata er god og vedlikehaldet ser generelt bra ut. • Uteområdet har god plass og høveleg sonedeling med mange ulike leikeapparat og plassar til mange ulike aktivitetar. • På uteområdet finn ein m.a. ballbinge, to mindre ballbanar, stort leikeapparat, klatrestativ, klatrepamide, hinderløype, fleire husker og sandkasse. Underlaget varierer mellom skog/natur og asfalt/grus og det er store opne flater der elevane kan ha frileik. • I tillegg til det fastmonterte utstyret har elevane og tilgjenge til mykje laust leikeutstyr. • Det er mange benkar, bord og andre sitjeplassar rundt omkring. • Ved inngangane er det takoverbygg og det er og eit lite leskur med sitjeplassar og leikeplass om veret er dårleg. • Framfor skulen er det laga til ein flott samlingsplass med bålpanne. Denne plassen er godt eigna for undervisning ute. • Skuleplassen har naturleg grense mot naboar. Fysisk gjerde har vore sakna, men gjerde kom på plass i februar 2024. 	

Rossland skule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 1963 og utbygd i 1997, 2002 og 2005. Fleire delar av bygningsmassen har gjennomgått oppgradering dei siste 15 åra.				
Godkjenning	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 26.03.15				
Tal bygg	Tre bygg + gymsal / basseng				
Kapasitet	350 elevar				
Elevtal (haust 23)	229 elevar				
Over-/underkapasitet	121 elevar				
Tal klassar/grupper	13 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	43 barn				
Tilsette (haust 23)	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	43	3+1	26	10	2

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad


Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og innelima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	Rosslund skule har god plass med dagens elevtal. Skulen har eit høvesvis stort vedlikehaldsetterslep, og det er forskjell i kvalitet mellom dei ulike bygga og delane av anlegget. Uteområdet har ulike aktivitetsmoglegheiter, med potensiale for betre sonedeling. Funksjonar spreidd på fleire bygg, saktegåande trappeheis, mangel på elevtoalett inne og manglande skilting, gjer at anlegget ikkje er godt universelt utforma. Det er nok klasserom i anlegget, men lite tilgang på grupperom og varierte læringsareal. Skulen har tilgang på fleire spesialrom, mellom anna gymsal og symjebasseng, men manglar eigne, separate rom til naturfag og musikk. Personalarealet er samla, og arealet legg til rette for samarbeid. Det er for lite plass i teamrom for lærarar, og anlegget manglar personalgarderobe med dusj. Med tanke på reinhald og innelima, er det uheldig med manglande elevgarderobar og så mykje lagring i opne løysingar.
Forslag til utbetringar	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> Undersøke og eventuelt utbetre utfordringar knytt til innelima og ventilasjon Etablere solskjerming i vindauge, om lag 12 vindauge i administrasjonsbygg, 20 vindauge i ungdomsskulen Etablere toalett (og eventuelt garderobar) inne for elevane på ungdomstrinnet Etablere maskinrom ved sløydsal / sikre maskiner/sager i k&h-areal Etablere eigne og separate spesialrom for naturfag og musikk, t.d. ved å utnytte eksisterande overkapasitet i anlegget. Dersom / når eksisterande rom for elevar med samansette vanskar vert omgjort til spesialrom, må ein reetablere rom for elevar med større hjelpebehov andre stader i skulen, både for ungdomsskuleelevar og for barneskuleelevar Etablere personalgarderobar med dusj Etablere nok lærararbeidsplassar, med tenlege system for lagring. Det manglar areal til tre lærarar = 18 m² Etablere betre løysingar for varelevering og søppelhandtering på uteområdet <p>BØR</p> <ul style="list-style-type: none"> Vurdere betre tilkomst til 2. etasje for ungdomstrinnet enn dagens trappeheis. Dele uteområdet inn i meir tenlege soner for ulik aktivitet og bruk Etablere noko meir transparens i bygget, t.d. som glasfelt i dører. Få på plass skilting av anlegget, ute og inne Etablere betre system for lagring, t.d. i skap til tak, nisjer med skyvedør etc.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget stettar i liten grad krav til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Det vert opplyst om dårleg inneklima på alle bygga på skulen, med varierende temperatur og svært ulik luftkvalitet. • Administrasjonsbygget: Fleire avviksmeldingar er sendt om inneklima på dei tilsette sine teamrom, og det er funne feil på SD-anlegget som ein ventar på utbetring av. Avvika går på høg temperatur (målt 27 – 29 grader), og dårleg luftkvalitet (tør luft/tung luft). Samtidig opplever enkelte tilsette dårleg lukt, og tilsette er engstelege for at det for eksempel kan vere fukt og sopp i veggane. Målingar av CO₂ og fukt er gjort av miljøretta helsevern, utan funn. Det har kome sjukmeldingar som følgje av inneklimaet, og fleire tilsette melder om hovudpine, tørre slimhinner, astma, allergi og trøytteleik frå romma. Enkelte tilsette kan ikkje opphalde seg alle stader i dette bygget. • Ungdomsskulen, 1. etg.: Historisk er det funne sopp og mugg i delar av bygget. Dette vart utbetra gjennom omfattande rehabilitering (drenering, nytt golv, etc.) Ingen tilsette som har reagert på sopp og mugg kan opphalde seg i denne delen, då mister dei stemma og får influensaliknande symptom. Skulen har fått tilbakemelding på at ein del elevar og tilsette får hovudpine, tørre slimhinner og trøytteleik frå romma, men likevel ikkje systematisk og meir enn på andre rom på ungdomsskulen. Det har vore store lekkasjar frå vaskerom, med fleire cm vatten i gangen og inn i klasserom. Golvbelegg og dører er ikkje skifta. Inventar som vart skada, er kasta av skulen. Ein fann ikkje fukt i 2023 i klasserom eller gangen då dette vart målt. Kjem ikkje inn avvik frå tilsette per no. • Ungdomsskulen, 2. etg.: Skulen melder om dårleg ventilasjon i heile bygget, og det vart funne feil på heile SD-anlegget hausten 2023. Fleire sensorar kommuniserte ikkje med anlegget. Dette er utbetra og skifta. Så fann ein feil på over 20 spjeldmotorar i bygget. Desse skal bli skifta 19.februar. Feil på spjeldmotor var det også i 2022, utan at det vart utbetra eller følgt opp. Det vart funne sopp og mugg på romma 205 og 206, som vart utbetra ved å ta bort golvbelegget. Skulen får lite eller ingen avvik på romma no. Tilsette som har meldt om plagar med mugg og sopp kan ikkje opphalde seg i dette bygget. • Paviljongen: Det er funne mugg og sopp i to av klasseromma. Dette er utbetra, men det er framleis slik at tilsette som har reagert på sopp og mugg ikkje kan opphalde seg i desse to klasseromma, men dei kan opphalde seg i andre rom i bygget. • Nokre dører er vanskeleg å opne på grunn av feil trykk: Det er funnet feil på anlegget, fleire spjeld og på SD-anlegget. Kommunen har utbetra feila på SD-anlegget, og ein avventar pris på dei mekaniske spjelda. • Skulen har ikkje gode system for lagring, og ein får støvdeponi på skåp og i hyller. Dette gjeld t.d. både spesialrom og lærararbeidsplassar. Dette medfører også eit preg av noko rot / uhensiktsmessig lagring. Skulen har ikkje skilje mellom skitten sone og rein sone, blant anna fordi det manglar elevgarderobar. Det er akseptable lyskjelder 	

	<p>innandørs, men ikkje tenleg solskjerming i vindauge. Det er lydsmitte mellom nokre undervisningsrom.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget fremjar i nokon grad trygt og godt skulemiljø. Det er bra oversikt over uteområdet, og området har nokre apparat/aktivitetsmoglegheiter som mellom anna volleyballbane, basketstativ, bordtennisbord, sandkasse, sklie, husker og fotballbane. Dekke er primært grus og asfalt, og fleire groper utgjør risiko for elevar med nedsett rørsleevne. Ballflatene er uhensiktsmessig store, med midlertidige inndelingar. Inne er anlegget meir lukka, og elevareala ligg som klasserom mot korridor. • Det er ikkje elevgarderobar i hovudbygget, og elevane må ut for å gå på toalett. Toaletta, særskilt ute, vil vere utan tilsyn i undervisningstida, og kan vere ei potensiell mobbesone på skulen. Dette kan gjere at elevar kan grue seg for å bruke toalett. Anlegget er lite tilrettelagt for å møtes på tvers av klassar og alder. • Universell utforming: Anlegget er ikkje skilta, og det er vanskeleg for besøkande å vita kvar ein skal gå for å finne fram til hovudinngang og leiing, og vite kva funksjonar som ligg i kva for eit bygg. Det er heis i administrasjonsbygget og trappeheis i ungdomstrinnet, men krevjande tilgang til toalett og saktegåande trappeheis betyr at læringsareal i 2. etg. ikkje er godt eigna for elevar i rullestol. Funksjonar spreidde i ulike bygg, gjer også dette krevjande. HCWC er ikkje godt fordelt i læringsareala. Skulen har noko taktill merking. Eit stort areal i paviljongbygget er godt tilrettelagt for elev med store hjelpebehov. Når dette barnet skal på ungdomssteget, vert inkludering av eleven i klasse meir krevjande. • Anlegget er ikkje oversiktleg og har verken god flyt eller logistikk. Funksjonar er spreidde på fleire bygg. Det er avstand mellom funksjonar og dårleg kontakt mellom uteareal og inneareal, særleg på ungdomstrinnet. For tilsette og elevar med rørsleutfordringar er det ikkje likeverdige tilkomst til alle funksjonar. • Sett vekk frå gymsalen, har skulen få andre funksjonelle fellesareal inne. Gymsal vert nytta til skulesamlingar og for eksempel av skulekorpset. Ute har skulen eit flott amfi / steintrapp i forkant av overbygd terrasse ved paviljongbygget. Dette er skulen og nærmiljøet godt nøgde med, og det vert brukt både i skule- og ettermiddagstid. Personalrommet er stort nok til å samle heile personalet. Ein kan tenke seg at biblioteket har potensiale til i større grad å vere eit samlingsareal for mindre kulturelle hendingar, t.d. på hovudtrinn.
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • I Kunnskapsgrunnlaget står dette formulert: «Skulen har eit stort behov for vedlikehald og rehabilitering, både inne og ute.» • Overflater og inventar framstår delvis slitt. Det er montert balansert ventilasjon i dei eldre delane av bygningsmassen. Det er også gjennomført utbetringar grunna utfordringar med inneklimate; fukt og sopp. Likevel er det meldt mange avvik på inneklimate i administrasjonsbygget, med tanke på

	<p>temperatur og luftkvalitet. Det manglar solskjerming fleire stader. Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av dette vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <u>Undervisningsdel barnetrinn/ kontordel:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk: Maling av alle fasadar utomhus, maling av alle rom innomhus, byte av golvbelegg. Byggje om/oppgradere tilfluktsrom til musikkrom</i> ○ <i>VVS: Byte eit ventilasjonsaggregat</i> ○ <i>Elektro: Renovering av dei fleste EL-fordelingar inkludert hovudfordeling</i> 2. <u>Undervisningsdel ungdomstrinn:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk: Maling av alle fasader utomhus, maling av alle rom innomhus, byte golvbelegg</i> ○ <i>VVS: Utbetre avløp vaskerom</i> ○ <i>Elektro: Renovering av dei fleste EL-fordelingar</i> 3. <u>Basseng og gymbygg:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk: Maling av alle fasadar utomhus. Nye flisar rundt bassengkant. Oppussing av alle overflater i teknisk rom (som betjener basseng), maling innomhus</i> ○ <i>VVS: Byte gammalt kloranlegg, oppgradere filteranlegg (for liten kapasitet), installering av UV-anlegg, byte bassengpumpar.</i> ○ <i>Elektro: Skifte ut styring til bassengteknisk utstyr</i> 4. <u>Paviljong:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk i eldre del/ barakkedelen: maling innomhus, skifte golvbelegg og himlingar.</i> 5. <u>Uteareal:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Nytt gjerde rundt heile fotballbana</i> 	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen vurderer at trafikkavviklinga ved anlegget fungerer nokon lunde bra. Skulen ligg ved kryss mellom kommunal veg og Fylkesveg 249. Om lag 75 % av elevane tek buss til skulen, dei må krysse Fylkesveg 249 anten når dei kjem på skulen eller når dei skal heim. Det er redusert fartsgrense i området, og gang- og sykkelveg til og frå fylkesvegen opp til skulen. Parkering skjer på / ved kommunal veg eller eigen parkeringsplass ved enden av skuleplassen. Ved varelevering, må bilar over skuleplass for å komme til skulen. <p>Skulen melder om følgjande trafikktaal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 160 elevar har skuleskyss pga. avstand • 10 elevar har skuleskyss pga. farleg skuleveg • Lengste skuleveg er 11,5 km • Om lag 40 elevar går til skulen dagleg • Om lag 10 elevar sykklar dagleg • Om lag 10 elevar vert køyrde i privatbil 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget er bra funksjonelt som nærmiljøanlegg, med rom og funksjonar som fremjar sosial berekraft, kultur og idrett. • Skulen er mykje i bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider og ved behov. Det har bra kapasitet, men foreldre som ønskjer å legge til rette for meir uorganisert aktivitet for elevar ønskjer tilgang til gymsal. • Det vert meldt om følgjande brukarar og aktivitet: <ul style="list-style-type: none"> ○ Idrettslaget - gymsal og basseng tre dagar i veka. ○ Korps - to dagar i veka. 	

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Kulturskolen - fleire klasserom fleire dagar i veka. ○ Klasserom og gymsal vert nytta til bursdagsbesøk og ymse aktivitetar i kvardagen og helgene. • Anlegget vert halde i hevd av brukarane, og det er lite/ingen hærverk til vanleg. Uteområdet er i bruk både av elevar og foreldre, og er for eksempel mykje brukt av korpsset. • Det er ønske om fleire aktivitetar / apparat ute. • I bygda / nærleiken av skulen er det ungdomshus, bedehus og idrettsanlegg. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Læringsarealet fremjar berre delvis skulen sitt ønske om å få til samarbeid om undervisning, variasjon og praktisk læring. Mykje av utfordringa handlar om funksjonar med ulik kvalitet spreidd på ulike bygg. Læringsareala fremjar i liten grad samarbeid om undervisning i profesjonsfelleskapet, for eksempel grunna få møteplassar på tvers av trinn og liten grad av transparens. Dette gjeld i størst grad på ungdomstrinnet. • Elevane har noko fattige generelle læringsareal. Klasserom har god kapasitet, men det er svært lite tilgang på grupperom, og vanskeleg å møtes på tvers i læringsareal utanom klasserom. Korridor på ungdomstrinn er brukt som garderobe, og lite eigna som alternativt læringsareal. Tilgangen på varierte læringsareal, med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar varierer. Tilgangen er betre på småtrinnet, for eksempel med tilgang på allrom for lek / gruppe, men dårleg på ungdomstrinnet. Møblar og inventar er frå ulike epokar og varierer i kvalitet og tilstand. Løysingane for IKT er akseptable. • Anlegget har eitt eigna og stort areal for elevar med større hjelpebehov: Hev/senk stellebord, HCWC, dusj. Men arealet er i paviljongbygget, og slik lite tilgjengeleg for elevar på mellom- og ungdomstrinn. • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med bra kvalitetar, funksjonalitet og kapasitet for småtrinnet, men manglar dette på ungdomstrinnet. Det er på småtrinnet god flyt mellom ute- og inneareal via garderobe. Det er for dårleg tilgang til nok elevtoalett på ungdomstrinnet (må ut), men elevtoaletta har veggjar til tak, utan innsyn og med akseptabel/normal lydssmitte. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: <ul style="list-style-type: none"> ○ Gymsal: Ok tilstand og kapasitet. Skulen melder om vedlikehaldsbehov på fastmontert utstyr. ○ Basseng: Ok kapasitet. Ventilasjonsanlegget vert opplevd som dårleg. ○ Kunst- og håndverk: God kapasitet. Sløydsal ber preg av slitt utstyr og inventar og dårlege system for lagring. ○ Mat og helse: Rommet framstår som funksjonelt. Har universelt tilpassa elevstasjon. ○ Bibliotek: Biblioteket var tidlegare folkebibliotek. Det er høvesvis stort, og med potensiale til oppgradering gjennom møblering i soner og/eller stad for formidling/samling og ulike kulturelle aktivitetar. • Skulen har ikkje eige musikkrom, og faget deler rom med naturfag. Dette er svært uhensiktsmessig for begge fag, og ikkje i tråd med ønsket om å ha varierte læringsareal som legg til rette for praktisk arbeid. Det vert etablert nytt 	

	<p>klasserom på skulen våren 2024, og skuleåret 2026 får skulen ledig klasserom som i dag vært vert nytta til spesialundervisning. Her kan ein etablere eige musikkrom. Ein lyt då likevel ha att areal eigna for elevar med</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma, fordi dei er plasserte i ulike bygg. Det kan verte ein enklare utveg t.d. for småsteget å ikkje bruke spesialrom i skulevardagen, noko som gjer at ein kan gå glipp av varierte og inspirerende arbeidsmiljø • Krav til tryggleik er ikkje tilstrekkeleg stetta. Dette gjeld mellom anna maskiner og sager som er plassert i sløydsal utan sikring. Skulen manglar eige maskinrom i K&H-avdelinga • Oppsummert er spesialromma berre delvis funksjonelle. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er i mindre grad tenlege og i varierende / dårleg tilstand. På sløydsal er det mykje gammalt og slitt utstyr. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inn klima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala er samla i 2. etasje i administrasjonsfløyen. Her ligg teamrom for lærarar, pauserom, kontor for leiing og administrasjon og møterom. Dette kan fremme trivsel og samarbeid. • Det er personaltoalett tilgjengeleg i avdelinga, men skulen manglar personalgarderobar med dusj. • Skulen har tre teamrom. Eitt av romma har svært mange arbeidsplassar, og har for lite areal etter forskrifta. Dette må utbetrast. Det er lang avstand frå teamrom til læringsareal, særleg for småtrinnet i anna bygg. Ein opplever varierende kvalitet på temperatur, luft og lys i teamromma. Overflatetemperatur på varmeomnar kan verte svært høg. Lagring skjer i opne hyller ved kvar arbeidsplass, og kombinert med at ein har yttertøy i inne på teamromma, kan dette påverke inn klima negativt. • Skulen har eitt eige møterom, med plass til 6-8 personar. Dette framstår som fint og har tenleg funksjonalitet. Elles vert personalrommet nytta til samlingar/møte i personalet. • Leiinga har funksjonelle kontor med tenleg plassering nær lærararbeidsplassane, men likevel med stor avstand til elevareal og andre funksjonar. Det er eige kontor til rådgjevar på skulen, og inspektør (undervisningsleiar) har flytta inn i eit av møteromma i avdelinga. • Personalrommet har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Det er tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat i eit te-kjøken som for eksempel har to oppvaskmaskiner. Vert tidvis nytta som møterom i tillegg. • Det er høvelege areal for skulehelsetenesta i anlegget, med god plassering, frosta vindauge ut, funksjonell storleik og eige venterom. Det er gjort utbetringar i høve lydsmitte, med ein opplever framleis at det er lydt. Noko utdatert inventar. Andre støttetjenester, som PPT, lyt nytte møterom når dei er på besøk. • Det at personalfunksjonane er samla i anlegget, kan fremje trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har lite funksjonelle løysingar for lagring. Tilfluktsrom og ventilasjonsrom i kjellar vert nytta som fjernlager, utan skåp og funksjonelle hyller. Stadvis mykje rot her, og generelt mykje lagring på golv og i opne hyller i bygget. Det er noko lagerareal knytt til verkstadareal i k&h- 	

	<p>avdelinga, men skulen saknar generelt gode løysingar for lagring både i generelle læringsareal og spesialrom. Det er utebod for lagring av uteleikar tilknytta paviljongbygget.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har reinholdssentral og reinholdsrom i alle etasjar / bygg. • Driftsavdelinga har fleire rom der utstyr vert lagra, men ikkje eit eige sentralt rom for lagring. Det er mykje rot i desse romma. • Løysingane for varemottak og søppelhandtering er mindre tenlege. Varer vert køyrt inn på skuleplass, og det er ikkje eige areal for å handtere mottak, utpakking og emballasje. To konteinrar for søppel står noko skjemmande plassert ved inngangen til skuleområdet. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utearealet er universelt utforma og fremjar inkludering. Det er ope, og ein kan ha god oversikt over elevmassen. Samstundes er uteområdet så opent at det i liten grad fremjar og inspirerer til ulik aktivitet for ulike grupper av elevar. Området kan med fordel sonedelast, og i større grad utstyrt med ulike dekker, fleifunksjonelle apparat, benker og takoverbygg slik at det i større grad vert tilpassa ulike aldersgrupper og funksjonsnivå, inspirerer til variert leik, samhandling og læring og legg til rette for rekreasjon og kvile. • Tilstanden på dei få leikeapparata er høvesvis god 	

Vestbygd skule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen er bygd i 1997. I 2012 vart det bygd eit påbygg kor hovudsakleg storskulen held til.				
Godkjenning	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.": 20.01.15				
Tal bygg:	Eitt bygg				
Kapasitet	270 elevar				
Elevtal (haust 23)	134 elevar				
Over-/underkapasitet	136 elevar				
Tal klassar/grupper	9 Språkdeling: Ja				
SFO/UFO	53 barn				
Tilsette (haust 23)	Samla:	Leing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	26 (?)	2,35	16	7	0,7 (SFO-leiar)

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Arealane har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Anlegget møter på fleire område krava til eit godt fysisk læringsmiljø, men har nokre utfordringar med inneklima, lagringsløyser og behov for solskjerming. Bygning og funksjonar er tilgjengeleg for rullestolbrukarar. Elevane har gode læringsareal, særleg grunna lågt elevtal per klasse, men tilgangen til varierte læringsområde er avgrensa og det manglar felles læringsareal på tvers av klassar og trinn. Manglande felles nærsoner og transparens i bygget vanskeleggjer samarbeid i profesjonsfellesskapet. Anlegget manglar eigna rom for elevar med større hjelpebehov, men har generelt gode garderobe- og toalettfasilitetar, sjølv om behovet for betre løyseringar for dei yngste elevane og delvis garderobar i korridor vert påpeika. Spesialromma ved skulen har god tilkomst og kapasitet. Det er likevel uhensiktsmessig deling av rom til tekstil og musikk, og manglande naturfagrom. Sløydsal har behov for oppgradering av maskinpark. Til tross for enkel tilkomst og universell tilgang, er det behov for forbetringar som hev/senk-stasjonar og meir funksjonell lagringsløyser i spesialromma. Personalareala i skulen, lokalisert sentralt, kan bidra til trivsel og samarbeid. Cellekontor og mangel på tilstøytande møterom hemmar likevel samarbeid. Møterommet har god standard. Kapasiteten i personalrommet er tilfredsstillande, men det er utfordringar med akustikk og garderobeplass for tilsette. Bygget og trinnareala er godt kopla på eit flott uteområde som består av grøntområde, asfalt, og leikeapparat med tilfredsstillande kapasitet. Området er universelt utforma, og støttar varierte aktivitetar. Bygningsutforminga gir gøymestadar for elevane ute. Trafikkavvikling og parkeringsforhold er tilfredsstillande, samstundes ønskjer skulen betre tilrettelegging for sykkelparkering. Nokre fysiske farar, som metallrister utandørs, bør utbetrast. Oppgradering trengs for å handtere vatnansamlingar. Skulen og skuleplassen er mykje nytta, og fungerer bra som nærmiljøanlegg.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> Etablere universelle arbeidsstasjonar på spesialrom Etablere eigna rom for elevar med større/samansette utfordringar Sikre gode lagringsløyseringar og tenleg solskjerming Sikre farlege metallrister ute, bytte ut fallunderlag (jamfør vedlikehaldsplan) og utbetre område med vatnansamling Sikre funksjonelle lagringsløyseringar i lager gymsal, slik at det ikkje hindrar rømmingsveg Etablere maskinrom i sløydsal / sikre trygg bruk av maskiner/sager i arealet Fikse dusjar i elevgarderobar som ikkje virkar. <p>BØR</p> <ul style="list-style-type: none"> Utvikle mediateket til eit meir funksjonelt samlingsareal for skulen, t.d. ved etablering av enkel amfitrapp Vurdere ombygging til betre funksjonelle løyseringar for rom til musikk, tekstil og naturfag Etablere meir lagerkapasitet i lukka skåp Etablere fleire / nok lærararbeidsplassar ved eventuelt auka elevtal. Det er nok plass til dagens tilsette.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget ivaretek i nokon grad krav til eit godt fysisk læringsmiljø med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Nokre utfordringar knytt til inneklima (temperatur, luftkvalitet og svart-muggsopp) er meldt, men utfordringane var i liten grad tematisert av skulen i synfaringa av anlegget. Det er utfordringar med varme klasserom på eine sida av anlegget grunna manglande solskjerming. Det er lydt inn til møterom som vert brukt til ansvarsgruppemøter. Det vert også meldt om krevjande akustikk på personalrommet og i mediateket. Skulen har fått nye LED-lys i gymsal, noko som vert opplevd positivt. Det er egne garderobar i to av dei tre hovudtrinnareal / heimeområda, men garderobane skil likevel ikkje i god nok grad mellom skitten og rein sone. Dei eldste elevane har garderobeareal i korridor. Med tanke på oppbevaring, er det ein del hensiktsmessig lagring skap. Det er likevel mykje lagring i hyller og oppå skap, som kan føre til støvdeponi. Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er rikt. Skuleområdet er stort, vakkert og har varierte element med fotballbane, skog og naturlig leikeområde, asfalterte flater for trehjuls sykklar og ballspel, ulike leikeapparat og leikehytter. Utfordringa er utforminga av skulebygget, som skaper mange krokur på skuleplassen. Dette gjer at elevane som ønskjer det, kan gøyme seg vekk. Desentraliserte inngangar er positivt; ein får spreidd elevane ved ut- og inngang, noko som kan vere trygt for elevane Bygningen strekkjer seg hovudsakleg over eitt plan, med tilfredsstillande tilgjenge for rullestolbrukarar i heile bygget. Unntaket er tilgang til hems over mediatek. Kvar fløy er utstyrt med elektriske ytterdører, og funksjonaliteten til bygget er tilfredsstillande. Kontrastfargar er delvis implementerte på golvbelegget for å tydeleg skilje mellom dei ulike fløyene. Ei utfordring, er skiltinga og merkinga av rom, som kunne vore betre tilpassa. Det er heller ikkje teke omsyn til behova til dei med synshemming. Nokre rom kunne ha hatt betre lystilhøve, spesielt rom som musikk/tekstilrom. Det er HCWC godt fordelt i lærings- og personalareal. Bygget er kopla godt til uteområdet, men det er vanskeleg å finne hovudinngang grunna manglande skilting. Elevane har god og lett tilkomst frå inneareal til uteareal. Kvar trinn har eigen inngang. Adm.avd og kontor er plassert sentralt i bygget. Anlegget er likevel noko uoversiktleg, både ute og inne. Det kan vere vanskeleg å orientere seg inne, både pga. bygget si form, manglande skilting og manglande transparens mellom læringsareal og transportareal. Dei mange krokane og sonene ute, gjer at elevane kan spreie seg utover, samstundes som det krev mange tilsette for å 	

	<p>ha god nok oversikt i friminutta.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har ikkje felles læringsareal knytt til trinna. Anlegget har likevel fellesareal som kan fremje samhald og samarbeid, t.d. gymsal med scene og mediatek. Skulen etterlyser løysingar for betre utnytting av mediateket, og arealet på hems. Her er det eit potensiale som bør utforskast vidare. • Anlegget legg i noko grad til rette for trygg trafikkavvikling. Det er lagt til rette for ei påstigingsløyfe ved skulen, og den fungerer tilfredsstillande. Utfordringa ligg i å få alle til å nytte den. Når det gjeld varelevering, følgjer leveringsrutene skulevegen og områder der elevane har friminutt (delar av skuleplassen). Parkering er tilgjengeleg på to stader, delvis samanfallande med elevane sin skuleveg, men eitt av parkeringsareala manglar fast dekke. Sykkelparkeringa er mangelfull både med omsyn til plassering og kapasitet. • Hjørne av metallrister ute langs inngangsparti stikk opp, og kan vere snublefeller som ein kan skade seg på. Bør utbetrast. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ber preg av noko behov for vedlikehald, ute og inne. <ul style="list-style-type: none"> ○ Overflater inne (golv, vegger og tak) syner skadar enkelte stader og treng utbetringar ○ Overflater ute er vedlikehaldne siste året, mellom anna er kledningsbord skifta og ytterkledning måla. ○ Skulen opplever at taknedløp framleis ikkje er i god stand; det renn vatn ned på stader det ikkje skal renne. • Frå kunnskapsgrunlaget hentar vi skildring av dette vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> • <u>Bygning:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Byte skada trekledning, maling av ytterveggar, mussing/ slemming av murer, innkledning av einskilde murveggar med fasadeplater, utbetring taknedløp, utskifting av mesteparten av ytterdørane, utskifting av råteskada takvindauge, byte golvbelegg i store delar av bygget, nye gulvfliser i garderobar, utbetring skadde overflatar innvendig, utskifting sportsgolv gymsal. • <u>Uteareal:</u> Byte fallunderleg ved disser og klatrestativ <p>Kostnad: ca. 4,5 mill. kr.</p> • Frå dokumentet «Utført vedlikehaldsarbeid barnehagar og skular 2023», er det opplyst om at følgjande vedlikehald er utført: <ul style="list-style-type: none"> Skifta ut skadd kledning, skifta 4 ytterdører, vaska og malt all trekledning samt 3 murveggar. Utbetra taknedløp. Skifta ut 	

	<p>belysning i gymsal, scene og lager gymsal.</p> <p>Sum utført arbeid: kr 1.520.000,-</p>	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Om lag halvparten av elevane går eller sykklar til skulen dagleg. Mellom 20 og 30 elevar har rett på skuleskyss grunna lang skuleveg, medan det hausten 2023 er 5 elevar som har rett på skyss grunna farleg skuleveg. • Varelevering føregår delvis på skuleområdet og skulen saknar gode parkeringsplassar for sykkel. Sjølv om det er laga av-påstigningsløyfe ved skulen, opplever ein at ikkje alle foreldra nyttar denne. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen og skuleplassen er mykje nytta som nærmiljøanlegg. Ei enkel oversikt over dagens bruk: Kulturskulen 3-4 gonger i veka, Rossland skulekorps (eit samarbeid mellom Rossland og Vestbygd skule), barnetilbod som handball, turn, og barnetrim (arrangert av NHIL og Kvernbit). For vaksne er det tilbod om volleyball (frå NHIL og Kvernbit), ungdomsskaffe arrangert av kyrkja, bursdagsfeiringar for barn, konfirmasjonar, dåp/namnefest, øvingar for andre musikkorps, møter (FAU, velforeining, skule, osv.), i tillegg til 17. mai-feiring for skulekrinsen. • Ute er det for det meste uorganisert aktivitet; barn og ungdomar, mest i sommarhalvåret. Uteområdet består mykje grøntområde, i tillegg til asfalt og grus, med fleire leikeapparat og kunstgrasbane. Kunstgrasbana er eigd av ei velforeining, men blir disponert av Vestbygd skule i skuletida. • Det er bra kapasitet i anlegget som nærmiljøanlegg og skulen fungerer godt til aktiviteten per no, sjølv om ikkje alle får lånt gymsal til bursdagsfeiring ettermiddag / kveld i vekedagane. Ein saknar apparat / funksjonar som t.d. bordtennisbord og buldrevegg. • Periodevis har det vore noko hærverk og tilgrising ute. • Gymsal med scene verkar hensiktsmessig som allsidig samlingsrom for ein nærskule på Vestbygd sin storleik 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane har jamt bra generelle læringsareal (klasserom og grupperom) som fremjar læring og trivsel. Dette handlar delvis av det låge elevtalet per no; det er mykje areal per klasse og elev. Ved maksimal kapasitetsutnytting, vil det ikkje vere like god tilgang til grupperom for alle. Tilgangen på varierte læringsareal, med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar er avgrensa. Møblar og inventar er tenleg, i bra tilstand, men med einsforming preg. • Læringsareala fremjar i mindre grad samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet, sjølv og klasserom gruppevis er samla. Dette skuldast manglande felles nærsoner og manglande transparens. Slik bygget er laga, er det vanskeleg å få til inkluderande skjerming av elevar; alternativet synes anten å vere deltaking i heil klasse, eller inne på eit grupperom. • Anlegget har ikkje eigna rom for elevar med større hjelpebehov: Hev/senk stallebord, HCWC, dusj og takheis. • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med bra 	

	<p>kvalitetar, funksjonalitet og kapasitet. Det er god flyt mellom ute- og inneareal via garderobe, men garderobane hjelper ikkje i alle tilfella å skilje mellom skitten og rein sone (for eksempel for dagens 1. og 3. trinn). Det er enkelt tilgang til nok elevtoalett, og elevtoaletta har veggjar til tak, utan innsyn og lydsmitte. Ein saknar betre garderobeløysningar for dei yngste elevane, og det er også delvis elevgarderobar i korridor.</p>	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er høvesvis enkel tilkomst til spesialromma ved skulen, og romma har god kapasitet til både dagens elevtal og ved maksimal kapasitetsutnytting. • Kunst og handverk: Sløydsalen har god kapasitet, med sløydbenkar møblert gruppevis, og med arbeidsbenkar og lagring langs vegg. Funksjonen treng, i følgje skulen, oppgradering av maskinpark. Det er ikkje avtrekk i rommet, og ein manglar eige maskinrom, noko som gjer at ein bør vurdere om krav til tryggleik er stetta. Eksempelvis er ein ikkje skjerma ved bruk av større sager. Det er ikkje hev/senk-arbeidsstasjon for elevar i rommet. • Tekstil og musikk deler rom. Dette er ikkje føremålstenleg. Rommet har dårleg lys. Det er stort, men det er krevjande å rigge om rommet til ulik bruk. • Gymsal har scene med stollagring under, samt open løysing for lagring langs langvegg. Lagerkapasitet er avgrensa, men smarte løysingar, t.d. for lagring av matter, kan hjelpe på. Det er naudsynt å rydde i dette, fordi det går røymingsveg gjennom lageret. Dei to garderobane er funksjonelle, men det er ønskjeleg med båsar i dusj. Fleire av dusjane i elevgarderobane virkar ikkje. • Rom for mat og helse var nyrenovert i 2019. Skulen er nøgd med rommet. Det manglar likevel UU-stasjon med hev/senk-funksjon, og det er ikkje digital tavle i rommet. Varmeomn langs vegg har for varm overflate. • Skulen har ikkje naturfagrom med plass til heil klasse, men eit mindre grupperom med ei samling av noko naturfagutstyr. Koplinga mot sløydsal, kan vere tenleg for nokre aktivitetar og forsøk i faget. Løysinga er likevel ikkje optimal, og ein manglar eit godt rom for forsøk og arbeid med for eksempel teknologi og design. • Skulen har ikkje eigen symjehall. Elevane får symjeopplæring i bassenget på Rosslund skule • Det er enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Det er universell tilgang til areal, men romma manglar eigne løysningar for rullestolbrukarar (hev/senk-stasjonar). • System for lagring er i ulik grad funksjonelle. Det er potensiale for å lagre meir i lukka skåp, og slik unngå støvdeponi 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala er sentrert i kjerna av anlegget, mellom læringsareala. Lærararbeidsplassar ligg nær leiinga, og personalrommet er plassert slik at leiing og tilsette vil møtast jamt og naturleg i skuledagen. Slik sett kan personalareala fremje trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har varierende kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har lærararbeidsplassar i cellekontor. Nokre kontor vert delt av to tilsette; her melder skulen om for lite areal. Teikningane viser at dei største kontora er på om lag 8 m², og kvar lærararbeidsplass skal vere på 6 m². Med 16 LAP og 16 pedagogar er det nok kontorplassar til dagens lærarar, men det vil vere for få plassar ved full skule. Det er heller ikkje rekna inn arbeidsplassar til pedagogiske medarbeidarar. Cellekontor og lite tilgang til tilstøtande møterom, fremjar i liten grad samarbeid om undervisninga i det daglege. • Det er eitt møterom i anlegget. Dette har bra standard. Eitt møterom kan vere noko lite, også fordi det elles er cellekontor. • Leiinga har funksjonelle kontor med tenleg plassering i anlegget • Personalrommet har bra kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Det er tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat. Akustikken vert opplevd som dårleg • Det er lite garderobeplass for tilsette, og det er ikkje kjønnsdelte garderobar slik hovudregelen er. Ein har tilgang til eit kombinert toalett- og dusjrom • Helsesjukepleiar har eit funksjonelt rom i nyefløyen som er skjerma frå gang med ei inngangssone / venterom. Rommet er likevel plassert langt vekk frå leiing / personalareal, og langt vekk frå fleire av elevareala. Det er elles ikkje eigne rom for andre støttefunksjonar. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er to reinhaldsrom i anlegget, bra lagerkapasitet og rom for vaskemaskin. Vaskemaskin er plassert i rom på nivå litt under korridor, og løysninga er ikkje optimal • Vaktmeister har eige kontor i anlegget • Det er potensiale for å løyse lagringa i bygget på betre måtar; t.d. med fleire funksjonelle skåp som går frå golv til tak. • Varemottak skjer gjennom hovudinngang. Dette fungerer bra for skulen, og det er enkelt å distribuere varene vidare i bygget. Det er også varemottak ved gymsal (mjølk). Sjå elles kommentarar om at varetransport køyrer inn på skuleområdet. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet består av mykje grøntområde, i tillegg til asfalt og grus, med fleire leikeapparat og kunstgrasbane. Kunstgrasbana er eigd av ei velforeining, men blir disponert av Vestbygd skule i skuletida. • Uteområdet treng ei oppgradering med omsyn til vatnansamlingar på skuleplassen og ved kummer/grøfter. Det er ønske om oppgradering av ein grusa sti langs skulen, og ein ventar på montering av eit leikestativ. Sandkassa treng påfyll av sand. Fallunderlag bør byttes, jamfør vedlikehaldsplan. • Kapasiteten på uteområdet er tilfredsstillande, og det gir rom for variasjon både med omsyn til interesser og aldersgrupper. Tilkomsten til dei fleste områda er universelt utforma, og uteområdet fremjar læring, samhandling, kvile og aktivitet på ein positiv måte. • Det er eit breitt tilbod av varierte aktivitetar, og elevane 	

	<p>fordelar seg fint utover området. Storleiken på området gjer det likevel utfordrande å halde tilsyn med alle elevane til ei kvar tid.</p> <ul style="list-style-type: none">• Ein saknar apparat / funksjonar som t.d. bordtennisbord og buldrevegg	
--	--	--

Meland ungdomsskule



Byggjeår og seinare endringar	Den eldste delen av anlegget er frå 1920-åra. Denne delen inneheld administrasjonsdel og skulekjøken. Tilbygg til administrasjonsbygget vart ført opp omlag 1980 og eitt frittliggjande spesialromsbygg med avdeling for kunst & handverk, musikk og naturfag om lag i 1970. I same periode vart nokre rom modernisert. «Buebygget» vart ført opp i år 2000. Eitt mellombels paviljongbygg over 2 etasjar med klasserom og grupperom, kom i 2019.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 25.11.19				
Tal bygg:	Fire bygg; Administrasjonsbygg (med tilbygg), Buebygget, Bygg for praktiske fag og paviljongbygg. Areal til kroppsøving vert leigd hos Meland Aktiv, som opplevast tungvint i høve til gongavstanden på 1,5 km.				
Kapasitet	234 elevar				
Elevtal	185				
Over-/underkapasitet	49 elevar				
Tal klassar/grupper	8 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	1 barn				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	31	3+1	21	5	1

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad


Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og innelima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Skulen har 4 bygg: administrasjonsbygget frå 1920 åra (med tilbygg frå om lag 1980), spesialromsbygg frå rundt 1970, Buebygget frå år 2000 og eit paviljongbygg frå 2019. Mykje av bygningsmassen til skulen er gamal, utdatert og/eller i dårleg stand. Anlegget tek ikkje i vare krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Anlegget fremjar i og i liten grad eit trygt og godt skulemiljø. Bygningsmassen er lite oversikteleg og uteområdet er nitrist. Det er berre paviljongbygget som har tilfredsstillande universell utforming, men det er tilkomst med rullestol til alle bygg, via rampar av ulik kvalitet. Det er heis i administrasjonsbygget og i paviljongen, men det er likevel mykje som manglar på full universell tilrettelegging av anlegget. 2 av bygga manglar til dømes HCWC. Skulen sine generelle læringsareal består av klasserom og grupperom. Sett under eitt er dette dei beste romma på skulen. Skulen har 9 klasserom med god storleik og 13 grupperom. Det er og nokre foldeveggar som kan gjere rom større og mindre. Stor avstand mellom dei 3 bygga romma ligg og mangel på eit større samlings- og samarbeidsrom er negativt. Skulen har ikkje eigna rom for elevar med større hjelpebehov. Desse elevane må bruke et eige grupperom som ikkje er særskilt tilpassa behovet. Anlegget manglar gode elevgarderobar. Ytterklede heng stort sett i områda utanfor, eller vert med inn i klasseromma. Elevane har små låsbare skap til skuleutstyr og verdisaker. Anlegget har nok elevtoalett, men fleire av romma er stengt. Dei fleste toaleta er utdaterte, med spanskveggar, innsyn og lydsmitte. Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, musikk, naturfag og mat og helse. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring i romma er og mykje gammalt og slitt. Skulen sitt bibliotek er lite og trist. Skulen manglar gymnastikksal og «mediateket» (som vert brukt som klasserom) er skulen sitt største samlingsrom. Det kan romme 40-50 personar. I Buebygget er det lagt til rette for kantine, men det store arealet her ser ikkje ut til å vere mykje i bruk. Elevane har kroppsøving i Meland Aktiv. Her er fasilitetane gode og funksjonelle, men det går mykje tid når alle elevane skal gå 1,6 km kvar veg. Alle personalfunksjonar er samla i hovudbygget, som består av 4 etasjar og mange små rom. Areala har gjennomgåande dårlege kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og innelima. Mange av romma er trekkfulle og kalde og har dårleg lys. Kvaliteten på kontora er dårleg. Det er for få lærararbeidsplassar i høve til forskrift. Personalrommet har dårlege lyd og lystilhøve og folk vert slitne av å sitte der. Skulen har ikkje møterom og garderobetilhøve for personalet er svært dårlege. Skulehelsetenesta har eige kontor. Driftsareala er heller ikkje tilfredsstillande. Reinhald har gode tilhøve i 2 av bygga. Skulen har ikkje nok areal til lagring (men mykje som er lagra kunne nok vore kasta?). Vaktmeister har eige kontor, men verkstadrommet er avlåst. Skulen er lite eigna og difor og lite i bruk som nærmiljøanlegg. Uteområdet til skulen er i svært dårleg forfatning. Det er lite oversikteleg og lite funksjonelt. Det fremjar verken læring, sosial samhandling, trivsel eller aktivitet. Trafikksituasjonen ved skuleanlegget er utfordrande. Den største utfordringa er manglande sikring mellom mjuke og harde trafikantar ved sjølve skulen. Det finst ikkje trafikksikre soner til å sleppe av eller hente elevar som vert køyrd til skulen. Elevane må sleppast av langs hovudvegen, som manglar fortau og der det og er mange bilar som parkerer på grunn av rutebåt til Bergen. Det er for få parkeringsplassar. Tilsette og besøkande må difor ofte parkere i hovudvegen. Det same gjeld ved varelevering.</p>
Forslag til utbetringar	<p>Det er mykje som må utbetrast for at skulen skal oppfylle alle krav i lov og forskrift og få tilfredsstillande innhald og utforming i tråd med dagens funksjonskrav. Administrasjonsbygget og spesialromsbygget er slik vi vurderer det, både ueigna og i så dårleg stand at det bør vurderast om rehabilitering og oppgradering av bygningane er rekningsvarande for kommunen. Tilstanden til Buebygget, som både er nyare og har mykje godt innhald, er vi litt meir usikre på. Vi tilrår difor uansett ei eiga teknisk tilstandsvurdering av desse tre bygningane som grunnlag for ei endeleg vurdering. Paviljongbygget er i god stand, men er ikkje eit permanent bygg. Bygget har gode rom og kan difor gjerne halde fram som ei mellombels løysing for ein eventuell skule på tomta til Meland ungdomsskule.</p>

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget tek ikkje godt i vare krav til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Det er berre paviljongen som stort sett har gode tilhøve. <u>Luftkvaliteten</u> er varierende frå rom til rom og bygg til bygg. I Buebygget er det verst, men og i spesialromsbygget og i tilbygget er det dårleg luft. <u>Temperaturen</u> er vanskeleg å halde på eit behageleg nivå. I administrasjonsbygget er det verst. Her kan det være heilt ned 4-8 (!) grader på kontora. I både 1. og 2. etasje er det susing i radiator og trekk frå vindauga. Temperaturen kan svinge i dei andre bygga og. Paviljongen har ikkje luftemoglegheiter. <u>Lyset</u> i skulebygga er ujamn og dårleg. Det er ikkje solskjerming eller justering av lysinnslepp i vindauga, mykje gjenskin på skjermar og tavler, skyggeområder frå taklys og sjenerande skarpt lys. <u>Lyd</u>: Veggane er ikkje lydisolerte. Det er mykje lydsmitte mellom klasserom og grupperom, spesielt i tilbygget. <u>Akustikk</u>: Personalrommet har dårlegast akustikk. Lyden vert forsterka når det er fleire i rommet og mange vert slitne av å sitte her. Mediateket og skulekjøkenet har og dårleg akustikk. Det er og mykje støy i gangområda i buebygget. <u>Reinhald</u>: Det er mange slitte overflatar i anlegget som gjer reinhaldet utfordrande. Det er og utfordrande for reinhald å ha mange bygg å forhalde seg til. Det er heller ikkje reinhaldsrom i alle etasjar. Skulen har ikkje gode system for lagring eller oversikt over kva som eigentleg er lagra. Dette skapar og mykje støv og utfordringar for reinhald. Hodepine, allergi, halskløe og trøttheit vert ofte meldt inn og oppgitt som fråværsgrunn ved korte fråvær blant dei tilsette, men det er ikkje ført statistikk på dette eller undersøkt om det har med inneklimate på skulen å gjere. Det er heller ikkje undersøkt om det kan vere samanheng mellom inneklimate og sjukmeldingar. Anlegget fremjar i liten grad eit trygt og godt skulemiljø. Bygningsmassen, som er fordelt på mange bygg og etasjar, er lite oversikteleg. Det er lett å stikke seg vekk for elevane om dei vil gjere ting dei ikkje har lov til. Uteområdet til skulen er nitrist, og fremjar heller ikkje skulemiljøet. Det er lite å gjere for elevane; utstyret er gammalt og slitt, og oppfordrar ikkje til aktivitet. Det er mange krokas å gøyne seg bak. Benkane er gamle og slitte. Det er berre paviljongbygget som har tilfredsstillande universell utforming, men det er tilkomst med rullestol til alle bygg, via rampar av ulik kvalitet. I administrasjonsbygget er det heis mellom 1 og 2 etasje, men det er ikkje rullestoltilkomst til loft med kontor, møterom, teknisk rom og lager, og ein må ut av bygget for å kome til kjellar med driftsfunksjonar og eitt elevrom. I Buebygget er det ein lang innvendig «bakkegang» 	

	<p>mellom etasjane. Dei to siste bygga har berre ein etasje.</p> <p>Tilkomsten verkar trong mange stader og i musikkrommet er det til dømes ein dårleg merka innvendig rampe for at alle skal kunne bruke scena, men denne fungerer nok meir som ein snublekant for elevar som ikkje sit i rullestol.</p> <p>Det er tersklar på dei fleste dørene i anlegget</p> <p>Anlegget er ikkje lagt til rette for synshemma: Det er ingen markering av stolper og trapper, ingen kontrastfargar eller godt lys.</p> <p>Det er heller ikkje tilpassing av lyd for høyrslahemma, eller universell skilting i anlegget.</p> <p>Skulen har HCWC i 3 av bygga. Spesialromsbygget og Admbygget manglar HCWC.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er dårleg flyt og logistikk i anlegget, som og er lite oversikteleg og har store avstandar. Skulen har fem ulike bygg og det er på ingen måte mogleg å gå tørrskodd mellom alle funksjonar, tvert i mot må dei fleste gå ut frå bygget dei er i når dei skal til ein annan funksjon. Det er og dårleg kontakt mellom skulen sine inne- og uteareal. • Anlegget manglar funksjonelle fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Skulen har ikkje gymnastikksal og må leige «meieriet» eller folkehøgskulen dersom dei ønskjer å samle heile trinn eller alle elevane. Mediateket (som vert brukt som klasserom) er skulen sitt største samlingsrom. Det kan romme 40-50 personar. Rommet vert brukt ved møter med foreldre og utviklingstid for personalet. • Anlegget legg ikkje til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling ved skuleanlegget. Det er ingen trygg sone der elevar som vert køyrd til skulen kan setjast av eller hentast. Levering og henting skjer langs hovudvegen ved skulen, som og har mykje parkering og trafikk til rutebåt. Det er ikkje fortau ved skulen sin innkøyring – og her skjer og varelevering og søppelhenting. Skulen har 20 parkeringsplassar på 30 tilsette + to HC-plassar og ingen andre plassar til besøkande. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ber preg av å ha vore i bruk i mange år og vedlikehalds- og oppgraderingsbehovet på dei bygningane som vart bygd for meir enn 40 år sidan, er så stort at det er vanskeleg å tenkje at det vil svare seg å bruke mykje pengar på desse bygningane i framtida. Dei nyare bygningane (Buebygget og den midlertidige paviljongen) er i betre stand, men så lenge det ikkje finst andre alternativ for skulen og elevane, må alle bygningane haldast ved like. • Heile uteområdet til skulen ber preg av manglande innhald og fråverande vedlikehald. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> <u>Sløyd/ handverk, musikk:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Byte vindauge mot sør, byte golvbelegg, maling innomhus og utomhus, byte himlingar ○ VVS: Byte ventilasjonsaggregat 	

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Elektro: Renovering EL-tavler (underfordelingar), utskifting belysning <p><u>Hovudbygget inkl. tilbygg:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Utskifting takteking og takrenner, Utskifting golvbelegg 1. og 2.etg. Rehabilitering av loft, maling utomhus. Tilpassingar grunna setning i bygget ○ VVS: Ventilasjonsanlegg loft ○ Elektro: Nytt el anlegg loft <p><u>Buebygget:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Byte ytterdørar, maling innomhus og utomhus, byte golvbelegg. <p><u>Mellombygget:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Utskifting takteking og takrenner, maling innomhus og utomhus, byte golvbelegg. ○ Elektro: Utskifting belysning <p><u>Paviljong:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Maling innomhus og utomhus <ul style="list-style-type: none"> • Befaringa av anlegget viste at tilstanden i dei eldste bygningane var jamt over dårleg. I tillegg til synlege manglar i høve til overflatar mm, påpeika brukarane dårleg luft- og temperaturstyring, trekk frå vindauge, dårlege lystilhøve, mykje lydsmitte og dårleg akustikk i mange av romma. • Toalett-tilhøva for elevane er ikkje god nok. Fleire av toalettromma er ikkje i bruk fordi dei er utdaterte. 	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Knapt 100 elevar går eller sykklar, medan om lag 20 elevar vert køyrde i privatbil til og frå skulen kvar dag. • Om lag 50 elevar har krav på skuleskyss pga. avstand (ingen pga. farleg skuleveg) • Elevane som har lengst veg har om lag 11 km reiseveg til skulen. • Det er ingen elevar som har krav på skuleskyss på grunn av vedtak om trafikkfarleg veg. • Den største utfordringa er manglande sikring mellom mjuke og harde trafikantar ved sjølve skulen. Det finst ikkje trafikksikre soner til å sleppe av eller hente elevar som vert køyrd til skulen. Elevane må sleppast av langs hovudvegen, som manglar fortau og der det er mange bilar som parkerer på grunn av rutebåt til Bergen. • Skulen har 22 parkeringsplassar til 30 tilsette. Dei som ikkje får plass og besøkande til skulen parkerer i hovudvegen. Det same gjeld ved varelevering. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er ikkje mykje i bruk som nærmiljøanlegg, men rom vert lånt ut på førespurnad ved behov. Anlegget manglar gymnastikksal som er det dei fleste ynskjer å låne. • Skulen melder om følgjande bruk per no: <ul style="list-style-type: none"> a. Kulturskulen: 2 ettermiddagar i veka. b. FAU: Ein ettermiddag i veka. c. Foreldre: Ved spørsmål om ulike tilstellingar. • Anlegget er spreidd på mange ulike bygg som gjer det mindre eigna og samlande som nærmiljøanlegg. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet til skulen inviterer heller ikkje til bruk utanom skuletida. Det er rett nok ein del ungdommar som heng her på kveldstid og koplær seg til nettet utanfor musikkrommet. • Skulen opplever litt hærverk av og til. • Andre nærmiljøanlegg i nærleiken: Meland Aktiv og Meieriet Frekhaug. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen sitt generelle læringsareal består av klasserom og grupperom. Undervisningspraksis vert tilpassa ut i frå dette. Tilgang på varierte læringsareal, med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar er sakna. Skulen ville gjerne hatt større samlingsplassar, moglegheit for å samle heile trinn eller heile skulen, både i enkelte fag og for å skapa betre miljø. • Alle skulen sine 9 klasserom er relativt store (65-80 m²), medan det gjennomsnittlege elevtalet i klassane er under 23 elevar. Plassen i klasseromma er difor jamt over god. • Dei 3 største og beste klasseromma (til 8. trinn) ligg i paviljongen. Her er det og 6 grupperom og eit pauserom for elevane. Romma i paviljongen er lyse og fine og i god stand. • Buebygget har 4 klasserom på 68 m² og 5 grupperom (om ein og reknar med biblioteket). Klasseromma treng oppgradering, men romma er i utgangspunktet fine. I øvste etasje er klasseromma luftige og høge under taket. Det er mykje plass utanfor klasseromma som kunne vore betre utnytta til varierte arbeids- og møteplassar for elevane. Kantina i underetasjen er til dømes ikkje i drift og her er det eit stort golvareal som står heilt tomt. • Tilbygget til administrasjonsbygget har 2 klasserom med foldevegg imellom og 3 grupperom. Også her er det høgt under taket i klasseromma, men her er det meir slitasje og oppgraderingsbehov. • Møblar og inventar er stort sett tenlege, men tilstand og kvalitet varierer. Løysingane for IKT er velfungerande. Det er digitale tavler i alle klasserom. • Det er god kapasitet i dei generelle læringsareala, men dagens utforming av læringsareala fremjar ikkje samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet, eller samarbeid mellom elevar og tilsette så lenge dei ligg i 3 ulike bygg. • Skulen har ikkje eigna rom for elevar med større hjelpebehov. Desse elevane må bruke et eige grupperom som ikkje er særskilt tilpassa behovet. Det manglar HCWC i administrasjonsbygget og spesialromsbygget. • Anlegget manglar gode elevgarderobar. Ytterklede heng stort sett i områda utanfor klasseromma, eller vert med inn i klasseromma. Alle elevar har så langt vi kunne sjå eigne små låsbare skap til skuleutstyr og verdisaker. Skulen meiner at det litt liten kapasitet på elevtoalett, men i følgje teikningane skal det vere nok toalett i høve til elevtalet skulen skal ha plass til. Forklaringa på manglande toalett er nok at elevtoaletta i kjellaren i adm.bygget og i spesialromsbygget er utdaterte og for tida ikkje i bruk. Desse toalettromma 	

	<p>har ikkje heile veggjar frå golv til tak, toaletta har innsyn og det er mykje lydsmitte.</p>	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, musikk, naturfag og mat og helse. • Om vi ser bort i frå rom til gymnastikk og symjing, har skulen nok spesialrom, men dei fleste romma er gamle og nedslitne. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er og mykje gammalt slitt. • Det er ikkje så enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Spesialromma ligg i andre bygg enn klasseromma og det er på ingen måte optimal universell tilgang til alle rom, sjølv om det er lagt til rette med rampar mange stader. Arbeidsstasjon for elevar i rullestol er heller ikkje på plass i verkstadareal og mat og helse. • Krav til tryggleik er stetta, men det er dårleg arbeidsmiljø i fleire av romma med tanke på lys, lyd/akustikk og inn klima. • Klassane vert delt i to når elevane skal vere i spesialrom. Dei fleste romma har ikkje plass til fulle klassar. • Skulen sitt bibliotek er eit lite rom i Buebygget. Rommet vert og brukt som grupperom – og truleg mest som det. Slik det framsto på synfaringa, med nokre få hyller og tilfeldig møblering med gamle stolar og bord, var det lite inspirerande. Eit større rom som vart planlagt som mediatek, vert brukt som klasserom. • Skulekjøkenet ligg i 1. etasje i det eldste skulebygget, i det same bygget som personalfunksjonane. Rommet vart oppgradert for om lag 20 år sidan og framstår i dag som et stort, lyst og fint rom, godt utstyrt og med relativt funksjonell innreiing, sjølv om ikkje alt er heilt nytt og etter dagens standard. Rommet vert og brukt til arbeidslivsfag. • Romma til naturfag, musikk og kunst & handverk ligg i eit frittliggjande bygg som vart bygd om lag i 1970. • Formingsromma består av eit tre- og metallrom (mest sløyd) og eit tekstil/teiknerom, samt maskinrom, lagerrom og smårom til keramikk og maling (det er tvilsamt om småromma fungerer og vert brukt slik dei var tenkt). Romma til kunst & handverk er særst gamle og slitt, med gammalt utstyr og innreiing. Romma har dårleg luft og ventilasjon (sjølv om det har vore bytt fleire gonger). Skulen har (sjølvst) ønske om betre fasilitetar, med løysingar som legg til rette for samhandling. • Skulen sitt musikkrom er og gammalt og framstår litt lite. Skulen har mykje musikkinstrument og masse utstyr som står framme i rommet. Med betre lagringsmoglegheiter hadde rommet vore stort nok. Rommet har ein liten innvendig scene med ein rampe med snublekant. Rommet har 2 tilhøyrande gruppe-/øvingsrom. Rommet har dårleg akustikk. • Naturfagrommet er eit ganske ordinært undervisningsrom med ein demonstrasjonsbenk framme og pultrekke i resten av rommet. Det er lite som minner om tilrettelagde forsøks plassar for elevane. Rommet hadde eit førebungsrom, men det var lite skap og 	

	<p>utstyr utstilt i sjølve naturfagrommet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har ikkje gymnastikksal. Dette saknast både i høve til gymnastikk og i høve til å kunne ha ein plass på skulen å samle elevane. Elevane har gymnastikk i Meland Aktiv. Her er gode og funksjonelle lokalar, men når elevane må gå 1,6 km kvar veg går det mykje unødvendig tid vekk. • Elevane ved skulen leiger tid i bassenget til Folkehøgskulen. Bassenget ligg 450 meter frå skulen. Alle elevane på 10.trinn får svømme 10 veker kvar. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar i liten grad trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Arealane har gjennomgåande dårlege kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Alle personalfunksjonar er samla i hovudbygget, som består av 4 etasjar og mange små rom. Arealane fremjar ikkje trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Arealane har gjennomgåande dårlege kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. • Lærararbeidsplassane er fordelt på små rom der 2-3 lærarar sit saman (dette er ikkje fordi det er ynskjeleg, men fordi romma er slik). Sjølv med få personar er mange av arbeidsplassane for små i høve til forskrift. Nokre av romma er og svært trekkfulle og kalde, har lite lys og dårleg luft. • Rektor, avdelingsleiarar, sosiallærar og merkantil har eigne kontor. Det eine kontoret er lite og kvaliteten på romma er ikkje etter dagens standard. • Rådgjevar har ikkje eige kontor, men nyttar helsesjukepleiar sitt når ho er borte. • Personalrommet er slitt og gammalt. Rommet har plass til heile personalet og har tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat. Rommet vart malt sommaren 2023 for å få fleire til å vere der. Lys- og lydtilhøva er svært dårlege. Mange vert slitne av å sitte der, noko som igjen går utover arbeidsmiljøet. • Skulen har ikkje møterom som er egna. Det er laga til eitt rom ved personalrommet som tidlegare var eit lager. Det er eit lytt rom, der alle ser kven som kjem og går, det er tilkomst via trapp og ikkje tilfredsstillande lys- og lydforhold. • Møterom til møter for personalet, møter med føresette utan leinga er difor utfordrande å ha møterom til. Dei fleste møta må difor haldast på avdelingsleiarane, eller rektor sitt kontor. • Garderobe, toalett og dusjforholda til personalet er svært dårleg. Det er ingen garderobe å henge frå seg i. Ytterklede heng på arbeidsplassen. Det er eitt HC-toalett som er OK, eitt toalett ved personalrommet som er lite og gammalt, samt eitt toalett på loftet, som ikkje er i bruk. Det er ikkje dusj til personalet (skulen har heller ikkje gymnastikkanlegg der det ofte er lærargarderobar) • Når det gjelde støttetenestene har skulehelsetenesta eige kontor. PPT har ikkje eige kontor, men kan bruke eitt av dei romma som er omtalt over når dei er på skulen. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er reinhaldsrom og/eller bøttekott i alle bygg, men ikkje i alle etasjar. I buebygget og i den midlertidige paviljongen har reinhald greie tilhøve, medan det er meir utfordrande i administrasjonsbygget og i 	

	<p>spesialromsbygget. Det er uansett utfordrande for reinhald å ha mange bygg å forhalde seg til. Reinhald har lageret sitt i buebygget.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vaktmeister har kontor i kjellaren i hovudbygget. Tilhøyrande verkstadrom er avlåst. • Det er generelt lite lagringsplass i anlegget. I hovudbygget er det lagra mykje på små rom både på loft og i kjellar. Her har nok ikkje skulen full oversikt over kva som finst og kva som kunne vore kasta. I buebygget er det eit smalt, lågt og langstrakt lager som vert brukt av vaktmeister og reinhald. • Skulen har ikkje eit ordna varemottak. Varer vert plassert ved yttergang i hovudbygget og/eller stabla på forkontoret før det vert henta eller levert ut. Det er mogleg å køyre bil opp til inngangen, men det er ikkje langt å gå frå parkeringsplassen. • Sjøppelcontainerane står ved parkeringsplassen ved innkjøringa til skulen. Sjøppel må berast hit av reinhald. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet til skulen er i svært dårleg forfatning. Det er lite oversikteleg og lite funksjonelt. Det fremjar verken læring, sosial samhandling, trivsel eller aktivitet. Det er lite å ta seg til for elevane ute. • Sjølv om det og er ein del trappar ute, er det asfalterte universelt utforma gangvegar mellom dei ulike bygga, med ein og annan benk eller andre plassar der elevane kan sitte ned. • Skulen har ein gammal og nedsliten fotballbane med rustne mål (ved parkeringsplassen), ei basketballkorg (ved modulbygget) og to dissar. Basketballkorga er i bruk av nokre av elevane – elles er det lite eller ingen aktivitet på uteområdet. Det er få elevar som er i aktivitet ute i pausane. • Mange av elevane er nok difor inne i pausane. Buebygget har relativt store fellesareal inne der det mellom anna skulle vore ei kantine. I modulbygget er det eit rom med bordtennisbord som kan brukast. • Heile utearealet har trong for ei stor generell oppgradering og heilt nytt utstyr om skulen skal halde fram som i dag. 	

Sagstad skule



Byggjår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 1961 og utbygd / påbygd i 1970, 1978, 1996 og 2009. Fleire delar av bygningsmassen har gjennomgått oppgradering sidan.				
Godkjenning	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.": 26.06.19				
Tal bygg	1 + FYSAK				
Kapasitet	550 elevar				
Elevtal	460 (haust 2023)				
Over-/underkapasitet	90 elevar				
Tal klassar/grupper	24 klassar Språkdeling: Ja (på 5 av 7 trinn)				
SFO/UFO	167 barn				
Tilsette	Samla: 75	Leiing/adm: 1+4	Pedagogar: 48	Ped.medarb. 20	Andre: 2

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad


Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkel drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak:

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Anlegget ber preg av å vere utbygd og påbygd i fleire omgangar. Det er forskjell i kvalitet mellom ulike delar av anlegget, vanskeleg å orientere seg og dårleg flyt med lange interne avstandar. SFO-delen av anlegget er t.d. lite funksjonell. Skulen er ein klasseromskule med få grupperom, lite alternativt læringsareal og lite rom for samarbeid om praksis. Det manglar fleire spesialrom ved skulen, t.d. eit godt naturfagrom/realfagsrom, eit spesialisert musikkrom og eigen gymsal. Spesialrom manglar universelt utforma arbeidsplassar for elevar. Det er for lite areal til lærararbeidsplassar i dagens løysing, og for få elevtoalett etter krava. Skulen har fleire og store utfordringar med inneklima; med varme rom, dårleg luftkvalitet og lukt og funn av muggsopp i delar av anlegget. Fleire tilsette melder om helseplagar over tid. Trafikksituasjonen ved skulen vert opplevd som utrygg.</p> <p>Delar av anlegget har nådd si levetid funksjonelt. Større tiltak, renovering og utskifting av bygningsmasse er tilrådd.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utbetre trafikksituasjonen ved skulen, t.d. utvikle trygg hente- og avsetjingsone for elevar og trygge løysingar for varelevering. • Undersøke og utbetre utfordringar knytt til gjentakande inneklimaproblematikk ved skulen. • Etablere nok lærararbeidsplassar etter forskrift. Det manglar i dag nok areal til om lag 20 lærarar. • Sanere og bygge nytt SFO-bygg. Eventuelt renovere og bygge om SFO-bygget slik at ein tek att vedlikehaldsetterslep og gjer det meir funksjonelt og oversiktleg etter dagens standard. • Etablere kontor for SFO-leiar med dagslys. • Etablere nok elevtoalett etter forskrift, og nokre elevtoalett med enklare tilgang frå uteareal. Ca 10 ekstra toalett er påkrevd. Sikre alle toalett mot innsyn. • Etablere universelt utforma arbeidsstasjonar i spesialrom, som mat og helse. • Etablere avsug og maskinrom tilknytt sløydsal, for å ivareta HMS-krav. • Oppgradere eksisterande spesialrom, t.d. naturfagrommet, til dagens/framtidsretta standard. • Etablere tilkomst for rullestolbrukarar fleire stader enn i dag, slik at ein sikrar likeverdig tilkomst. <p>BØR:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ta ned maksimal kapasitet i anlegget slik at det er meir i tråd med dagens elevtal, og heller bruke eventuelle ledige klasserom til å opne opp mot korridor og lage fleire alternative læringsmiljø. • Vurdere moglegheita for å etablere elevgarderobar. • Få på plass skilting av anlegget, ute og inne. • Etablere overbygg nær aktivitetssoner ute.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Over ei tid har skulen strevd med problem knytt til inneklimate, og det finst dokumentasjon på tiltak som vart gjennomførte så langt tilbake som i 2020. Få målingar av inneklimate viser avvik, men fleire tilsette melder om liknande symptom når dei oppheld seg i ulike klasserom. Ein tilsett som opplever store helseutfordringar eitt år, kan være symptomfri det påfølgande året når vedkommande arbeidar i eit nytt rom. Ein har kartlagt eit «episenter» for vond lukt i 1. etg. (FAU-rom), utan at målingar viser kva dette kan kome av. På synfaringa er det stram lukt i fleire av areala der kor skulen peikar på denne utfordringa. • Skulen melder om utfordringar knytt til at fleire opplever sjukdomsfølelse i fleire deler av bygget, både i den eldste delen, men og i bygget frå 2009. Det er hovudsakleg tilsette som melder inn, men det kjem også kommentarar frå elevar på at det er dårleg luft i klasserommet. Omfanget vert opplevd relativt stort av skulen. I delen av bygget frå 2009 er det desse romma som vert rapportert: 102, 103, 104, 203, 204 og 205. Utfordringane har vore størst på rom 103, 104 og 205, med aukande utfordringar jo nærare desse romma ein kjem. I den eldre delen av bygget er det rom 124, 125, 138, 139, 140, 142, 230 og 228 det er meldt om utfordringar i. I tillegg har ein skulekjøkken, tekstilrom og sløydsal som og opplevast som utfordrande med tanke på inneklimate. I denne delen har det vore romma 125, 138, 139, 140, 142 som har hatt størst utfordringar. Dei er pussa opp no og har fått ny ventilasjon og skifte av takhimling. Men ein kan ikkje seie enda om det har effekt, fordi dei nett er tekne i bruk etter oppussing. I rom 138 og 139 melder skulen at ein i sommarhalvåret har store utfordringar knytt til temperatur. Det er ikkje solskjerming i romma, og høg temperatur forsterkar plagene der inne. Det er i periodar med fint ver over 30 grader i klasserommet over lengre periode. • I underetasjen blei det januar 2024 påvist muggsopp i sløydsal og på eit lager for formingsmateriell. I rapporten frå Mycoteam vart dette skildra som store avvik og at tiltak måtte gjennomførast. Det er planar om å utbetre sløydsal i vinterferien. • Fleire plager går att i meldingane frå dei tilsette: Dei beskriv generell sjukdomsfølelse, svimmelhet, "hjernetåke", hovudverk, kvalm og uvel, mykje luftvegsymptom, mister stemme, føler seg konstant sliten og utmatta. Det er i tillegg meldingar om hormonelle plager. • Det er ikkje påvist samanheng mellom inneklimate og helseutfordringar, men skulen tenkjer det er ein samanheng, sidan tilsette som blir flytta frå eit rom til eit friskt, innan kort tid får ein ny kvardag og opplever at plagene blir vekke. Kven som er dårleg varierer frå år til år, ut i frå kva rom dei er på. Skulen har hatt fleire sjukmeldingar relatert til inneklimate dei siste åra, og melder om at dyktige lærarar har søkt seg vekk frå skulen grunna helseutfordringar knytt til inneklimate. 	

- Nokre av romma, særleg i den gamle skuledelen, har svak lydisolering. Desse romma møter òg utfordringar med høge temperaturar, spesielt om våren. Temperaturen i enkelte rom i den gamle delen av skulen kan over tid ligge på eller over 30 grader, i følgje skulen.
- Skulen har eit ryddig preg, sjølv om det ikkje er mykje lagerareal i anlegget. Det er boklager og møbellager i eigne rom. Ein del gode løysingar med lagring i skåp. Elevgarderobar i gang er ikkje heldig mtp innklima og skilje rein/skitten sone, men det er eit ryddig preg over gangarealet likevel.
- Det er store uteareal tilknytta skulen, delvis bearbeidde og delvis som naturtomt, med rom for varierte aktivitetar; læring, samarbeid og kvile. Skuleplassen vert opplevd som uoversiktleg, og det krev mange tilsette (per i dag 22 tilsette per vakt) for å sikre trygge pausar ute. Skuleområdet er delt i inspeksjonssoner for å ha oversikt, og dei yngste elevane har berre tilgang til eine delen av uteområdet. Det kan vere fare for mobbesoner grunna det store arealet og ulike stader ein skal ha oversikt. Dette er på mange måtar eit dilemma: ein variert skuleplass med delvis naturtomt er ein god ressurs, men samstundes krevjande å halde trygg og halde ved like. Det kan vere teneleg med nokre fleire aktivitetstilbod ute, og fleire stadar med overbygg nær aktivitetssonene.
- Når det gjeld universell utforming, så kan ein kome seg rundt på delar av utearealet med rullestol. Ein del naturtomt er ikkje framkomeleg for alle, og ein bør sjå på høve for å tilretteleggje veg/sti som gjer det mogeleg å kome lenger ut i naturarealet for elevar med funksjonsnedsetting. Inne er det ein heis som knyter etasjane saman. Dette er lite i eit slikt langstrakt bygg, og ikkje i tråd med eit likeverdige tilbod: Ein elev i rullestol vil ha heilt anna rute til uteareal og spesialrom enn medelevar frå fleire av klasseromma i 2. etg. Nokre av gangane er tronge og vanskeleg for rullestol å komme seg fram mens det er elevar der; mykje av årsaka er at det ikkje er elevgarderobar i anlegget.
- Anlegget er lite transparent, og kan vere svært krevjande å orientere seg i. Det er ikkje openbart kvar ein finn hovudinngangen når ein går opp skulebakken. Skulen manglar både utvendig og innvendig skilting.
- Klasserom er måla i rolege og delikate fargar. Dette har vore tenleg også med tanke på å dempe inntrykket av dei perforerte veggplatene som er akustiske tiltak i klasserom.
- Det er få HCWC i anlegget, og lang veg frå einskilde klasserom til HCWC. Det er for få elevtoalett i anlegget. Dei 15 toaletta rekk til 300 elevar, etter forskrifta; dette er om lag 10 toalett for lite. Det er nok personaltoalett, både tilknytta personalgarderobe på plan 1 og lærararbeidsplassane i 2. etg.
- Anlegget er lite oversiktleg og har utfordringar med flyt og logistikk. Det er lang avstand mellom funksjonar og høvesvis svak kontakt mellom ute- og inneareal. Ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar i anlegget.
- Anlegget manglar funksjonelle fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom

	<p>tenesta og nærmiljøet. Skulen har ingen stadar ein kan samle alle elevar og tilsette, bortsett frå i idrettsareala som ein leiger og som ligg 300 meter vekk.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget legg ikkje til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på skuleveg, parkering, skilje harde og mjuke trafikkantar, varelevering, søppelhandtering og skuleveg. Trafikksituasjonen rundt skulen er kaotisk og uoversiktleg. Foreldre må setje av barna sine ved bussløyfa, noko som ofte skapar problem med skulebussen. Det er mykje trafikk om morgonen, og mange snur i krysset like nedanfor skulen. Etter skuletid er det bilar parkert overalt medan dei ventar på elevane. Skulevegen er under oppgradering, med ny gangveg på veg ned til Frekhaug senter. Det er ingen klare reglar for kor varelevering og driftskøyretøy kan køyre når det er elevar på skuleområdet. Dei køyrer inn på skuleplassen sjølv om det er elevar der. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ber preg av varierende vedlikehald, med store skilnadar mellom ulike soner og ulike delar av anlegget frå ulike tidsperiodar. Særleg den delen av skulen / SFO som ligg mot småplassen er slitt. • I synfaringa ser vi spor frå vasslekkasjar i himlingsplater, og vassrøyr som har gått lekk i tak • Det visuelle inntrykket frå synfaringa, er at det er stor variasjon i vedlikehaldsbehov av overflater på ulike delar av anlegget. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av dette vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ol style="list-style-type: none"> 1. <u>Eldre del av skulebygg:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Maling av fasadar utomhus, byte takstein og takrenner, maling innomhus, byte himlingar og byte golvbelegg i rom i u-etg og 1. etg. Utbetring av lydisolering mellom klasserom, byte av kjøkeninnreiingar i heimkunnskapsrom ○ VVS: Forlengje ventilasjonskanalar i klasserom i u-etg og 1.etg. Montere kjøling av rom der kjøleskap står ○ Elektro: Utskifting av belysning i u-etg og 1.etg. Renovering av EL-underfordelingar 2. <u>SFO-delen:</u> <ol style="list-style-type: none"> a. Bygningsteknisk: Utskifting av trekledning, byte vindauge og ytterdørar, utskifting av takstein og takrenner, maling av fasader, maling innomhus, utskifting av himlingar og golvbelegg, utskifting av te-kjøken b. VVS: Utskifting av ventilasjonsaggregat 3. <u>Nybygg inkl. rehabilitert del:</u> <ol style="list-style-type: none"> a. Bygningsteknisk: Maling av overflater innomhus grunna forventa slitasje 4. <u>Fysak:</u> <ol style="list-style-type: none"> a. Bygningsteknisk: Maling innomhus og utomhus, byte veggflisar innomhus, renovering av lagerrom i kjellar b. VVS: Utbetring av røyr i kjellar samt drenering c. Elektro: Nytt el opplegg i lagerrom kjellar 	

	inkl. belysning	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • 41 av elevane har per i dag rett på skuleskyss pga. avstand, og 31 elevar har tilsvarende rett grunna trafikkfarleg skuleveg. Dei elevane som bur lengst vekk, har ein skuleveg på 4,3 km. Skulen si eiga oppteljing frå desember 2020, synte at om lag 180 elevar gjekk til fots, 90 elevar sykla og om lag 110 elevar vart køyrde med privatbil. Skulen reknar med ei tilsvarende fordeling i dag. • Skulevegen vert ikkje definert som trygg, dette skuldast særleg situasjonen rundt av- og påstiging ved skulestart og -slutt, samt situasjonen for varelevering og køyring av driftsbilar. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er høvesvis lite i bruk som nærmiljøanlegg. Sagstad skulekorps brukar bygningen etter skuletida tre dagar i veka. Dei brukar aulaen, musikkrommet og eit klasserom. I tillegg kjem noko utlån av gymsalen, klasserom og skulekjøkkenet til arrangement for klassar og barnebursdagar. Anlegget har såleis god kapasitet, og dei som ynskjer, får plass og tildelte tider. Skulen meiner FYSAK har potensiale til meir bruk, men det fordrar at nokon driftar den. Skulen kjenner ikkje til fast bruk av uteområdet, men skuleplassen vert nytta av elevar og føresette ettermiddagar og helger. • Anlegget vert stort sett halde i hevd av brukarane, men det kan stundom vere noko tilgrising og knekking av tre og greiner • Anlegget er ikkje særleg funksjonelt som nærmiljøanlegg. Det manglar gode samlingsstadar og funksjonar som fremjar sosial bærekraft, kultur og idrett, eksempelvis: gymsal, scene, amfi inne og gode areal for kulturskule (musikk og formingsfag). 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er generelle læringsareal (klasserom og grupperom) av varierende kvalitet i anlegget. Nokre klasserom er nye og gode, andre er eldre og har standard frå 60-talet. Per no, med dagens elevtal, er det god klasseromskapasitet. Det er lite tilgang til grupperom og varierte læringsareal med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar. Møblar og inventar er tenleg og med jamt bra kvalitet og tilstand. Det er likevel lite variasjon i møblering av læringsarealet. Det er digitale tavler i alle klasserom. Balansen mellom skjerming og transparens er ikkje tenleg; det er vanskeleg å finne areal som tilbyr noko anna enn deltaking i heil klasse, eller å vere ekskludert frå fellesskapet. Eit utprega korridorpreg utan felles trinnareal og transparens fremjar ikkje samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. • Skulen har i dag to ekstra klassar på grunn av språkdeling, og nyttar to ekstra rom til føremålet. Dei to ekstra klassane er på 14 og 15 elevar. • Anlegget har eige rom / sone for elev(ar) med større hjelpebehov: Hev/senk stallebord, HCWC, dusj og takheis. • Anlegget har ikkje eigne elevgarderobar og for få elevtoalett. Nokre elevtoalett har god kvalitet, andre har lydsmitte og høve til innsyn både over og under spanskveggar. Det er ikkje tilgang til elevtoalett frå utearealet, noko som fører til mykje drifting av elevar i gangane når det er friminutt. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje god flyt mellom ute- og inneareal via garderobe. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kunst og handverk: Romma ligg i underetasjen, er gamle og har generelt dårleg standard. Sløydsalen/keramikkkrommet har plass til éin klasse, det same gjeld eit høvesvis stort tekstilrom. I sløydsalen er høvlebenkane og skåpa i dårleg forfatning. Det er ikkje eige avtrekk i sløydsalen, og ein manglar eige maskinrom, noko som gjer at ein bør vurdere om krav til tryggleik er stetta. Eksempelvis er ein ikkje skjermma ved bruk av større sager. Det er ikkje hev/senk-arbeidsstasjon for elevvar i rommet. • Musikkrommet er eit klasserom som er gjort om til musikkrom pga. dårleg inneklima; ein ønskjer ikkje ha elevvar og tilsette over lengre tid rommet. Det er ikkje gjort akustiske tiltak i rommet, heller ikkje særskilte tilpassingar mtp. lagring (med unntak av gitarar på vegg) • Skulen har ikkje eigen gymsal, men nyttar Meland Aktiv og Fotballhall, om lag 300 m frå skulen. Det er nok kapasitet her. Desse areala har det ikkje vore synfaring på. På generelt grunnlag kan ein hevde at det er ein fordel for ein skule å ha eigen gymsal knytt til anlegget. Det gjev rom for meir fleksibel bruk, kan i større grad nyttast til samlingar og ein sparer tid til forflytning. Det er også grunn til å tru at mangelen på eigen gymsal, gjer skulen mindre attraktiv som nærmiljøanlegg. • Skulen har symjeopplæring på Nordhordland folkehøgskule. Ein tilbyr symjing i 2. – 5. klasse og i 7. klasse. Elevane brukar om lag 25 min å gå kvar veg. • Naturfagrommet er gjort om til klasserom, slik at skulen i dag ikkje har eigna naturfagrom eller rom som er retta mot realfag, forsøk, teknologi og design etc. • Skulen har eit bibliotek på storleik med eit klasserom i 2. etg. Det er boksamling langs vegg, utlånsstasjon og gruppebord i rommet. • Mat og helserommet har eit tradisjonelt oppsett med arbeidsstasjonar som øyer; med platetopp, komfyr, vask og desentralisert lagring. Eiga spisesone langs langvegg. Det er ikkje arbeidsstasjon tilrettelagt for rullestolbrukarar i anlegget. • Dette skuleåret er 167 elevvar påmeldt SFO. SFO er opent kvar dag frå 07.30 til 08.30 og frå skuleslutt til 16.30. SFO-areala er ikkje tilpassa eit så stort elevtal. Sjølv SFO-lokalet er lite, og ein lyt også bruke klasserom til SFO. Matsservering er ei stor utfordring, sidan skulekjøkkenet ikkje har nok plass til å servere mat til så mange. No utnyttar ein også tekstilrommet til matsservering for å få det til å gå smidigare. SFO framstår noko uoversiktleg. • Det er universell tilgang til spesialrom, men romma manglar eigne løysningar for rullestolbrukarar (hev/senk-stasjonar). • System for lagring i spesialromma er i ulik grad funksjonelle. Det er potensiale for å lagre meir i lukka skåp, og slik unngå støvdeponi • Inventar og møblar er i varierende grad tenlege i spesialromma 	

<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala er nye, ligg samla i 2. etg, og ein kan såleis seie at dei fremjar inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har for det meste bra kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. Skulen melder likevel om at det kan vere for varmt på kontora, med vindauge som ikkje kan opnast. Romma har generelt sett gode estetiske kvalitetar. • Anlegget har lærararbeidsplassar i fire teamrom. Romma har ein samla kapasitet til om lag 27 pedagogar, noko som er for lite til dei 48 pedagogane ved skulen. Tre av romma har kapasitet til 7 pedagogar, eitt til 6 pedagogar, medan utnyttinga i dag er frå 10-14 lærarar på kvart rom. Dette er mange på eitt rom, særleg når det er få møterom og ingen eigne telefon- og stillerom. Ei mulig løysing på dette kan være å etablere skulebibliotek i gangarealet utanfor rom 202, og gå for ei open løysing der. Då kan skulebiblioteket, rom 216 gjerast om til arbeidsrom. Det er i dag ikkje dagslys i rommet, men det kan eventuelt løysast ved å utvide rommet inn i gangarealet bort til vindauge. • Det er to møterom i anlegget. Desse er fine, og med god funksjonalitet. Det er likevel lite med to møterom på ein så stor skule • Leiinga har for det meste funksjonelle kontor med tenleg plassering nær teamromma i anlegget. Det er likevel vanskeleg å finne leiinga for ein som ikkje er kjend i anlegget. SFO-leiar manglar dagslys på kontoret, noko som er eit krav. • Personalrommet har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Det har god plassering og har tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat. Rommet har gode estetiske kvalitetar. • Personalgarderobar med toalett er i god tilstand og har tenleg plassering i 1. etasje. Det er berre ein felles personalgarderobe, medan hovudregelen seier to kjønnsdelte garderober. Det er om lag 40 garderobeskap i garderoben, og samla areal er noko lite til så mange tilsette. Det er nok personaltoalett i anlegget • Skulehelsetenesta har eige kontor i 2. etasje, plassert skjerna og samstundes tilgjengeleg i nærleik til heis. Andre støttetjenester lyt nytte andre personal- og møteareal når dei er på skulen. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkel drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har eit reinhaldsrom og eit bøttekott i 2. etasje. Reinhaldsrommet er svært lite, og med dårleg luft og utan eige lager for papir. Det er ikkje eige reinhaldsrom i 1. etasje. Samla sett er ikkje reinhaldsarealet tenleg, og lite tilrettelagt for framtidretta løysingar med større bruk av maskinar og robotar • Det er høvesvis lite lagerareal i anlegget • Det er ikkje eige varemottak på skulen, og varer vert levert direkte til hovudinngang. • Driftsteknikar har eige rom med god plass, men rommet framstår gammalt og slitt • Løysing for avfall: Det er biodunk og konteinrarar for papir og restavfall nede ved vegen. 	

<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none">• Utearealet har god kapasitet, med høve for varierte aktivitetar. Dei yngste elevane har sitt område tilpassa deira behov, med rom for både læring, kvile og samhandling utandørs. Elevar med funksjonsnedsetting har tilgang til store delar av skuleplassen, men likevel ikkje tilkomst til leikeareal i natur lengst vekk.• Det er god plass og variasjon i området, men det manglar tilstrekkeleg leikeutstyr.• Det grønne området har potensiale til å verte meir utvikla og opparbeidd.• Det er krevjande å halde oversikt over det store området i pausar	
--	--	--

Grasdal skule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 1986 og påbygd i 1996. Skulen fekk ei større ombygging og eitt nytt påbygg til eksisterande bygg i 2017. Då vart og ventilasjonsanlegget oppgradert. Skulen har mange fine arkitektoniske løysingar. Uteområdet er i utvikling.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.": 16.11.18				
Tal bygg:	Skulen har ei samanhengande bygningsmasse med integrert idrettshall.				
Kapasitet	188 elevar				
Elevtal	140				
Over-/underkapasitet	48 elevar				
Tal klassar/grupper	8 Språkdeling: Ja				
SFO/UFO	38 barn				
Tilsette	Samla: 31	Leiing/adm: 3+1	Pedagogar: 17	Ped.medarb. 7	Andre: 3

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Skulen har vore påbygd i fleire omgangar og har no eit fint samanhengande skulebygg over ein og to etasjar. Alle elevfunksjonar er på bakkeplan, medan personalfunksjonane ligg i 2. etasje. På loftet over personalavdelinga er det nokre tekniske driftsfunksjonar. Skulen har plass til totalt 180 elevar. Dei generelle læringsareala består av klasserom med grei funksjonalitet. Klasseromma har ulik storleik og fleire av romma har foldevegg mot naborom som er praktisk i høve til varierende elevtal på ulike trinn frå år til år. Det er litt få grupperom. Elevane har garderobeplassane sine i korridor ved klasseromma. Dette er ikkje ei optimal løysing, men går greitt sidan det er mange utgangar og god sonedeling med fin flyt mellom ulike sonar. Ved 1. klasse/SFO er det og våtgarderobe. Skulen har to små klasserom som er innreia spesielt til elevar med samansette vanskar og hjelpebehov. Her trengst noko meir innreiing til skjerming og kvile. Skulen har svært fine og godt utstyrte spesialrom til kunst og handverk (2), musikk, mat og helse, bibliotek og kroppsøving. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring i og ved spesialromma er svært tenlege og i god tilstand. Til naturfag har skulen no konkrete planar om å ta i bruk eit klasserom som tidlegare har vore eit skulekjøken. Det er svært god tilstand, funksjonalitet og kapasitet på personalareala; m.a. eit stort og fint personalrom, fine kontor, lærararbeidsplassar og møterom. Driftsfunksjonane fungerer bra, men tilkomsten til tekniske rom i loftsetasjen er ikkje funksjonell. Lagerplass til langtidslagring saknast. Skulen har eit fint og variert uteområde med god variasjon med mange ulike aktivitetar. Sonedeling og skjerming av leikeområda kunne ha vore nok betre. Anlegget er funksjonelt og svært godt eigna som nærmiljøanlegg. Skulen sin store gymnastikksal (330 m² + scene), skulekjøken og musikkrom er dei romma som er mest til utlån. Skulen har ein god og trygg trafikk situasjon ved skulebygget samanlikna med dei fleste andre skulane i kommunen, men jobbar likevel aktivt saman med FAU for å få til enno betre løysingar.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etablere eit fungerande naturfagrom i tidlegare skulekjøken • Setje inn vindauge på kontoret til konsulent for å sikre dagslys • Sikre betre utluffing av lagerrom under scena for å unngå fukt og mugg. • Montere solskjerming til 2 vestvendte kontor og 5 klasserom. • Renovere personaldusj i gymgarderobe. • Gjennomføre radonmåling og gjennomføre ny vurdering av sikring over bergskjeringa mot parkeringsplassen (er gjerdet høgt nok?) • Gjennomføre nokre mindre tiltak i høve til universell utforming og få på plass skilting til besøkande • Gjennomføre vedlikehald av overflatar, belysning og elevtoalett m.m. (i den eldste delen) <p>BØR:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vurdere moglegheit for litt fleire grupperom. • Vurdere betre løysingar for elevgarderobar • Utbetre akustikk og lydtilhøve i dei eldste klasseromma • Gjennomføre ny vurdering av punktavsug på skulekjøken og sløydrom • Få tydelegare soneinndeling på uteområdet • Betre drenering av overvatn inntil skulebygget på vestsida • Finne ei betre løysing på tilkomst til tekniske rom på loftet.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget tek i vare dei fleste krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Skulen har 4 ulike ventilasjonsanlegg. Det opplevast å vere for dårleg punktavsug på skulekjøkken og sløydrom, men avsuga er målt til å vere tilfredsstillande og det er ikkje meldt avvik. Skulen meiner det er nødvendig med forbetring av punktavsug for å unngå helseplager. Temperaturen er stort sett tilfredsstillande, men kan opplevast noko varierende i nokre klasserom. Grasdalen skule har hatt 2 avviksmeldingar dei siste to åra knytt til inneklimate og helseplager. Dette gjeld innestengt lukt/dårleg lufting under scene i gymsal og klasserom like ved. Begge avvika er no lukka med tiltak. To lærarar meldte om hovudpine, tette luftvegar og trøytteleik når dei oppheldt seg i gymsalen og klasserommet. Dei kjente på samanheng mellom helseutfordringar og inneklimate i dei to romma. Det var ikkje sjukmeldingar, men eigenmelding med korttidsfråvær i skuleåret 2022-2023. Gjennomførte tiltak og endring i kvar den enkelte person oppheldt seg i arbeidstida, har forbetra situasjonen. Skulen har ikkje fått avviksmelding om at elevar opplever helseplager knytt til inneklimate. Lydforholda i skuleanlegget er stort sett gode, men dei eldste klasseromma som vart delvis eller ikkje ombygd i 2017, har litt akustikkproblem. Skulen har heilt ny belysning frå august 2023. Det saknast solskjerming til 2 kontor som er vestvendt, og til 5 klasserom. Skulen ventar på gjennomføring av radonmåling. Anlegget har mange gode system for lagring i samband med mange av dei spesialiserte læringsareala, slik at ein unngår støvdeponi, men skulen ville gjerne hatt meir lagringsplass for å unngå uorden i fellesareala. Anlegget er stort sett lett å halde reint. Det er ein godt fungerande reinhaldsentral for heile 1. etasje og eit mindre men funksjonelt reinhaldsrom i 2. etasje. 4 klasserom treng nye golvbelegg. Det kan og være utfordrande med elevgarderobar i gangane utanfor klasseromma, men skulen har mange utgangar og skulen opplevast difor ikkje som ein tradisjonell korridor skule. Det er likevel ikkje eit godt skilje mellom skitten sone og rein sone. Anlegget fremjar trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Uteområdet kunne gjerne hatt ei tydelegare soneinndeling, for å ivareta alderstilpassing og noko meir oversikt, men tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er godt. Skulen brukar Trivselsleikar (TL-programmet) i gymsal, hovudingong til bordtennis, musikkrom til dans og nokre klasserom til tilpassa aktivitet i friminutt for å fremje trygt og godt skulemiljø. Det er trivselsleikar ute på skuleplassen, og soner ute med tilsyn og 	

	<p>vaktordning av dei tilsette.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget er i stor grad universelt utforma både inne og ute. Alle klasserom ligg i 1.etasje og inngongane har rampe og det er 3 elektriske inngangsdører med veggbrytar. Skulen har heis til personalavdelinga i 2. etasje, men det er ikkje universell tilkomst til tekniske rom i 3. etasje. Det er gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. Skulen har 4 HCWC (3 i 1. etasje og eitt i 2. etasje). Det er smal inngong til gym-garderobane. Merkinga er slitt og kontrastfargar manglar. Dørstokkar til brannrør er for høge. Tomta skulen ligg på består av ei stor flate med litt naturtomt i nokre av ytterkantane. Dette gjer at uteområdet i stor grad kan seiast å vere universelt utforma og fremjar inkludering. • Anlegget er oversiktleg og har god flyt og logistikk, med god nærleik mellom funksjonar og god kontakt mellom ute- og inneareal. Ein kan gå tørrskodd mellom alle funksjonar inne. Dører ut frå spesialrom: skulekjøkken, musikkrom, bibliotek, sløydrom, tekstilrom og alle elevgarderobar, er godt eigna til kontakt mellom inneareal og uterom. Skulen ventar enno på skilting eller digital tavle til å orientere besøkande om ulike rom og funksjonar i anlegget. • Anlegget har stor og fin gymnastikksal med scene som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Her kan heile skulen eller elevar og foreldre til 1.-4. trinn eller 5.-7.trinn samlast til ulike fellesarrangement, eller nærmiljøet kan samlast til 17.mai-arrangement eller julefest. Gymsalen er godkjent for bruk med 350 stolar eller 550 ståplassar. • Anlegget legg til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på skuleveg, parkering, skilje harde og mjuke trafikkantar, varelevering og søppelhandtering. Trafikksituasjonen ved sjølve skulen er god samanlikna med mange andre skular. Skulen har ein eigen parkeringsplass for tilsette, droppsoner for levering og henting av elevar, fortau langs vegen og bom ved skuleplassen. Tømming av bosscontainerar skjer utanfor bommen i god avstand frå skuleplassen, men ved varelevering må store bilar av og til køyre inn på skuleplassen. Skulen har eit samarbeid med FAU om hjartesone rundt skulen. Saman har dei ynskje om fleire tiltak. (sjå punkt om skuleveg) Både føresette, elevar og tilsette har og vil få utfordrande trafikale høve i samband med anleggstrafikk og utbetring av fylkesveg 5310 Fosse – Moldekleiv, men utbetring av fylkesvegen vil gje tryggare skuleveg for elevane når arbeidet er ferdig. 	
<p>Vedlikehaldsbehov: Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Etter utbygging og ombygging i 2017 framstår den nye og ombygde delen av skulebygningen i svært god stand, sjølv om det også her er ulike ting som m.a. 	

	<p>overflater som treng å haldast ved like. I den eldre delen er det meir behov for vedlikehald.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet til skulen er stort og fint, men kunne hatt meir innhald. Skulen har i samarbeid med FAU store planar for ei generell oppgradering med meir utstyr og innhald på uteområdet, m.a. ved hjelp av tippemidlar. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Byte ein del utvendig kledning, maling utomhus, byte sportsgolv i gymnastikksal, maling innomhus, byte golvbelegg, skifte ut himling i to klasserom. Byte dårlege fasadeplater og skadd metallkledning ○ Elektro: Byte delar av belysning ○ Kostnad: ca. 2,5 mill. kr. • Basert på konkrete manglar som var synlege ved synfaringa eller som skulen sjølv har peika på, kan lista over gjerast lengre: <ul style="list-style-type: none"> ○ Det er behov for betre drenering av overvatn inntil husveggen på uteområdet på vestsida. ○ Skifte knuste veggplater i den nye delen ○ Skifte nokre ytterdører ○ Toalett i nordre del av bygget må renoverast ○ Gymsalen treng ny veggmaling og bordkledning ○ 2 store og 2 små klasserom (nordre del av skulen) må renoverast med sparkling, maling, golvbelegg, dørkarmar og karmar til vindauge. • Skulen ynskjer og at det bør vurderast ombygging av eit lite klasserom til 2 grupperom. • Tilkomst til 3.etasje, teknisk rom, bør det og finnast ei betre løysing for. 	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Både føresette, elevar og tilsette har og vil få utfordrande trafikale høve i samband med anleggstrafikk og utbetring av fylkesveg 5310 Fosse – Moldekleiv, men utbetring av fylkesvegen vil gje tryggare skuleveg for elevane når arbeidet er ferdig. • Situasjonen ved skulen slik den er i dag er god samanlikna med mange andre skular. Skulen har allereie ein eigen parkeringsplass for tilsette, droppsone for levering og henting av elevar, fortau langs vegen og bom ved skuleplassen. Dette vart ordna i samband med ombygginga av skulen i 2017. • Skulen har dei siste 2 åra hatt eit samarbeid med FAU om hjertesone rundt skulen. Skulen og FAU har ynskje om fleire tiltak; m.a. ei droppsone lengre vekk frå skulen enn i dag, ei tydeleg sykkelparkering nær skulen, fleire trafikklys og gangvegar til skulen, samt vurdere å flytte bommen til skuleplassen lenger opp for å unngå køyring, rygging osv. der mjuke trafikantar går. Krysset ved den nærliggjande barnehagen er og eit kritisk punkt. • Det er omlag 50 elevar som går til og frå skulen dagleg, medan 15-20 sykklar. Rundt rekna 30 elevar 	

	<p>vert køyrd i privatbil.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rundt rekna 20 elevar har krav på skuleskyss pga. avstand og om lag like mange har vedtak om trafikkfarleg veg. • Elevane som har lengst veg har om lag 8 km reiseveg til skulen. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulebygget er mykje brukt som nærmiljøanlegg, til faste tider og ved behov. Det har god kapasitet, og dei som ynskjer, får plass og tildelte tider. • Anlegget er funksjonelt og svært godt egna som nærmiljøanlegg, med god sonedeling og rom og funksjonar som fremjar sosial bærekraft, kultur og idrett. Gymnastikksal, scene, skulekjøken og musikkrom, bibliotek, tekstil og sløydrom er nær knytt til hovudinngong og til kvarandre. • Potensiale for meir bruk og utleige av gymnastikksalen m/scene til konsertar og liknande arrangement kan og vere til stades. • Skulen sin store gymnastikksal, skulekjøken og musikkrom er dei romma som er mest til utlån. Dei vert per no nytta av: <ul style="list-style-type: none"> ○ Helselag og Velforeining til møter ca. 1x pr mnd ○ Taekwondo-klubb barn/vaksne 2x i veka ○ 2 grupper barnetrim: allaktivitet for førskulebarn og skulebarn ○ Frekhaug volleyballklubb (vaksne) 1x i veka ○ Austebygda fritidspark 2x i veka, ungdomar ○ Sagstad skulekorps ○ Alver kulturskule ○ Betel ten-klubb (fredag kveld) ○ Faste årlege haustmesser/basar (helger) ved Betel forsamling/pinsekyrkjelyd og Meland helselag • Klasserom vert lånt ut til arrangement og sosiale aktivitetar for kvart trinn med foreldre, medan musikkrom og kjøken vert utlånt til barnedåp og konfirmasjon (kun for tilsette) • Skulen sitt uteområde er ikkje i organisert bruk, bortsett frå til 17.mai-arrangement ute og inne. • I uorganiserte formar er det sommarstid litt i bruk til å spele basketball og volleyball. Elevane syns det er for liten fotballbane, så barn og familiar vel heller ofte Ballbingen og friområde til velforeininga oppe ved busstoppet. • Velforeininga har vore flinke og lagt isbane ved ballbingen om vinteren. Det kunne og vore lagt også på skuleplassen, men då trengs tilrettelegging for det. Velforeiningane sitt område ved Ballbingen er og i bruk til St hans -feiring og fakkeltog/juletrelys-tenning i samarbeid med Betel. • Skulen meiner uteområdet til skulen er eigna, og det føreligg gode planar for gapahuk-område og hinderløype i skogholtet nord for skulen, samt fleire leikesoner med apparat på skuleplassen. • Det er lite hærverk, og har vore det over tid. Det er oppdaga noko skribling på veggjar det siste halve året, veggplater er blitt øydelagt og plukka på/sparka sund når det ikkje er reparert etterkvart. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Andre nærmiljøanlegg i skulekrinsen: Betel forsamlingshus (nær skulen), Grasdal ungdomshus, ungdomslaget Varden sitt lokale til utleige og arrangement, samt Austebygda fritidspark som har nærmiljøanlegg med ballbinge, basketballbane/isbane om vinteren, sykkelbane, og frisbee-bane under utvikling. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Grasdal skule har tilfredsstillande klasserom med grei funksjonalitet og plass til totalt 180 elevar. Klasseromma har ulik storleik og fleire av romma har foldevegg mot naborom som er praktisk i høve til varierende elevtal på ulike trinn frå år til år, men som truleg ikkje vert brukt for å endre bruken av romma frå dag til dag. • 1.-3. trinn har som i den nye delen medan 4.-7. trinn har rom i den nordlege delen. • Løysingane for IKT er velfungerande. Det er digitale tavler i alle klasserom og kvaliteten på dei møblane som er der er god. • Det er litt for få grupperom og i følgje skulen manglande innreiing, møblering og utstyr til å kunne variere arbeidsmåtar og leggje til rette for både samarbeid og stillesonar slik ein helst ønskjer. Dei generelle læringsareala fremjar i liten grad samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. • Skulen har to små klasserom som er innreia spesielt til elevar med samansette vanskar og hjelpebehov. Romma fungerer til samhandling med andre, men det trengst noko meir innreiing til skjerming og kvile. • Skulen melder behov om eit sanserom med skjerming, med ulike hjelpemiddel og innreiing for enkelte av elevane. • Alle elevane ved skulen har garderobeplassane sine i korridor ved klasseromma. Dette er ikkje ei optimal løysing sjølv om alle elevar har sin eigen plass. Ved 1.klasse/SFO er det og ein eigen våtgarderobe. Det er mange elevar som skal inn og ut til same tid, og flyten mellom ute- og inneareal er nok betre på skular med separate garderobar for kvart trinn. Dette gjeld spesielt på 1-3. trinn der det berre er ein utgang (om ikkje nokon vel å bruke hovudinngangen). Dei eldre elevane har fleire naturlege utgangar å velje mellom. • Skulen har nok elevtoalett. Toaletta ligg samla 4 stader i skulebygget, alle med tilkomst frå korridor. Alle toaletta har vegg til tak, utan innsyn og lydsmitte. Elevtoalett i nordre del av skulen treng renovering. • Skulen har 2 HCWC til elevane; eitt ved SFO/1. trinn (som er i knappaste laget om det er behov for stallebord) og eitt i den nordlege delen, som er i bruk kvar dag av elevar som treng stallebord (her manglar luftavsug, men utbetring av dette står på vedlikehaldsplanen for 2024). 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har tilgang på, og tilfredsstillande kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, musikk, mat og helse, bibliotek og kroppsøving. Til naturfag har skulen no konkrete planar om å ta i bruk eit klasserom som tidlegare har vore eit skulekjøken. 	

- Spesialromma er funksjonelle, men skulen ville gjerne hatt nokre av romma litt større. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er svært tenlege og i god tilstand.
- Det er enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Det er universell tilgang til areal, og arbeidsstasjon for elevar i rullestol er på plass i mat og helse.
- Krav til tryggleik er stetta, og det er godt arbeidsmiljø i romma med tanke på lys, lyd og inneklima.
- Organisering: 6.trinn har stor vekt av praktisk-estetiske fag, då mat og helse ligg på det trinnet. 6.trinn er 29 elevar, og skulen deler i to grupper mot faget kunst og handverk. 7.trinn har to grupper i kunst og handverk (24 elevar) og 5.trinn har 1 lærar og 1 assistent i kunst og handverk (23 elevar). Skulen har ikkje aldersblanding i ordinær opplæring, men samarbeid med fadderklasse 6.trinn og 1.trinn.
- Skulen har to gode spesialrom til **kunst & handverk**; til sløyd/keramikk og tekstilforming. Begge romma kunne gjerne vore litt større, og skulen saknar rom til å montere opp igjen keramikkomnen som vart demontert ved ombygging i 2016-17. Dei ville gjerne og hatt større plass til å sette opp vevar og ha arbeid ståande over tid i tekstilrommet, men alt i alt meiner vi det totale K&H-arealet er stort nok til det elevtalet skulen er bygd for. Å ha alt utstyr og arbeid ståande framme over tid vil krevje meir areal enn det som er vanleg. Sløydrommet har eige maskinrom, som er litt i minste laget til å handtere materialar som skal sagast om dei ikkje vert kappa litt til på førehand. Materialar vert lagra i utebod. Utsug til ventilasjon er plassert litt langt oppe på vegg, som ikkje er optimalt. Det vert fort opplevd tett luft av støv i rommet. Rektor har bede om ei vurdering av tiltak for dette.
- Skulen har et lite men fint og innbydande **bibliotek** med variert og fin møblering.
- Rommet til **mat og helse** er stort og fint med gode arbeidsstasjonar og god plass rundt borda når mat skal etast.
- Skulen har eit stort og funksjonelt **musikkrom**. Rommet har gode lydforhold, praktisk møblering og godt med skapplass. Det er lett å rydde golvareal til variert aktivitet som t.d. dans.
- Skulen har fram til no ikkje hatt eit fast rom til **naturfag**, der materiell til utforskande aktivitet har vore lett tilgjengeleg. Stadig flytting og henting av materiell er tungvint. Skulen har no eit ledig klasserom i eit omgjort skulekjøken, som kan bli eit fint rom til praktisk arbeid i naturfag. Vi føreset i denne evalueringa at det ikkje vil krevje store tilretteleggingar for å kunne ta rommet i bruk, og at det etter kvart vert sett av pengar til å gjere ytterlegare oppgraderingar og tilpassingar i rommet. Dette handlar i hovudsak om oppgradering av overflatar og nye møblar, t.d. skap til oppbevaring av utstyr i rommet.
- Skulen har ein stor og fin gymsal på 330 m2 golvareal (+ scene). Det er høgt under taket. Salen vart bygd for NM i bordtennis på 80-talet. Den har god tilstand, men treng ny veggmaling og gjerne flytting av taua som

	<p>stenger for inngangsdøra. Gymsalen har store og fine garderobar og apparatrom.</p> <p>Lagerrom for stolar under scena treng lufting, der er det lukt /innestengt, mogleg risiko for fukt.</p> <p>Salen fekk nytt lydanlegg i 2017, men treng ei betre løysing for enklare bruk for fleire.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har symjeopplæring i bassenget på Frekhaug folkehøgskule, og reiser med 3 grupper kvar torsdag med rutebuss og ekstrabuss. Det er tilbod til 5. og 7.trinn i haustsemesteret og 3. og 4.trinn i vårsemesteret. Elevane har då omlag 45 min i bassenget, og omlag 20- 30 min til transport/gange kvar veg. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er svært god tilstand, funksjonalitet og kapasitet på personalareala. Dei fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. • Alle personalfunksjonar er samla i den nybygde 2. etasjen frå 2017. Her har og støtteteneene tilhald når dei er på skulen. • Det er 3 store arbeidsrom med lærararbeidsplassar som er funksjonelle og store nok etter forskrift. Arbeidsromma er inndelt etter trinn og SFO-leiar sit saman med lærarane på 1. og 2. trinn. Det er fleire arbeidsplassar enn pedagogar ved skulen. Telefonsamtaler, samarbeid og behov for kvile og konsentrasjon kjem i konflikt om ein ikkje lagar reglar for bruken av arbeidsromma, men då kan og møterom, grupperom eller personalrom nyttast. • Det er nok møterom med tenleg funksjonalitet i anlegget. Det største møterommet ligg i forlenginga av personalrommet, som dermed har god kapasitet i samband med planleggingsdagar for alle tilsette eller andre store samlingar, t.d. rektormøte i kommunen. Det er og eit mindre møterom ved administrasjonen. • Personalrommet har (og utan møterommet) god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Rommet har tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat • Leiinga (rektor og inspektør) har gode og funksjonelle kontor rett over gangen for lærarane. • Arbeidsplassen til konsulent i resepsjonen har berre indirekte dagslys gjennom vindauge ut til garderobe og trappeoppgang. Det bør setjast inn vindauge på ytterveggen til kontoret. Tiltaket er lagt inn i vedlikehaldsplanen. • Personalgarderobar med toalett er i god tilstand og har tenleg plassering og storleik. Her er det og HCWC. • Dei tilsette kan og bruke eitt HCWC i 1. etasje ved hovudinngangen til skulen. Dette rommet vert og brukt til oppbevaring av førstehjelpsutstyr og stallebord til babyar. Dette er og offentleg toalett ved tilstellingar og utlån av skulen. (17.mai – arrangement for eksempel). • Personaldusj i gymgarderobe er ikkje renover, og det trengs. Det har over tid vore lager. • Det er høvelege areal for støtteteneene i anlegget. Skulehelseteneesta har eige kontor i personalavdelinga. Tenesta er til stades 2 dagar i veka. Kontaktperson i 	

	<p>PPT nyttar møterommet i etasjen når dei er på skulen og i ressursteam.</p>	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har ein godt fungerande reinhaldsentral for heile 1. etasje og eit mindre men funksjonelt reinhaldsrom i 2. etasje. • Skulen melder om at det er litt for lite lagerplass i anlegget. Dette fører mellom anna til at areal under trapp ved hovudinngongen vert brukt og at teknisk rom vert fullt av ting som ikkje skal stå der. Skulen nyttar m.a. eit gammalt reinhaldskott, eit lite rom under trapp til teknisk rom over scena og ei utebod (som ikkje er isolert) til lager. • I samband med den siste utbygginga av skulen vart det sett opp mange integrerte skap i korridor og fleire spesialrom. Her er det mykje god lagringsplass, men då må skapa merkjast godt og enkelt må kunne låsast for at ikkje alle skal ha tilgang til alt. • Å ha varemottaket ved hovudinngangen til skulen er funksjonelt, men det kan av og til hope seg opp med varer. Den største utfordringa er nok likevel at store bilar av og til då må køyre inn på skuleplassen. • Tømming av bosscontainerar skjer utanfor bommen i god avstand frå skuleplassen, men skulen saknar eit meir funksjonelt system for sortering med spann/opsamling og oppsamlingsplass til plastboss. • Verkstad/vaktmeisterrom har god tilstand og funksjonalitet. Vaktmeister disponerer eitt isolert rom i utebod + kontor med verktøy og kontrollpanel for hovudtilførsel fiber/straum. • Tilkomst til teknisk rom i 3 et. via ei smal vindeltrapp frå personalrommet er ei merkeleg løysing som vart diskutert i fleire byggemøte. Det er enno ikkje funne ei god løysing for tilsette i drift og vedlikehald som skal bera ting med seg opp og ned til rommet. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utearealet har i stor grad ei universell utforming som fremjar inkludering. Det er tilpassa ulike aldersgrupper og funksjonsnivå, inspirerer til variert leik, samhandling og læring og legg til rette for rekreasjon og kvile. • Tilstanden på leikeapparat er god • Uteområdet har ikkje ei tydeleg soneinndeling, men området er avgrensa og relativt oversikteleg med tanke på tilsyn. • Skulen er uroa for at sikringa av bergskjeringa mot parkeringsplassen ikkje er god nok (om gjerdet er høgt nok). • Skulen sitt uteområde er i utvikling etter ein plan utarbeidd av utegruppe i FAU i samarbeid med skulen og Trigonor. • Skulen har i dag eit variert uteområde med <ul style="list-style-type: none"> ○ Ein liten fotballbane (grus) ○ Basketballbane ○ Volleyballstativ/nett sommarstid ○ Lause små fotballmål på asfalten ○ Bordtennisbord i betong. ○ Klatrestativ og klatrevegg 	

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Korgdisser og sklie ○ Marmorsteinar - som er både til kvile og butikk i elevane sin leik. ○ Sandkasse (som er lite i bruk) ○ Ein akebakke, som har for liten kapasitet og dermed stor risiko for skader. ○ Benkar/bord til kvile, samtaler og samhandling (dei gamle og slitte). ○ FAU har gjort dugnad med nyleg oppmåling av fargerike sirkclar og tal, sjakkbrett og innkjøp av sjakkbrikker til utebruk. ○ Det er oppmåla paradis foran og bak skulen. ○ Skogsområde som fungerer godt til gjømsel og kreativ frileik med naturmaterialar. <ul style="list-style-type: none"> ● Av manglar og negative ting har vi både sett og fått opplyst at <ul style="list-style-type: none"> ○ Skulen har for dårleg leikeutstyr og manglar oppbevaringskasse til utstyret. ○ Det er ikkje god nok skjerming mellom leikesoner ○ Elevane er ikkje nøgd med fotballbana. ○ Det er få områder og plassar under tak. ○ Skogsområda treng betre avgrensing med gjerde. ○ Skulen meiner at den store bergskjeringa mot parkeringsplassen bør sikrast betre fordi elevar vert utsett for stor fare om dei kjem seg over gjerdet. ● I tida framover er det plan for ny ballbinge og utforming av leikesoner slik at det vert betre skjerming mellom aktivitetane. Det er og planlagt gapahuk og hinderløype i skogsområdet i nord (Arildskogen) 	
--	--	--

Knarvik ungdomsskule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 1982 og seinare utbygd i 1993 (?) og 2008				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.": 19.12.18				
Tal bygg:	2 (Hovudbygg + Paviljongbygg)				
Kapasitet	350 elevar				
Elevtal	385 elevar				
Over-/underkapasitet	- 35				
Tal klassar/grupper	15 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	6 ungdomar				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	56	5+2	37	10	2

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Knarvik ungdomsskule består av eit hovudbygg med ny og gamal del, og eit paviljongbygg eit stykke frå. Skulen er uoversikleg, med krevjande flyt og logistikk. Anlegget er ikkje universelt utforma, og manglar likeverdig tilkomst t.d. til naturfagsal og HCWC. Hovudbygget har heller ikkje gode rom og funksjonar for elevar med større hjelpebehov. Skulen ber preg av å ha for liten kapasitet til dagens elevtal. Kapasiteten på klasserom, grupperom, spesialrom, teamrom, pauserom og møterom er for lav, og fremjar ikkje variert undervisning og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Eit eige paviljongbygg har bra funksjonalitet, men med dårleg tilgang til resten av skulen; elevar og tilsette kan kjenne seg på utsida av fellesskapet.</p> <p>Både den gamle delen og nye delen av skulen har høvesvis stort vedlikehaldsetterslep. Det vert meldt om utfordringar knytt til temperaturregulering, lydsmitte og akustikk. Inventar og utstyr verkar dels slitt, og med ulik kvalitet.</p> <p>Uteområdet er under utviding og utbering, og har potensiale til å bli bra. Skuleveg er trygg og situasjonen knytt til parkering opplevast funksjonell. Varelevering på skuleplass er likevel uheldig.</p>
Forslag til utbetringar. Lista er ikkje uttømande, men syner eit bilete av det som er kome fram i dialog med skule og på ei synfaring i anlegget.	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vurdere kapasitet på nytt, med tanke på flytting og bytting av funksjonar, for eksempel for å samle personalareal. • Ta att vedlikehaldsetterslep. Kommunal vedlikehaldsplan synes ikkje å vere dekkande for behova. • Sikre universell tilkomst til naturfagrommet i kjellar • Etablere 12 nye lærararbeidsplassar. Det er i dag plass til 34 lærarar, medan dagens behov er 46 • Sikre alle elevtoalett med heile vegg, slik at det ikkje er høve til å sjå inn. • Sikre og etablere solskjerming i klasserom og arbeidsrom der det manglar. • Undersøke og eventuelt utbetre utfordringar knytt til temperaturregulering i delar av anlegget. • Undersøke og utbetre utfordringar knytt til lydsmitte og akustikk i delar av anlegget. • Etablere rom for elevar med større hjelpebehov. • Utbetre naturfagrom som i liten grad stettar krav til eit slikt spesialrom. • Etablere meir kapasitet i mat og helse <p>BØR</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ikkje la paviljongbygg vere permanent løysing. Erstatte med løysing kopla på hovudbygg • Vurdere meir funksjonell møblering av korridorareal, for å gjere dette til gode soner for læring og samhandling • Sikre betre løysingar for lagring, t.d. i nisjar eller skåp som går til tak • Etablere fleire møterom • Etablere meir transparens i anlegget, t.d. gjennom glasfelt i dører / vegger


Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er delt i eit hovudbygg, med ny og gamal del, i tillegg til eit paviljongbygg. Oppsummert fortel skulen følgjande om desse areala: <ul style="list-style-type: none"> a. Paviljong (mellombels areal): <ul style="list-style-type: none"> • Inneheld tre klasserom, grupperom, og ein spesialavdeling for multihandikappa elevar. • Lyst, luftig, og nyoppussa, men ligg utanfor skulen sitt kjerneområde, noko som gjer at elevane kjenner seg utanfor. b. Nybygget: <ul style="list-style-type: none"> • Lagt til etter ombygging i 08/09. • Inneheld 8 klasserom, grupperom, arbeidsrom, skulebibliotek, auditorium, amfi, og sløydsal. • Slitasje på delar av arealet, utfordringar med temperatur pga. mykje glas på fasaden. • Sløydsalen vert opplevd for liten, ok akustikk i klasserom, dårleg akustikk i fellesareal. c. Gamlebygget: <ul style="list-style-type: none"> • Inneheld 5 klasserom, grupperom, avdeling for tekstil og teikning, arbeidsrom, naturfagsal, skulekjøkken, personalrom, møterom, bomberom, lager, og kontor for leiing og andre tilsette. • Manglande vedlikehald, preg av slitasje, stor variasjon i temperatur mellom romma, noko lydsmitte. • Naturfagsalen er ikkje funksjonell og er utan universell tilkomst • Vrimleareal, skulekjøken og arbeidsrom er underdimensjonert. • Anlegget ivaretek i mindre grad krav til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. <ul style="list-style-type: none"> a. Det er slitte golvbelegg som gjer reinhald krevjande b. Skulen melder om skjeggkre c. Det er trangt i anlegget, med mange elevar og tilsette. Ein del fulle klasserom, slitte overflater og middels løysningar for lagring kan gjere reinhald krevjande d. Det kan vere stor variasjon i temperatur i både nybygget og gamlebygget. Nokre rom kan bli 	

	<p>svært varme, andre rom kan veksle mellom å vere for varme eller for kalde</p> <ul style="list-style-type: none"> e. Det er krevjande lystilhøve i ein del klasserom grunna manglande solskjerming og mykje glas i fasade. f. Luftkvaliteten er målt og funne akseptabel, men nokre elevar og tilsette opplever framleis dårleg luft. g. Det er lydsmitte mellom funksjonar og krevjande lydtilhøve i fleire fellesareal <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget fremjar i mindre grad trygt og godt skulemiljø, og legg i mindre grad til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Anlegget er lite oversiktleg og det kan vere stader å gøyme seg vekk, mobbesoner, fleire stader inne. Eksempel på dette er toalettsoner for elevane. Skulen opplever dette som krevjande. Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er fattig. • Den eldste delen av anlegget er ikkje universelt utforma. Ein når t.d. ikkje naturfagsalen i rullestol utan å gå ut av anlegget. Også nybygget er berre delvis universelt utforma. Eit fåtal dører har automatisk opning. Det manglar skilting og enkel tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne. Anlegget manglar kontrastfargar og god merking for synshemma. Det er ikkje HCWC godt fordelt og enkelt tilgjengeleg i lærings- og personalareal. • Anlegget er uoversiktleg og har manglande flyt og logistikk, med mangelfull nærleik mellom funksjonar. Det er t.d. ikkje god nærleik mellom kontor, eller frå paviljong til spesialrom og felles soner. Skulen opplever logistikken i samband med varelevering og lagring som vanskeleg. Ein kan ikkje gå tørrskodd mellom alle funksjonar, og elevar med tilhald i paviljongbygget kan kjenne seg på utsida av det store fellesskapet. • Anlegget har eit amfi med plass til om lag alle elevane på same tid. Elles er det få funksjonelle fellesareal som fremjar samhald og samarbeid. Ein manglar gode vrimeareal for elevane. Uteområdet skal utvidast og utviklast, og ein håpar på gode inkluderande fellesområde når dette arbeidet er ferdig. • Med unntak av varelevering på skuleplassen, legg anlegget til rette for trygg trafikkavvikling. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ber preg av stort vedlikehaldsetterslep. Det er registrert følgjande behov: <ul style="list-style-type: none"> ○ Solskjerminga fungerer ikkje som ho skal. ○ Skulen treng maling både innvendig og utvendig. ○ Golvbelegget i den eldste delen må bytast ut. ○ Låsesystemet bør bytast ut. ○ Skilleveggene fungerer ikkje som dei skal. ○ Det elektriske systemet er underdimensjonert. • Frå Kunnskapsgrunnlaget les vi dette om 	

	<p>vedlikehaldsbehovet dei neste åra:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk: Pussing og maling av murfasade, maling av trekledning, utskifting av takstein samt ein del vindauge på gamledelen, delvis utskifting av innerdører, oppussing av amfi-rom, maling og utskifting av golvbelegg i klasserom i gamledelen og paviljongen, utskifting spanskvegger i toalettrom.</i> ○ <i>VVS: Utskifting 1 stk ventilasjonsaggregat, utskifting sanitærutstyr i toalettrom.</i> ○ <i>Elektro: Utskifting av nøddlyssentral</i> ● Inventar og utstyr, som stolar, pultar og skåp, er dels slitte og utdaterte 	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ● Anlegget legg til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på skuleveg, drop off-soner og parkering. Det er godt oppmerka gangfelt ved skulen og godt med gangfelt og stiar. Vareleveringa skjer på skuleplassen, noko som ikkje er heldig. ● Nøkkeltal skuleveg: <ul style="list-style-type: none"> ○ Om lag 220 elevar har rett på skyss grunna lang skuleveg ○ Ingen elevar har vedtak om skuleskyss grunna trafikkfarleg skuleveg ○ Dei som bur lengst vekk, har ein skuleveg på om lag 25 km ○ Det er om lag 150 elevar som går til skulen kvar dag ○ Talet på syklande varierer med sesong ○ Om lag 15 elevar vert køyrde til skulen i privatbil 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ● Skulen fortel om følgjande bruk som nærmiljøanlegg: <ul style="list-style-type: none"> ○ Korps, sangkor, borgarleg konfirmasjon og andre organisasjonar driv øving, undervisning og møte. ○ Amfi, auditorium og klasserom vert nytta ● Skulen har grei kapasitet som nærmiljøanlegg og alle som ønskjer får plass per no ● Skulen ønskjer ikkje å låne vekk klasserom ● Det er stader av anlegget ute som er skjult frå vegen, og her kan det skje uheldige episodar med hærverk. Spor av rusmisbruk er funne i skogen ● Anlegget er berre delvis funksjonelt som nærmiljøanlegg, og ikkje openbart eit attraktivt samlingsenter med god sonedeling, flyt og rom og funksjonar som fremjar sosial bærekraft, kultur og idrett. Det er tilgrensande anlegg som også vert nytta av lokalmiljøet; idrettsanlegget, Knarvik barneskule og den vidaregåande skulen. Slik er samla kapasitet i området høvesvis god. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> ● Dei generelle læringsareala er lite tilfredsstillande. Det er mange elevar i kvart klasserom, det er høvesvis få grupperom og ingen felles trinnareal med varierte læringsareal og soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar. ● Det er liten kapasitet i dei generelle læringsareala, og det er per i dag 35 elevar meir enn det som er rekna som maks kapasitet i anlegget. Skulen framstår som lukka; ein korridorskule utan transparens. Dette kan 	

	<p>hindre oversikt og samarbeid, og gjere areala vanskelege å orientere seg i. Læringsareala fremjar ikkje samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet; Dei fremjar klasseroms-undervisning, med ein lærar åleine i klasse. Læringsareala hemmar den praksisen skulen ønskjer å få til; det er ikkje areal som er eigna til å utforske og utvikle praksis. Nokre av korridorareala har potensiale til ei meir funksjonell og variert møblering.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hovudbygget har ikkje eigna rom for elevar med større hjelpebehov som har behov for hev/senk stellebord, HCWC, dusj og takheis. Grupperom vert nytta så godt det lar seg gjere. I paviljongbygget er det ei spesialavdeling for elev med større samansette hjelpebehov. • Anlegget har grovgarderobar med skåp til elevane, med mange elevar på lite areal i overgangssituasjonar. Det er høvesvis enkel tilgang til nok elevtoalett i felles korridorareal, men ikkje alle elevtoaletta har vegg til tak, utan innsyn og lydsmitte. Varierande kvalitet kan gjere at elevar vegrar seg for toalettbesøk. Toalettsonene ligg i område utan god oversikt, og kan potensielt vere mobbesoner i anlegget. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, musikk, bibliotek, naturfag og mat og helse. • Skulen leiger idrettsareal i ekstern hall og nyttar basseng i Alversund til symjeundervisning. • Rom for mat og helse har fire høvelege arbeidsstasjonar i tillegg til lærarstasjon. Rommet er kopla til kantinekjøkenet. Rommet har liten kapasitet, og ein nyttar også rom i barneskulen. • Musikkrommet er kopla mot auditoriet med foldevegg, og har eit øvingsrom + øvingsrom/lager i bakkant. Skulen opplever at rommet er underdimensjonert. Mykje undervisning og øving føregår i fellesareal. • Eit auditorium i 1. etg. i nybygget vert brukt til ulike føremål, som foredrag, filmframsyning og personalmøter. Ein opplever undertrykk i rommet. • Naturfagrommet er ikkje funksjonelt. Arbeidspultar er svært slitte. Avsug verkar ikkje. Manglar funksjonar ein kan forvente i eit moderne realfagrom. Er ikkje universell tilkomst til funksjonen; det manglar heis ned til rommet, og elevar i rullestol må ut for å nå arealet. • K&h-avdelinga er delt i to. I kjellaretasjen ligg sløydrommet. Rommet framstår noko slitt. Det har eit lite maskinrom, keramikrom og eit uteareal med dekke under tak. Manglar lagringskapasitet, for eksempel til lagring av elevarbeid, og avdelinga er noko prega av rot. Tekstilrommet ligg på plan 1 (tidlegare bibliotek og datarom). • Biblioteket er i nybygget. Det har bokhyller langs vegg, eit gruppebord og nokre hyggelege sitjemøblar. Rommet er lite eigna til ulik/varierte aktivitet eller formidling med samla klasse, og ikkje kopla mot andre fellesareal. • Det er ikkje enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma, både pga. kapasitet og fordi det er klassar i paviljongbygget. Det er heller ikkje universell tilgang til alle areal, og arbeidsstasjon for elevar i 	

<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<p>rullestol manglar i mat og helse.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har for liten kapasitet på lærararbeidsplassar etter forskrift, og teamromma er spreidde ulike stader i anlegget. Dette gjer det krevjande å få til samarbeid og å jobbe med felles kultur • Det er berre eitt møterom i hovudbygget, noko som er for lite. Paviljongbygget har møterom i tillegg. • Personalrommet er for lite til å kunne samle alle. Skulen har difor lagt opp til lunsj til ulike tider. • Heile leiinga / administrasjonen kan ikkje sitje samla, men er spreidd i bygget, og dermed heller ikkje samla tett på personalet • Det er to små personalgarderobar i hovudbygget, med tilgang til WC, HCWC og dusj. Fordi personalareala elles er spreidde, er det ulik grad av nærleik til funksjonen. • Personalareala fremjar i liten grad inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. • Helsesjukepleiar ønskjer kontor tettare på leiinga. PPT-rådgjevarar og andre støttetjenester lyt nytte ledige rom; møterom, grupperom når dei er på skulen; det er liten kapasitet til føremålet. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har reinhaldssentral og lite reinhaldsrom på plan 1, og elles reinhaldsrom i underetasjen og på plan 2. Romma har akseptabel funksjonalitet, sjølv om reinhaldssentralen er noko liten til lagring av ulike reinhaldsmaskiner. • Skulen har bra med lagerareal, fordelt kringom i anlegget • Skulen melder om akseptable løysingar for søppelhandtering. • Varelevering skjer inne på skuleplassen. Dette er uheldig. Skulen har ikkje eige rom for varemottak. • Det er ikkje eige kontor for driftspersonale i bygget 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utearealet er lite til dagens elevtal og fattig på apparat / variasjon. Det er under utviding og utbetring, og skulen trur på at det vil fremje godt og trygt skulemiljø når det er ferdig. 	

Knarvik barneskule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 2019				
Godkjenning	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.": 31.10.19				
Tal bygg:	1				
Kapasitet	450 elevar				
Elevtal	232 (haust 23)				
Over-/underkapasitet	218 elevar				
Tal klassar/grupper	14 Språkdeling: Ja				
SFO/UFO	75 barn				
Tilsette	Samla:	Leiling/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	47	4	30	??	?

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Anlegget var nytt i 2019, og framstår jamt over som pent og funksjonelt. Det innehar mange gode kvalitetar, og har godt med areal for ulik læringsaktivitet, både i generelle læringsareal og spesialrom. Garderobane framstår likevel noko uhensiktsmessige, med høvesvis liten grovgarderobe og stor fingardarobe (korridorareal). Berre ein heis i heile anlegget gjer at tilkomst til ulike delar av bygget ikkje er likeverdig for alle.</p> <p>Det vert meldt om nokre utfordringar med luftkvalitet, og ein undrar seg over om dette handlar om innstillingar av teknisk anlegg.</p> <p>Skulen er særst godt utstyrt med spesialrom og gode felles arenaer, mellom anna ei stor amfitrapp, kantine og idrettshall.</p> <p>Flotte personalareal kan fremje samarbeid i profesjonsfellesskapet.</p> <p>Skulen har gode, varierte uteareal med trygg trafikksituasjon.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> Undersøke og eventuelt rette opp utfordringar knytt til inneklima (tung og tørr luft og lukt) Risikovurdere skarpe trappeavsatsar / hjørner ute og undersøke behov for merking og rekkverk. <p>BØR</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjere om heile eller delar av fingardarobe til felles læringsareal for trinna. Dette kan verte særst aktuelt dersom elevtalet nærmar seg maksimal kapasitet. Etablerer meir utebodplass.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget framstår som nytt og flott. Anlegget ivaretek krav til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Ventilasjonsanlegget fungerer delvis, men det vert meldt om tørr / tung luft og luktproblem frå slukar i kantinekjøken. Når brannalarm går, tek det dagar før ventilasjonsanlegget kjem i drift att. Temperaturen er stabil og vert opplevd høveleg. • Anlegget har gode system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. Anlegget er lett å halde reint, og har skilje mellom skitten sone og rein sone. Det er gode lyskjelder innandørs, og tenleg solskjerming i vindauge. Nokre av romma, t.d. sanserom, har ikkje høve til å dempe lyset Det er god akustikk i rom og soner, og lite lydsmitte mellom rom. • Anlegget fremjar trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Anlegget er oversiktleg med få mobbesoner. Ei utfordring kan vere høvesvis lang avstand frå inngang og grovgarderobar pga. dei store fingarderobane, og trappeløp til læringsareala på plan 2. Det kan også vere krevjande å ha oversikt over alle ute i naturområda. • Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er rikt. • Anlegget har ei eiga avdeling, læringscenter, for elevar i kommunen (og gjesteelevar) med ekstra hjelpebehov. Avdelinga er særskilt tilrettelagt for elevar med ulike former for funksjonsnedsetting. • Anlegget er delvis universelt utforma, med skilting og tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne. Det manglar rekkverk og merking av t.d. trappeavsatsar ute; dette kjennes noko utrygt per i dag. Anlegget har berre ein heis mellom etasjane, og avstand til undervisningsromma / trinnareala gjer at tilkomst likevel ikkje er fullt ut likeverdig t.d. for elevar i rullestol. Dette gjer også forflytning mellom trinnareal og nokre spesialrom noko tungvindt. • Anlegget er jamt over oversiktleg, men flyt og logistikk vert noko hemma av at det berre er ein heis i anlegget. Skulen er nøgd med at 1. og 2. trinn er på plan 1, det gjev god kontakt mellom ute- og innerom for denne gruppa. Det opplevast uheldig at heile mellomtrinnet har ein felles inngang, og at det berre er ein heis i anlegget. Tilgang til auditorium burde vore enklare frå andre delar enn hjartet, sidan det er mykje utleige. • Ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar. • Anlegget har gode kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. • Det er HCWC godt fordelt i lærings- og personalareal. 	<p style="background-color: #90EE90; text-align: center;">Vurdering</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har funksjonelle fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Det er potensiale til å organisere fingarderobane som felles læringsareal, t.d. med annleis møblering. Hjarterommet og Arena (gymsal) rommar heile skulen. • Anlegget legg til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på skuleveg, parkering, skilje harde og mjuke trafikkantar, varelevering, søppelhandtering og skuleveg. Nokre føresette bryt likevel reglane, noko skulen følgjer opp med tilsyn og informasjon. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget er nytt, og ber preg av lite vedlikehaldsbehov, ute og inne. <ul style="list-style-type: none"> ○ Overflater inne (golv, vegger og tak) er heile og utan mykje slitasje ○ Overflater ute er stort sett heile og utan mykje slitasje. Nokre fasadeplater har skader. ○ Tekniske anlegg fungerer som dei skal, men skulen opplever at innstillingar i ventilasjonsanlegget ikkje er heilt rette • Frå Kunnskapsgrunnlaget hentar vi dette om vedlikehaldsbehov dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk: Utsifting av øydelagte dørpumper, utskifting av fasadeplater med skader, malingsarbeid innomhus</i> 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen elevar har rett til skyss på grunn av farleg skuleveg. Fem elevar har skyss grunna lang skuleveg, nokre av desse grunna delt bustad. • Lengst avstand dei som ikkje har delt bustad: 10 km. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg:</p> <p>Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er ein del i bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider og ved behov. Det er god kapasitet, men likevel usikkert om endå fleire idrettslag ønskjer plass. I dag nyttast anlegget mellom anna av kulturskulen, ulike idrettslag (handball, basket, karate, klatring og dans). Innimellom vert lokale nytta til foredrag. • Ute er det ikkje organisert aktivitet, men med mykje uorganisert bruk i fritida. Godt eigna, men ein saknar merking av trapper/avsatsar og rekkverk nokre stader. Nokre foreldre ønskjer at området skulle ha vore inngjerda. • Anlegget vert stort sett halde i hevd av brukarane, men det har vore noko knusing av fasadeplater ute. • Anlegget er funksjonelt som nærmiljøanlegg, med god sonedeling og rom og funksjonar som fremjar sosial bærekraft, kultur og idrett. 	
<p>Generelle læringsareal:</p> <p>Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane har bra generelle læringsareal (klasserom og grupperom) som fremjar læring og trivsel. Det er noko variasjon i klasseromstorleik, og fleire rom er høvesvis store, godt over 60 m². Ulike storleikar på klasserom er tenleg då kullstorleiken ofte vil variere noko. Det er god kapasitet i dei generelle læringsareala. Nokre klassar har tilgang til grupperom frå klasserommet, andre har noko vanskelegare tilgang frå gangareal – 	

	<p>utan direkte kontakt mellom klasserom og grupperom.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilgangen på varierte læringsareal, med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar er likevel mindre enn ein kunne forvente i trinnareala. Dette kan skuldast at ein har valt å leggje mykje areal i fingarderobar, i staden for i felles og varierte læringsareal som i større grad kunne bidra til å binde klasseromma saman og gje eit rikare tilfang av areal som inviterer til ulik aktivitet. • Møblar og inventar er tenleg og med god kvalitet og tilstand. Løysingane for IKT er velfungerande. Det er formålstenleg balanse mellom skjerming og transparens. Læringsareala fremjar samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. • Det er akustiske plater i klasseromma, og delte meningar om utsjånaden av desse. • Anlegget har eigna rom for elevar med større hjelpebehov: Det er stellerom med HCWC tilknytta trinnareal. Skulen har eiga avdeling for elevar med større hjelpebehov. Her er det mellom anna kvilerom og sanserom • Det er enkel tilgang til elevtoalett frå læringsareala, men ikkje like enkel tilgang frå uteareal. Elevtoaletta framstår som fine, med veggjar til tak, utan innsyn og lydsmitte. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, musikk, bibliotek, naturfag, mat og helse og kroppsøving • Elevane får symjeundervisning i Alversund. • Spesialromma framstår som nye, flotte og funksjonelle. Mange av dei er plasserte i området rundt kantina. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er tenlege og i god tilstand. Musikkrom er kopla mot amfi/hjarte og har tre tilstøytane øvingsrom, naturfagrom har eige førebuingssrom, kantine er kopla mot mat og helse og kantinekjøken, verkstadareala ligg samla og har sløydsal med eige maskinrom, keramikk-, male- og tekstilrom. Idrettshall har gode garderobefasilitetar, dusj med båsar og kan delast i tre salar. Det er svært gode tilhøve for klatring, buldring og kampsport i eigne rom i anlegget. Vaktrom/kiosk er plassert i vestibulen ved desse funksjonane. Anlegget har i tillegg eige rom for dans og drama • SFO-basen er plassert naturleg ved læringsareala til 1. og 2. trinn, og med god nærleik til skulekjøkenet. Dette gjer sambruk av areal enkelt. • Det er enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Det er universell tilgang til areal, og arbeidsstasjon for elevar i rullestol er på plass i mat og helse. • Krav til tryggleik er stetta, og det er godt arbeidsmiljø i romma med tanke på lys, lyd og inneklima. Gymsalen kunne hatt betre tiltak mot lydsmitte mellom halldelane dersom hev/senk-veggane hadde hatt tett materiale heilt til toppen. Samstundes hadde dette gjeve føringar for ventilasjon 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala ligg samla i anlegget, og fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, 	

<p>profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<p>lydsmitte og inneklima.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har lærararbeidsplassar som er funksjonelle og store nok etter forskrift. Kwart trinn har sitt kontor, i tillegg er det to felles soner utanfor teamromma. • Det kan vere noko få møterom i anlegget. Men det er fleire samtalerom i sona, og ein lyt elles tenke sambruk av rom; både grupperom, klasserom og andre spesialrom. • Leiinga har funksjonelle kontor med tenleg plassering nær lærararbeidsplassane i anlegget. Lysa vert opplevd veldig sterke, utan høve for dimming, og kan vere migrene-triggande for nokre tilsette. • Personalrommet har svært god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Det er tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat • Personalgarderobar med toalett er i god stand og har tenleg plassering og storleik. Alle tilsette har egne garderobeskap. Det er to personalgarderobar i personalføyen, ein litt større enn den andre. • Det er høvelege areal for støttetjenester i anlegget, t.d. areal for helsesjukaerleiar med venterom og eige kontor. PPT nyttar dette når dei er på skulen til andre tider enn helsesjukaerleiar. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er felles kontor for vaktmeister og reinhaldsleiar i personalsona. • Det er ein svært stor reinhaldssentral ved vestibylen på plan 1 og reinhaldsrom på plan 2. • Anlegget har bra med lagerareal, fordelt i eigne rom og skåp. Skulen manglar tilstrekkeleg utebodplass. • Skulen er nøgd med ordning for søppelhandtering; det er opplegg for sortering inne og søppelbod ute. • Varer vert levert innafor inngangsparti i vestibyle, med bra nærleik til heis og reinhaldsrom. Skulen transporterer vidare i anlegget. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen opplever at utearealet legg til rette for variert aktivitet; at det er noko å gjere for alle. Områda er varierte, og fremjar leikelyst. Skulen trekker fram skogen og fotballbana som særst populære område. • Utearealet er universelt utforma og fremjar inkludering, men nokre rekkverk ved trappeavsatsar manglar, og betre merking for svaksynte bør vurderast. • Tilstanden på leikeapparat er god. • Uteområdet har høveleg sonedeling som gjev god oversikt og er tenleg med tanke på tilsyn. 	

Alversund skule



Byggeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 2021				
Tal bygg:	1				
Kapasitet	450 elevar				
Elevtal	328 (haust 23)				
Over-/underkapasitet	122 elevar				
Tal klassar/grupper	17				
SFO/UFO	131 barn				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	49	3+1	32	12	1
			Språkdeling: Ja		

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Alversund skule er eit nytt, flott skulebygg med god pedagogisk funksjonalitet. Anlegget har høvesvis store klasserom og felles læringsareal som legg til rette for samarbeid om variert pedagogikk. Noko uhensiktsmessig arealbruk i store fingarderobar, med høvesvis små grovgarderobar.</p> <p>Spesialromma har gode kvalitetar og inspirerer til praktisk arbeid og læring. Eigen basishall, godt musikkrom med øvingsrom og kantine med kantinekjøken er døme på ekstra kvalitetar ein ikkje finn alle stader. Anlegget har fleire gode samlingsstadar, sjølv om ikkje amfitrappa i vestibylen rommar alle elevane.</p> <p>Personalareala er samla, med bra tilgang på samtalerom og møterom. Flott personalrom, men liten personalgarderobe.</p> <p>Utearealet har potensiale til å verte svært godt. Det er likevel noko ope, og kan med fordel få meir tydeleg sonedeling og eit endå rikare aktivitetsutval. Nokre skrentar synes å vere bratte og usikra, og bør risikovurderast før eventuelle tiltak. For mange bilar kjem tett på skulen om morgonen, og det er ønskeleg at foreldra respekterer og heller nyttar avsetjingslomma.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> • Risikovurdere skrentar ute, og eventuelt sikre dei med gjerder. • Risikovurdere bruken av stein som skilje mellom soner i utearealet, og eventuelt erstatte med anna masse • Installere solskjerming i dei vindauga/areala det manglar <p>BØR</p> <ul style="list-style-type: none"> • Justere ventilasjonsanlegget, som verkar å vere noko ustabil, og samstundes undersøke lydsmitte via anlegget • Skaffe meir skjerming, ly, søppelspann og fleire aktivitetsmoglegheiter i utearealet • Utnytte fingarderobane til meir læringsareal gjennom møblering • Ha høve til å skjermje det opne biblioteket, t.d. gjennom gittervegg / rullegardin i metall.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget var nytt i 2021. Det framstår jamt over som eit flott bygg med gode kvalitetar som for det meste ivaretek krav til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. • Anlegget har gode system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. Anlegget er lett å halde reint, og har skilje mellom skitten sone og rein sone. • Det er gode lyskjelder innandørs, men ein ventar framleis på tenleg solskjerming i fleire vindauge. • Ventilasjonsanlegget stoppar opp innimellom, og treng difor justeringar. • Det er god akustikk i rom og soner, men noko lydsmitte mellom rom via ventilasjonsanlegg. • Anlegget fremjar trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er rikt. Anlegget er for det meste oversiktleg og fritt for mobbesoner. Skogen kan likevel vere ein stad der ein ikkje har like god oversikt heile tida, og der er nokre høge skrentar som ikkje er sikra. Mykje pukk/småstein som ligg som pynt/drenering/skilje mellom soner i uteanlegget kan enkelt verte kasta av elevar som ikkje klarer kontrollere seg. • Anlegget er universelt utforma, med god skilting og enkel tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne. Det er to heisar og ei enkel løfteplattform som sikrar rimeleg likeverdig tilgang mellom etasjar. Anlegget har fysisk merking i golv og nokre kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. Skulen skulle likevel ønske at det var betre fargemerking for synshemma. Det er HCWC godt fordelt i lærings- og personalareal, mellom anna i trinnareala og i tilsettgarderobe. • Anlegget er oversiktleg og høvesvis kompakt, med god nærleik mellom funksjonar og god kontakt mellom ute- og inneareal. Ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar. • Anlegget har funksjonelle fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Her kan ein, i tillegg til stor idrettshall, mellom anna trekke fram amfi og skuleorg knytt mot kantineareal og bibliotek / mat og helse. Det er også felles læringsareal med amfitrappar i trinnareala. • Når det gjeld trafikkavvikling, opplever skulen at det kjem mange bilar tett på anlegget om morgonen, og at det er for få som nyttar bussløyfa ute ved vegen. Det manglar merking for varelevering. Elles er området godt opplyst og merka. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget er nytt og ber preg av lite vedlikehaldsbehov, 	

<p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<p>ute og inne.</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Overflater inne (golv, vegger og tak) er heile og utan mykje slitasje ○ Overflater ute, til dømes kledning, er heile og utan mykje slitasje ○ Tekniske anlegg fungerer stort sett som det skal. Ein bør likevel prioritere å finne ut årsaka til at ventilasjonsanlegget stoppar, og om ein kan gjere noko med lydsmitta via ventilasjonsanlegget <ul style="list-style-type: none"> ● Frå <i>Kunnskapsgrunnlaget</i> les vi følgjande om vedlikehaldsbehovet dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk: Maling av veggjar innomhus grunna venta slitasje</i> 	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ● Det er for mange bilar tett på skulen om morgonen, slik skulen opplever det, og ein innsats bør gjerast for å få fleire til å bruke avsetjingslomma. ● Ein god del elevar vert køyrde om morgonen, og vi får følgjande opplysningar frå skulen: <ul style="list-style-type: none"> ○ 34 elevar har rett til skyss grunna avstand ○ 19 elevar har vedtak om skyss grunna farleg skuleveg ○ Dei som bur lengst vekk, har ein skuleveg på om lag 5,7 km. ○ Om lag 120 elevar går til fots dagleg ○ Om lag 25 elevar sykklar til skulen dagleg ○ Om lag 130 elevar vert køyrde i privatbil til skulen ○ Transportmiddel er veldig veravhengig 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ● Skulen fortel om denne bruken av anlegget: <ul style="list-style-type: none"> ○ Idrettslag i hallen dagleg ○ Musikkrom vert nytta av vaksenkorps og kulturskule fleire dagar i veka ○ Auditoriet vert utleigd sporadisk ○ Klassar leiger skuletorget til arrangement gjennom året ○ Ungdomsklubben er på skulen to gongar i veka ● Anlegget har god kapasitet, og dei fleste som ynskjer, får plass og tildelte tider. Det hender fleire vil ha konsert samstundes i skuletorget. ● Anlegget er funksjonelt som nærmiljøanlegg, med bra sonedeling og rom og funksjonar som fremjar sosial bærekraft, kultur og idrett. Biblioteket ligg tett på torget. Det har ikkje veggjar, noko som gjer at det kan verte ein del rot der ved utleige. Skulen ønskjer ei rullegardin i metall som ein kan trekke føre ved utleige. ● Skulen opplever at det er ein god del arbeid med utleige, fordi tilsette må finne utstyr og gje / stille inn nøkkeltilgang ● Anlegget vert jamt over halde i hevd av brukarane. Det har likevel vore noko hærverk ute av eldre ungdom (fanga på film). Også inne har det vore noko hærverk, og konsekvensane kan verte store pga. gipsveggjar, dårlege hengsler osv. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> ● Elevane har gode generelle læringsareal (klasserom og grupperom) som fremjar læring og trivsel. Mange av klasseromma er nærare 70 m², noko som er større 	

<p>med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<p>enn vanleg dimensjonering i mange kommunar. Det er i tillegg felles trinnareal som knyter tre og tre klasserom saman. Dei felles trinnareala har ulik form og møblering, men alle har eit lite trinnamfi. Slik vert samla tilgang på varierte læringsareal, med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar god. Det er om lag to grupperom per tre klassar, nokre med tilgang frå klasserom, andre med tilgang frå fellesareal. Skulen opplever at det kan vere litt lite med tanke på elevar som treng skjerming.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Møblar og inventar er tenleg og med god kvalitet og tilstand. Løysingane for IKT er velfungerande. Klasseromma har digitale tavler med touch-funksjon. • Det er god kapasitet i dei generelle læringsareala, med bra balanse mellom skjerming og transparens gjennom glasfelt i veggjar. Læringsareala fremjar - gjennom transparens, felles læringsareal og trinnvis organisering - samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. • Anlegget har eit eigna rom for elevar med større hjelpebehov: «Stjernerommet» har hev/senk stallebord og takheis. Det er stellerom nær sona for skulehelsetenesta, og eit eige sanserom i anlegget. • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med gode kvalitetar. Skulen opplever likevel at grovgarderobane er små. Vi stiller spørsmål ved behovet for ei slik inndeling i grov- og fingarderober, og vurderer at fingarderober tek svært mykje areal. Det er god flyt mellom ute- og inneareal via garderobe, men ikkje fullt ut likeverdige tilkomst til areala i øvste etasje via heis. Det er enkel tilgang til nok elevtoalett, og elevtoaletta har veggjar til tak, utan innsyn og lydsmitte. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, musikk, bibliotek, naturfag, mat og helse og kroppsøving. Musikkrommet er godt utstyrt, med eigne lager, dansespegel og tre øvingsrom påkopl. Idrettshallen har tribune, kan delast i tre, og det er eigen turnhall/basishall ved sidan av. Realfagsrommet har førebuingssrom og avtrekk over elevpultar. Skulekjøkenet har eiga spisesone, kjølerom, vaskerom og matbod. Alt saman svært gode kvalitetar ein ikkje ser alle stader. • I anlegget er det også funksjonar som kiosk og klubbrom med hobbyrom og mediarom tett på vestibyle og hall. Det er kantinekjøkken kopla mot kantine/skuleborg og eige auditorium nær vestibyle- og kantineareal. • SFO har base nær skuleborg, mat og helse og med direkte tilgang frå fingarderober til dei yngste elevane. • Skulen nyttar symjebassenget i gamleskulen. • Spesialromma er flotte og jamt over funksjonelle. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er tenlege og i god tilstand. Skulen opplever likevel at det ikkje er gode løysingar for lagring i verkstadareala for kunst og handverk. • Det er enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Det er universell tilgang til areal, og arbeidsstasjon for elevar i rullestol er på plass i verkstadareal og mat og helse. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Krav til tryggleik er stetta, og det er godt arbeidsmiljø i romma med tanke på lys, lyd og inneklima. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen opplever personalareala som gode. Unnataket er slik det vart planlagt for merkantil; med arbeidsplass bak resepsjonsbenk i mørkt areal. Resepsjonsbenken tek unødig mykje areal slik den er planlagt. • Personalareala er samla, tett på heis og fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. • Anlegget har lærararbeidsplassar som er funksjonelle og store nok etter forskrift. Det er eit teamrom per trinn tett på personalrom, og med god tilgang til tre møterom og tre samtalerom. • Leiinga har funksjonelle kontor med tenleg plassering i anlegget, tett på dei tilsette • Det flotte personalrommet har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Rommet har tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat • Personalgarderoben med toalett har 52 skåp, er i god tilstand og har tenleg plassering nær arbeidsplassar og heis. Garderoben er likevel liten, og bryt med normen om to kjønnsdelte garderobar. • Det er høvelege areal for støttetjenester i anlegget, t.d. areal for helsesjuepleiar. Skulehelsetenesta har to kontor og venterom, og ligg nær kvilerom, sanserom og stellerom i øvste etasjen. Det ligg noko vekke frå leiinga, men lett tilgjengeleg for dei eldste elevane som er dei som oftast søker tenesta på eiga hand. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Reinholdarar og vaktmeister har felles kontor mellom vestibyle og musikkareal. • I andre enden av etasjen finn vi ein stor reinholdssentral, tett på heis, lager vaktmeister og basishall. • Det er mykje lagerareal spreidd i anlegget og kopla på både spesialrom og trinnareal. Eit eige sentrallager ligg mellom garderobeanlegga til idrettshallen. • Det er vanskeleg å trille mjølketraller i anlegget grunna markeringstrukturane og små hjul på trallene. • Miljøstasjonane inne fungerer ikkje så godt i følgje skulen, fordi ingen vil ta jobben med å tømme dei. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utearealet består av delvis asfaltdekke, naturtomt og gummierte fallunderlag under apparat. Det er kort veg til turterreng og skog. • Utearealet er universelt utforma og fremjar inkludering. Det er tilpassa ulike aldersgrupper og funksjonsnivå, inspirerer til variert leik, samhandling og læring og legg til rette for rekreasjon og kvile. Det framstår likevel noko ope og nake, med potensiale til å avgrensast meir i tydelege soner, med skjerming og ly • Tilstanden på leikeapparat er god, men skulen saknar eit rikare utval av apparat som kan gje fleire moglegheiter for variert aktivitet • Det er lite ly for regn, og ein saknar bussskur. Ein saknar også boss spann ute, no vert boss kasta på plassen. • Mykje små steinar og høge skrentar kan utgjere ein 	

	<p>fare, og bør risikovurderast.</p> <ul style="list-style-type: none">• Uteområdet er oversiktleg og tenleg med tanke på tilsyn. Elevane spreiar ser godt ut over området, og dei yngste er skjerma frå dei eldste	
--	---	--

Leiknes skule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen har vore gjennom byggeperiode frå 2007 til dei siste klasseromma var ferdige i 2019. Uteområde oppgradert med hinderløype og sykkelbane i 2020.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.": 15.10.19				
Tal bygg:	Eitt bygg + paviljong frå 2009				
Kapasitet	250-300 elevar				
Elevtal	182 (haust 23)				
Over-/underkapasitet	68-118 elevar				
Tal klassar/grupper	9 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	Ca 50 barn				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	26	3+1	16	5	1

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Anlegget framstår jamt over som godt, med bra universell tilkomst og tenlege pedagogiske kvalitetar, både ute og inne. Tilgangen på spesialrom er god, og skulen har mange gode samlingsarenaer, eigna for ulike føremål, også som nærmiljøanlegg. Her kan ein t.d. trekke fram idrettsareal, Steinarstova og kantineområdet. Anlegget er lyst og høvesvis transparent. Det er likevel eit skilje mellom kvalitetane i hovudbygget og paviljongbygget. Avstand frå garderobar til klasserom er ikkje heldig, men truleg eit resultat av påbygging i fleire omgangar.</p> <p>Utviding av elevtal fordrar større kapasitet til lærararbeidsplassar. At personalareala er fordelte i to bygg, er uheldig for utvikling av felles kultur og profesjonsfellesskap. To skilte bygg gjer også tilgangen til felles areal og spesialareal noko meir tungvindt for klassane i paviljongen.</p> <p>Utearealet er høvesvis rikt på aktivitetsmoglegheiter, med ulike funksjonar i ulike soner. Trafikksituasjonen kring skulen er likevel krevjande, med pågåande prosessar for utbetring.</p>
Forslag til utbetringar. Lista er ikkje uttømande, men syner eit bilete av det som er kome fram i dialog med skule og på ei synfaring i anlegget.	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> Finne betre løysingar for trafikksituasjonen kring skulen, inkludert varelevering. Det føreligg planar for utbetring som ikkje er realiserte. Etablere kontor leiing Etablere eigna rom for elevar med større hjelpebehov. Etablere fleire lærararbeidsplassar ved eventuell utviding av stab/tilsette. Utbetre drenering på uteområde slik at det ikkje vert store dammar ved regnver Etablere solskjerming paviljongbygg. Undersøke, og eventuelt finne løysingar for betre temperaturregulering i paviljongen. <p>BØR</p> <ul style="list-style-type: none"> I større grad utnytte dei små romma mellom klasseromma som grupperom. Vurdere om ein kan kople paviljongbygget på hovudbygget. Etablere lys i fleire soner ute Undersøke og eventuelt gjennomføre akustiske tiltak i nokre av spesialromma, t.d. naturfag og k&h

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget framstår for det meste som nytt, og med gode kvalitetar og eit estetisk uttrykk som kan fremje trivsel. Anlegget ivaretek på overordna nivå krav til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø. • For det meste god temperaturregulering i bygget, men i paviljongen er det oftast for varmt. I bygg A, personalavdelinga, kan ein nokre dagar ha problem med å få god nok temperatur. • Det vert meldt om nokre rom med krevjande akustikk, t.d. naturfag og kunst og handverk, samt i nokre av korridorane. • Anlegget har gode tilhøve for lagring, og framstår ryddig. Det er noko lagring i nisjar, og elles lagring i lagerareal og skåp knytt til ulike funksjonar i anlegget. • Det er skilje mellom rein og skitten sone i skulen, med både elev- og personalgarderobar knytt til respektive soner. • Anlegget fremjar for det meste trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Transparens inne, t.d. glasfelt i dører, gjev oversikt og hindrar mobbesoner. Det kan likevel vere krevjande å ha oversikt i den relativt lange vegen frå garderobe til klasserom for nokre at klassane. Uteområdet kan vere lite oversiktleg, med nokre soner og bygningar som gjev lite sikt og stader å gøyme seg litt bort. Samstundes er utearealet variert og er tilrettelagt for ulik type leik og aktivitet og fungerer godt for allsidig leik og med gode rutinar for tilsyn. Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er rikt. • Anlegget er universelt utforma, med noko skilting og bra tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne. Det er tre heisar og ein trappeheis i skulen. Anlegget har gode kontrastfargar og kvalitetar som for det meste sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. Nokre stader skulle ein likevel ønske seg høve til manuell styring / dimming av lys. Det er HCWC fordelt i lærings- og personalareal, men likevel ikkje HCWC i alle elevgarderobane. • Anlegget kan vere noko komplekst å orientere seg i, med fleire heil- og halvetasjar, trappeløp og påbygging i fleire omgangar. Spesialrom og læringsareal er spreidde utover i anlegget. Det er likevel bra nærleik mellom, og enkel tilkomst til, funksjonar. Ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar, med unntak av til paviljongbygget. Det er ønske om ei kopling mellom bygga der ein kan gå tørrskodd. • Anlegget har mange funksjonelle fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Her kan ein trekke fram ein flott foajé, koplå på kjøken, bibliotek og SFO-areal. Vidare er idrettsareala gode, med scenerom, styrkerom og nærleik til auditorium, gode lagerareal og 	

	<p>det sosiale sam- og fleirbruksrommet Steinarstova.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det vert av skulen meldt om ein utfordrande trafikksituasjon nær anlegget, mellom anna knytt til av- og påstiging og varelevering. Sjå også eige punkt om skuleveg. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget er høvesvis nytt / nyleg renovert, og ber preg av godt vedlikehald, ute og inne. <ul style="list-style-type: none"> ○ Overflater inne (golv, vegger og tak) er heile og utan mykje slitasje. Det er likevel mange slitte overflater i paviljongbygget som ikkje har vore måla sidan det var nytt (både klasserom, korridorar og ytterkledning). ○ Med unnatak av paviljongbygget, er overflater ute, til dømes kledning, heile og utan mykje slitasje. Paviljongbygget treng måling og skifte av noko kledning. ○ Det vert meldt om nokre vanskar med drenering ute: grusbane, asfaltert område og hinderløype ○ Tekniske anlegg fungerer som dei skal ○ Paviljongbygg manglar solskjerming i nokre av klasseromma. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi følgjande om vedlikehaldsbehovet dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk: Utvendig maling av murer og trekledning, byte ein del trekledning, utskifting av knuste fasadeplater, utskifting av golvbelegg samt maling innomhus i paviljong. Utskifting av ein del golvbelegg i gamledelen.</i> 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Trafikksituasjonen nær anlegget vert av skulen opplevd som krevjande. Ingen tilrettelegging for av- og påstigingssone. Tilkomsten forbi barnehagen er smal og har trongt fortau som er trafikkert. Mange privatbilar under hente-/leveringsituasjonar skapar farlege situasjonar. System for varelevering viser seg lite hensiktsmessig. Frå 2021 har ein omfattande gjennomgang av trafikktryggleiken i skulekrinsen blitt gjennomført av eit utval leia av fylkeskommunen i samarbeid med NH lensmannskontor, Alver kommune og Statens Vegvesen. Fleire tiltak er føreslått, med nokre mindre nyleg ferdigstilte, inkludert 30-sone ved skulen, nytt busstopp og forlenging av fortauet. Det manglar lys i fleire soner ute. • Skulen melder om følgjande: <ul style="list-style-type: none"> ○ 24 elevar har krav på skuleskyss grunna avstand ○ 28 elevar har vedtak om skuleskyss grunna trafikkfarleg skuleveg ○ Dei elevane med lengst skuleveg bur 8,9 km vekke frå skulen ○ Om lag 60 elevar går til skulen dagleg ○ Om lag 30 elevar sykklar til skulen dagleg ○ Om lag 60 elevar vert køyrde med privatbil dagleg 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg:</p> <p>Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er ein god del i bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider og ved behov. Det har god kapasitet, og dei som ynskjer, får plass og tildelte tider. Hallen har per no ledig kapasitet. 	

<p>utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen melder om følgjande bruk per no: <ul style="list-style-type: none"> ○ Storstova, både hallen og Steinarstova, er mykje brukt ettermiddagstid. ○ Kantineområdet inne på skulen er flittig brukt. ○ Forskjellige grupper har faste aktivitetar, inkludert idrettslag for handball og idrettsskule, vaksenkorps og kor kvar veke, aldersblanda grupper frå bygdelaget, med bandy, fotball og handball, og kulturskolen – alle med jamn frekvens. ○ Det vert gjennomført mange større arrangement gjennom året, spesielt med fokus på konsertar, korps og kor. Lokale korps, både elitekorps og skulekorps, samt lokale kor, leiger lokale. ○ Skulekantina vert mykje brukt, mellom anna til barnebursdagar, konfirmasjonar og dåpsarrangement. • Ute er det ein god del uorganisert aktivitet og leik. Ingen organisert uteaktivitet er registrert, med unntak av nokre utearrangement gjennom året i regi av skule og FAU. Utearealet er godt eigna for uorganisert leik. Men det ligg noko vekkgøymd, og kan verte brukt som opphaldsstad for eldre barn og ungdom. • Anlegget har hatt ein del hærverk, tagging og skade på kledning • Anlegget er jamt over funksjonelt som nærmiljøanlegg, med rom og funksjonar som fremjar sosial bærekraft, kultur og idrett. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane har jamt gode generelle læringsareal (klasserom og grupperom) som fremjar læring og trivsel. Det er likevel liten tilgang på grupperom for nokre av klassane. Nokre av grupperomma med tilgang frå to klasserom kan med fordel møbleres meir effektivt som læringsareal. Tilgangen på varierte læringsareal, med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar er bra, også fordi ulike felles-soner og spesialrom er spreidde ut over anlegget og kan verte brukt også i ordinær undervisning. Det er god kapasitet i dei generelle læringsareala, og nokre klasserom er så store at dei gjev rom for både samling, arbeidsplass, leik og aktivitet. 1. og 2. trinn held til i Paviljongen. Slik sett får desse trinna noko avstand til spesialromma i skulen, og til SFO. Paviljongen framstår som meir slitt enn hovudbygget, men likevel med bra læringsareal. • Skulen saknar nokre fleire skjerma soner for stille konsentrasjonsarbeid. • Læringsareala fremjar til ein viss grad samarbeid om undervisning i profesjonsfelleskapet. Lyse og transparente areal kan verke inviterande til tett samarbeid på trinn og mellom trinn, men det fordrar effektiv logistikk og planlagt sambruk av spesialrom, grupperom og felles areal. • Møblar og inventar er nye, tenlege og med god kvalitet og tilstand. Løysingane for IKT er velfungerande. • Anlegget manglar eigna rom for elevar med større hjelpebehov: Hev/senk stallebord, HCWC, dusj og takheis. Eit par grupperom er tekne i bruk som meir 	

	<p>skjerma læringsareal for elevar som treng det.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med bra kvalitetar, funksjonalitet og kapasitet. Det er likevel krevjande med avstand og trappeløp frå einskilde garderobar til klasserom. Det er enkelt tilgang til nok elevtoalett, og elevtoaletta har veggjar til tak, utan innsyn og lydsmitte. Det er ikkje HCWC i alle garderobane. Inngangsparti knytt til to av garderobane er lite tenleg i høve plassering av dører (inngang D og E, med 90 elevar blir trongt). 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, bibliotek, naturfag, mat og helse, kroppsøving og musikk. • Kroppsøving: Anlegget har svært god kapasitet og funksjonalitet. Funksjonell idrettshall som kan delast i to, med scenerom og styrkerom, tenlege rom for lagring og gode garderobeløysingar med dusj-båsar. Kan brukast kombinert med sosialt rom med kjøken. • Naturfag: Skulen har eige naturfagrom med lærarstasjon, fleksible elevpultar og benk med vask langs vegg. Lagring i skåp, forsøkskåp med ventilasjon og eige førebuingssrom. Alt i alt eit godt rom eigna for naturfag på barnetrinnet. Det har potensiale til også å vere ein framtidig skaparverkstad / rom for teknologi og design. • Kunst og handverk: Areala for kunst og håndverk har hovudrom delt i sone med sløydrom og multirom, keramikkomn, stasjonar med symaskiner, eige maskinrom og lager. Romma ligg tett, og er eigna for samstundes bruk av grupper som skal jobbe på tvers av teknikkar, verktøy og materiale. Samstundes er kvart av romma noko små til å ha heil klasse i kvart av dei. Skulen melder om at arealet er mindre brukt enn ønskjeleg pga. støyproblem • Musikk: Skulen har eige musikkrom med lager. Det er høvesvis lite utstyr per i dag, men med stort potensiale for god bruk. • Biblioteket ligg flott plassert ved foajé, SFO og kjøken i hjartet av bygget. Arealet er noko lite, men koplinga mot andre rom opnar for sambruk og fleirbruk. • Skulekjøken: Rommet ligg godt plassert i hjartet av anlegget. Det er høvesvis lite, men spisesona er plassert tett på, i foajeen. Dette er ei arealeffektiv løysing, som samstundes krev god organisering. Det er berre plass til 12 elevar om gongen, og det krev klassesdeling opp mot andre fag – noko som kan vere ressurskrevjande. Rommet har god standard, med hev-senk-pult, arbeidssoner, tydeleg reinhaldssone med industrioppvaskmaskin og lagring i skåp. Fint estetisk uttrykk. • SFO: SFO-rommet er høvesvis lite, men ligg med svært god kopling mot foajé, skulekjøken og bibliotek. Pent rom med gode kvalitetar. • Symjing: Skulen har ikkje eigen symjehall, men elevane får tilbodet på Ostereidet. • Spesialromma er jamt over funksjonelle. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er tenlege og i god tilstand. • Det er høvesvis enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Unntaket er dei lærarane og 	

	<p>klassane som har base i Paviljongbygget.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er universell tilgang til areal, og hev-/senk arbeidsstasjon for elevar i rullestol er på plass i mat og helse. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. Dei fremjar på fleire måtar trivsel og samarbeid, sjølv om det ikkje er heldig at lærarane på 1. og 2. trinn har kontor plassar og pauserom i eit anna bygg (Paviljongen). • Personalareala er for det meste samla i eine enden av hovudbygget. 3.-7. trinn er fordelt på tre kontor, med samla plass til 13 pedagogar. I denne delen av anlegget er det personalgarderobar med dusj, ein større damegarderobe og ein liten herregarderobe. 1. og 2. trinn har kontor og eit lite personalrom i Paviljongen. Det er ein fordel å vere tett på elevane, men samstundes ikkje optimalt med tanke på å bygge felles kultur mellom dei tilsette. • Personalrommet er høvesvis stort, med gode kvalitetar, funksjonell kjøkenkrok og pent estetisk uttrykk. • Anlegget har lærararbeidsplassar som er funksjonelle og store nok etter forskrift per i dag. Gruppebord for samarbeid og møte i teamromma er tenleg. Det er likevel lite kapasitet i noverande teamrom til fleire lærarar og til fagarbeidarar/assistentar; og ved utviding av stab lyt ein sjå etter andre løysingar. • Leiinga sit tett på lærararbeidsplassane. Det manglar eit kontor til skuleleiinga. Tidlegare var det sfo-kontor i paviljongen. I dag deler sfo-leiar og den eine undervisningsleiaren eitt kontor i personalavdelinga. • Det er nok møterom med tenleg funksjonalitet i anlegget • Det er høvelege areal for støttetjenester i anlegget, areal for helsesjuekepleiar er plassert sentralt i skulen. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har reinholdssentral ved korridor 138 på plan 1 i hovudbygget. Sentralen er noko liten, særleg med tanke på parkering av maskiner, og det er ikkje eige lager til papir tilknytta rommet. Vidare er det eit lite reinhaldsrom / bøttekott på plan 2. Det er eige bøttekott / lite reinhaldsrom i Paviljongen og to reinhaldsrom i Storstova/idrettsanlegget. • Det er ikkje eige rom for driftsoperatør i anlegget • Skulen opplever ikkje at varemottak er tenleg, verken med tanke på trafikktryggleik eller plassering i bygget. Bosshuset har bra plassering, men noko knapp kapasitet. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utearealet støttar fleire funksjonar med tanke på ulike soner for variert aktivitet og alderstilpassing. Naturområdet utgjer ein stor og viktig del av uteområdet, og det skapar gode føresetnader for læring, leik, aktivitet og samhandling. Store delar av uteområdet er universelt utforma med ledelinjer og tilgjenge for alle. Kapasiteten er noko knapp når det gjeld fotballaktivitet, slik skulen opplever behovet no. Hinderløype og sykkelbane tilfører området variasjon og kvalitet. Overbygde område kan vere godt eigna for rolege aktivitetar og kvile. • Utescena inviterer til dans og fellesskap og utgjer ein 	

	<p>god læringsarena og samlingsstad.</p> <ul style="list-style-type: none">• Tilstanden på grusbana, dekket i hinderløypa, samt asfaltområdet innerst på skuleplassen, har manglar når det gjeld kvaliteten på massane og drenering; skulen opplever dette som eit veksande problem, og noko som stadig krev tiltak for å sikre tryggleik• Tilstanden på leikeapparat er god• Uteområdet har høveleg sonedeling som gjev bra oversikt og er tenleg med tanke på tilsyn	
--	--	--

Seim skule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 2013/14. Det er ikkje gjort store endringar i bygget. Ny leikeplass for dei yngste elevane vert snart ferdigstilt.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 27.09.13				
Tal bygg:	Eitt samanhengande bygg				
Kapasitet	140 elevar (skulen fekk opplyst at kapasiteten var 150 elevar når skulen var ny)				
Elevtal	147				
Over-/underkapasitet	-7 elevar (evt. +3 elevar om kapasiteten er 150 elevar)				
Tal klassar/grupper	7 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	50 barn				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	27	2+1	15	8	1

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Seim skule vart bygd i 2013/14. Skulen har eit samanhengande skulebygg over 2 og 3 etasjar, med god soneinndeling, funksjonelle rom og mange gode løysingar.</p> <p>Dei generelle læringsromma er gode. Kvar klasse har sitt eige klasserom med tilhøyrande grupperom. I tillegg vert ledig kapasitet i nærliggjande spesialrom nytta som delingsrom. Ulike stader i det store og opne gangarealet vert og nytta av enkeltelevar og/eller grupper av elevar for å få god flyt og variasjon i undervisninga.</p> <p>Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med gode kvalitetar, funksjonalitet og nok kapasitet i høve til skulen sitt dimensjonerande elevtal. Det er god kontakt mellom garderobar og uteområdet. Storleiken på garderobane vert utfordra når elevtalet på nokre av trinna no er høgare enn det skulen er definert å ha kapasitet til. Skulen har god tilgang og nok kapasitet på spesialrom som kunst & handverksrom, naturfagrom, gymsal, amfi/musikkrom og skulekjøken. Det finst og opne sonar til bibliotek og mediatek i anlegget. Funksjonaliteten til spesialromma er god. Skulen har god universell utforming og har og et eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov, med nærliggjande HCWC. Det er fleire HCWC i anlegget. Anlegget har gode og funksjonelle personalfunksjonar og driftsfunksjonar.</p> <p>Skulen har i den korte levetida opplevd ein del utfordringar knytt til feil og manglar som har medført behov for ekstra vedlikehald. Det er viktig å ta tak i dette før det utviklar seg til større problem.</p> <p>Skuleanlegget fungerer godt som nærmiljøanlegg. Anlegget har ein stor og fin gymsal og eit flott samanhengande amfi, musikkrom, kjøken og kantine som kan nyttast mange ulike til sosiale og kulturelle arrangement. Uteområdet er variert og flott med stor kunstgrasbane, god sonedeling og stor variasjon i leikeaktivitetar.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> Løyse problem med muggsopp i 1.klasserom og på SFO-kjøkken, som følgje av store mengder fukt i isolasjon i etasjeskiljet mellom SFO og terrassen over. Etablere betre skilje mellom mjuke og harde trafikantar ved skuleanlegget. Gjennomføre tiltak for å betre luftkvalitet i nokre klasserom på varme dagar. Fikse elektriske ytterdører (som ofte er i ustand) <p>BØR:</p> <ul style="list-style-type: none"> Fjerne skit og grønske frå fasadeplatar Gjennomføre vedlikehald og utbetringar på klatrevegg og hinderløype. Utbetne mindre skadar i nokre golvbelegg Male enkelte innervegg Om elevtalet aukar meir kan det være trong for å vurdere garderobekapasiteten

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget tek i vare dei fleste krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Ventilasjonsanlegget fungerer stort sett godt, både teknisk og slik brukarane opplever det, men det vert opplevd ein del utfordringar rundt luftkvalitet i enkelte klasserom. I rommet til 6.klasse verkar ventilasjonsanlegget ikkje å vere dimensjonert for arealet. Problema med ventilasjonen er spesielt tydeleg på varme dagar når det er vanskeleg å få kjølt ned bygget. Temperaturen elles er stabil og vert opplevd høveleg. Anlegget har stort sett gode system for lagring, slik at ein ikkje har for mange støvdeponi. Anlegget er lett å halde reint, og har skilje mellom skitten sone og rein sone. Det er gode lyskjelder innandørs, og solskjerming i vindauge. Det er god akustikk i rom og soner, og lite lydsmitte mellom rom. Våren 2022 vart det påvist muggsopp i 1.kl- rom og på SFO-kjøkken. Sommaren 2022 blei det oppdaga store mengder våt isolasjon i etasjeskiljet mellom 1kl-rom / SFO-kjøkken og terrassen over. Dette er framleis ikkje utbetra. Elevane sit dagleg i rom der det påviseleg har vore muggsopp sidan våren 2022. Skulen har meldt inn avvik på dette, verneombod har meldt inn avvik, og skulen har gjeve beskjed på vernerunde og i fleire andre samanhengar. Lærarar som har jobba på 1kl rom og SFO kjøkken har meldt om luftvegsproblem, men det har ikkje vore registrert sjukemeldingar. Anlegget fremjar eit trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet, både inne og ute. Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat på skulen sitt uteområde er rikt. Anlegget er oversiktleg, men etter ei ROS analyse fekk skulen identifisert eit område i sør austre hjørne av uteområdet (sør for leskur på «Tanta Martas plass», som kan vere ei potensiell mobbesone. Dette vert følgd opp av skulen. Anlegget er universelt utforma, med god skilting og enkel tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne. Skulen har heis mellom etasjane som sikrar likeverdig tilkomst. Anlegget har gode kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. Det er HCWC i alle etasjar. Anlegget er oversiktleg og har god flyt og logistikk, med god nærleik mellom funksjonar og god kontakt mellom ute- og inneareal. Ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar i skulebygget. Bygget er langt og smalt, men dei interne avstandane er ikkje lenger enn det som er vanleg på litt større skular. Anlegget har funksjonelle fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Skulen har ei fantastisk storstove "amfiet", der dei kan samle alle elevane og tilsette. Her har skulen godt 	<p style="background-color: #90EE90; text-align: center;">Vurdering</p>

	<p>lydanlegg og god projektorskjerm. Om det skal serverast mat ligg skulekjøkenet like ved. Maks kan det vere 180-190 personar i amfiet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trafikksituasjonen ved skulen er ikkje heilt god. Skulen har rett nok parkeringsplass for tilsette og besøkjande og tilrettelagt avsetningsplass for elevar som vert køyrd til skulen, men sidan tomten er smal er det lite fysisk skilje mellom harde og mjuke trafikkantar på siste delen av vegen opp mot skulen. Dette er eit stort problem så lenge kapasiteten til skulen er godt utnytta. Bom for køyrande er plassert etter hovudinngangen til skulen. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget er framleis relativt nytt og i god stand. <ul style="list-style-type: none"> ○ Overflater inne (golv, vegger og tak) er stort sett heile og utan mykje slitasje ○ Overflater ute, til dømes kledning, er og heile og utan mykje slitasje, men lekkasje frå utvendig terrasse inn i romma under <i>må</i> utbetrast så snart som mogeleg slik at ikkje skadane vert større. Det er muggsopp i rom til 1. klasse og SFO og mykje fukt i isolasjonen i etasjeskiljet mellom desse romma og terrassen. ○ Tekniske anlegg fungerer som dei skal. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Skifte skada inner- og ytterdørar, utbetre mindre skader i golvbelegg og maling av einskilde innerveggar. • Basert på konkrete manglar som var synlege ved synfaring eller som skulen sjølv har peika på, kan lista over gjerast lengre: <ul style="list-style-type: none"> ○ Manglande vedlikehald på leikeplassutstyr (klatrevegg og hinderløype står til nedfalls) ○ Manglande vedlikehald av fasader (fasadeplater vert ikkje reingjort) ○ Manglande vedlikehald av terrasse (sjå punkt om lekkasje lenger oppe) ○ Elektriske ytterdørar er ofte i ustand 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Trafikksituasjonen ved skulen er ikkje heilt god. Skulen har rett nok parkeringsplass for tilsette og besøkjande og tilrettelagt avsetningsplass for elevar som vert køyrd til skulen, men sidan tomten er smal er det lite fysisk skilje mellom harde og mjuke trafikkantar på siste delen av vegen opp mot skulen. Dette er eit stort problem så lenge kapasiteten til skulen er godt utnytta. Bom for køyrande er plassert <u>etter</u> hovudinngangen til skulen. • Skulen har ein langstrakt bygningskropp med inngangar som og vert mykje brukt på ettermiddag- og kveld. Sjølv om det er ein bom heilt oppe ved skulen kan det fort oppstå farlege situasjonar med køyring her både på dag og kveldstid om bommen ikkje er stengt. • Rundt 20 elevar går vanlegvis til fots til og frå skulen, medan 10 sykklar. Om lag 20 elevar vert køyrde i privatbil. Vegen som går forbi skulen har berre fortau 	

	<p>eit lite stykke ved skulen og er ikkje trygg skuleveg for elevane. Difor er det og ganske få elevar som går eller sykklar til skulen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Om lag 80 elevar har krav på skuleskyss pga. avstand og rundt 10 elevar har vedtak om trafikkfarleg veg. • Elevane som har lengst veg bur på Festo. Dei har om lag 22 km reiseveg til skulen via Lygra. Vegen er dårleg og reisa tek om lag 50 minutt kvar veg. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg:</p> <p>Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er mykje i bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider og ved behov. Anlegget har god kapasitet, og skulen melder at det ser ut til at dei som ynskjer, får plass og tildelte tider. • Skulen har tidvis vore plaga med hærverk, men i følge vaktmeister er det mindre enn ved andre anlegg. • Skuleanlegget er funksjonelt som nærmiljøanlegg, med god sonedeling og mange ulike rom og funksjonar som fremjar sosial berekraft, kultur og idrett. • Skulen har ein fin gymsal og eit flott samanhengande amfi, musikkrom, kjøken og kantine som kan nyttast mange ulike til sosiale og kulturelle arrangement. Utandørs har skulen ein kunstgrasbane og fleire fine leikeareal. • Skulen melder om følgjande bruk per no: <ul style="list-style-type: none"> a. Seim idrottslag - barneidrett og gubbetrim – brukar gymsal og kunstgras. b. NBK - fotball (stor brukar) – brukar gymsal og kunstgras. c. Nordhordland tækwondoklubb – gymsal d. Seim songkor – amfiet e. Seim musikklag - vaksenkorps – amfiet • Andre nærmiljøanlegg i nærleiken: Grendehuset Strilatun, Grendehuset Vonheim, Søreide Grendehus og bedehus. 	
<p>Generelle læringsareal:</p> <p>Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane har gode generelle læringsareal som fremjar læring og trivsel. Areala har gode kvalitetar, men plassen er litt liten når skulen no har litt fleire elevar enn den er bygd for. Skulen har likevel løyst dette på ein svært god måte. • Kvar klasse har sitt eige klasserom med tilhøyrande grupperom. I tillegg vert ledig kapasitet i nærliggande spesialrom nytta som delingsrom. Ulike stader i det store og opne gangarealet vert og nytta av enkeltelevar og/eller grupper av elevar for å få god flyt og variasjon i undervisninga, utan at alt må skje i klasserom og grupperom. Bruken av alle ledige areal og ein kontrollert og fin flyt av elevar i anlegget, kom godt til syne under synfaringa. • Møblar og inventar er tenleg og med god kvalitet og tilstand. Løysingane for IKT er velfungerande. Det er digitale tavler i alle klasserom. Det er samla sett ei formålstenleg balanse mellom skjerming og transparens. • Skulen har et eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov, med nærliggjande HCWC. • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med gode 	

	<p>kvalitetar, funksjonalitet og nok kapasitet i høve til skulen sitt dimensjonerande elevtal. Storleiken på garderobane vert utfordra når elevtalet på nokre av trinna no er høgare enn det skulen er definert å ha kapasitet til.</p> <ul style="list-style-type: none"> • 1-5 årstrinn har egne garderobar med toalett, medan 6. og 7. ande trinn har felles garderobe med to toalett. Det er god flyt mellom ute- og inneareal via garderobane og det er overbygde tak på utsida. Alle elevtoaletta har veggjar til tak, utan innsyn og lydsmitte. 	
<p>Spesielt læringsareal:</p> <p>Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har god tilgang og nok kapasitet på spesialrom som kunst & handverksrom, naturfagrom, gymsal, amfi/musikkrom og skulekjøken. Det finst og opne sonar til bibliotek og mediatek i anlegget. • Spesialromma er funksjonelle. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er tenlege og i god tilstand • I øvste etasje i skulebygget er det eit spesielt fint tilrettelagt område der ein finn kantine, skulekjøken og eit kombinert amfi og musikkrom med 2 øvingsrom. Foldevegg mellom amfi/musikkrom og kantina gjer det mogleg å lage eit stort samlingsrom. Alle romma er tiltalende og både skulekjøken og musikkrommet er godt utstyrt. I nærleiken finn ein personalrommet og utanfor finn ein skulen sin takterrasse. • Skulen har en fin og godt utstyrt sløydsal med god høgde under taket. Til kunst & handverk er det og eit eige litt mindre rom til teikneforming og handarbeid. • Næraste nabo til teikneformingsrommet er eit enkelt utstyrt naturfagrom som kan brukast av mindre grupper. Både naturfagrommet og teikneformingsrommet ligg rett over gangen frå fleire av klasseromma og vert difor og brukt som delingsrom. • Tiltalende arbeidssonar for bibliotek og mediatek ligg ope og tilgjengeleg til langs vindusveggen i trafikkarealet utanfor klasseromma. • Skulen har ein fin gymnastikksal på vel 200m2, med funksjonell utforming, gode garderobetilhøve, lager og utstyrsrom. • Elevane ved skulen får symjeundervisning i Alversund. Det er symjeundervisning for alle elevar på 1. - 4- trinn og på 5. - 7. trinn om behov. Elevane vert transportert med buss. • Det er enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Det er universell tilgang til alle rom og funksjonar. På skulekjøkenet er det ein tilrettelagt arbeidsstasjon for rørslehemma. • Krav til tryggleik er stetta, og det er godt arbeidsmiljø i romma med tanke på lys, lyd og inneklima. 	
<p>Personalareal:</p> <p>Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. • Anlegget har 2 gode arbeidsrom med lærararbeidsplassar; eitt stort rom for småtrinnet og eitt litt mindre for mellomtrinnet. Begge romma har tilhøyrande møterom med inngang frå arbeidsrommet. Arbeidsrommet for mellomsteget er stort nok etter forskrift, medan rommet for småtrinnet er for lite. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har to gode møterom med tenleg funksjonalitet. • Leiinga og merkantil har 3 funksjonelle kontor med tenleg plassering ved hovudinngangen til anlegget. • Personalrommet har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Rommet har tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat og utgang til terrasse. • Personalgarderobar med toalett og dusj er i god tilstand og har tenleg plassering og storleik • Det er høvelege areal for støttetjenester i anlegget, t.d. areal for helsesjukepleiar, PPT, ansvarsgruppemøter og anna. 	
<p>Driftsareal:</p> <p>Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har svært gode og funksjonelle driftsareal. • Reinholdssentralen har ei sentral plassering nær heis i 2. etasje i anlegget. Det er reinholdsrom i dei andre etasjane. • Skulen har nok og tenlege lagerareal. • Vaktmeister har eige kontor, samt funksjonelle verkstader med utvendig og innvendig tilkomst. • Det er tenlege løysingar for varemottak og søppelhandtering, men med utfordringar i høve til blanding av mjuke og harde trafikkantar utanfor hovudinngangen om varelevering og henting av søppel skjer på «feile» tidspunkt. 	
<p>Uteareal:</p> <p>Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har eit stort og fint uteareal med stor kunstgrasbane og området er og godt tilrettelagt for mange andre aktivitetar rundt bygget. Sonedelinga av uteanlegget er god, med et eige leikeområde for dei yngste elevane rett utanfor inngangen til klasseromma deira. • Det store området er fint for elevane, men kan vere utfordrande i høve til nok personar med tilsyn. Området er trygt for elevane så lenge bommane ved hovudinngangen og ved skuleplassen oppe er stengt. • Uteområdet er tilpassa ulike aldersgrupper og funksjonsnivå, inspirerer til variert leik, samhandling og læring og legg til rette for rekreasjon og kvile. • På uteområdet finn ein i tillegg til den store kunstgrasbanen, m.a. sandkasse, ulike husker, balansesti, leikehytte, klatrestativ, klatrevegg, hinderløype, zip-line og trampoline. Det er og fleire benkar og bord. Trappa opp til kunstgrasbanen kan nyttast som uteamfi. • I tillegg til tilrettelagte leikeområde er det og god plass til frileik, mellom anna på den opne skuleplassen, og på ulike grasbakkar rundt skulen. • Leikeområdet til dei yngste elevane er spesielt fint. Det vart oppgradert med mykje nytt leikeutstyr og ny utforming hausten 2023. Området framstår som svært variert og fint med mange spanande aktivitetar. • Det er nokre trappar i uteområdet sidan skulen ligg i ein skråning og har 3 etasjar. Dette gjer det m.a. utfordrande i høve til universell tilgjenge mellom elevutgangane på baksida av skulen og opp til kunstgrasbakken og skuleplassen «ein etasje opp». Det går an å gå rundt heile skulen, men det enklaste er 	

	<p>nok å gå ut på plassen frå takterrassen utanfor personalrommet og musikk/dramarommet i 3. etasje.</p> <ul style="list-style-type: none">• Vedlikehaldet av leikeutstyret er (som nemnt under «Vedlikehald» lenger oppe i skjemaet) diverre ikkje bra nok. Klatrevegg og hinderløype står til dømes allereie til "nedfall". Dette bør det gjerast noko med før meir av leikeutstyret vert øydelagd.	
--	---	--

Lindås ungdomsskule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd på 1950-talet og har vore i bruk som ungdomsskule sidan 1963. Kontorfløyen i hovudbygget er frå 1986. Eit frittståande bygg (paviljongen) til m.a. naturfag, mat- og helse og elevkantine er frå 1991. Hovudbygget gjennomgår no ei oppgradering med nytt tak og vindauge. Gjenstående oppgraderingsbehov for bygningsmassen er store. Uteområda er og nedslitne.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 10.10.08				
Tal bygg:	To eigne bygg; hovudbygg og bygg til naturfag og mat og helse. Kroppsøving i Lindåshallen.				
Kapasitet	160 elevar				
Elevtal	162				
Over-/underkapasitet	-2 elevar				
Tal klassar/grupper	8 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	0 barn				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	21	3	17	??	?

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Lindås ungdomsskule vart bygd på 1950-talet og den nyaste delen er og over 30 år gamal. Skulebygget har 3 etasjar med to fløyer som er sakska. Bygget har mange halvplan og er eit vanskeleg bygg å orientere seg i. Anlegget har og ein frittstående paviljong med to spesialrom og elevkantine i kjellaren. Heile anlegget har dårleg flyt og logistikk. Tilstanden til anlegget er jamt over dårleg og heile anlegget ber preg av manglande vedlikehald og oppgradering over tid. I tillegg til stor trong for oppgradering av overflatar inne og ute er det trong for utbetring av dei tekniske anlegga. Skulebygget har dårleg luft og store utfordringar med temperaturreguleringa. Dårleg isolasjon fører og til mykje lydsmitte. Pågåande utskifting av tak og vindaug utset forfallet, men gjer ikkje kvaliteten på bygget som skulebygg betre. Skulebygget har heis, men ingen av bygga er universelt utforma etter dagens krav, Skulen har 8 klasserom, men berre 3 har tilfredsstillande storleik. Skulen har 5 grupperom om ein tel med rom utan dagslys. Skulen har ikkje garderobar til elevane, men har skap i klasseromma til verdisaker. Ytterklede heng i gangane utanfor klasseromma. Det er 2 elevtoalett i paviljongen, medan alle elevtoaletta i skulebygget ligg ved utgangen til skuleplassen nede. Jentene må ut av skulebygget når dei skal på toalettet. Skulen manglar eigna rom til elevar med større hjelpebehov og saknar og eigna rom til samling av meir enn ein klasse. Den gamle gymsalen kan brukast, men eignar seg ikkje. Spesialromma er av varierende kvalitet og funksjonalitet. Naturfagrom og rom til mat og helse verkar funksjonelle og dei 3 romma til kunst & handverk er heller ikkje så verst, men ligg på 3 ulike halvplan. Sløydrommet er overmøblert med mykje støy, støv og potensielt farlege maskinar. Her saknast det både oppgradering og eit eige maskinrom. Musikkrommet er lite og dårleg. Skulen har ikkje bibliotek. Elevane har gode kroppsvingfasilitetar i Lindåshallen, i gangavstand ifrå skulen. Personalfunksjonane er av varierende kvalitet. Personalrommet og kontora er bra, om ein ser bort i frå dårleg lydisolering. Lærararbeidsplassane ligg på loftet og kan berre nåast via ei smal vindeltrapp. Personalgarderobane er små og dårlege, med spanskveggar på toaletta. Driftsfunksjonane er ikkje optimale; reinhaldet er vanskeleg med mange etasjar og mange slitte overflatar, men dei kjem til med trallene via heis alle stader, utanom arbeidsplassane på loftet og elevkantina. Skulen har lite lagringsplass som er tilgjengeleg for bruk. Uteområdet er stort, har ei fin innramming og høveleg sonedeling for ulike aktivitetar, men har stort behov for fornying og oppgradering. Trafikksituasjonen ved skulen er ikkje god. Det manglar fotgjengarfelt ved vegen inn til skulen. Tilsette må køyre langs skulen og forbi hovudinngangen for å komme til parkeringsplassen. Elevar går på same vegen. Vegen er smal og i svært dårleg stand. Ved varelevering kjem store bilar ryggjande framfor skulen.</p>
Forslag til utbetringar	<p>Det er mykje som må utbetrast for at skulen skal oppfylle alle krav i lov og forskrift og få tilfredsstillande innhald og utforming i tråd med dagens funksjonskrav. Skuleanlegget er, slik vi vurderer det, i så dårleg stand at det kanskje bør vurderast om rehabilitering og oppgradering av skuleanlegget er rekningsssvarande for kommunen.</p> <p>Vi tilrår ei eiga teknisk tilstandsvurdering av anlegget som del av ei slik vurdering.</p>

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget tek ikkje i vare krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Ventilasjonsaggregat er modent for utskifting. Heile skulebygget har dårleg luft og store variasjonar med temperatur. Temperaturregulering har skulen hatt avviksmeldingar på fleire gongar. Det er spesielt store utfordringar med temperatur i klasserom og tekstil-/teiknerom på vinterstid. Det har vore mange klagar frå elevar på tung luft og dårleg inneklima når ein ikkje får lufta godt nok på kalde eller regnfulle dagar, men dette er ikkje dokumentert godt nok med avvik. Det har heller ikkje vore sjukmeldingar relatert til inneklima-problematikk dei siste åra. Belysning og hovud- og underfordelingar for elektro treng utskifting. Det er dårleg isolasjon mellom alle rom i skulebygget som fører til lydsmitte. Lyden ber og dårleg i dei «store» klasseromma. Anlegget er vanskeleg å halde reint. Det er mange svært slitte overflatar som bør skiftast ut, spesielt i skulebygget. Med garderobar i gangane manglar det og eit tydeleg skilje mellom rein og skitten sone. Skulen manglar eit godt lagringssystem til inventar og utstyr som ikkje er i bruk. • Skulebygget er svært lite oversikteleg og det er mange rom og stader å gøyme seg bort. Fordeling av skulen sine funksjonar på to bygg gjer heller ikkje situasjonen betre. Uteområdet er og litt uoversiktleg, i dårleg stand og med lite å ta seg til. Anlegget fremjar difor ikkje eit trygt og godt skulemiljø for elevane. • Skulebygget er frå 1950-talet og det var lite fokus på universell utforming då det var nytt. Bygget har i nyare tid hatt heis, men denne er no moden for utskifting. Anlegget har mange krikar og krok og har og ein trappeheis som ikkje ser ut til å vere i bruk. Heisen når ikkje opp til loftsetasjen der lærarane no har sine arbeidsplassar. Opp dit er det berre ei smal vindeltrapp. Det manglar heis i paviljongen, der elevkantina ligg i kjellaren. Anlegget har ikkje kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. Det er nokre HCWC i skulebygget, men ikkje i alle etasjar eller på alle halvplan. Det er ikkje HCWC i paviljongen. Ytterdører er ikkje universelt utforma og universell skilting sagnast (er vel dårleg skilta i det heile?). Uteområdet har og mykje å gå på i høve til universell utforming. • Bygningsmassen til skulen er uoversiktleg og har ikkje god flyt og logistikk. Det er ikkje god samanheng mellom funksjonar inne og heller ikkje god kontakt mellom ute- og inneareal. Skulen har to bygg og ein kan ikkje gå tørrskodd mellom alle funksjonar. Det er heller ikkje mogleg å gå tørrskodd mellom dei to etasjane i paviljongen. Elevane må ut av skulebygget for å gå i kantina og jentene må ut av bygget for å gå på toalettet. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har ikkje funksjonelle fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, verken internt på anlegget eller mellom tenesta og nærmiljøet. Skulen nyttar den gamle gymsalen i skulebygget til samlingar for elevane, men salen er liten og har dårleg inneklima, og er ikkje godt egna. • Anlegget legg ikkje til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling ved skulen. Parkeringsplassen til dei tilsette, ligg ved hovudinngangen og dei må køyre forbi skulen for å kome dit. Elevane går på den same vegen, som er smal og i svært dårleg stand. Ved varelevering og søppelhandtering kjem store bilar ryggande på den same vegen Det manglar fotgjengarfelt ved veg inn til skulen. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ber preg av å vere gammalt og nedslite. Skulen har eit svært stort oppgraderingsbehov. Hovudbygget vert no oppgradert med nytt tak og nye vindauge, men det er mykje meir oppgradering både inne og ute som skal til for å få anlegget opp på eit meir akseptabelt nivå. Løysingane inne vil uansett ikkje kunne stette krava til nyare skuleanlegg, til det er ikkje areala fleksible nok. Spørsmålet er om ikkje levetida til bygningsmassen som har vore i bruk som ungdomsskule i 40-60 år snart må vere over? • I tillegg til stor trong oppgradering av overflatar inne og ute er det trong for utbetring av dei tekniske anlegga. Skulebygget har dårleg luft og store utfordringar med temperaturreguleringa. Dårleg isolasjon fører og til mykje lydsmitte. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Utskifting av taktekking hovudbygning og paviljong, utvendig maling paviljong, oppussing av naturfagdelen av paviljong, utskifting av golvbelegg i delar av hovudbygg og paviljong, utbetring utvendig trapp, gjerde og mur, Innvendig maling av veggar, slipe og lakkere golv i gymsal. ○ VVS: Utskifting av ventilasjonsaggregat. ○ Elektro: Utskifting heis, utskifting hovudfordeling og underfordelingar, utskifting belysning • Lista med innvendige behov over kunne vore mykje lenger, men sjølv om ein bruker meir pengar på vedlikehald vil skulen ha utfordringar med å kunne gje både elevar og tilsette dei rom og funksjonar som dei fortener. • Skulen har og eit nedslite uteområde med få fungerande aktivitetstilbod til elevane. (sjå eige punkt om uteområdet lenger nede) 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulevegen for dei som bur nær skulen er trygg, og desse elevane kan gå eller sykle til anlegget. • I underkant av 110 elevar går vanlegvis til fots til og frå skulen, medan 20 sykklar. Berre rundt rekna 10 elevar vert køyrde i privatbil. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Om lag 55 elevar har krav på skuleskyss på grunn av avstand. Berre eit fåtal har vedtak om trafikkfarleg veg. • Elevane som har lengst veg har om lag 15 km reiseveg til skulen. • Trafikksituasjonen ved skulen er ikkje god. Dei tilsette må køyre langs skulen og forbi hovudinngangen for å komme til parkeringsplassen. Elevar går på same vegen. Vegen er smal og i svært dårleg stand. • Ved varelevering kjem store bilar ryggjande framfor skulen. • Det manglar fotgjengarfelt ved vegen inn til skulen. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er ikkje så mykje i bruk som nærmiljøanlegg i dag, men alle som ynskjer å låne rom får positivt svar. • Per i dag vert gymnastikksalen nytta på kveldstid av grupper frå Lindås IL, 3 gonger pr veke. Vidare er det ei trimgruppe for eldre som nyttar gymsalen ein gong pr veke. Skulen vert og lånt ut til trafikalt grunnkurs til elevar på 10. trinn, dette er ei kursrekke i ein periode. • Slik vi vurderer det er ikkje skuleanlegget eit funksjonelt nærmiljøanlegg. I tillegg til å vere gammalt og nedslite er bygget vanskeleg å finne fram i og aktuelle rom for lån og utleige ligg spreidd rundt i anlegget. • Skulen sitt uteområde er pr i dag lite brukt på fritida. Det er berre brukt til litt basket og triksing med sykklar. Dette må sjåast i samanheng med at uteområdet har stor trong for oppgradering. Dersom uteområdet vert oppgradert, vil det m.a. kunne brukast til meir ballspel. • Skulen har ikkje vert plaga med mykje hærverk, men det har vært litt tagging og hærverk på blomsterpotter. • Andre nærmiljøanlegg i nærleiken: Lindåshallen, fotballbane mm., Samfunnshus (Haugatun) kan leigast (skulen brukar det til avslutning for 10.trinn) 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har 8 klasserom. Av desse er det 3 rom med tilfredsstillande storleik og 5 rom som ikkje har plass til meir enn 20 elevar. Det er dårleg luftkvalitet i romma og mange av overflatane ber preg av at romma har vore i bruk i mange år. Ingen av romma kan seiast å fremje elevane si læring og trivsel. Tilgangen på varierte læringsareal, med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar er fråverande. Skulen har ingen andre rom for opplæring om ein ynskjer å ta elevane ut av klasserommet. Skulen sin gamle gymsal vert til tider brukt, men den er ikkje optimal å bruke, mellom anna på grunn av akustikken. • Skulen har 5 grupperom (eitt av grupperomma er utan dagslys). Det eine grupperommet er i fast bruk til ein elev. • Med lukka klasserom, lite variasjon og rom som egnar seg for samarbeid på tvers, fremjar ikkje læringsareala samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. Dei enkelte klassane og lærarane har då gjerne nok med å «drive på med sitt». • Skulen saknar auditorium eller andre rom med moglegheit for å kunne samle trinn til samlingar av ulike slag, som MOT-aktivitetar, OD-dagar, trivselstiltak for trinna osb. • Løysingane for IKT er velfungerande. Det er digitale skjermar i alle klasserom. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har ikkje eigna rom til elevvar med større hjelpebehov, men bruker i dag eit større grupperom til føremålet. Dette rommet er ikkje tilfredsstillande. Det har heller ikkje HCWC i nærleiken. • Skulen har ikkje garderobar til elevane, men har skap i klasseromma til verdisaker. Yttertøy heng i gangane utanfor klasseromma. Dette er ikkje ei optimal løysing. Utan garderobar og desentraliserte inn- og utgangar vert det gjerne og dårleg flyt når elevane skal bevege seg inn eller ut av skulebygget. • Anlegget har nok elevtoalett i høve til elevtalet, men det kunne gjerne vore toalett fleire stader og i alle etasjar. Det er 2 elevtoalett i paviljongen, medan alle elevtoaletta i skulebygget ligg samla ved utgangen til skuleplassen nede. Toaletta vart pussa opp for omlag 7-8 år sidan og har heile veggjar til tak, utan innsyn. Jentene må ut av bygget for å gå på toaletta. Dette er ikkje tilfredsstillande. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, naturfag, mat og helse, kroppsøving og symjing. Musikkrommet er lite og skulen har ikkje bibliotek. • Spesialromma er av varierende kvalitet og funksjonalitet. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er og i varierende stand. • Det er ikkje så enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Det er ikkje universell tilgang til alle romma i skulebygget, med mange halve etasjar og trappeheisar. Det er ikkje arbeidsstasjon for elevvar i rullestol verken i verkstadareal eller i mat og helse. • Krav til tryggleik er ikkje stetta på sløydrommet. Skulen har ved tidlegare høve meldt inn behov for oppgradering av rom og utstyr. På same måten som i resten av skulen er det varierende arbeidsmiljø i spesialromma med tanke på lys, lyd og inneklima. • Organisering: I kunst- & handverk vert det undervist i heile klassar, som er utfordrande med tanke på størrelsen på klasseromma. I mat og helse delar skulen inn i grupper med maks 14 elevvar for å få plass på kjøkkenet. Her vert det lagt opp til deling med naturfag. • Skulen har tre rom til kunst & handverk i skulebygget; eit OK tekstilrom som er utstyrt med gode arbeidsbord, ein teiknesal, som er liten i høve til elevtalet og ein sløydsal som treng oppgradering. Sløydsalen har mykje utstyr og verkar difor trong og overmøblert. Den har og mykje støy, støv og farlege maskinar som skulle ha vore på et eige rom. Dei 3 K&H-romma ligg nær kvarandre, men er fordelt på 3 ulike halvplan i bygget. • Skulen har tidlegare hatt eige musikkrom, som no er gjort om til klasserom. Musikkrommet er no i eit lite rom på plan 3 (i skulen sitt «tårn»). Rommet er trongt, fungerer dårleg og har ikkje støydemping. • Rommet til Mat & helse ligg i paviljongen og har nyleg vorte rehabilitert. Rommet har ei fin inndeling og grei funksjonalitet med gode arbeidssonar for kvar elevgruppe (til saman 14 elevvar) langs vindauga. Det er 	

	<p>og ein demonstrasjonsbenk til lærar og småbord til elevgruppene i rommet, samt skap med fellesutstyr. Det er et eige vaskerom og matbod tilknytt rommet. Det er ikkje digital tavle i rommet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen sitt naturfagrom ligg og i paviljongen. Det er utstyrt med demonstrasjonsbenk med elevplassar i halvsirkel rundt denne. Det er fleire arbeidsbord til elevforsøk langs vindauga. Rommet har eit eige førebuingssrom for lærar. Rommet såg ut til å vere funksjonelt og hensiktsmessig utstyrt, m.a. med avtrekksskap. Det er ikkje digital tavle i dette rommet heller. • Skulen har ikkje eit eige bibliotek. Vi såg nokre bokhyller med bøker i ei sosialsone/spelerom for elevane i tidlegare gymnastikk-garderobar..... • Klassane ved skulen har kroppsøving i Lindåshallen, som ligg i kort gangavstand frå skulen. Hallen er ganske ny og har god kapasitet og funksjonalitet. • Skulen leiger til i symjehall på Kaland skule i nabokommunen. Elevane får symjeopplæring på 8. trinn i grupper på 6-7 personar. Elevane køyrer til symjing i leigd buss. Elevane har i snitt symjing 3-4 gonger kvar. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalrom og administrasjonskontora er lokalisert i adm.fløya på plan 3 i skulebygget, nær hovudinngangen. • Personalrommet er ok for tilsette, men treng solskjerming då det blir svært varmt på solrike dagar. Personalrommet har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Det er tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat. • Leiing og administrasjon disponerer 4 kontor til rektor, merkantil, inspektør og rådgjevar. Skulebygget er generelt dårleg lydisolert, men er spesielt dårleg mellom kontora i adm. fløya. • Det er berre eitt møterom i skuleanlegget. Dette ligg i administrasjonen og var opphavelig eit lager. • Lærararbeidsplassane ligg på loftet over personalrom og administrasjon. Her er det m.a. utfordringar som for varmt sommarstid og kulde på vinteren. Tilkomst til loftsetasjen er via vindeltrapp, som skulen i mange år har ønska seg bytta ut med ei anna trapp. Plasseringa på loftet er slik vi vurderer det i beste fall uheldig, både med tanke på innemiljø, sikker rømmingsveg og UU-tilrettelegging. • I GIS er det meldt inn at skulen har 17 pedagogar. Dei 5 romma på loftet har berre areal til 12 arbeidsplassar etter gjeldande arealnorm, men er innreia med 14 arbeidsplassar. • Skulen har svært dårlege personalgarderobar. Dei er fordelt på to små rom med nokre få garderobeskap, hengeplass til ytterklede og 2 toalettbåsar med spanskveggar på kvart rom. Det finst dusj, men vatn renn ut i gangen om ein dusjar. Det er ikkje plass til å tørke klede. • Det er ikkje godt tilrettelagde areal for støttetjenester i anlegget. Helsesjukepleiar har kontor i paviljongen. Både skulen og helsesjukepleiar hadde ønska at ho hadde kontor i hovudbygget. Skulen har ikkje nok rom til 	

	<p>å tilby PPT eige kontor i anlegget. PPT er i snitt to gonger på skulen per månad.</p>	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Reinholdarane har eit reinhaldsrom med utstyret sitt nær administrasjonen og hovudinngangen på plan 3 i skulebygget. Det er og fleire bøttekott i skulebygget og eitt bøttekott i paviljongen. Reinholdarane har trappefri tilkomst med heis til alle nivå i skulebygget, bortsett i frå loftsetasjen med lærararbeidsplassar. Det er bøttekott i hovudetasjen i paviljongen, men ikkje i underetasjen der det er elevkantine. • Vaktmeister/driftsoperatør har eitt rom nær sløydsalen i underetasjen på hovudbygget og er nøgd med dette. Vaktmeister har ikkje eigen verkstad, men kan nytte formingsromma til elevane ved behov. • Skulen har generelt for lite lagringsplass i og ved undervisningsrom og i personalsonar. Til langtidslagring har skulen eit dårleg tilgjengeleg råloft. • Varer til skulen kjem inn hovudinngangen ved administrasjonen på plan 3. Bilane må køyre på den vegen som elevane brukar framfor skulen. Vegen er trong og dette er ikkje ei optimal løysing. • Sjøppel vert henta ved innkøyringa til skulen. Kommunen har sjølv påpeika at det skulle vore eit søppelrom ved skulen. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Under synfaringa var delar av utearealet brukt til arbeids- og lagringsplass og parkering i samband med pågåande rehabilitering av skulebygget, men sidan vi har vore på synfaring på skulen tidlegare har vi dann oss eit bilete av korleis anlegget ser ut når den pågåande delen av rehabiliteringa er ferdig. • Uteområdet til elevane strekker seg langs heile bygningsmassen på nedsida av bygningane. Området er stort nok og er omkransa av mange store og fine tre. Store delar av uteområdet er lite innbydande slik det framstår i dag, men fleire grasplenar og dei gamle trea gjev fin innramming. • Ein sidefløy på hovudbygget deler uteområdet i to og gjer det uoversiktleg med tanke på tilsyn. Leskuret på kortsida av hovudbygget kan og vere vanskeleg å ha oversyn over. • Uteområdet har høveleg sonedeling for ulike aktivitetar, men har stort behov for fornying og oppgradering. <ul style="list-style-type: none"> a. Den store bilbanen nedanfor skulebygget treng nytt underlag, nye mål og nytt gjerde. b. Trappar må støypast på nytt. c. Plassen til basketball og volleyball manglar utstyr. d. I leskuret på sørsida er det m.a. bordtennisbord. e. Amfiet, som er gammalt og staseleg og ligg fint til i hellinga nedanfor tilbygget, skil seg positivt ut. <p>Det er stor høgdeforskjell på skuletomta, med mange trappar om ein skal bevege seg frå hovudinngangen og ned på uteområdet. Den universelle utforminga er difor ikkje god nok i høve til dagens krav.</p>	

Lindås barneskule



Byggeår og seinare endringar	Hovudbygget til skulen vart bygd i 3 etappar; 1968, 1976 og 1977. Tidlegare gymbygg (som no er brukt meir sporadisk til ulike aktivitetar) vart bygd i 1976. I 2002 fekk skulen ein paviljong frå OL på Lillehammer, som framleis er i bruk. I 2012 kom den siste paviljongen, samstundes som det i åra etterpå vart gjort ein del ombyggingar og oppgraderingar i hovudbygget.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 15.10.19				
Tal bygg:	Fire bygg; Hovudbygg, to paviljongar og tidlegare gymbygg. Skulen nyttar nærliggande kommunal idrettshall til gymnastikk.				
Kapasitet	360 elevar				
Elevtal	201				
Over-/underkapasitet	159 elevar				
Tal klassar/grupper	11 Språkdeling: Nei (siste år med språkdeling: 2015/16)				
SFO/UFO	60 barn				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	34	3+1	19	11	0

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Lindås barneskule framstår i dag som eit fint og funksjonelt skuleanlegg på ein flott tomt med inspirerende utsikt. Skulen har eit hovudbygg og to paviljongar, som det er mogleg å gå tørrskodd i mellom. Skuleanlegget er langstrakt, men har funksjonell soneinndeling med god kontakt mellom inne- og uteareal. Elevane på 1.-6. trinn har gode og funksjonelle generelle læringsareal (store og gode klasserom og grupperom), som fremjar læring og trivsel. Dei 4 øvste klassetrinna har 2 klasserom og 2 grupperom, medan dei 3 lågaste trinna har 2 klasserom og eitt grupperom. Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med gode kvalitetar, funksjonalitet og kapasitet. 7. trinn har dårlege tilhøve. Dei held til i ein paviljong som skulle vore avhenda for fleire år sidan.</p> <p>Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, musikk, naturfag, bibliotek/mediatek og mat og helse. Skulen nyttar ein nærliggande idrettshall til kroppsøving. Skulen sin gamle gymsal er no berre i bruk til aktivitetar meir sporadisk. Alle skulen sine spesialrom er funksjonelle, og inventar, møblering, utstyr og system for lagring er tenlege og i god tilstand. Skulen har ikkje eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov pr. i dag, men det er mogleg å leggje til rette for dette på eitt eller fleire av grupperomma som ligg tett inntil klasseromma. Det er HCWC fleire stader i bygningsmassen. Anlegget har gode personalareal og høvelege areal til støttetjenester, men det er litt få reine møterom, garderobane er litt små og eitt av romma med lærararbeitsplassar er plaga med lydsmitte frå møterom. Personalrommet er spesielt fint. Skulen saknar eit godt samlingsrom for personalet ved til dømes planleggingsdagar. Anlegget har gode driftsfunksjonar, men litt lite plass til langtidslagring. Anlegget eignar seg svært godt som nærmiljøanlegg. Innandørs er det klasserom, aula/musikkrom med amfi og den gamle gymnastikk salen som er mest nytta. Skulen har eit stort, flott, variert og innhaldsrikt uteområde med god kapasitet, både i høve til leikeapparat, stort idrettsanlegg og frileik, men litt fleire stader å sitje ned saknast. Trafikksituasjonen ved skulen er godt tilrettelagt, men det kan vere trøgt og kaotisk om ikkje føresette innrettar seg. Det kan vere trøgt og farleg for elevane når varelevering skjer til feile tider.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Erstatte den eldste paviljongen med nye rom (til 7. trinn) • Få betre ventilasjon i paviljongen der naturfagrommet ligg • Justere ventilasjonen i delar av den nyare bygningsmassen • Legge til rette for rom for elevar med større hjelpebehov • Redusere lydsmitte til/frå enkelte møterom og eit arbeidsrom • Enkelt bygningsteknisk vedlikehald • Sikre varelevering til avtalte tider • Få på plass betre skilting. <p>BØR:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etablere dør til gangareal frå fleire grupperom (auke fleksibiliteten) • Etablere eitt eige møterom • Etablere fleire sitjeplassar ute og gjerne eit område til undervisning ute. • Etablere plass til litt langtidslagring (kanskje i det gamle gymnastikkbygget?) • Vurdere kva ein skal gjere med det gamle gymnastikkbygget (skulen klarar seg utan dette med dagens elevtal, men om ein skal bruke det til elevar eller vaksne må ventilasjonsaggregat, hovedtavle, elektro og belysning skiftast)

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Store delar av skulen har vorte renovert i åra etter 2012 når skulen fekk den siste paviljongen. Anlegget tek no difor i vare dei fleste krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Den eldste paviljongen tilfredsstillar ikkje krava. Her er det dårlegare luft enn i resten av skulen samstundes som romma for kalde når det er kaldt ute. Her er nok og reinhaldet meir utfordrande enn i resten av skulen. I resten av anlegget er det mange som ynskjer seg ein varmegrad høgare og at temperaturen ikkje vert skrudd ned så tidleg, slik at t.d. møterom ikkje er kalde etter undervisningstid. I den andre paviljongen til skulen opplevast ikkje ventilasjonen som god nok. Møteromma på skulen er ikkje godt nok lydisolert. Det er gode lyskjelder innandørs i heile anlegget, og tenleg innvendig solskjerming i aktuelle vindauger. Anlegget har gode system for lagring for det som trengs i det daglege, slik at ein unngår støvdeponi. Om ein ser vekk i frå den eldste paviljongen er anlegget lett å halde reint. Det har gode elevgarderobar med skilje mellom skitten sone og rein sone. Det har ikkje vore sjukmeldingar relatert til inneklimaproblematikk dei seinare åra, men to av klasseromma har hatt avvik ifm sterk ubehageleg lukt. Det vart gjort utbetring med nedvask og reingjering av røyrsystem til vaskane. Dette gjorde at lukta forsvann. Då lukta var i romma, var det hovudverk og kvalme hjå vaksne og barn. Dette endra seg etter at lukta forsvann. Vaskar og røyrsystem av tilsvarende type vert no reingjort kvart år. • Anlegget fremjar trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Tilbod og variasjon i areal, utstyr og apparat er rikt. Alle klassetrinn har eigen inngang, garderobe og toalett. Dette reduserer uønska situasjonar. Kort veg til toalett og garderobe tryggjar elevane og tilsynet med dei. Den langstrakte bygningsmassen og det store uteområdet til skulen er utfordrande med tanke på oversikt. Dette må kompenseras for med fleire inspeksjonsvaktar i friminutta. Elevar på mellomsteget har i oppgåve å vere leikeleiarar. Dei søker på stillinga og får eit leikeleiar kurs der dei trenar på aktivitetar. • Heile skuleanlegget er berre på ein etasje, har rampar utanfor alle inngangar og automatiske dørøpningar, og er soleis tilrettelagt for alle. Skulen sitt eige uteområde er og tilgjengeleg for alle, men idrettsbanane nedanfor skulen er ikkje like tilgjengeleg om ein sit i rullestol. Då må ein ta vegen rundt. I dei nyaste delane av anlegget er det gode 	

	<p>kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. Det er HCWC fleire stader i bygningsmassen. Skulen skulle vore betre skilta.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sjølv om bygningsmassen er langstrakt har anlegget god flyt og logistikk for elevar og tilsette når ein er kjent, med god kontakt mellom ute og inneareal. Fellesareala er plassert i midten av anlegget. Ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar, men ein må ut under tak mellom dei tre bygningane. Dei som kjem til skulen for første gong har nok lett for å bruke inngangen for dei yngste elevane og ikkje hovudinngangen. Dette bør løysast med god skilting slik at ein slepp unødvendig trakk i gangane av besøkande med våte og skitne utesko. • Anlegget har eit fint samlings- og musikkrom med amfi som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Rommet er litt for lite til å romme heile skulen på ein gong, men eignar seg godt til samlingar for ulike aktivitetar for skulen sine elevar og i nærmiljøet elles. Klasserom og skulen sin gamle gymnastikksal kan og brukast. • Anlegget legg til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på skuleveg, parkering, skilje harde og mjuke trafikkantar, varelevering, søppelhandtering og skuleveg. Parkeringstilhøva ved skulen er gode. Lindåshallen som har god parkeringskapasitet, er rett over vegen. På rett side av vegen er det ei sløyfe med plass til avsetting og henting av elevar. Det er likevel kaotisk og trengt ved skulestart og slutt når barna vert køyrt til og frå skulen. Skulen har eit godt samarbeid med FAU som har gjort situasjonen betre, men føresette må stadig minnast på korleis dei skal levere og hente. Det er trengt for varelevering heilt inntil skulebygget. Skulen ønskjer seg betre skilting om innkøyring og endra tidspunkt. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • I åra etter 2012 - då skulen fekk den nyaste paviljongen - vart store delar av skulen sine mest brukte areal oppgradert. Skulen ser difor ut til å vere i rimeleg god stand om ein ser bort i frå den eldste frittståande paviljongen og gymnastikkbygget, som begge ser ber preg av å ha vore i bruk i mange år. Av desse to bygga er det berre paviljongen som er i fast bruk i dag. Gymbygget vert brukt sporadisk. • I den oppgraderte delen er overflater både inne og ute stort sett heile og utan for mykje slitasje, og tekniske anlegg fungerer stort sett som dei skal. • Vaktmeister har jamleg tilsyn og utfører reparasjonar. Det er m.a. ei utfordring å halde inngangspartiet fint og reint. • Skulebygget manglar framleis skilt med skulenamn. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <u>Bygningsteknisk</u>: Reparasjon og maling av murfasade, utbetring takrenner og nedløp, utskifting taktekking av papp, maling av trekledning, slipe og lakkere golv i gymsal 	

	<p>samt utbetring av innvendige overflatar, innvendig maling av veggjar.</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ <u>VVS</u>: Utskifting ventilasjonsaggregat i gymbygg. ○ <u>Elektro</u>: Utskifting hovedtavle elektro samt belysning i gymbygg. <ul style="list-style-type: none"> • Basert på konkrete manglar som var synlege ved synfaring eller som skulen sjølv har peika på, kan lista over gjerast lengre og kanskje og justerast? <ul style="list-style-type: none"> ○ Den gamle paviljongen frå Lillehammer OL bør erstattast med nytt areal før ein gjer for mykje med gymbygget. Heile paviljongen er nedsliten og temperaturen er for låg når det er kaldt ute. ○ Skulen brukar nærliggjande idrettshall til kroppsøving. Skulen sitt eige gymbygg er lite i bruk. Ikkje naudsynt vedlikehald i dette bygget bør difor vurderast særskilt opp mot andre behov og kommunen sin økonomi. ○ Deler av den nyare bygningsmassen har for dårleg ventilasjon. ○ Møteromma på skulen er for dårleg lydisolert. 	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulevegen for dei som bur nær skulen er trygg, og desse elevane kan gå eller sykle til anlegget. • Rundt 35 elevar går vanlegvis til fots til og frå skulen, medan 15 sykklar. Om lag 60 elevar vert køyrde i privatbil (varierer med årstid). • Rundt 60 elevar har krav på skuleskyss på grunn av avstand. Skulen har ikkje tal på elevar som har vedtak om trafikkfarleg veg, men om dei andre tala stemmer dreier dette seg om rundt 30 elevar. • Elevane som har lengst veg har om lag 17 km reiseveg til skulen. • Parkeringstilhøva ved skulen er gode. Lindåshallen som har god parkeringskapasitet, er rett over vegen. • På rett side av vegen er det ei sløyfe med plass til avsetting og henting. Det er likevel kaotisk og trengt ved skulestart og slutt når barna vert køyrt til og frå skulen. Skulen har eit godt samarbeid med FAU som har gjort situasjonen betre, men føresette må stadig minnast på korleis dei skal levere og hente. • Det er trengt for varelevering heilt inntil skulebygget. Skulen ønskjer seg betre skilting om innkøyring og endra tidspunkt. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Sjølve skulen er ein del i bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider og ved behov. Skulen har svært god kapasitet til utlån, både til idrettslaget, songkoret og bygda generelt. Dei som ynskjer, får plass og tildelte tider. • Kulturskulen er fast brukar, til korps og kor kvar veke. Rom som vert nytta er: klasserom, aula/musikkrom med amfi - og den gamle gymsalen. Andre frivillige organisasjonar har og tilbod om å låne rom - og det skjer sporadisk. • Skulen er nabo til ein stor idrettshall som vert nytta til dei fleste gjeremål for idrett, kultur og kommunale møter i bygda. Hallen er svært godt eigna og vert og 	

	<p>brukt av skulen til kroppsøving i skuletida. Det er naturleg å vurdere hallen og skulen som to delar av eit stort nærmiljøanlegg.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Idrettslaget brukar det store utandørs idrettsanlegget nedanfor skulen med utebanar og ballbinge til ulike ballspel. Her er og løpebane. Idrettslaget og kommunen held grøntområdet ved like. • Uteområdet rette utanfor dei langstrakte skulebygga vert brukt som tilhaldsplass i helgane- og det vert då etterlate ein del boss. I skuletida har skulen eit system der klassane plukkar boss kvar veke. • Hærverk har førekomme, men skulen er ikkje mykje plaga med det. • Andre nærmiljøanlegg i skulekrinsen: Ungdomshus, frikyrkje, bibliotek i idrettshall, Sanitetsstove, Kyrkjelydssenter. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane har gode og funksjonelle generelle læringsareal (store og gode klasserom og grupperom), som fremjar læring og trivsel. Alle klassetrinn har 2 klasserom. 4.-7. trinn har 2 tilhøyrande grupperom til kvart trinn, medan 1.-3. trinn har eitt grupperom kvar på deling til dei to klassane. For dei lågaste trinna er det og mogleg å nytte SFO-romma til gruppeaktivitetar. Romma til 7. trinn ligg i den gamle OL-paviljongen som er moden for utskifting. Her er bygningskvaliteten dårleg, men dei eldste elevane ser likevel ut til å trivast her der dei kan være litt skjerma frå dei yngre elevane. • Det er mange rom i skuleanlegget og tilgangen på varierte læringsareal, med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar er bra. I skulen sin aula/amfi kan heile skulen samlast (om dei sit litt trongt). Skulen vil gjerne at fleire av grupperomma skulle hatt direkte utgang til gang for å kunne auke fleksibiliteten. • Møblar og inventar er tenleg og med bra kvalitet og tilstand. Løysingane for IKT er velfungerande, med digitale tavler i alle klasserom. • Det er god kapasitet i dei generelle læringsareala og ei god soneinndeling i anlegget. Læringsareala fremjar samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med gode kvalitetar, funksjonalitet og kapasitet. Det er god flyt mellom ute- og inneareal via garderobe. Alle utgangane er vendt mot der dei respektive elevane oppheld seg mest når dei er ute. Det er enkel tilgang til nok elevtoalett, og elevtoaletta har veggjar til tak, utan innsyn og lydsmitte. • Skulen har ikkje eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov pr. i dag, men det er mogleg å leggje til rette for dette på eitt eller fleire av grupperomma som ligg tett inntil klasseromma. Det er og HCWC fleire stader i bygningsmassen. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege,</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tilgang på, og nok kapasitet, i følgjande spesialrom: Rom for kunst og handverk, musikk, naturfag, bibliotek/mediatek og mat og helse. Skulen 	

<p>funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<p>nyttar ein nærliggande idrettshall til kroppsøving.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Spesialromma er funksjonelle. Inventar, møblering, utstyr og system for lagring er tenlege og i god tilstand. • Det er enkelt for alle lærarar / klassar å nytte seg av spesialromma. Det er universell tilgang til areal, og arbeidsstasjon for elevar i rullestol er på plass i mat og helse. • Krav til tryggleik er stetta, og det er godt arbeidsmiljø i romma med tanke på lys, lyd og inneklima. • Midt i skuleanlegget har skulen ein fin samling av ulike spesialrom som er plassert rundt ein flott og passeleg stor aula. Aulaen er skulen si storstove med eit amfi der heile skulen kan samlast. Aulaen fungerer i det daglege som skulen sitt musikkrom. Her er ulike instrument, lydanlegg og prosjektor. Dette er ei fin løysing som både gjev skulen ei scene for framsyningar og fri golvplass til dans og andre aktivitetar. • Skulen har eit stort og godt arbeidsrom til kunst og handverk. Rommet er fint innreia i ulike soner med gode arbeidsbord og benkar til ulike formingsaktivitetar som maling, teikning og tekstil. Det er og ein sone med sløydbenkar og eit eige rom til sag. Det er god lagerplass og fin utsikt gjennom vindauga for inspirasjon. • Skulen sitt bibliotek/mediatek ligg vegg i vegg med aula/musikkrom og rom til kunst og handverk. Rommet har ei fin og variert innreiing med den same fine utsikta som i rommet til kunst og handverk. • Skulekjøkenet ligg og i det same området som romma over. Rommet har ei god innreiing med funksjonelle arbeidsstasjonar til elevane, der den eine stasjonen og kan fungere godt til demonstrasjon. Rommet har og eit område med småbord der elevane kan ete. Alt som trengs av fryseskap, kjøleskap, tørrmat, oppvaskmaskin og tørkeplass er i det same rommet. • Skulen sitt naturfagrom har ei god plassering i den nyaste paviljongen frå 2012, i nærleiken av alle klasseromma til mellomsteget. Rommet er fint innreia og godt utstyrt med skuffer og skap, demonstrasjonsbenk til lærar, pultar/stolar og arbeidsbenkar til elevane langs veggane. Naturfagrommet har og eit tilliggjande vekstrom, men dette viste seg å berre vere i bruk av ein enkeltelev når vi var på synfaring. • Skulen nyttar den store nærliggande idrettshallen til kroppsøving. Hallen er ny med god kapasitet og gode garderobetilhøve. I idrettshallen er det og klatrevegg. Idrettsbanane mellom skulen og idrettshallen vert og brukt når veret er fint. Den gamle gymnastikksalen til skulen kan framleis brukast av elevgrupper til ikkje-timeplanlagde aktivitetar. • For symjeundervisning vert elevane køyrd i bussar til ein Kaland skule i Austrheim kommune - omlag 1 mil vekke. Dette fungerer godt men krev reisetid. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Dei fleste areala har så langt vi har skjønnt tilfredsstillande kvalitetar med 	

<p>profesjonsfelleskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<p>tanke på inneklima og akustikk.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har nok lærararbeidsplassar i høve til det oppgjevne talet på pedagogar ved skulen (19). Desse er fordelt på 6 arbeidsrom. Romma er plassert nær administrasjon personalrom. Arbeidsplassane er funksjonelle og store nok etter forskrift, men lærarane på det eine rommet er plaga med lydsmitte frå nærliggande møterom. • Det er litt få reine møterom i anlegget, men anlegget er stort og har mange rom som enten kan delast av eller gjerast om til møterom. Det er problem med lydsmitte frå møteromma. • Leiinga og administrasjonen har 5 store og funksjonelle kontor med tenleg plassering i anlegget. Fleire av romma vert og brukt som møterom. • Skulen har eit stort og romsleg personalrom med flott utsikt. Personalrommet har god kapasitet, fin møblering og er godt eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Rommet har tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat • Skulen saknar eit godt samlingsrom for personalet ved til dømes planleggingsdagar (aulaen har for liten golvplass og det er ikkje godt for vaksne å sitje i trappane) • Personalgarderobane har fin plassering, men er litt små. Dusj og toalettforholda for personalet er tilfredsstillande. • Det er høvelege areal for støttetjenester i anlegget. Skulehelsetenesta har eige rom. PPT har moglegheit til å låne kontorplass og har stort sett møta på eitt av kontora til administrasjonen. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har ein sentralt plassert reinhaldssentral og god lagerplass for reinhald. Anlegget har berre ein etasje, men på grunn av langstrakt og litt oppdelt bygningsmasse er det og 3 bøttekott fordelt rundt. • Skulen har bra med lagerplass til det som trengs i det daglege, men manglar plass til å langtidslagre møblar og utstyr som ikkje er i bruk. • Vaktmeister har eige rom til utstyr. • Skulen har god løysing for søppelhandtering med eit luftig søppelrom på enden av skulebygget, der søppelbilen køyrer heilt inntil for tømning av containrar. • Det er trongt og utrygt ved varelevering til hovudinngangen heilt inntil skulebygget. Det er heller inga god løysing å levere varer på enden av bygget der dei yngste elevane har sin inngang. Varelevering bør om mogleg skje etter avtale innafor planlagde tider. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har eit stort, flott, variert og innhaldsrikt uteområde med god kapasitet. • Uteområdet har høveleg sonedeling, med eitt eige skjerma leikeområde for dei minste på ei eige side av 	

	<p>bygget, med leikeapparat og sandkassar. Det er likevel utfordrande at uteområdet til deler av småtrinnet vender direkte mot parkeringsplass.</p> <ul style="list-style-type: none">• Uteområdet består av eitt nærliggande idrettsanlegg med 2 kunstgrasbanar og andre fasilitetar som volleyballbane og løpebane.• Rett utanfor skulebygget, delvis mellom bygget og idrettsanlegget, er det leikefasilitetar for dei litt større elevane, som m.a.:<ul style="list-style-type: none">a. Klatrepyramide med godt fallunderlagb. Ulike disserc. Zip-lined. Leikehytte og ballbinge (ved gamle gymsal)• Uteområdet er universelt utforma og vedlikehaldet ser ut til å vere bra.• Det finst fleire benkar og stader å sitje ned, men det kunne gjerne vore fleire benkar med bord og gjerne eitt område spesielt tilrettelagt for uteundervisning.• Storleiken på uteområdet gjer at det må vere mange vaksne ute på vakt noko som er personalmessig krevjande, men skulen er likevel samla sett godt nøgd med uteområdet.	
--	---	--

Myking skule



Byggjeår og seinare endringar	Gamleskulen frå ca. 1930 er framleis i bruk til SFO og 1.-2. klasse. Nyeskulen frå 1981 huser rom til resten av elevane, spesialrom, administrasjon og personalfasilitetane. Skulen er i bra stand til å vere så gamal. Berre mindre oppgradering av bygningane er gjennomført dei seinare åra, men uteområdet har fått nytt klatrestativ og basketballbane.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 04.05.99. Skulen opplyser at dei hadde tilsyn av miljøretta helsevern hausten 2022, og vart godkjent etter å ha utbetra eit avvik på muggsopp i eit utstysrom ved gymsalen.				
Tal bygg:	To bygg (gamleskulen og nyeskulen)				
Kapasitet	84 elevar				
Elevtal	58				
Over-/underkapasitet	26 elevar				
Tal klassar/grupper SFO/UFO	7 trinn fordelt i 3 basisgrupper		Språkdeling: Nei		
Tilsette	Samla: 9	Leiing/adm: 1	Pedagogar: 6	Ped.medarb. 2	Andre: 1 (35%)

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og innelima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Myking skule er fordelt på 2 bygg; gamleskulen og nyeskulen. I gamleskulen er det rom til 1.-2.klasse, SFO og 2 utdaterte sløydrom. Resten er i nyeskulen. Sjølv om bygningane ligg nær kvarandre, kan ein ikkje gå tørrskodd mellom dei. Begge bygningane treng oppgradering, men dei er i relativt god stand til å vere så gamle. Ingen av bygga er universelt utforma. Begge manglar heis, sjølv om dei har rom i 3 og 2 etasjar. Skulen har gode generelle læringsareal med klasserom av varierende storleik og ein foldevegg som kan gjere to mindre rom større ved behov. Det er berre eitt grupperom på skulen, men meir variert møblering i dei store romma kunne ha kompensert og auka fleksibiliteten i bruken av romma. Garderobe og toalett-tilhøva i gamleskulen er OK. Her er og HCWC. I nyeskulen har elevane garderobeknaggar i korridor, men det er elevtoalett i begge etasjar. Spesialromma til skulen er ikkje tilfredsstillande. Skulen har eit kombinert skulekjøken og tekstilrom, to nedslitne sløydrom og ein liten gymnastikksal. Inventar, utstyr og system for lagring i spesialromma er delvis gammalt og utdatert. Skulen har ikkje rom til verken bibliotek, naturfag eller musikk, men nyttar klasseromma. Skulen har ikkje eige rom for elevar med større hjelpebehov. Personalareala er lite tilfredsstillande. Arbeidsplassane i nyeskulen er små og tronge. På gamleskulen ligg dei på loftet med tilkomst via ei smal trapp. Rektor og merkantil har OK kontor. Personalrommet er einaste møterom - og det er dårleg lydisolert. Personalgarderobane er tronge. Skulen har ikkje gode rom for hjelpetenestene. Reinholdsromma i nyeskulen er OK, mens gamleskulen har reinhaldsutstyr i eit ope trapperom. Vaktmeister har ikkje eige rom. Skulen har god lagerplass og tenlege løysingar for varemottak og søppelhandtering. Skulen har eit bra og stort sett oversikteleg uteområde med mykje installasjonar og utstyr. Skulen vert nytta som nærmiljøanlegg både ute og inne. Trafikksituasjonen utanfor porten inn til skulen sitt område er ikkje god. Fylkesvegen med fartsgrense på 50 km/t ligg rett utanfor og det er ikkje nok plass til parkering for tilsette og sikker avsetning/henting av elevar på rett side av vegen.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Betre trafikksituasjonen for mjuke trafikantar utanfor porten inn til skulen • Etablere nok lærararbeidsplassar i tråd med forskrift (og tilfredsstillande tilkomst). • Gjennomføre naudsynte tiltak for å sikre tilfredsstillande universell utforming og tilkomst til alle etasjar i begge bygg. Det må mellom anna etablerast HCWC på nyeskulen. • Legge til rette for bruk av eitt rom til elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov. • Eige rom til helsesjukepleiar og andre hjelpetenester • Skifte, male og oppgradera slitte overflatar på bygningane, både inne og ute • Rom til personalet og leiinga må lydisoleras (gjærne redusere lydsmitte mellom andre rom og) • Skifte gamle lysarmatur, takvarmeelement på begge bygg • Skifte ventilasjonsaggregat og koparrør, oppgradera hovudtavle og fleire straumkursar i nyeskulen • Skifte nokre vindauge på begge bygg og ytterdør på gamleskulen. • Etablere rom med utstyr der elevane kan drive med praktiske aktivitetar i naturfag og musikk • Etablere eit rom som og kan ha skulen sitt bibliotek. • Setje i stand gamle sløydrom til praktiske aktivitetar i k & h. • Skifte underlaget på fotballbana frå asfalt til grus eller kunstgras. <p>BØR:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvide personalgarderobane • Etablere eit eige møterom • Etablere betre reinhaldsrom i gamleskulen

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget tek ikkje i vare alle krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. I gamleskulen manglar det ventilasjonsanlegg i kjellar og på loft, og romaggregata for ventilasjon i dei to største romma i hovudetasjen lagar mykje lyd. Nyeskulen har ventilasjonsanlegg, men har trong for nytt aggregat. I begge bygga er det trong for nye takvarmeelement. Eit avvik på muggsopp i ein utstysrom ved gymsalen vart utbetra hausten 2022. Det er mykje lydsmitte mellom rom i heile anlegget, men spesielt mykje i personal- og administrasjonsdelen. Skulen har utfordring med temperaturregulering. Det er kaldt i mange rom på vinterstid. Det er trong for å skifte takvarmeelement for å få meir stabil temperatur. Vi la ikkje merke til solskjerming, men nokre av vindauga skal vere av nyare dato. Lyskjelder innandørs var ikkje tema på synfaringa, men såg ut til å vere i orden. Anlegget er ikkje så lett å halde reint. Det manglar eit tydeleg skilje mellom rein og skitten sone og det er mange golvbelegg i begge bygg som treng å skiftast ut. Kontora på loftet i gamleskulen og sløydromma i kjellaren (som er lite i bruk) er vanskelege å halde reine. Enkelte av romma verkar å vere litt overmøblerte og anlegget skulle hatt eit betre system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. • Anlegget fremjar i det store og heile eit trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er bra, men det meste av uteområdet og nokre av leikeområda har behov for ei generell oppgradering av overflatar. Størstedelen av anlegget er oversiktleg og fritt for mobbesonar, men bak nyeskulen er det mogleg å gøyme seg litt vekk frå dei vaksne som har tilsyn. • Anlegget er ikkje universelt utforma med tanke på tilkomst til alle plan. Det er ikkje heis, og om ein skal bevege seg med rullestol frå hovudplanet til underetasjen må ein ut og rundt. Det er berre ei smal trapp opp på loftet i gamleskulen (til lærararbeidsplassar og skulehelsetenesta. Det er mangelfull skilting og ikkje kontrastfargar og eller andre kvalitetar som sikrar spesielt gode lys- og lydtilhøve for elevar og tilsette. • Slik vi har forstått det er det berre HCWC i hovudetasjen på gamleskulen. På nyeskulen er det to store WC-rom i hovudetasjen som truleg kan omgjera til HCWC. I underetasjen er det ikkje HCWC. • Anlegget er oversiktleg når ein er kjent, men ikkje like lett å lese når ein er der for første gong. Det er grei 	

	<p>kontakt mellom ute- og inneareal, men ikkje mogleg å gå tørrskodd mellom alle funksjonar.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har ikkje amfi eller auditorium, men har gymsal og store klasserom som kan fremje samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. • Anlegget legg ikkje til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på skuleveg, parkering, skilje harde og mjuke trafikkantar, varelevering og søppelhandtering. Trafikksituasjonen utanfor porten inn til skulen sitt område er ikkje god. Fylkesvegen med fartsgrense på 50 km/t ligg rett utanfor og det er ikkje nok plass til parkering for tilsette og sikker avsetning/henting av elevar på rett side av vegen. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er i relativt bra stand til å vere så gamal, men den har behov for oppgradering for å tilfredsstille dagens krav. Den har mange slitte overflatar både inne og ute. Skulen står på kommunen sin vedlikehaldssyklus i 2025. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <u>Gamleskulen:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Utvendig maling av trekledning og murer, skifte ytterdør og ein del vindauge, maling innomhus og golvbelegg i begge etasjar. Ny taktekking ○ Elektro: Utsifting av ein del takvarmeelement • <u>Hovudbygg:</u> <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Utvendig maling av kledning, utskifting vinduer i underetasje, utskifting golvbelegg ○ VVS: Utsifting av dårlege kobberrøyr, skifte ventilasjonsaggregat ○ Elektro: Utsifting av ein del takvarmeelement, oppgradering hovudtavle, oppgradere med fleire straumkursar. • Basert på konkrete manglar som var synlege ved synfaringa eller som skulen sjølv har peika på, kan lista over gjerast lengre: <ul style="list-style-type: none"> ○ Fotballbana treng nytt og betre underlag (er asfalt i dag) ○ Rom til personalet og leinga må lydisolerast. ○ Skifte ut gamle lysarmatur ○ Gamle sløydrom i underetasjen på gamleskulen bør setjast i stand og takast i bruk. 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulevegen til elevane og trafikksituasjonen utanfor porten inn til skulen sitt område er ikkje god. Fylkesvegen med fartsgrense på 50 km/t ligg rett utanfor og det er ikkje nok plass til parkering for tilsette og sikker avsetning/henting av elevar på rett side av vegen. Varelevering til skulen og Myking bedehus nyttar og den same plassen. På andre sida av hovudvegen ligg parkeringsplassen til kyrkja som og må brukast ved behov. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Det er berre omlag 10 elevar som går eller sykklar til skulen dagleg og like mange vert køyrde i privatbil. • I underkant av 40 elevar har krav på skuleskyss på grunn av avstand og 5 har vedtak om trafikkfarleg veg. • Elevane som har lengst veg har om lag 15 km reiseveg til skulen. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen vert nytta som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider og ved behov. Det er god kapasitet, og dei som ynskjer, får plass og tildelte tider. • Skulen opplyser at gymnastikksalen per no vert nytta til trening for ungdom og vaksne i bygda ein gong i veka. • Private arrangement som bursdagsbesøk og konfirmasjonar vert halde på skulen for å kunne ha plass til fleire gjester. Skulen vert og nytta til ulike møter og som vallokale. • Uteområdet til skulen vert brukt til uorganisert leik av born og unge i bygda, samt til årleg st.hans- og 17.mai feiring. Området er trygt og opent for alle, men vegen utanfor er ikkje trygg å ferdast langs. Dette gjer anlegget litt mindre tilgjengeleg i det daglege. • Det er lite hærverk. Personalet opplever at bygda og elevane tek godt vare på skulen. • Anlegget er funksjonelt som nærmiljøanlegg for dei som høyrer til i bygda. • Andre nærmiljøanlegg i bygda: Bedehus, grendehus og kyrkje. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Dei til saman 15 elevane som i dag går på 1. og 2. trinn, held til i gamleskulen. Her har dei kvart sitt klasserom på 33 og 37 m². I tillegg har dei eit lite grupperom og fleire små leikerom. Romma er enkelt møblert og elevane og har då mykje golvplass til ulike aktivitetar. Lyd frå ventilasjonsaggregat er forstyrrende. SFO nyttar og dei same romma i gamleskulen. • Dei vel 40 elevane på 3.-7. trinn har all undervisning i nyeskulen. Her disponerer dei 3 klasserom på 60 m² og eitt rom på 115 m². Det er foldevegg mellom to av dei «minste» klasseromma. Det er ingen grupperom i dette bygget. Store rom gjev god moglegheit til samarbeid på tvers. Klasseromma er store nok til å kunne delast inn i ulike soner, men skjerming for lyd er vanskelegare å legge til rette for utan grupperom. Fleire av romma verka litt overmøblert, med fleire like arbeidsplassar til kvar elev. Meir tilpassa og variert møblering for elevtalet kunne gjort mykje – også når det gjeld skjerming for lyd. • Løysingane for IKT er velfungerande, med digitale tavler på alle klasserom. • Garderobe- og toalett-tilhøva i gamleskulen er OK. Her har elevane eigen garderobe med tørkeskap og HCWC. I nyeskulen er det berre garderobeknaggar i korridor, men det er elevtoalett i begge etasjar. Det er og toalett med inngang frå skuleplassen. Om alle toalettrom har heile veggjar vart ikkje sjekka, men det er sannsynleg at lydsmitte er eit problem slik det var i 	

	<p>personalavdelinga.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har ikkje eige rom for elevar med større hjelpebehov. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har ikkje nok tilgang på tilfredsstillande spesialrom. Skulen har eit kombinert skulekjøken og tekstilrom m.m., to nedslitne sløydrom og ein liten gymnastikksal. • Spesialromma er ikkje funksjonelle. Inventar, utstyr og system for lagring er delvis gammalt og utdatert. • Det er ikkje så lett å nytte seg av spesialromma. Dei er ikkje universelt tilgjengelege frå klasseromma. • Organisering: gymnastikk og kunst & handverk går parallelt på mellomtrinnet, med to grupper som bytter til lunsj (13 elevar på kvar gruppe). Elevane har mat og helse på 7.trinn. • Skulen har sløydsal i kjellaren på gamleskulen med to like rom som ikkje har vore oppgradert på lenge. Romma ligg dårleg plassert, men har potensiale til å kunne bli gode verkstadrom og/eller naturfagrom. I dag står dei mest til nedfalls og er lite inspirerende å opphelde seg i. • Inventar og utstyr til mat&helse er plassert langs den eine veggen på eit stort fleirbruksrom på 90 m2. Det er ikkje plass til så mange elevar på kvar gruppe og heller ikkje så mange grupper, men det er god plass når maten skal serverast. Det er ikkje tilrettelagt arbeidsstasjon for rørslehemma. Rommet kan brukast til fleire føremål, mellom anna gruppedeling, tekstil og naturfag. • Skulen har ikkje eige bibliotek. • Skulen har ikkje eige naturfagrom. • Skulen har ikkje eige musikkrom, men nyttar klasseromma. På synfaringa vart det observert nokre musikkinstrument som var gøymt vekk på eit lager. • Gymnastikksalen ved skulen er liten (114 m2). Den har 2 OK elevgarderobar og eit utstyrsrom. Gymnastikksalen har ikkje scene. • Elevane vert busa til symjeundervisning på Ostereidet. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala er jamt over ikkje tilfredsstillande. • Arbeidsplassane til lærarane er små og tronge. Arbeidsrommet på hovudbygget har for mange arbeidsplassar etter forskrift. På gamleskulen er det laga til to dårlege arbeidsplassar på loftet (med tilkomst via ei smal trapp). • Skulen har ikkje eit eige møterom. Personalet sitt pauserom vert brukt til møterom, men er lite egna fordi det er dårleg lydisolert. • Rektor og merkantil har kontor med tenleg plassering i anlegget • Personalrommet har tilfredsstillande kapasitet og er egna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Det er tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / lagring av mat • Personalgarderobar med toalett har tenleg plassering, men er tronge og toaletta er dårleg lydisolert. • Helsesjukepleiar har eige rom på loftet på 	

	<p>gamleskulen, men rommet og plasseringa er lite tilfredsstillande.</p> <ul style="list-style-type: none"> • PPT har moglegheit til å bruke eit rom ved sidan av helsesjukepleiar, men har sjeldan behov for det. PPT bruker personalrommet til møter, men kallar føresette inn til kontoret i Knarvik for testar. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har reinhaldsrom på begge plan i hovudbygget. I gamleskulen er utstyret plassert i eitt ope trapperom. Kjellar (som er lite i bruk) og loft med 2 arbeidsplassar i gamlebygget, har ikkje reinhaldsrom. • Skulen opplever at det er tilfredsstillande lagerplass. • Vaktmeister har ikkje eige rom. • Det er tenlege løysingar for varemottak og søppelhandtering. Conteinarar til søppel er plassert rett innafor porten til skulen. Søppelbil treng difor ikkje å køyre inn på skulen sitt område. Ved levering av større varer må ein køyre inn på plassen. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har eit bra og stort sett oversikteleg uteområde som fremjar variert leik, aktivitet og sosial samhandling. Det er mange som er i aktivitet samstundes og det er god plass til sykling, klatring, ballspel og frileik. • Uteområdet inneheld følgjande installasjonar og utstyr <ul style="list-style-type: none"> ○ Fotballbane ○ Basketballbane (ny i 2020) ○ Stikkballbane ○ Bordtennisbord ○ Klatrestativ (nytt i 2019) ○ Turnstenger ○ Disser ○ Sandkasse ○ Sklie ○ 2 leikehytter ○ Sjakkspel ○ Benkar som kan brukast til kvile ○ Skulen har og ein del laust leikeutstyr. • Mykje av leik og aktivitet skjer på den store skuleplassen og bak gamleskulen, men skogen rundt skulen er og populær å leike i. • Elevane kan leike på heile uteområdet, men dei minste held seg mest nær gamleskulen. • Området rundt den store skuleplassen er universelt utforma, men bak gamleskulen er det ikkje alt som er like tilgjengeleg. Det er heller ikkje lagt til rette for universell tilkomst til skogen. • Bak nyeskulen er det mogleg å gøyme seg litt vekk frå dei vaksne som har tilsyn. • Underlaget på fotballbana er asfalt. Det er ikkje ideelt og bør endrast til grus eller så kan eventuelt bana erstattast med ein ballbinge med kunstig underlag. • Det meste av uteområdet og nokre av leikeområda har behov for ei generell oppgradering av overflatar, men tilstanden på dei store leikeapparat ser god ut. 	

Ostereidet ungdomsskule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 1964/65 og påbygd i 1997.				
Godkjenning	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.": 12.09.08				
Tal bygg	1 + idrettsbygg				
Kapasitet	150 elevar.				
Elevtal	90 elevar (haust 23)				
Over-/underkapasitet	60 elevar				
Tal klassar/grupper	6 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	0 elevar				
Tilsette	Samla: 18	Leiing/adm: 2,2	Pedagogar: 11	Ped.medarb. 3	Andre: 1

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Skulen går over tre plan. På plan 1 er det spesialrom knytt til hall, og to klasserom i korridor. På plan 2 ligg personalareal, fire klasserom i korridor og ei spesialavdeling for elev med særskilte hjelpebehov. På plan 3 er det k&h-rom (tekstil) og lager. Det manglar skilting i anlegget, og skulen kan vere vanskeleg å orientere seg i.</p> <p>Skulen framstår som slitt og med utdatert møblering, dette gjeld både generelle læringsareal og spesialrom. Det er ikkje elevgarderobar i anlegget, og vanskeleg tilgang på toalett. Det er ikkje læringsareal som fremjar variert læring på tvers av klassar og i profesjonsfellesskapet. Det er uheldig at ikkje alle pedagogane får kontor plass i personalføyen. Areal stettar berre delvis krav til universell tilkomst; det er ikkje likeverdig tilkomst til alle areal for alle elevar.</p>
Forslag til utbetringar. Lista er ikkje uttømande, men syner eit bilete av det som er kome fram i dialog med skule og på ei synfaring i anlegget.	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sikre tilstrekkeleg universell tilkomst, eventuelt ved flytting av funksjonar eller ekstra heis / løfteplattform. Dører må ha auka breidde enkelte stader. Etablere universell tilkomst til scene. • Etablere ventilasjon i musikkrom. • Etablere hev-senk arbeidsstasjon i spesialrom. • Etablere HCWC i personalareal. • Avklare årsaker til avvik i høve til temperaturstyring, og gjennomføre tiltak som avbøter situasjonen. • Etablere tryggare trafikksituasjon ved skulen. • Etablere fleire elevtoalett inne. • Etablere solskjerming i læringsareal. <p>BØR</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etablere fleire grupperom / alternative læringsareal. Til dømes utvikle biblioteket på plan 1. • Etablere elevgarderobar. • Overflaterenerovering i tråd med vedlikehaldsplan. • Ny møblering i læringsareal. • Utvikling av biblioteket til å bli eit felles læringsareal for trinna. • Etablere meir lagring i skåp. • Etablere utvendig og innvendig skilting. • Etablere punktavsug i sløydsal. • Utbetre førebuingssrom til naturfag. • Etablere samarbeid med barneskulen om timeplanlegging av spesialrom, fram til barneskulen eventuelt får løysingar i eige bygg. • Etablere eit ekstra møterom. • Etablere fleire og meir varierte aktivitetstilbod i uteområdet nær skulen.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har utfordringar knytt til inneklima. Det vert rapportert om avvik i høve temperatur. Den er ujamn, og rektor fortel at fleire tilsette periodevis frys på jobb. Det er ikkje ventilasjonsanlegg i musikkrommet, som også er skulen sitt samlingsareal med romleg kapasitet til 160 personar. • Anlegget har mykje lagring i hyller, oppå skap og på golv, som kan føre til støvdeponi. Noko slitt golvbelegg. Det er ikkje eigne elevgarderobar og dermed ikkje skilje mellom rein og skitten sone. Bygget er over tre etasjar, med noko krevjande tilkomst til nokre funksjonar i bygget frå heis. Alt dette gjer reinhald vanskeleg. • Skulen melder ikkje om utfordringar knytt til lydsmitte og akustikk, men det manglar solskjerming i nokre læringsareal. • Anlegget har nokre uoversiktlege soner, både ute og inne. Ein del smale og dels bratte trappeløp innvendig. Uteområdet vert opplevd noko keisamt, med mange svingar og krokar der elevar kan gøyme seg vekk. Det er lite variasjon i læringsareal, utstyr og inventar, men skulen har likevel ulike spesialrom. • Skulen er berre delvis universelt utforma. Anlegget har ein innvendig heis, slik at det er tilkomst til alle dei tre etasjane. Det er likevel ikkje <i>likeverdig</i> tilkomst til alle funksjonar, og mellom anna tilkomst til sløydsal er svært krevjande med rullestol. Det er ikkje enkel tilkomst til HCWC frå læringsareala, og ikkje HCWC i personalareala. Mange innvendige dører stettar ikkje krava til breidde på 90 cm. Mellom anna der dørene inn til kontor for tilsette berre 79 cm breie. Heller ikkje dør til klasserom 108 og sløydsal er breie nok. Det er tilfredsstillande tilkomst til alle soner i utearealet. Ein kan ikkje gå tørrskodd til gymsal, men idrettsbygget ligg likevel med nærleik til skulen. • Anlegget manglar innvendig skilting, og framstår noko uoversiktleg. Ein del korridorar, smale trappeløp og berre ein heis, hemmar logistikk og flyt. Det er mangelfull nærleik mellom funksjonar og liten kontakt mellom ute- og inneareal. Ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar, med unntak av situasjonar der ein lyt gå ut for å finne ledige toalett. • Anlegget har eit stort musikkrom/sal med scene, lysrigg og hems for styring av teknikk, som opphaveleg var bygd som gymsal. Dette er eit verdfullt fellesareal for skulen som kan fremje trivsel, samhald og samarbeid, og ha mange fine funksjonar for læring og sosialisering. Bruk vert hemma av manglande ventilasjonsanlegg i rommet. • Det er utfordringar med farleg skuleveg, og mange elevar blir køyrt til skulen. Parkeringsforholda er greie, men det er mykje trafikk om morgonen, særleg av foreldre som køyrer barn til barneskulen. Bussane har eigne område med tilsyn morgon og ettermiddag, og 	

	<p>skulen melder at nokre sjåførar køyrer litt fort nær haldeplassen. Varelevering skjer på skuleplassen.</p>	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen framstår som noko slitt, og har trong for overflaterenovering fleire stader. Det er hol og skadar i vegg, og ein del golvbelegg bør bytast ut. Eldre inventar, slitte møblar og ulike pultar/stolar med ulik kvalitet i læringsareal forsterkar inntrykket. Vidare melder skulen om behov for punktavsug i sløydsal, i tillegg til kjemikalieskap og utbetring av førebuingssrom tilknytt naturfag. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av dette vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk: Byte takstein over inngangsparti, oppussing vaktmesterkontor, gong og scene. Utbetre/forsterke veggargutetoalett grunna hærverk. Skifte 1-lags vindauge mot nord samt vindauge i musikkrom. Skifte ein del skada kledning, maling av trekledning og del av murfasadar. Byte ein del golvbelegg. Maling av ein del vegg innomhus samt byte av ein del dørar innomhus og hovudinngangsdør</i> ○ <i>VVS: Montere ventilasjonsanlegg i musikkrom</i> ○ <i>Elektro: Skjerming/oppgradering av EL-tavler. Oppgradere straumkursar til pc-lading . Skifte EL-omnar i bibliotek. Fleire utelampar ved inngangsparti</i> • Frå dokumentet «Utført vedlikehaldsarbeid barnehagar og skular 2023, finn vi at følgjande er utbetra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Skifta vindu i musikkrom og skifta ein del skada kledning. Maling av fasader der det var behov (ca halve bygget), utskifting av hovedinngangsdør. Oppgradert straumkursar til pc-lading, skifta omnar i bibliotek og skifta ein del utelampar.</i> 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulevegen vert opplevd som utrygg, og parkeringssituasjonen verkar uoversiktleg og krev tilsyn av både barneskule og ungdomsskule morgon og ettermiddag. Mange barn har krav på skyss, og ein god del barn på barneskulen like ved, vert køyrde i privatbil. Vi har fått følgjande oversikt frå skulen: <ul style="list-style-type: none"> ○ 79 elevar med krav på skuleskyss grunna avstand ○ 10 elevar krav på skuleskyss grunna farleg skuleveg, 8 nyttar skyssen ○ Lengste skuleveg: 21,7 km (Romarheimsneset) ○ 3 elevar går til fots, to har krav på skyss ○ Ingen elevar sykklar ○ Få elevar på ungdomstrinnet vert køyrde av foreldre • Det er varelevering på skuleplassen 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg:</p> <p>Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har noko bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider og ved behov. Men det er likevel ikkje mange ulike aktørar som nyttar skulen. Anlegget 	

<p>nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<p>har nok kapasitet, og dei som ynskjer, får plass. Areal vert av skulen vurdert som greitt eigna til føremåla, men musikkrommet manglar som sagt ventilasjon, og det er stundom krevjande med parkering og trafikktryggleik ettermiddagane.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen melder om følgjande bruk som nærmiljøanlegg: <ul style="list-style-type: none"> ○ Skulekorpset nyttar musikkrom og klasserom både til øvingar i veka og helgeøvingar. ○ Eit par gonger i året låner lokale lag og foreiningar eit rom til møte. ○ Skulen sine utval har møter på kveldstid 6 - 10 gonger i året. ○ Klassekontaktar låner rom til klasse-/foreldretreff nokre gonger i året. ○ Ein til to gonger i året arrangerer grupper av elevar/foreldre ball for skulen sine elevar, og det vert òg av og til organisert treff for barneskuleelevar i skulen sine lokale. ○ Skulen har bruk av bygget til andre kveldsarrangement 4-8 gongar i året. ○ Rom som ofte er i bruk, er musikkrom, mat og helse, bibliotek, og innimellom klasserom. • Det er ei bra løysing at musikkrommet litt tett på inngangsparti og hall, med tilgang til toalett, men avstand til kjøkenfunksjon trekker ned. • Ute nyttar idrettslaget fotballbana gjennom heile året. Idrettsbygget vert også nytta, men skulen har ikkje oversikt over denne bruken. • Anlegget vert halde i hevd av brukarane, og det er lite hærverk til vanleg. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har seks klasserom i bruk i dag, to i ein korridor på plan 1 og fire langs ein korridor på plan 2. Det er få grupperom i skulen, og dei er lite tilgjengelege. Klasseromma er små, men har storleik nok til dagens elevtal. Det er likevel ikkje rom til meir enn om lag 20 elevar i kvart rom. Skulen manglar varierte rom for samhandling, som kan legge til rette for og fremje ulike læringsaktivitetar. Møblar og inventar varierer i kvalitet, alder og utsjånad, og framstår samla sett som lite funksjonelle og innbydande. Det er vanskeleg å få til inkluderande skjerming i areala; ein lyt anten vere saman i full klasse i klasserommet, eller skild frå klassen. Det manglar også transparens mellom areal, slik at ein ikkje har kontakt mellom ulike læringssoner. Læringsareala fremjar i liten grad samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet. • Løysingane for IKT er velfungerande etter dei siste oppgraderingane • Anlegget har ei eiga sone / lita avdeling for elev med større hjelpebehov: Her finst eit bad og eit lite kjøkken i, med direkte tilgang frå grupperommet til elevens klasse og inn til klasserommet. Dette medfører at klassen til den aktuelle eleven ikkje kan følgja den vanlege skulerotasjonsplanen for å byta klasserom ved dei ulike trinna. • Anlegget har ikkje eigne elevgarderobar med elevtoalett. Det er garderobe / klesoppheng i korridor, og elevar tek til dels med ytterklede i klasserom. Det er for få elevtoalett inne, og når toalett er opptekne må 	

	<p>elevane gå ut for å finne ledige toalett. Toaletta har veggjar til tak, utan innsyn og lydsmitte.</p>	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har spesialrom for mat og helse, verkstadareal for kunst og håndverk, naturfagrom, bibliotek og musikkrom/samlingssal. Det er tilgang på kroppsøvingsareal/symjehall i idrettsbygg like ved skulen. • Kunst og håndverk: Samla areal er stort, men fordelt på ulike rom og ulike etasjar. Det er sløydsal, rom for metall, lager og maskinrom på plan 1, medan tekstilrommet er på plan 3. Dette gjer det krevjande å jobbe på tvers av rom, med tilgang til ulikt utstyr og materiale. I år er 8. trinn tredelt, og lærar har dermed ikkje oversikt over alle areala der hen har ansvar for undervisninga. Sløydsalen framstår slitt/utdatert, med gammalt inventar og dårlege løysingar for lagring. Den manglar punktavsug. Eige maskinrom knytt til salen er formålstenleg. Straum til maskiner kan styrast med eigen nøkkel. • Musikkrom: Skulen nyttar sal med scene til musikkundervisning, samlingar for skulen og foreldremøte. Scena har lysrigg, sceneteppje og PA-anlegg. Det er ikkje universell tilkomst til verken scene eller hems for lydstyring. Arealet er stort nok til at ein kan arbeide variert med ulike tilnærming til musikkfaget. Rommet manglar ventilasjon, og er difor krevjande å bruke når det er mange til stades. • Naturfagrom: Skulen har eige naturfagrom med førebuingssal. Det er lagring for kjemikalier og brannfarlege vesker i eigne og merka skåp, og eige slökkjeapparat i avdelinga. Rommet har ein lærarstasjon med vatn/vask, forsøksskåp med avsug, arbeidsbenk med vaskar langs vegg og elles fleksible gruppebord. Det er lagring i transparente skåp langs vegg. Førebuingssal manglar gass-skåp. • Skulekjøken: Skulekjøkenet har elevstasjonar langs vindaugsrekka, lærarstasjon med krittavle langs andre langveggen og doble pultar til teori / spisesone i midten. Noko desentralisert lagring på elevstasjonar, og noko sentralisert i felles skåp med transparens. Tradisjonell og noko eldre innreiking. Matbod og vaskesone i eigne tilstøytande rom. Manglar digital tavle. Manglar hev-senk-arbeidsstasjon. • Biblioteket på plan 1 er stort. Det er per i dag innreia med doble pultar i bussoppsett. Det er eit lite platå i rommet, som kan eigne seg for formidling. Platået er i dag møblert med sofagruppe. Rommet har eit stort potensiale til å bli ein flott alternativ læringsarena på tvers av klassar, bygd/innreia med ulike soner for ulik aktivitet. • Inventar, møblering, utstyr og system for lagring framstår generelt sett som slitt og utdatert i spesialromma. • Det er ikkje likeverdige tilgang til sløydsal, og det manglar arbeidsstasjonar for elevar i rullestol i verkstadareal, naturfagrom og mat og helse. • Krav til tryggleik er stetta, med kvaliteten på arbeidsmiljø varierer med tanke på luftkvalitet. • Sambruken av spesialrom med barneskulen verkar ikkje godt nok avklart, og det fordrar godt samarbeid 	

	om både timeplanlegging og lagring for å lukkast godt framover.	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kontor for pedagogar er organisert med tre cellekontor kopla på kvar sine tre teamrom, til saman ni kontor plassar i ei klynge nær leiing og andre personalareal. Nokre lærarar har kontorarbeidsplass ved trinnareala, slik at heile lærargruppa ikkje er samla. • Leiinga har eigne og tenlege cellekontor. Rektor har plass til mindre møte på sitt kontor, men brukar ofte kontoret når andre har trong for møteareal. • Det er berre eitt møterom i anlegget, og dette vert også nytta av helsesjukepleiar dei dagane ho er til stades. Skulen melder om for lite møteromkapasitet. • Personalrommet har god nærleik til resten av personalareala, bra kapasitet og fin utsikt. Kjøkenkroken er innreidd som enkelt te-kjøken, med komfyr, oppvaskmaskin, benkeplate og lagring i skåp og skuffer. Den vert opplevd noko trong og upraktisk når mange har pause samstundes. • Personalgarderobane er små, men er kjønnsdelte og har god plassering i personaarealet. Det manglar HCWC for tilsette i personalsona. • Helsesjukepleiar disponerer eige møterom, men dette tar av generell møteromkapasitet i anlegget. Rommet ligg med nærleik til leiinga, men veldig tett på personalgarderobar og noko vanskeleg tilgjengeleg frå ein del av elevane sine trinnareal. • Personalareala framstår generelt sett som i akseptabel stand. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkel drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har reinholdssentral på plan 1, med tilstøytande lite lager. Noko kronglete tilkomst til heis. Det er også eit lite reinhaldsrom på plan 2, like ved heis. I 3. etasje manglar reinhaldsrom. Skulen opplever det som vanskeleg å få plass til alle reinhaldsmaskinene på reinholdssentralen. Det kjem både av lite areal, langsmalt rom og dører på tre av veggane. • Det er svært mykje areal til driftsteknikar i anlegget; med eige kontor, garasje på 45 m² og lager i tillegg. Det er likevel ikkje innvendig kobling mellom dette arealet og resten av skuleanlegget. Arealet vart ikkje besøkt under synfaringa. • Varemottak føregår i vestibyle. Skulen opplever det som lite tenleg, og at varer kan bli utsett for uhell i friminutt. • Skulen er nøgd med plasseringa av skulelageret som ligg i personalarealet. Det er også lagerplass knytt til fleire av spesialromma. Nye skuleanlegg vert sjeldan programmert med meir lagerareal enn dette, men det er stort potensiale for meir tenlege løysningar for lagring, t.d. lagring i skåp utan støvdeponi. • Skulen har fungerande søppelrom. Restavfall går i kontainer ute. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utearealet er universelt utforma, slik at det er tilkomst til ulike soner. Elevane har tilgang på volleyballbane på skuleplassen og bordtennis i leskuret, i tillegg til stor kunstgrasbane som næraste nabo til skuleanlegget. 	

samhandling	<p>Det er også ei idrettsbane mellom ungdomsskolen og barneskolen som elevane kan nytte. Området er likevel noko fattig på variasjon, soner og apparat som kan stimulere ulike grupper av elevar til læring, fysisk aktivitet, leik og rekreasjon. Sjølve skuleplassen er høvesvis liten, men med tilgrensande tilleggsareal er uteområdet stort, og høvesvis omfattande å halde oversikt over.</p>	
-------------	---	--

Ostereidet barneskule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 2003. SFO-bygget er frå 2006				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 25.04.08				
Tal bygg:	To bygg (skule + SFO)				
Kapasitet	175 elevar (med 25 elevar i kvart klasserom)				
Elevtal	95 elevar (haust 2023)				
Over-/underkapasitet	80 elevar				
Tal klassar/grupper	6				Språkdeling: Nei
SFO/UFO	27 barn				
Tilsette	Samla:	Leiling/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	18	2	10	6	

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkel drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	Skulen har bra generelle læringsareal, med fungerande klasserom og grupperom, og med god kapasitet med dagens elevtal. Det manglar eigna rom for elevar med større hjelpebehov. Fellesareal ved klasseromma har stort potensiale for samarbeid om læring, men romma er noko opne og ikkje hensiktsmessig møblerte. Gjennomgangstrafikk kan uroe ein del i fellesareala. Skulen manglar fleire spesialrom, og må nytte rom i ungdomsskulen ved sidan av. Dette er ikkje tenleg, og kan i nokon grad hindre spanande arbeid etter ny læreplan. Ein kan søke nye løysingar i SFO-bygg og i fellesareal. Det er gode garderobefasilitetar for elevane, og god kontakt mellom bygg og den delen av skuleplassen som er nærast bygget. Personalarealet ligg fint samla med vertikal nærleik til hovudinngang. Det er fleire bra kvalitetar i personalsona, men garderobane er små og det manglar HCWC. Det er ikkje trygg trafikk situasjon ved skulen, og dei fleste elevane treng buss. Varelevering og køyring til SFO på skulens område kan skape utrygge situasjonar. Det er vanskeleg å orientere seg om kvar ein skal parkere ved anlegget, og kva som er hovudinngang. Utearealet er noko lite og noko fattig på apparat, men koplinga mot natur er god. Det er også nærleik til idrettsanlegg. Anlegget er i svært liten grad nytta som nærmiljøanlegg.
Forslag til utbetringar. Lista er ikkje uttømande, men syner eit bilete av det som er kome fram i dialog med skule og på ei synfaring i anlegget.	<p>MÅ</p> <ul style="list-style-type: none"> Etablere HCWC for tilsette i personalareala Etablere eigne spesialrom på barneskulen. Eventuelt ha tettare samarbeid og svært gode rutinar for vintervedlikehald for å sikre tilkomst til spesialrom i ungdomsskulen sine areal. Etablere tryggare og meir funksjonelle løysingar for varelevering. Etablere rom / funksjonar som er eigna for elevar med større hjelpebehov. <p>BØR</p> <ul style="list-style-type: none"> Dele fellesareal i tilknytning til læringsareala i mindre soner. Det kan ein gjere med møblering, eventuelt ved å setje opp enkle lettveggar. Ventilasjonsanlegg må i så fall tilpassast. Vurder å løyse utfordringar knytt til manglande spesialrom ved i større grad å tenke sambruk av areal mellom skule og SFO. Som eit minimum etablere tett samarbeid mellom barneskule og ungdomsskule om timeplanlegging av spesialromma. Meir lagring i skåp. Etablere innvendig og utvendig skilting.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ivaretek i stor grad krav til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Ventilasjonsanlegget er i utgangspunktet fungerande, men det er likevel tilsette som melder om luftvegssymptom. Det er foldeveggar mellom klasserom, og i synfaringa melder dei tilsette at dei har bra lydisolering. Foldeveggane opnar for fleksibilitet, men er i praksis alltid stengde. • Det er elevgarderobar knytt til trinnareala, slik at ein kan skilje mellom rein og skitten sone i anlegget. • Skulen melder om bra lagerkapasitet. Ein kan likevel med enkle tiltak få meir system på romma, og gjerne sikre meir lagring i skåp for å unngå støvdeponi. • Anlegget fremjar på bra vis trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Anlegget er bra oversiktleg og fritt for mobbesoner. Det er store fellesareal knytt til klasseromma. Dette er samstundes noko trafikk- og gjennomgangsareal, som kan vere krevjande med tanke på ro og oversikt. • Anlegget er universelt utforma, med tilgang til læringsareal og sentrale elevfunksjonar på plan 1. Det er lett tilkomst til personalareal i 2. etg via trapp og likeverdig plassering av heis rett ved. Anlegget manglar innvendig og utvendig skilting, og det er vanskeleg å vite kvar ein skal køyre for å finne parkering, og kvar hovudinngangen til skulen er. Mykje transparens innvendig gjer skulen bra orienterbar. Det er HCWC tilknyta elevgarderobane, men ikkje HCWC for tilsette i personalgarderobane. Det er enkel flyt mellom uteareal og elevareal som alle er plassert på plan 1, og utearealet er lett framkomeleg for rullestolbrukarar på nivået som ligg nærast skulen. Tilkomst til ballbane og læringsareal i idrettsbygg og u.trinn fordrar godt vintervedlikehald og bruk av veg som er likeverdig og tenleg for alle elevane. • Anlegget er oversiktleg, med god nærleik mellom funksjonar, ein del transparens og god kontakt mellom ute- og inneareal. Det kan likevel vere ei utfordring for flyt og logistikk at samlingsrom/bibliotek og aktivitetsrom med scene også er trafikkareal. Dette kan samstundes vere fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Aktivitetsrommet har plass til 120 personar. Ein kan gå tørrskodd mellom funksjonar i anlegget, med unntak av at SFO er i eige bygg og til spesialrom i ungdomsskulebygget. • Anlegget legg i mindre grad til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling. Ein opplever utfordringar med varelevering ved at bil ryggar opp bakke og inn på 	

	<p>skuleplass. Føresette som kører barn til SFO kører heilt opp til anlegget, og det er få parkeringsplassar i området nærast skulen. Post vert levert til ungdomsskulen, og må hentast der.</p>	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bygningsmassen framstår som i høvesvis bra stand, forutan normal bruksslitasje, eksempelvis slitasje på veggjar, golvbelegg, dørstokkar og takplater • Det er meldt behov om lydisolering og akustiske tiltak på SFO-bygget • Skulen melder om utfordringar med jordfeil i elektrisk anlegg. • Datainfrastrukturen har mest truleg ei avgrensa levetid att (Skulen viser til vurdering av IKT Nordhordland). • • Frå kunnskapsgrunlaget hentar vi skildring av dette vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Bygningsteknisk: Byte øydelagt trekledning samt flikkmaling. Byte knuste glas i ytterdørrar, skifte himlingsplatar i gangareal, maling veggjar innomhus, reparasjon golvbelegg. Skifte ein trekledning på SFO samt maling utomhus heile bygget. Byte 2-3 ytterdørrar samt eldre vindauge på SFO, oppussing vaskerom samt byte ein del golvbelegg i SFO</i> ○ <i>Elektro: Byte innvendig belysning i SFO</i> • Frå dokumentet «Utført vedlikehaldsarbeid barnehagar og skular 2023, finn vi at følgjande er utbetra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Utførte arbeider:</i> ○ <i>Skifta ein del trekledning og malt SFO bygget. Skifta nokre vindu på SFO</i> 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Dei fleste elevane ved skulen har rett til skuleskyss grunna lang og / eller farleg skuleveg. Følgjande tal er opplyst frå skulen: <ul style="list-style-type: none"> ○ 58 elevar har skuleskyss grunna avstand ○ 33 elevar har skuleskyss grunna trafikkfarleg veg ○ Dei som har lengst skuleveg, bur 21 km frå skulen ○ Berre to elevar har godkjent «trygg skuleveg», men fleire enn dette går til skulen i dag. ○ Ein sykklar (men har krav på skyss grunna farleg veg) ○ Ingen elevar vert kørde til skulen, men det er likevel køring av elevar til SFO • Det er uklart kvar ein skal køyre og parkere når ein kjem til området ved ungdomsskulen, og parkeringsplassen ved idrettsbygget er eit stykke frå skulen. Det er ikkje enkelt å vite kva som er rette vegen å gå frå parkeringsplass til anlegget. • Det er utfordrande at mange elevar (barneskulen + ungdomsskulen) ventar på bussen samstundes • Ein del foreldre hentar og levèrer borna enkelte dagar, men dette er elevar som har rett på skyss kvar dag. • Varelevering skjer med bil som ryggar opp bakke. Dette oppleves utrygt av skulen. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg:</p> <p>Anlegget har god plassering,</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er lite i bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne. Det har god kapasitet, og dei som ynskjer, får 	

<p>kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<p>plass og tildelte tider. Skulen oppgjev plasseringa som årsak til lite bruk, og at ungdomsskulen og idrettsareal i området har betre plassering og er meir nytta.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulekorpset nyttar eitt rom, ein dag i veka. • Det er noko køyring og spinning på grusbane ettermiddag/kveld og helg, elles er det lite hærverk • Samla sett gjev barneskule og tilgrensande ungdomsskule og idrettsfunksjonar, eit godt tilbod som nærmiljøanlegg dersom ein greier å koordinere bruk og utlån 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane har bra generelle læringsareal (klasserom og grupperom) som fremjar læring og trivsel. Tilgangen på felles læringsareal tilknytta klasseromma er god, men litt lite varierte. Fellesareala har potensiale for meir inndeling med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar. Skulen opplever at fellesareala i mange tilfelle er for store slik dei er no, og at ein del elevar vert urolege og uroa av andre. • Det er god kapasitet i dei generelle læringsareala. Det er likevel litt lite høve til inkluderande skjerming pga store, opne fellesrom og fordi nokre grupperom i for stor grad kan vere eksponerte gjennom glasveggar. • Læringsareala fremjar samarbeid om undervisning i profesjonsfellesskapet, og er eigna for arbeid på tvers av trinn. • Løysingane for IKT er velfungerande. • Anlegget har ikkje eigna rom for elevar med større hjelpebehov: Hev/senk stallebord, HCWC, dusj og takheis. • Anlegget har elevgarderobar og elevtoalett med gode kvalitetar, funksjonalitet og kapasitet. To og to klassar deler garderobe. Det er god flyt mellom ute- og inneareal via garderobe. Det er enkelt tilgang til nok elevtoalett, og elevtoaletta har vegg til tak, utan innsyn og lydsmitte. Det er to toalett pluss HCWC i kvar garderobe 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har ikkje spesialrom i kunst og håndverk, og må anten nytte klasserom eller rom i ungdomsskulen. Dette er krevjande, også fordi ungdomsskulen legg sin timeplan fyrst. Det er eit lite lager til noko formingsmateriale • Skulen har ikkje eige skulekjøken, men låner rom til mat og helse på ungdomsskulen. Også her er ein prisgjeven ungdomsskulen sin timeplan. Det er tekjøken knytt til fellesareal i skulen, men dette er ikkje god nok løysing for praktisk undervisning i mat og helse • Skulen manglar undervisningsrom for naturfag/realfag/teknologi og design • Skulen har ikkje eige musikkrom. Ein nyttar i nokon grad aktivitetsrommet, men dette er lite eigna fordi det er gjennomgangstrafikk, dårleg lagring, lydsmitte og ikkje tilpassa akustikk • Skulen har ikkje eigen gymsal, men nyttar idrettsbygget om lag 300 meter frå anlegget. Dette fungerer stort sett bra, men det er eit sagn å ikkje ha tilgang for eksempel i friminutt. • Det er bra tilgang til 12 m symjebasseng i idrettsbygget på nabotomta. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har stort bibliotek/samlingsrom som også er trafikkareal med tilkomst direkte frå fleire klasserom. Manglande soner / innreiing gjer det krevjande å nytte rommet til undervisning i grupper/klasse utan å verte uroa. • SFO er i eige bygg. Her har også kulturskulen rom. SFO har høvesvis mange rom og godt med plass. Det er eit potensiale til sambruk av areal med skule, for å løyse utfordringane med manglande spesialrom ved skulen. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalarealet er samla i 2. etasje, med enkel tilkomst frå hovudinngang via trapp eller heis. • Skulen har to teamrom for lærarar/tilsette, kvart av dei som bindeledd mellom seks cellekontor. Kvart cellekontor er på om lag 8 m², og har berre plass til ein pedagog. Nokre av kontora vert delt av to fagarbeidarar. Maksimal pedagogkapasitet ut frå kontor plassar er 12, men då vil det ikkje vere eigen kontor plass til fagarbeidarar/assistentar med dagens løysing. • Skulen opplyser at personalrommet er tilfredsstillande. Rommet har tenleg løysning for enkel tilrettelegging / laging av mat. Det vert også brukt til møterom. • Tilknytta personalavdelinga er det ein uteterrasse som vert nytta ved høve. • Rektor har eit høvesvis stort kontor, også med plass til mindre møte. • Helsesjukepleiar har eige rom på plan 1. Dette vert også nytta som møterom. Skulen har ikkje eigne møterom i tillegg til dette – då lyt ein i ein større romkabal omdisponere andre rom, t.d. grupperom i SFO-bygget. Dette er ikkje tenleg med tanke på større møter. Skulen har ikkje gode lokale til andre støttetjenester, og må tenke sambruk av t.d. kontor for helsesjukepleiar • Det er lager og arkiv i personalsona • Skulen har to svært små personalgarderobar, kvar av dei med toalett og dusj. Det manglar HCWC for tilsette i anlegget. Garderobane har tenleg plassering nær trapp/heis i 2. etg. • Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har bra kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. Men kapasitet på viktige areal som møterom og personalgarderobar er liten, og det manglar HCWC. Det vil vere mogeleg å gjere om teamrom og cellekontor til kontorlandskap dersom behov for fleire lærararbeidsplassar. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er reinhaldsrom ved hovudinngang i 1. etg, og bøttekott på plan 2. Romma er små, og det er ikkje lett å få plass til større reinhaldsmaskiner, eventuelt reinhaldsrobotar for framtidig reinhald. • Vaktmeister har eige kontor, med tenleg plassering nær hovudinngang og varelevering • Skulen melder sjølv om bra lagerplass, og har lagerrom til kjøll, til bøker, til papir og til formingsartiklar. Her er potensiale til betre system og meir lagring opp frå golv. Noko lagring opp frå golv. Noko lagring opp frå golv. 	

	<p>på tekniske rom, noko som ikkje er ønskeleg.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ordning for varelevering er ikkje hensiktsmessig, og føregår ved at bil ryggar inn på skuleplass 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utearealet rundt skulebygget er høvesvis lite. Fotballbana er ikkje kopla på anlegget, og avstand samt grusoverflate kan dempe bruk. Området har nokre leikeapparat og soner, men inspirerer likevel i mindre grad til variert leik, samhandling og læring • Uteområdet er oversiktleg og fint kopla på naturareal som er ein god ressurs for skulen. Skuleplassen er universelt utforma og fremjar slik sett inkludering. • Situasjonen knytt til varelevering og køyring til SFO gjer utearealet mindre trygt 	

Eikanger skule



Byggjeår og seinare endringar	Skulebygget vart bygd i 1953 og fekk små tilbygg i 1991 og 1996. Skulebygget inneheld i dag administrasjon og personalfunksjonar, spesialrom og SFO. I 2012 fekk skulen ein mellombels paviljong, som vart utvida med ein ny etasje i 2019. Alle elevane har no «basane» sine i paviljongen.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 02.10.19				
Tal bygg:	To bygg; skulebygg og paviljong (leige)				
Kapasitet	100 elevar				
Elevtal	75				
Over-/underkapasitet	25 elevar				
Tal klassar/grupper	5 grupper		Språkdeling: Nei		
SFO/UFO	27 barn				
Tilsette	Samla: 16	Leiing/adm: 1+1	Pedagogar: 7	Ped.medarb. 7	Andre: 0

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Arealane har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og innklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Skulen er i dag fordelt på 2 bygg. Skulebygget inneheld administrasjon, personalfunksjonar, spesialrom og SFO, medan ein mellombels paviljong inneheld dei generelle læringsareala. Begge bygga har 2 etasjar. Det er ikkje noko fysisk kopling mellom bygga og inngangane ligg eit stykke frå kvarandre. Dette inneber mykje trafikk av elevar og tilsette fram og tilbake i løpet av skuledagen, noko som opplevast uheldig. Paviljongen er i god stand og dei generelle læringsareala til elevane er gode. Skulen er 5-delt og har 5 klasserom og 4 grupperom. Elevgarderobar og elevtoalett i paviljongen er bra og her er det og god elevflyt med 2 vegar ut frå kvar etasje. Skulen har ikkje nok tilgang på spesialiserte læringsareal. Romma til kunst & handverk, bibliotek og til dels skulekjøkenet, er dei einaste som kan seiast og vere brukande, men inventar og utstyr på k & h-rommet er modent for utskifting. Skulen har ikkje musikkrom eller naturfagrom og gymnastikksalen er svært liten (90 m²) og låg under taket. Garderobetilhøva er dårlege og her finst heller ikkje utstysrom eller scene. Dei eldste elevane nyttar gymsalen på Østereidet nå andre elevar har symjeundervisning. Skulen har ikkje eit eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov, men kan eventuelt etablere dette i eitt av grupperomma i paviljongen. I paviljongen er det heis og HCWC. Personalareala er ikkje optimale med tanke på akustikk, lydsmitte og innklima. Lærararbeidsplassane, personalrommet og rektor sitt kontor fungerer bra. Om ein ser vekk i får reinhaldsrommet i paviljongen har skulen dårlege eller manglande driftsfunksjonar. Skulen har eit relativt stort, fint og trygt uteområde. Innhaldet på uteområdet er bra og soneinndelinga er god, men det er lite eller ingen kontakt eller samanheng mellom areala inne og ute. Grasbakken på nedsida av begge bygga kunne vore betre utnytta. Skulen er mykje brukt som nærmiljøanlegg. Paviljongen og gymnastikksalen vert mest brukt. Trafikksituasjonen ved skuleanlegget er stort sett god, men parkeringsplassen er litt liten.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulebygget treng omfattande generell oppgradering av slitte overflatar inne og ute, belysning og elektriske omnar, samt tilrettelegging for universell utforming (m.a. heis og HCWC), nye elevtoalett (inne!), • Skulen treng større gymnastikksal med gode garderobar og utstysrom (og helst scene) • Skulen treng rom som kan brukast til musikk og naturfag (evt. i sambruk med andre funksjonar) • Rom til kunst & handverk må oppgraderast • Legge til rette for bruk av eitt rom til elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov • Merkantilfunksjon eller skrivar treng nytt rom (er på same rom i dag) • Kontoret til støttenester må lydisolerast. • Skulebygget treng betre rom/plass for reinhaldarane • Skulen treng rom til vaktmeister og meir plass til lagring • Utebelysning bak skulen må betrast. • Det er trong for solskjerming på fleire rom. <p>BØR:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen burde hatt eitt eige møterom (i tillegg til bruk av rektorkontor, personalrom og grupperom) • Personalgarderobane burde ha vore litt større • Det skulle vore litt fleire uteaktivitetar for dei eldste elevane og fleire benkar og bord. • Grasbakken nedanfor bygga skulle vore tilrettelagt for fleire aktivitetar (ligg nær klasseromma).

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget tek til ein viss grad i vare krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Skulebygget har god luftkvalitet, men det er for kaldt. I paviljongen har det vore store problem og meldte avvik med ventilasjonen, spesielt i 2. etasje, men dette skal no vere ordna. Det er ikkje registrert helseplagar eller sjukemeldingar grunna inneklimate på skulen. Skulen melder og at det er litt lytt mellom to rom i 2. etasje i paviljongen. Det er solskjerming på mange vindauge, men ikkje alle. Det burde m.a. vore blendingsgardiner i gymnastikksalen. I paviljongen er det lett å halde det reint. Her er det og gode tilhøve for reinhaldarane. I skulebygget er reinhaldet vanskelegare, utan heis og med kun eit lite reinhaldsrom. Her er det og mange gamle og slitte overflatar, samt dårleg skilje mellom skitten sone og rein sone (garderobe i gangane). Skulen er ikkje nøgd med reinhaldet av rom, golv og pultar. Dette har vore tatt opp med kommunen fleire gongar utan at det vert betre. Anlegget fremjar i stor grad eit trygt og godt skulemiljø, og legg til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Anlegget er ganske kompakt og oversiktleg, og fritt for mobbesonar. Tilbod og variasjon i areal, utstyr og apparat er ganske bra, men områda på baksida av skulebygget kunne ha vore utnytta betre, mellom anna til meir leik for dei eldste elevane. Paviljongen er universelt utforma, mens det står dårlegare til i skulebygget. Skulebygget har rampe ved inngangane, men manglar heis. Om ein skal til gymnastikksalen må ein ut og rundt bygget. Ingen av bygga har skilting. Ute er det universelt tilgjengeleg til det meste. Det er HCWC i paviljongen, men ikkje i skulebygget. Det er tungvint med to bygg og ikkje god flyt og logistikk i anlegget. Elevane må byte bygg når dei skal frå klasserom til spesialrom – og lærarane har alle arbeidsplassane i det eine bygget, medan klasseromma ligg i det andre. Det er og manglande samanheng mellom dei generelle læringsareala i paviljongen og dei ulike leikeområda ute. Anlegget har gymnastikksalen som eit fellesareal som fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. Sjølv om gymsalen er relativt liten har den plass til alle elevar og tilsette. Anlegget legg til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på skuleveg, parkering, skilje harde og mjuke trafikkantar, varelevering, søppelhandtering og skuleveg. Elevane nyttar ikkje alltid skulevegen (rundt vågen) og det er litt få parkeringsplassar ved skulen, men stort sett er trafikksituasjonen ved skulen bra. 	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved</p>	<ul style="list-style-type: none"> Sjølv skulebygget er i relativt bra stand til å vere så gammalt, men det har behov for oppgradering for å tilfredsstille dagens krav. Bygget har mange slitte 	

<p>like.</p>	<p>overflatar både inne og utvendig. Omnar og lys er og gamle.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Paviljongen er i god stand. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for skulebygget dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ <u>Bygningsteknisk</u>: Utbetring av utvendig trapp, byte råteskada kledning samt maling av bygg, byte taktekking, maling innomhus, byte golvbelegg i store delar av bygget. ○ Elektro: Byte store delar av belysning samt delar av elektriske omnar • Basert på konkrete manglar som var synlege ved synfaringa eller som skulen sjølv har peika på, kan lista over gjerast lengre: <ul style="list-style-type: none"> ○ Ventilasjonen i paviljongen er ikkje god nok (men dette skal ha blitt ordna i ettertid) ○ Det er dårleg med utelys bak skulen. • Skulen er svært nøgd med vaktmeisteren dei har. Vaktmeisteren er med på vernerundar og følgjer opp. 	
<p>Skuleveg: Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Den generelle trafikksituasjonen og levere/hentesituasjonen ved skulen er stort sett god, men den nye parkeringsplassen er litt liten. Dette gjer at enkelte føresette parkerer i private vegar, som dei sjølv sagt ikkje bør gjere. • Det er trygt for dei elevane som kan gå eller sykle, men det er litt smal veg frå byggefeltet opp til skulen, og skulen ser at elevane ikkje nyttar den trygge skulevegen (gamlevegen rundt vågen). • Det er få av elevane som går eller sykklar til skulen dagleg, mens opp mot 40 vert køyrde i privatbil. • I underkant av 10 elevar har krav på skuleskyss på grunn av avstand og 30 har vedtak knytt til trafikkfarleg veg. Rundt regna 40 elevar får difor skuleskyss (taxi til og frå skulen) • Elevane som har lengst veg har 3,8 km reiseveg til skulen. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg: Anlegget har god plassering, kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er mykje i bruk på fritida som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider og ved behov. Det er god kapasitet, og dei som ynskjer, får plass og tildelte tider. • Skulebygget er eigna som nærmiljøanlegg. Det ligg sentralt i bygda, og det er god plass til å gjennomføre ulike arrangement. Det vert opplyst at det er mykje bursdagsbesøk, samt at ulike lag og organisasjonar har aktivitetar både for born og ungdom på skulen. Det er stort sett 1. etasje i paviljongen og gymsalen som vert nytta «på fritida». • Det er både organisert og uorganiserte aktivitetar på uteområdet til skulen. Vinterkarusellen til Eikanger IL nyttar skuleplassen 1 gong kvar månad, men elevar og born nyttar stort sett skuleplassen til leik og moro dagleg frå 16.30 og utover. Det opplevast å være noko 	

	<p>for alle og det er trygt å leike ute. Det er både fotballbane, klatretårn, bordtennisbord, dissestativ osv.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det hadde vore kjekt å hatt nokre fleire tilbud til dei eldste elevane. Det manglar og ballnettet som skal hindre at ballen blir sparka ned i dalen. (Dette skulle bli fiksa då det vart laga ny parkeringsplass og rundkøyring for 1,5 år sidan) • Det har vore lite hærverk på skulen dei siste åra. Tidlegare har skulen hatt problem med både alkohol, tobakk, øydelagde planter og «børning» på skuleplassen, men ny bom har hjelpt. • Andre nærmiljøanlegg i bygda: Det gamle bedehuset, som no er motorsykelklubb, kan og leigast. 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen er i år 5 delt. Elevar i 2 og 3. klasse er saman i ein klasse og det er og elevane i 5. og 6. klasse. • Alle elevane ved skulen har klasseromma sine i paviljongen. Her er det 4 klasserom på 45-57 m2 og eit stort rom på 86 m2, som og innreia og vert brukt til mat & helse. I paviljongen er det og 4 grupperom. • SFO disponerer 2 tidlegare klasserom i skulebygget. Desse romma kan brukast som klasserom om skulen vert fulldelt, men det vil krevje ei oppgradering av romma, nytt inventar og ei betre garderobeløysing. • Romma i paviljongen har god kvalitet som fremjar læring og trivsel. Moglegheit for å etablere varierte læringsareal, med soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar er god. Møblar og inventar er tenleg og med god kvalitet og tilstand. • Skulen sjølv understrekar at det at skulen har store fine klasserom fremjar god og variert undervisning. Det kan ofte vere fleire klassar saman i undervisninga, elevane kan ha mykje praktisk læring og gode timar. • Løysingane for IKT er velfungerande. Det er god kapasitet i dei generelle læringsareala. Det er formålstenleg balanse mellom skjerming og transparens. • Skulen har ikkje eit eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov, men kan eventuelt etablere dette i eitt av grupperomma i paviljongen. I paviljongen er det og HCWC. • Elevgarderobar og elevtoalett i paviljongen er bra og her er det og god elevflyt med 2 vegar ut frå kvar etasje. • I skulebygget er det ikkje elevtoalett inne. Her er det toalett i skuret utanfor den eine inngongen. Desse toaletta tilfredstillar ikkje dagens krav og bør oppgraderast. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har ikkje nok tilgang på tilfredsstillande spesialrom. Romma til kunst & handverk, bibliotek og til dels skulekjøkenet, er dei einaste som kan seiast og vere tilfredsstillande og ha nok kapasitet. • Alle spesialrom ligg i skulebygget. Elevane må difor ut av paviljongen med klasseromma for å nytte spesialrom. Det er ikkje arbeidsstasjon for elevar i rullestol i nokon av spesialromma. Trappa mellom etasjane i skulebygget er smal, og det er ikkje heis. • Organisering: I kunst & handverk er 5.-7. klasse 	

	<p>saman, det same gjeld i gymnastikk, naturfag, samfunnsfag og Krle.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulen har eit brukbart rom til kunst & handverk. Rommet er velbrukt og bra utstyrt, men mykje av inventaret er modent for utskifting. • Eit tidlegare klasserom i skulebygget er brukt til bibliotek. Rommet har grei tilstand men solskjerming saknast. SFO nyttar og rommet og har mykje utstyr i skap. Utstyr til naturfag er og lagra i skap i rommet, men rommet er ikkje eigna til undervisning i naturfag. • Skulekjøkenet ligg ved sida av biblioteket og vert og nytta av SFO. Innreiinga er plassert langs vegg og det er ikkje plass til så mange elevar på kvar gruppe. • Skulen har ikkje eige musikkrom. • Gymnastikksalen til skulen er svært liten (knappt 90 m2) og den er og svært låg under taket. Garderobetilhøva er dårlege og det finst ikkje utstyrsrom eller scene. Det er berre dei yngste elevane som nyttar gymsalen. Dei eldste elevane nyttar gymsalen på Ostereidet samstundes som andre elevar har symjeundervisning der. • Elevane ved skulen får symjeundervisning på Ostereidet. Alle elevane har symjing ca. 7 gongar kvart år, men enkelte år får nokre klassar litt fleire gongar. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areal ligg på plan 1 i skulebygget. Dei er ikkje optimale med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima. Nye gardiner eller anna solskjerming er sakna på kontora. • Lærararbeidsplassane er samla på to arbeidsrom som er funksjonelle og store nok etter forskrift. Arbeidsplassane vart oppgraderte og oppussa for 3-4 år sidan og er bra. • Det er eit eige rom med kontorarbeidsplassar til SFO og assistentar. • Skulen har ikkje noko skikkeleg møterom bortsett frå personalrommet. • Rektor har eit funksjonelt kontor med møtebord og tenleg plassering i anlegget. Merkantilfunksjonen har kontor i same rom som skulen sin skrivar. • Personalrommet har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Det er tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / laging av mat. Rommet har ikkje solskjerming/gardiner. • Skulen har to små personalgarderobar med toalettrom i nærleiken. • Støttetenester som helsesjukepleiar og PPT, deler eit lite kontor i skulebygget. Kontoret er ikkje godt lydisolert. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Paviljongen er tilfredsstillande utstyrt med vaskerom og bøttekott, medan situasjonen i skulebygget ikkje er tilfredsstillande. I skulebygget er det eit lite vaskerom utan plass til maskinar. Her står maskinar på lading i korridor og vert lagra under trapp. • Skulen har 2 lagerrom i underetasjen i hovudbygget og eit arkivrom i hovudetasjen. Konteinar ved paviljongen 	

	<p>vert og nytta til lagring.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sjøppelcontenarane står ved parkeringsplassen og vert tømt der. • Varebilar stoppar ved bommen inn til skuleplassen. Ingen store bilar køyrer inn på plassen. • Skulen har ikkje eige rom eller eigen plass til varemottak. • Skulen har ikkje rom til vaktmeister. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har eit relativt stort, fint og trygt uteområde både på framsida og baksida av skulebygget. Elevane bruker heile området og boltrar seg fritt. • Innhaldet på uteområdet er samla sett bra, men det kunne vore eit litt meir tilpassa leikeområde, med til dømes sandkasse for dei aller yngste og litt fleire aktivitetar, gjerne ein ballbinge eller hinderløype, for dei aller eldste. • Uteområdet er inndelt i ulike soner, som gjev god oversikt og er tenleg med tanke på tilsyn. • Utearealet er universelt utforma og tilstanden på leikeapparata er god. • På framsida av skulen er det ein stor grusplass med ballvegg, fotballmål og basketballkorg, samt ein leikeplass med klatrepjramide, turnstenger og huske. Det er sett opp eit høgt nett slik at ballar ikkje kjem inn på leikeplassen. Det er og eit lite hus med leikeutstyr. • På baksida er det et leikeapparat og nokre disser, samt ein fin grasbakke som kanskje kunne vore utnytta til meir enn frileik? • Ved paviljongen er det nokre gamle benkar og bord. 	

Kløvheim skule



Byggjeår og seinare endringar	Skulen vart bygd i 1965 og fekk eit mindre tilbygg i 1996/97. Bygget har ikkje ventilasjonsanlegg.				
Godkjenning:	Godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 16.05.08				
Tal bygg:	Eitt bygg med 2 fløyar (idrettsfløy og klasserom/administrasjonsfløy)				
Kapasitet	84 elevar				
Elevtal	22				
Over-/underkapasitet	62 elevar				
Tal klassar/grupper	3 Språkdeling: Nei				
SFO/UFO	10 barn				
Tilsette	Samla: 8	Leiing/adm: 1+0	Pedagogar: 5	Ped.medarb. 2	Andre: 0

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Skuleveg	Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.	
Skulen som nærmiljøanlegg	Anlegget har god kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.	
Generelle læringsareal	Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette	
Spesielt læringsareal	Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Skulen har eit samanhengande bygg med to fløyer. Gymnastikksal med garderobar og alle elevtoaletta på skulen (inkludert eitt HCWC) ligg i den eine fløya med eigne inngangar frå utsida (under tak). Resten av skulen sine rom ligg i hovudfløya som har 2 fulle etasjar med inngangar på hovudplanet og eit halvplan lågare. Hovudfløya har trapp i begge endar. Skulen har ikkje heis og heller ikkje anna universell utforming. Skulen har ikkje ventilasjonsanlegg. Skulen har med sine 22 elevar rikeleg med generelle læringsareal. Elevane er i dag fordelt på 3 klassar som har kvart sitt store klasserom og deler på 2 grupperom. Andre rom kan og brukast som grupperom. 1. trinn delar rom med SFO. Skulen har ikkje eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov. Elevane har garderobane sine i korridor utanfor klasseromma. Skulen har ikkje nok tilgang på tilfredsstillande spesialrom. Skulekjøken og gymsal er dei einaste spesialromma som kan seiast å vere tilfredsstillande. Skulen har keramikkomn og sløydbenkar som ikkje er i bruk. Eitt av grupperomma fungerer som skulen sitt bibliotek. Skulen har ikkje rom eller utstyr til naturfag og har ikkje musikkrom. Gymnastikksalen kunne gjerne ha vore større, men den har scene, garderobar og utstysrom og fungerer godt som både skulen og bygda sitt samlings- og treningsrom. Alle personalfunksjonane til skulen er tilfredsstillande i høve til skulen sin storleik. Personalet har og innvendige toalett. Driftsfunksjonane er ikkje tilfredsstillande. Reinholdsrommet ligg ved trappa på eit halvplan under resten av skulen. Rommet er dårleg og plasseringa er lite funksjonell utan heis. Skulen har ikkje rom til vaktmeister. Lagerromma er for få og for små, men det vert ikkje betre av at skulen verkar å vere bygda sin lagringsplass. Varemottak og søppelhandtering fungerer bra. Skulen har eit stort og fint uteområde, med ballbinge, natur og ulike leikeapparat, men det er litt lite å gjere for dei eldste elevane som ikkje likar ballspel. Trafikksituasjonen ved sjølve skulebygget er god, men hovudvegen i området er ein smal veg utan vegskulder eller fortau.</p>
Forslag til utbetringar	<p>MÅ:</p> <ul style="list-style-type: none"> • installere ventilasjonsanlegg og få orden på temperaturreguleringa • installere heis og gjennomføre generell tilrettelegging for universell utforming • installere automatisk brannvarsling • etablere elevtoalett og HCWC inne i skulebygget. • skifte ein del vindaug og installere solskjerming der det er behov • skifte golvbelegg og oppgradera andre overflatar i store delar av anlegget • oppgradera reinholdsrommet • etablere rom med utstyr der elevane kan drive med praktiske aktivitetar i k & h, naturfag og musikk • sikre god nett-tilgang i bygget (er ustabil) <p>BØR:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etablere fleire tilbud ute for dei eldste elevane som ikkje likar ballspel. • Skifte ut mykje gammalt inventar • Kaste og kvitte seg med gammalt utstyr som er lagra og som tek opp lagringsplass

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget manglar mykje på å oppfylle krava til eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Skulebygget har ikkje ventilasjonsanlegg. Sjølv med svært få elevar og store klasserom fører dette til at lufta vert tung. Det luftast ofte, men ventilasjonsanlegg er sakna. Det er og ei utfordring å halde jamn temperatur i delar av bygget. Det vert fort kaldt om hausten og vinteren, og i kuldeperiodar er jamn temperatur særst utfordrande. I den nyaste delen av skulen, er temperaturen jamnare. Kvaliteten på lyskjelder og eventuell lydsmitte vart ikkje kommentert på synfaringa, men det er trong for å skifte ut nokre vindu og skulen har ikkje solskjerming. Anlegget er utfordrande å halde reint og har ikkje eit godt skilje mellom skitten sone og rein sone. Skulen har ikkje heis og reinhaldsrommet ligg på et eige plan lågare enn dei plana som alle skulen sine rom ligg på. Gymnastikksal med garderober og alle toaletta på skulen ligg med eigne inngangar frå utsida. Skulen sine golvbelegg er i dårleg stand og treng utskifting. Det har ikkje vore sjukmeldingar eller meldte helseplagar som er relatert til inneklimatematikk dei seinare åra. Det har vore meldt inn avvik knytt til ustabil temperatur i gymsal, SFO og skulekjøkenet, men dette er utbetra og avvika lukka. • Vi vil tru at skulen i utgangspunktet har eit trygt og godt skulemiljø, der det vert lagt til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. Uteområdet er stort og har varierte aktivitetstilbod, men det er lite å gjere for dei eldre elevane som ikkje er så glade i ballspel. Det er nok og lett for elevar å stikke seg bort og inne er det og mange rom som dei få elevane kan klare å gøyme seg i om dei ønskjer det. Skulen har ikkje automatisk brannvarsling. • Anlegget er ikkje universelt utforma. Det er ikkje heis i bygget. Mange av dørene er tunge å opne for dei yngste elevane. Rømmingsvegar er merka med skilt, men det er ikkje kontrastfargar i trappar o.a. Gongane er relativt breie og har vindaug ut mot skuleplassen, dette gjer at det er godt med lys i gangane. Det er to trappar frå 2. etasje. Den eine trappegangen i tilknytning til hovudinngangen er brei og har og store vindaug med mykje naturleg lys. HCWC ligg i overbygget mellom skulebygget og gymsal. • Det er korte avstandar i bygget. Lærarane sine arbeidsplassar ligg nær til kopirom og personalrom. SFO ligg i tilknytning til kjøkkenet og 1.klasse sitt klasserom. Dette gjer at dei aller yngste har færre rom å forhalda seg til. • Skulen har fleire rom, i tillegg til ein fin gymsal, der alle elevar og tilsette kan samlast. Desse romma fremjar samhald og samarbeid, internt på anlegget og mellom tenesta og nærmiljøet. • Trafikksituasjonen ved sjølve skuleanlegget er trygg og god, men eigen parkeringsplass for tilsette og bom 	

	<p>som kan opnast i samband med varelevering og søppelhenting. Hovudvegen i området er ein smal veg utan vegskulder eller fortau. Delar av vegen har heller ikkje belysning.</p>	
<p>Vedlikehaldsbehov:</p> <p>Anlegget er godt halde ved like.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ber preg av at det har vore brukt i ein del år, men framstår likevel i relativt god stand. Lågt elevantal bidreg nok til mindre slitasje og bygda tek vare på skulen. • Anlegget manglar ventilasjonsanlegg, som då må erstattast med lufting. • Temperaturreguleringa fungerer dårleg. • Det er ein del vedlikehald som må gjerast med bygningsmassen, men vedlikehald på uteområdet og leikeplassutstyret ser tilfredsstillande ut. • Frå kunnskapsgrunnlaget hentar vi skildring av vedlikehaldsbehovet for dei neste 5-10 åra: <ul style="list-style-type: none"> ○ Bygningsteknisk: Skifte takstein på tilbygg, Skifte ein del trekledning, maling utvendig trekledning og vindauge, skifte vindauge i gymsal og i trappeoppgang mot sør-vest, utbetring murfasade mot sør-vest, sliping og lakking av golv i gymsal, skifte golvbelegg i delar av bygget. Skifte ein del dørar innomhus ○ VVS: Utbetre ventilasjon vaskerom • Basert på konkrete manglar som var synlege ved synfaring eller som skulen sjølv har peika på, kan lista over gjerast litt lengre: <ul style="list-style-type: none"> ○ Skifte vindauge og fikse tak på vaskerom ○ Oppgradera golvbelegg i alle rom. ○ Om skulen får mange fleire elevar må nok ventilasjonsanlegg installerast.. 	
<p>Skuleveg:</p> <p>Det er trygg skuleveg til anlegget. Dei fleste elevane kan gå eller sykle til skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Trafikksituasjonen ved sjølve skuleanlegget er trygg og god, men hovudvegen i området er ein smal veg utan vegskulder eller fortau. Delar av vegen har heller ikkje belysning. Elevar som vert køyrt til eller frå skulen, vert sett av på ein grusplass på ein mindre trafikkert sideveg nedanfor skulen. Vegen opp til skuleplassen er avstengt med bom. Dei tilsette har eigen parkeringsplass nedanfor skulen. Ved levering av skulemjølk, tømning av buss, brøyting av skuleplassen vinterstid, eller varelevering, er det mogleg å opne bommen og køyre opp til skulen. • Om lag halvparten av elevane går eller sykklar til skulen dagleg og nesten like mange vert køyrde i privatbil. • I inneverande skuleår er det berre 4 elevar som har krav på skuleskyss på grunn av farleg skuleveg eller avstand. • Elevane som har lengst veg har berre om lag 3,5 km reiseveg til skulen. 	
<p>Skulen som nærmiljøanlegg:</p> <p>Anlegget har god plassering,</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Målt etter storleiken på kretsen er skulen mykje i bruk som nærmiljøanlegg, både ute og inne, til faste tider 	

<p>kapasitet og funksjonalitet som nærmiljøanlegg, både inne og utandørs.</p>	<p>og ved behov. Anlegget har god kapasitet, og dei som ynskjer, får stort sett plass og tildelte tider.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anlegget vert halde i hevd av brukarane, og det er lite/ingen hærverk. Kløvheimbygda er gode på dugnad og har gjort fleire utbøringar rundt skulen på eige initiativ. Dei har mala ballbingen, rydda skog, mala klasserom ol. • Anlegget er funksjonelt som nærmiljøanlegg, med gode rom og funksjonar som fremjar sosial berekraft, kultur og idrett. Uteområdet består av ballbinge, stor grusplass med fotballmål, sandkasse, dissestativ, rutsjebane med tilhøyrande klatreapparat, grusløype rundt plassen, med klatreapparat. Det er også eit dissestativ og eit leikehus på framsida av skulen, men skulen saknar aktivitetar tilpassa dei eldste elevane som ikkje vil spele fotball. • Skulen melder om følgjande nærmiljøbruk per no: <ul style="list-style-type: none"> a. Kløvheim skulemusikk nyttar gymsal og SFO-rom til øving i vekedagar og til helgesamlingar. b. Kløvheim naturbarnehage nyttar gymsal ein gang i veka, samt i haustferie og i vinterferiar. c. Gymsal vert ofte nytta til private arrangement som t.d bursdagsfeiring ol. d. FAU nyttar SFO-rom og skulekjøkken til spelekveldar, FAU-møter og andre arrangement. e. Småbarnstrim og Kløvheimtrim nyttar begge gymsalen ein gang i veka. f. Bygdelaget –nyttar skuleområdet til refleksaksjon kvar haust og sykkeldag kvar vår. g. Ballbingen vert nytta dagleg etter skuletid av elevar og føresette. h. Barnehagen nyttar gjerne uteområdet i feriar når skulen ikkje er open. • Andre nærmiljøanlegg i bygda: Ungdomshuset, Pinsekyrkjelyden EbenEser sitt lokale og Kløvheim Naturbarnehage (det er usikkert om dei to siste vert leigd ut). 	
<p>Generelle læringsareal: Generelle læringsareal fremjar variert læring og god trivsel med samarbeid mellom elevar og tilsette</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har rikeleg med generelle læringsareal og moglegheitene for å kunne dele inn i ulike soner for stille arbeid, samarbeid, praktisk aktivitet og presentasjonar er god. Det er kort avstand og lett for elevane å bevege seg mellom ulike rom. • Dei 22 elevane er i inneverande skuleår fordelt på 3 klassar; 1.trinn, 2-4 trinn og 5-7. trinn. Kvar av desse klassane har eitt stort klasserom på om lag 60 m2 og deler på 2 grupperom. Andre av skulen sine rom, mellom anna bibliotek og skulehelsetenesta sitt rom, kan og brukast som grupperom. 1. trinn deler rom med SFO i første etasje. Elevane på 2-7 trinn har sine rom i 2. etasje. • Mykje av inventaret begynnar å bli slitt og har trong for oppgradering. Det er smarttavler i alle klasserom, men tavlene har og behov for oppgradering. • Skulen har ikkje eit eige rom for elevar med større samansette vanskar og hjelpebehov, men har HCWC med utvendig tilkomst. Ei slik plassering av HCWC er ikkje tilfredsstillande. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane har garderobe plass i korridor utanfor klasseromma sine. Noko som fungerer greitt så lenge elevtalet er lågt. Det er utgangar i begge endar av korridoren i 1. etasje og 2 trappar frå 2. etasje og ned. • Det er ikkje elevtoalett inne i bygget, men i overbygget mellom skulebygget og gymsal. Utvendig tilkomst til elevtoaletta er ikkje tilfredsstillande. Det er nok toalett i høve til skulen sin kapasitet, men toalettromma er utdaterte med båsar og spanskveggar. Her er det både lydsmitte og moglegheit for innsyn. 	
<p>Spesielt læringsareal: Spesialromma har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har ikkje nok tilgang på tilfredsstillande spesialrom. Skulekjøken og gymsal er dei einaste spesialromma som kan seiast å vere tilfredsstillande. • I alle praktisk-estetiske fag er elevgruppa på 22 elevar delt i 1.-4.klasse og 5.-7.klasse. • Skulen har eit rom til kunst & handverk med keramikkomn. Omnen er ikkje i bruk, fordi det manglar tilstrekkeleg med ventilasjon og luftesystem. Sløydbenkar er plassert på eit nærliggande lagerrom, då skulen ikkje har eit eigna rom til denne type undervisning. • Skulekjøkenet er lite men funksjonelt for få elevar. Rommet vert og brukt til lagning og servering av mat til SFO. Det er ikkje tilrettelagt arbeidsstasjon for rørslehemma. • Eitt av grupperomma i 2. etasje fungerer som skulen sitt bibliotek. • Skulen har ikkje rom eller utstyr til naturfag. • Skulen har ikkje musikkrom. • Gymnastikksalen er liten (knappt 130 m2), har ein liten og ein middels stor elevgarderobe og ein liten lærargarderobe. Den har scene, og vert difor nytta til t.d juleavslutning og andre arrangement. Den har eit utstyrsrom, med matter og anna gymutstyr. • Elevane ved skulen får symjeundervisning på Ostereidet. Vi har symjing kvar fredag frå veka etter haustferien til rundt påske. Dette er fordelt på mellomtrinnet før jul og småtrinnet etter jul. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet og er store nok for det talet på tilsette som skulen har i dag. • Anlegget har lærararbeidsplassar som er funksjonelle og store nok etter forskrift. Alle lærarane sit samla på eit arbeidsrom. Her er og plass til ein assistent, men rommet er ikkje stort nok til fleire. • Skulen har ikkje eit eige møterom, men har disponible klasserom som kan nyttast. Romsituasjonen pr. i dag er god, så det er ikkje vanskeleg å finne ledige rom til møter. Til mindre møter kan kontoret til rektor nyttast. • Rektor og merkantilressurs har funksjonelle kontor med tenleg plassering i anlegget (merkantilressurs er og assistent). • Personalrommet, som ligg ved administrasjonen, har god kapasitet og er eigna for kvile, rekreasjon og sosialisering. Det er tenlege løysningar for enkel tilrettelegging / lagning av mat • Det er to personaltoalett ved administrasjonen, men 	

	<p>lite garderobeplass om talet på tilsette aukar. Garderobeskap til tilsette står i gangen utanfor. Personaldusj er i tilknytning til gymsal.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er høvelege areal for støttetenester i anlegget. Helsesjukepleiar har eit eige kontor ho kan nytte når ho er på skulen. Det same rommet kan òg nyttast av PPT/BUP el andre støttetenester ved behov. 	
<p>Driftsareal: Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har eit lager i tilknytning til eit klasserom i 2.etasje. Det er og eit kryploft på toppen av hovudtrappa, som vert nytta til lagring. Det er greitt med kapasitet på lageret, men korpset og bygdelaget har og fått lagre ting her slik at det er ganske fullt. • Anlegget har eitt reinhaldsrom, som ligg ned ei lita trapp ved hovudinggangen. Rommet har stort behov for oppgradering. Det er ikkje reinhaldsrom i 2. etasje eller i tilknytning til gymsalen. • Skulen har ikkje eige verkstad/ vaktmeisterrom. • Skulen har tenlege løysingar for varemottak og søppelhandtering. Søppelcontainerane står ved ballbingen på skuleplassen. Bommen i vegen opp til skuleplassen vert opna i samband med søppelhenting og varelevering. 	
<p>Uteareal: Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Skulen har eit stort og fint uteområde, med mykje fin natur som er lett tilgjengeleg frå skuleplassen, mellom anna med ein liten grusveg der det tidlegare truleg har vore ei hinderløype. Det meste av uteområdet er universelt tilgjengeleg for alle. • Skuleplassen er stor og framstår ved første augekast litt kjedeleg då dei fleste tilrettelagte aktivitetane er plassert i utkanten av plassen, eit stykke frå skulebygget. Det er lett for elevane å stikke seg bort om dei ønskjer det. Dette er ikkje så bra med tanke på tilsyn og eventuelle konflikter i elevgruppa. • I og med at elevane har god plass å boltre seg på, vert det ikkje trengsel på leikeapparata. Det er god plass for frileik, gøymespel og andre leikar som krev plass. • Elevane har moglegheit for å klatre, springe eller vere aktiv i ballbingen, men det er lite å gjere for dei eldre elevane som ikkje er så glade i ballspel. • Uteområdet har følgjande installasjonar og utstyr: <ul style="list-style-type: none"> a. Ballbinge til fotball og basketball b. Fotballmål på skuleplassen c. Leikeapparat d. Klatrestativ e. Sandkasse f. Disser g. Turnstenger (i tidlegare hinderløype?) h. Nokre benkar/bord i. Hytte med leikeutstyr • Tilstanden på leikeapparata ser bra ut. Fallunderlag består av grus og sand. 	

Barnehagane

Samletabell barnehagar

Område	Auste- bygd	Bø	Juvik- stølen	Lindås	Mari- høna	Prest- marka H	Prest- marka S	Sæbø
Helse – miljø – tryggleik	Yellow	Green	Yellow	Green	Red	Orange	Yellow	Red
Vedlikehaldsbehov	Yellow	Green	Yellow	Green	Orange	Orange	Yellow	Red
Parkering og tilkomst	Red	Yellow	Yellow	Green	Orange	Red	Green	Yellow
Leike- og opphaldsareal	Yellow	Green	Yellow	Green	Orange	Orange	Yellow	Red
Støtteareal	Yellow	Green	Yellow	Green	Orange	Orange	Yellow	Red
Personalareal	Yellow	Green	Green	Green	Red	Orange	Yellow	Orange
Driftsareal	Green	Green	Green	Green	Red	Orange	Green	Orange
Uteareal	Green	Green	Orange	Green	Orange	Yellow	Yellow	Yellow

Oversikten syner at det er stor skilnad mellom dei ulike barnehageanlegga. Dei nye anlegga er i tråd med målsetting, medan dei eldre anlegga har stort etterslep i vedlikehald og pedagogisk funksjonalitet.

Austebygd barnehage



Byggjeår og seinare endringar	Barnehagen vart bygd i 1997.				
Tal bygg:	Eit bygg med barnehageavdeling + gymsal				
Kapasitet leike og opphaldsareal (LOA)	114 m ²				
Barnetal	Barn 3-5 år: 14 Barn 1-2 år: 9				
Over-/underkapasitet ihht LOA	28 arealplassar (ein arealplass er 4 m ² og utgjer ein barnehageplass for eit barn over 3 år. Barn under 3 år tel for 1.3 arealplass)				
Tilsette	Samla: 7	Leiing/adm: 1	Pedagogar: 3	Ped.medarb. 4	Andre:

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
Godt eigna	I nokon grad eigna	Ikkje godt eigna	Ueigna

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Parkering og tilkomst	Tilkomst til barnehagen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre	
Leike- og opphaldsareal	Leike- og opphaldsareal er ihht. krav og for godkjenning og fremjar variert leik, læring og god trivsel med samspel mellom barn og tilsette	
Støtteareal	Støtteareal har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	Austebagd barnehage er ei verksemd som i stor grad har tilpassa seg det lokala dei har. Det er gjort noko tilpassing i utbygging av garderobe, og vognrom. Kombinasjon av barnehage og gymsal, gir god tilgang på rom for aktivitet. Barnehagelokala er tenlege, men det kunne ha vore jobba meir med leikemiljø og møblering. Uteområda er store og varierte, men trafikksituasjonen er ikkje tilrettelagt for barnehagebarn. Barnehagelokala har ein lukka struktur mot tilliggjande rom, noko som er ei ulempe i høve barns tryggleik og samarbeid mellom personale.
Forslag til utbetringar	<ul style="list-style-type: none"> Innsyn mellom rom og inn til toalett og stellerom og elles auka grad av transparens Hev – senk stellerom Utvikling av leikemiljø og leikesoner

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik Miljøfaktorar: Luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget ivaretek i nokon grad eit godt fysisk leike- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Det er dagslys i alle rom som er godkjend for leik og opphald. Nokre rom, mellom anna grupperom i base, har høg brystning ved vindauge som ikkje i stor nok grad gir barn utsyn frå rommet. Det er ikkje innsyn i eller mellom rom der barn oppheld seg. Dette gjeld mellom leike- og opphaldsareal og inn til toalett og stellerom. Anlegget har tenlege system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. Anlegget er lett å halde reint, og har skilje mellom skitten sone og rein sone. Temperaturen er stabil og vert opplevd høveleg. Det er gode 	

	<p>lyskjelder innandørs, og tenleg solskjerming i vindauge.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ventilasjonsanlegget fungerer, både teknisk og slik brukarane opplever det. • Det er god akustikk i rom og soner. Det er lydsmitte mellom etasjeskilje ned i baserom. • Anlegget fremjar i nokon grad eit trygt og godt barnehagemiljø, og legg i nokon grad til rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. • Anlegget er i for liten grad oversiktleg mellom rom, og har ikkje innsyn inn i alle rom der barn oppheld seg. • Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er tilpassa barnegruppa. • Stellerom har ikkje hev - senk stellebord og har ikkje berøringsfri armatur i vaskerene. • Anlegget er i nokon grad universelt utforma, med er i liten grad skilta. • Tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne har varierende grad av universell utforming. Ein del av Leike- og opphaldsarealet er lagt til hems utan heis. • Anlegget har tenlege kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for barn og tilsette. • Det er HCWC tilknytt gymnastikksal. • Anlegget er kompakt, men har i liten grad oversikt mellom rom og funksjoner innomhus. Det er ikkje innsyn i alle rom der barn oppheld seg, ikkje transparens mot tilstøytane rom, og lite visuell kontakt mellom leike- og opphaldsareal inne og ute. • Barnehagen har areal som er tenlege med skilje mellom rein og skiten sone. Garderobe har god plass til det tal på barn barnehagen har i dag og det er lagt til rette for at barna sjølve kan medverke og bli sjølvstendige i av og påkledning. 	
<p>Vedlikehaldsbehov</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget er stort sett vedlikehalde, ute og inne. <ul style="list-style-type: none"> ○ Overflater inne (golv, vegger og tak) er heile, men med noko slitasje på kjøkkenfrontane og trappetrinna opp til hems ○ Overflater ute, til dømes kledning, er heil, men med noko slitasje. Tilbygget med grovgarderobe skulle vore malt. ○ Dei tilsette melder at det tekniske anlegg fungerer som det skal 	
<p>Trafikksituasjon:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget legg i liten grad til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling, med tanke på gangveg, parkering, skilje harde og mjuke trafikkantar, varelevering, søppelhandtering og gangveg. • Foreldre kan køyre opp på fotballbana for henting og levering før kl. 07.40 og etter kl. 15.00. Utanom denne tida, må barn og foreldre gå opp vegen til skulen. Veggen er bratt og ikkje universelt utforma. Tilkomst, parkeringsplass og veg opp til barnehagen er i liten grad oversiktleg for barn. 	
<p>Leike- og opphaldsareal (LOA): LOA fremjar variert lek, læring og god trivsel med samspel mellom barn og mellom tilsette og barn</p> <p>Anlegget har kapasitet i tråd med norm og krav til areal</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barna har eit tenleg leike- og opphaldsareal (avdelingsrom og grupperom) som i nokon grad fremjar leik og trivsel. • Det er ikkje klart kva areal som er godkjend som leike og opphaldsareal. • Baserom er enkelt innreia med leikesoner, bord og stolar. • Kjøken har plass til bord til måltid, men er i liten grad egna for andre aktivitetar. Når skuleelvar nyttar kjøken, er barnehagen på tur. • Barnehagen har også tilgang til gymsal, som gir god moglegheit til variasjon i aktivitet. • Området mellom kjøken og baserom er lagt til rette med digital tavle og sofa. Møblering er ikkje tenleg for med tanke på aldersgruppa og areal. • Barnehagen brukar ASK, og symbol er tilgjengeleg på stader 	

	<p>som bad, garderobe, leikerom .m.m.</p> <ul style="list-style-type: none"> • I baserommet er det ei trapp opp til ein hems, som tilhøyrrer det godkjente leike- og opphaldsarealet • Det er i nokon grad tilgang på varierte leikeareal, med soner for stille arbeid, samarbeid og praktisk aktivitet. • Møblar og inventar er tenlege i høve barns medverknad, men det er varierende kvalitet og tilstand. • Det er digital skjerm i fingarderoben. • Barnehagen har tilgang på gymsal, og har sånn sett kapasitet til leik- og opphald. Det er hovudsakleg lukka struktur og lite transparens. Læringsareala fremjar ikkje i stor nok grad samarbeid i profesjonsfelleskapet. • Da det er god tilgang på gymsal og tilgang til skulen, verkar kapasitet i leike- og opphaldsareal å være ok. • Det kan i større grad jobbast med leikemiljø som tar omsyn til små barn og deira behov for sansestimulering. • Det kan i større grad jobbast med møblering og uttrykk tilpassa rom. 	
Støtteareal	<ul style="list-style-type: none"> • Grovgarderobe og inngangsparti er store nok og tenleg innreia og organisert. • Det er tenleg orden og nok plass til oppbevaring av utstyr og egedelane til barn. Knaggrekke står inn mot vegg, og legg ikkje i stor nok grad til rette for god tørk av klede. • Innreiinga er i nokon grad tilrettelagd for medverknaden til barn • Det er plass til arbeidstøyet til personalet i grovgarderoben med knaggar og eigne skap. Skapet når ikkje opp til tak, og gir slik sett eit område for støvdeponi i høgda. • Det er god plass til oppbevaring av skiftetøy i fingarderoben, men ikkje i stor nok grad lagt vekt på medverknaden til barn. • Det er lager tilknytt baserom og elles god lagerplass i barnehagen. • Barn søv i vogner på eigna plass. Det er eit isolert rom til oppbevaring av vogner. 	
Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklime.	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala vert delt med skulen - sjå skildring Austbygd skule • Avdelingsleiar for barnehage har eige kontor i skulen. 	
Driftsareal: Tilstand, funksjonalitet og kapasitet:	<ul style="list-style-type: none"> • Bygget fungerer i tråd med krav 	
Uteareal: Tilstand, funksjonalitet, kapasitet/storleik, variasjon, alderstilpassing og universell utforming. Korleis fremjar uteområdet leik, læring, kvile, samhandling og aktivitet?	<ul style="list-style-type: none"> • Det er eit eige leikeområde rundt barnehagebygget og rett utanfor inngangspartiet. Området har fleire leikeapparat på eit flatt område. Det er vidare port ut mot skulen sitt uteområde som har variert terreng og aktivitet på haugen og grusbane for fotball. Skule og barnehage har god kultur for å dele på areala. Det er fine turområde og gapahuk i gangavstand frå barnehagen. 	

Bø barnehage



Byggjeår og seinare endringar	Barnehagen vart bygd i 2020.				
Tal bygg:	Eit bygg med 6 avdelingar				
Godkjent leike og opphaldsareal (LOA)	456 m ² - Godkjend for 108 barn				
Barnetal	Barn 1-5 år: 44				
Over-/underkapasitet ihht Godkjenning	+ 64				
Avdelingar	6 men berre 4 i bruk				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	13	1	6	6	

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
Godt eigna	I nokon grad eigna	Ikkje godt eigna	Ueigna

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Parkering og tilkomst	Tilkomst til barnehagen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre	
Leike- og opphaldsareal	Leike- og opphaldsareal er ihht. krav og for godkjenning og fremjar variert leik, læring og god trivsel med samspel mellom barn og tilsette	
Støtteareal	Støtteareal har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Bø barnehage vart starta opp i januar 2021. Barnehagen ligg i Bøvågen og er eit moderne barnehagebygg som har Hordabø skule som næraste nabo. Barnehage og skule har eit godt samarbeid. Elles har barnehagen gangavstand til nærbutikken, næringsområde, kyrkja og turområde.</p> <p>Bygg og uteområde har gode og romlege fasilitetar. Sjølv om barnehagen har 6-avdelingar og er rekna for å være ein stor barnehage, er det ein fin balanse både inne og ute mellom avdelingar og soner for mindre grupper og møteplassar for fleire.</p> <p>Barnehagen har ein gjennomgåande avdelingsstruktur, med individuelle funksjonar, men tilrettelegging for samarbeid mellom avdelingsromma. Dette grepet gjer det mogleg å jobbe både avdelingsvis, og samarbeide på tvers. Bygget har eit stort allrom med amfi og utleigefunksjon. Amfiet er ikkje godt nok planlagt med tanke på formålet. Det er bratt og lite tilgjengeleg både for barn, eldre og funksjonshemma.</p> <p>Dei tilsette har medverka til utforming, men på nokre område, mellom anna i fellesrommet, har det ikkje vore lett å sjå konsekvens av utforming frå teikning. Personalavdelinga er svært romleg, og bygget er generelt raust på areal.</p> <p>Innvendig logistikk legg i stor grad opp til avdelingsdrift, og det er ein tungvindt innvendig logistikk mellom avdelingane. For å kome seg frå avdeling A til D, må ein gå gjennom alle avdelingane med mindre ein går utvendig.</p>
------------------------------------	--

	<p>Inventar og utstyr er i stor grad tilpassa rom og funksjonar, og tilrettelagt for barn.</p> <p>Rom som er godkjende som leike- og opphaldsareal møter krav til dagslys og utsyn. Fellesrom og fingarderobar inngår ikkje i leike- og opphaldsareal. Alle avdelingsrom og garderobar ligg med utsyn og utgang til leikeområdet.</p> <p>Barnehagene er lagt til rette for utleige i fellesrom.</p>
Forslag til utbetringar	<p>Må:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Komfyrvern på alle avdelingskomfyrar <p>Bør:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det anbefalast å følgje opp bygget med standardiserte sjekklister for å ha oversikt over endringar, skade og trong for investering. • Sjå på løysingar som gjer fellesrom meir eigna for formålet og trygt for barna. • Det anbefalast å gjere ein post occupancy evaluation¹ av bygget før ein planlegg nye bygg .

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik Miljøfaktorar: Luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bygget var nytt i 2021 og er bygd som eit moderne barnehagebygg tilpassa ulike aldrar og behov. • Miljøet er oversiktleg, både inne og ute. Inne er det tilrettelagt for variasjon i leik etter interesser og utvikling. Det er gode fysiske føresetnader for å variere storleik på grupper og alder. • Det meste fungerer godt, men det er utfordringar med ventilasjonsanlegget og utforming av fellesrommet. • Barnehagen har solskjerming, men det er framleis varmt på avdelingane på varme dagar. • Det er godt med dagslys i alle rom for varig opphald. I avdelingsromma er det satt inn overlys i indre del av romma. • Barnehagen er universelt utforma, med breie dører utan dørstokkar, løfteplattform sentralt i bygget og HC-toalett til både barn og vaksne. • Lyden er god med same lydkrav som på andre nybygg. • Det er hev og senk stallebord på alle avdelingar og berøringsfri armatur i vaskerøner. • Bygget er godt eina til formålet, og står fram som eit framtidsetta bygg. 	
<p>Vedlikehaldsbehov</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bygget er nytt. Feil, manglar og slitasje blir følgt opp og meldt inn i systemet. • Det er planlagt avgrensing av støyvoll og utbetring av uteamfi. • Uteområde med naturtomt og naturmateriale bør sjekkast dagleg for feil, manglar og skadar som kan 	

¹ Post Occupancy Evaluation (POE) har er opphavleg frå Skottland og USA og har blitt brukt i en eller annan form sidan 1960-tallet. POE genererer anbefalingar basert på alle interessentgruppers erfaringar med formålsbygget. Evalueringar kan brukast til å forbetre måtane bygningar brukast på, enten ved organisasjonsutvikling eller en kombinasjon av dette. Informasjon frå POE kan gi innsikt i problemløysing og nyttige data som andre prosjekter kan jamførast med, og det gir moglegheit for å forbetre kvalitet i byggeprosjekt.

	<p>vere ein risiko i leik.</p>	
<p>Trafikksituasjon:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Parkering var under utbetring på tidspunkt for synfaring. • Vegen inn mot barnehagen er trong, men er planlagt med fortau frå skulen og fram. Parkeringsplassen er oppmerka for bilar, men ikkje i stor nok grad merka for gåande. 	
<p>Leike- og opphaldsareal (LOA): LOA fremjar variert lek, læring og god trivsel med samspel mellom barn og mellom tilsette og barn</p> <p>Anlegget har kapasitet i tråd med norm og krav til areal</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen har 6 avdelingsrom med grupperom tilknytt avdelingar. • Det er eit kjøkken tilknytt fellesrom. • Mellom rom er det møteplassar som er lagt til rette for leik og samspel. • Det er ein god samanheng og ein fin balanse mellom avdelingsrom og fellesareal. • Det er stort potensiale i å variere grupper, innhald og metode. • Leike- og opphaldsarealet er i stor grad lagt til rette for at barn skal kunne skape eigen aktivitet og leik, og utvikle prosjekt saman med dei vaksne. • Det er plassar for barns uttrykk og godt lagt til rette med ASK på plassar der barn kan gjere seg nytte av det. 	
<p>Støtteareal</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er gjennomgåande god tilgang til støtteareal, og arealet er riktig dimensjonert sett opp mot plasskapasitet. • Det er kjøkkenfunksjon på kvar avdeling. I tillegg har samlingsrom kjøkken, kjølelager og vareinngang. • Garderobane er innreia med justerbart trådhyllsystem, som gjev god funksjonalitet for tørk, reinhald og medverknad. Fingarderobane har individuelle hyller og benkar • Stellerom har hev/senk stellebord, HCWC, vaskemaskin og tørketrommel. • Småbarnsavdelingane har soveskur med god kapasitet, men på grunn av god plass blir vogner oppbevart i ei avdeling som ikkje er i bruk. • Nærlagring av materiale og utstyr er i lagerrom knytt til kvar avdeling. Barnehagen har og fellesslager i personalavdelinga. • Det er satt av grei plass til arbeidsklede til personalet i garderobane til barna. • Det er rikeleg tilgang til toalett både frå rein og skiten sone, og nokre av toaletta i avdelingane kan omdisponerast til personaltoalett. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalavdelinga er i 2. etasje og har god plass med store personalgarderobar, romleg inngangsparti, to kontor, eit spesped.rom, to store møterom med foldevegg mellom, fellesområde/ pauserom, to arbeidsrom, lager og kopirom og ein flott balkong. • Areal er romlege og funksjonane er i tråd med arbeidsmiljølova. • Frå personalavdelinga er det kopling til galleri og fellesareal. • Personalavdelinga har utsyn til uteområdet og er lyse, trivelege og flott møblert. Nokre område, som t.d. lager og kopirom, manglar innreiing. • Personalet har egne plassar til arbeidstøy i garderobane til barna. • Barnehagen melder om at det ikkje er egne personaltoalett i første etasje. Ved gjennomgang av tal på toalett, kan eit barnetoalett per avdeling, samt 	

	HCWC i fellesareal omdisponerast til personalet. Barna vil framleis ha toalett over krav i forskrift (eitt toalett per 10 barn ihht miljøretta helsevern)	
Driftsareal: Tilstand, funksjonalitet og kapasitet:	<ul style="list-style-type: none"> • Det er eit reinhaldrom i 2. etasje og eit bøttekott tilknytt utleigedelen, med tilgang frå innsida og utsida. Rommet ligg nær heis og inn mot fellesareal i første etasje. • Teknisk rom ligg i 2.etasje. • Barnehagen melder om at ventilasjon ikkje fungerer slik den skal og at solskjerming ikkje hindrar at avdelingane blir varme. • Vaktmeister har fått ein del av eit leikeskur til disposisjon for drift. 	
Uteareal: Tilstand, funksjonalitet, kapasitet/storleik, variasjon, alderstilpassing og universell utforming. Korleis fremjar uteområdet leik, læring, kvile, samhandling og aktivitet?	<ul style="list-style-type: none"> • Området legg i stor grad opp til leik, læring, kvile og samhandling. Det er laga til ein snikkarverkstad under innvendig amfitrapp, som har inngang frå utsida under overbygg. • Det er mange fine og grønne kvalitetar på området, og det er i stor grad universelt utforma. • Kantar i / til leikeapparat bør gjerast universelt utforma. • Uteområdet er stort og variert. Det er sett opp gjerde slik at barna ikkje kan snike seg vekk bakom støyvollane. Det er planlagt ein gapahuk til, som barna også kan nytte til solskjerming og skjerming frå vind/regn/ snø. 	

Lindås barnehage



Byggjeår og seinare endringar	Barnehagen vart bygd i 2021.				
Tal bygg:	Eitt bygg med 7 avdelingar				
Godkjent leike og opphaldsareal (LOA)	504 m ² . Godkjend for 126 arealplassar (ein arealplass er 4 m ² og utgjer ein barnehageplass for eit barn over 3 år. Barn under 3 år tel for 1.3 arealplass)				
Barnetal	Barn 3-5 år: 17 Barn 1-2 år: 28				
Over-/underkapasitet ihht LOA	Barnehagen har overkapasitet på 75 arealplassar.				
Avdelingar	7, men berre 5 i bruk				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	16	1	7	8	3,8

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
Godt eigna	I nokon grad eigna	Ikkje godt eigna	Ueigna

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Parkering og tilkomst	Tilkomst til barnehagen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre	
Leike- og opphaldsareal	Leike- og opphaldsareal er ihht. krav og for godkjenning og fremjar variert leik, læring og god trivsel med samspel mellom barn og tilsette	
Støtteareal	Støtteareal har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inn klima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Lindås barnehage var ferdig bygd i 2021. Barnehagen ligg tett på natur og har gode og romlege fasilitetar både ute og inne. Sjølv om barnehagen har sju avdelingar og er rekna for å være ein stor barnehage, er det enkelt å orientere seg både for barn og vaksne. Avdelingar og soner er merkte med ulike fargar, og det er ein fin balanse både inne og ute mellom avdelingar og soner for mindre grupper og møteplassar for fleire.</p> <p>Bygget har avdelingar ut mot uteområdet og fellesareal og torg i senter av bygget. Det er gjennomtenkte transparente løysingar mellom avdelingar, og fellesareal legg til rette for eit fellesskap der barn og vaksne kan sjå kvarandre i kvardagen, men også kunne trekke seg tilbake når ein treng det.</p> <p>Arkitekturen og uteområdet legg i stor grad til rette for samskaping og samspel, samstundes som det tek omsyn til variasjon i behov i barnegruppa og hos dei tilsette.</p> <p>Dei tilsette har i stor grad medverka til utforming, og arkitekten har tatt omsyn og gjort endringar på bakgrunn av innspel. Inventar og utstyr er i stor grad tilpassa rom og funksjonar, med unntak av fellesgarderobe for storbarn, som er for trong om barnehagen har full kapasitetsnytting.</p> <p>Gangareal, og rom som ikkje har tilstrekkeleg dagslys og utsyn, er ikkje ein del av det godkjende arealet for leik og opphald, men er ein viktig arealressurs som gjer barnehagen romleg og funksjonell.</p> <p>Sjølv om barnehagen er relativt ny, er det gjort eit godt stykke arbeid med å bygge ein solid organisasjon og eit pedagogisk miljø. Pedagogisk profil, arbeid med DUÅ, ASK og pedagogisk dokumentasjon er synleg i det</p>
---	---

	<p>fysiske miljøet.</p> <p>Barnehagen er lagt til rette for utleige, men det er ikkje sett i verk enda. Uteområde nyttas av familiar, barn og unge utanom opningstida. Det ligg i periodar mykje avfall etter bruk utanfor opningstid. Det har vore ein del hærverk og tilgrising, særleg på vårparten. Det er gjort ei avtale med politi om at dei køyrer oppom og at natteramnar som går innom.</p>
Forslag til utbetringar	<p>Bør:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det anbefalast å følgje opp bygget med standardiserte sjekklister for å ha oversikt over endringar, skade og trong for investering • Det anbefalast å gjere ein post occupancy evaluation² av dette bygget før ein planlegg nye bygg, eventuelt lagar eit standard program for barnehage. • Det anbefalast å følgje trafikkaksjonen til trygg trafikk kvar haust for å byggje kultur rundt bruk av parkeringsplass og hente-/leveringssituasjonen.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Miljøfaktorar:</p> <p>Luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk</p>	<p>Bygget var nytt i 2021 og er bygd som eit moderne barnehagebygg tilpassa ulike aldrar og behov.</p> <p>Miljøet er oversiktleg, både inne og ute. Inne er det tilrettelagt for variasjon i leik etter interesser og utvikling. Det er gode fysiske føresetnader for å variere storleik på grupper og alder.</p> <p>Barnehagen er universelt utforma, med breie dører, utan dørstokkar, heis sentralt i bygget og HC-toalett til både barn og vaksne.</p> <p>Lyden er god med same lydkrav som på andre nybygg.</p> <p>Det er hev og senk stallebord på alle avdelingar, eit stort på storbarnsida, som også er tilrettelagt for installasjon av takheis når det vert behov for det.</p> <p>Det er teleslynge i det store fellesrommet.</p> <p>Ein del av leikeplassen ute er naturtomt og skogbotn, og ikkje universelt utforma. Bygget er godt eigna til formålet, og står fram som eit framtidretta bygg.</p>	
Vedlikehaldsbehov	<p>Bygget er nytt. Feil, manglar og slitasje blir følgt opp og meldt inn i systemet.</p> <p>Det er jamt over valt slitesterke material, men ein må vente bruksslitasje framover. Uteområde med naturtomt og naturmateriale blir sjekka dagleg for feil, manglar og skader som kan vere ein risiko i lek.</p>	
Trafikksituasjon:	<ul style="list-style-type: none"> • Plan for køyremønster ved bhg er god. Det er planlagt bilfritt oppe rundt barnehagen, med HC parkering og av- og påstiging for andre. Parkeringsplass ligg 30 meter lenger nede. • Mange foreldre køyrer opp til barnehagen og parkerer i rundkøyringa, til tross for påminningar frå barnehagen. 	
Leike- og opphaldsareal (LOA):	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen har 7 avdelingsrom med grupperom tilknytt, eller mellom avdelingar. 	

² Post Occupancy Evaluation (POE) har er opphavleg frå Skottland og USA og har blitt brukt i en eller annan form sidan 1960-tallet. POE genererer anbefalingar basert på alle interessentgruppers erfaringar med formålsbygget. Evalueringar kan brukast til å forbetre måtane bygningar brukast på, enten ved organisasjonsutvikling eller en kombinasjon av dette. Informasjon frå POE kan gi innsikt i problemløysing og nyttige data som andre prosjekter kan jamførast med, og det gir moglegheit for å forbetre kvalitet i byggeprosjekt.

<p>LOA fremjar variert lek, læring og god trivsel med samspel mellom barn og mellom tilsette og barn</p> <p>Anlegget har kapasitet i tråd med norm og krav til areal</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen har fellesrom med storkjøkken midt i bygget. Her ligg og verkstadar, spiserom og motorikkrom, med foldevegg. • Mellom rom er det møteplassar som er lagt til rette for lek og samspel. • Det er ein god samanheng og ein fin balanse mellom avdelingsrom og fellesareal. • Det er stort potensiale i å variere grupper, innhald og metode. • Leike- og opphaldsarealet er i stor grad lagt til rette for at barn skal kunne skape eigen aktivitet og lek, og utvikle prosjekt saman med dei vaksne. • Det er plassar for barns uttrykk og godt lagt til rette med ASK på plassar der barn kan gjere seg nytte av det. 	
<p>Støtteareal</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er gjennomgåande god tilgang til støtteareal, og arealet er riktig dimensjonert sett opp mot plasskapasitet. • Fellesgarderobe på storbarn er for liten, og det vil bli ei utfordring når barnehagen når full kapasitetsutnytting. • Stellerom, toalett og kjøkken har gjennomtenkte løysingar. • Småbarnsavdelingane har 2 klimatiserte soverom, som ligg ved sidan av kvarandre. Romma kan også nyttast til andre formål, som f.eks dans, motorikk, konstruksjon osv. Soveromma er innreia med senger som barnehagen sjølv har designa. Løysinga er unik, og legg til rette for at barn kan sove utan sele, gå ut og inn av eiga seng, og ha sitt personlege område under sovetida. Det er og lagt til rette for at barn kan sove i vogner før dei er trygge nok til å sove i eiga seng. • Nærlagring av materiale og utstyr er lagt inn i fast innreiing i romma, og det er lagerrom i fellesareal. • Det er lite plass til arbeidsklede til personalet i garderobane til barna, spesielt i fellesgarderobe for storbarn. Her kjem oppheng for klede i konflikt med dør til toalettet. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalavdeling er i 2. etasje og har god plass med personalgarderobar, to kontor, eit spesped.rom, eit stort møterom, fellesområde, pauserom, arbeidsrom, samtalerom kopi / rekvisitalager og felleslager. • Areal er romlege og funksjonane er i tråd med arbeidsmiljølova. 	
<p>Driftsareal: Tilstand, funksjonalitet og kapasitet:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er eit stort reinhaldrom med tilgang frå innsida og utsida. Rommet ligg nær heis og inn mot fellesareal i første etasje. • Det er også eit bøttekott i 2 etasje. • Det er ei stor utebod til drift, og teknisk rom med varmesentral i 2.etasje. • Barnehagen melder om at ventilasjon ikkje fungerer slik den skal. 	
<p>Uteareal: Tilstand, funksjonalitet, kapasitet/storleik, variasjon, alderstilpassing og universell utforming.</p> <p>Korleis fremjar uteområdet lek, læring, kvile, samhandling og aktivitet?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Uteområdet er stort og variert i soner med flate område og overbygg inn mot bygget, samlingsplass, ballområde, sandkasse med overbygg og sitteplassar. • Det er eit stort og meir kupert område med leikeapparat, leikehus, stiar, akebakke, tre og naturmateriale. • Området er oversiktleig og er godt eigna for lek, læring, kvile, samhandling og aktivitet. 	

Juvikstølen barnehage



Byggjeår og seinare endringar	Bygd i 2008 og utvida til 7 avdelingar i 2011.				
Tal bygg:	1				
Godkjent leike- og opphaldsareal (LOA)	694 m ²				
Barnetal	Barn 3-5 år: 60 Barn 1-2 år: 30				
Over-/underkapasitet ihht LOA	Godkjend for 173,5 arealplassar (ein arealplass er 4 m ² og utgjer ein barnehageplass for eit barn over 3 år. Barn under 3 år tel for 1.3 arealplass) Barnehagen har overkapasitet, men treng ny vurdering for eksakt vurdering. Estimert kapasitet i denne utgreiinga tydar at det er plass til om lag 21 barn per storbarnsavdeling og 12 barn per småbarnsavdeling med tilrådd tal på 6 avdelingar. Dette vil tyde ei nedskriving frå 649 m ² til 504 m ² leike- og opphaldsareal 21 arealplassar per avdeling.				
Avdelingar	Drivast som 6 avdelingar i dag				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	1,6	9	9,4	2	

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
Godt eigna	I nokon grad eigna	Ikkje godt eigna	Ueigna

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Parkering og tilkomst	Tilkomst til barnehagen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre	
Leike- og opphaldsareal	Leike- og opphaldsareal er ihht. krav og for godkjenning og fremjar variert leik, læring og god trivsel med samspel mellom barn og tilsette.	
Støtteareal	Støtteareal har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Juvikstølen barnehage er planlagt for 6 avdelingar men har i periodar drifta 7 avdelingar. Barnehagen ligg i skrått terreng og underetasjen er nytta til parkeringskjellar og driftsareal. Det er HC-parkering og heis frå underetasje og vidare opp i bygget. Gangåtkomst med trapp og gangsti frå parkering er bratt, men det er mogleg å komme til frå andre sida.</p> <p>Barnehagen har eit sonedelt opparbeidd område tett inn til bygget, eit leikeområde i kupert terreng og ei stor naturtomt med skogbotn, «fjell», tre og leikehytte. Området ligg høgt og har god utsikt til området rundt.</p> <p>Barnehagen er bygd med avdelingar i 1.etasje og personalareal i 2. etasje. I 2011 blei det bygd om for ein 7 avdeling i 2. etasje. Det blei da tatt av arbeidsplassar til personalet for å få til dette.</p> <p>Barnehagen har ein avdelingsstruktur med foldevegg mellom to og to avdelingar. Midt i bygget, i 1. etasje, er det eit samlingsrom, med felles produksjonskjøkken. To og to avdelingar har felles grovgarderobe med direkte utgang til uteområdet.</p> <p>Det godkjende leike- og opphaldsarealet er på 694 m². Ved gjennomgang av bygg og teikningar vurderast det at det godkjende arealet ikkje er i tråd med krav til for dagslys og utsyn. Ei drift av 7 avdelingar og full kapasitetsnyttning av 694 m² vil ikkje vere i tråd med krav til gode høve for barn og personale. Barnehagen har ein estimert kapasitet på 590 m² leike- og opphaldsareal, med drift på 6 avdelingar,</p>
------------------------------------	--

	men garderobekapasitet som ikkje er eigna for meir enn 21 barn per avdeling - noko som tyder ei kapasitet i leike og opphaldsareal på 504 m ² . Det er trong for å gjere utbetring av stellerom, samt golvbelegg og overflatar fleire stader.
Forslag til utbetringar	<p>Må:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ny kapasitetsvurdering og godkjenning etter barnehagelov og forskrift til miljøretta helsevern. Få opp nye brannteikningar etter ombygging i 2011. Utbetring av stellerom. Innsynsvindauge i alle rom der barn oppheld seg (og stellerom/WC). Skifte golvbelegg i fellesrom. Universell utforming av leikesoner ute. <p>Bør:</p> <ul style="list-style-type: none"> Betre høve for universell utforming / likeverdig tilgjengelegheit ute. Merke opp skilje mellom gåande og køyrande ved parkering. Fartsdemping ved innkøyring. Berøringsfri armatur. Nye planar for møblering for å auke kvalitet i leike- og opphaldsareal.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik Miljøfaktorar: Luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk	<ul style="list-style-type: none"> Barnehagen har nokre problem med støy og ventilasjon. Det er lydsmitte mellom rom og enkelte rom har utfordringar med akustikk. Det er fleire område som er godkjend som leike og opphaldsareal som ikkje har nok dagslys og utsyn, mellom anna fingarderobar og områda mellom avdelingane ved foldeveggane. 	
Vedlikehaldsbehov	<ul style="list-style-type: none"> Barnehagen er bygd i 2008 og har trong for jamleg vedlikehald. Golvbelegg, mellom anna i fellesareal, må skiftast. Uteområde treng periodisk vedlikehald mellom anna av treverk, trapper og erosjonsområde i terreng. 	
Trafikksituasjon:	<ul style="list-style-type: none"> Barnehagen meiner at parkering og åtkomst fungerer greitt. Stort sett alle rygger inn. Det er ikkje merka opp eit skilje mellom harde og mjuke trafikantar. Foreldre er misfornøgd med at det ikkje er lagt til rette for barnevogn på sida med trapp. Det er ei utfordring med at nokre foreldre parkerer i rundkøyringa 	
Leike- og opphaldsareal (LOA): LOA fremjar variert lek, læring og god trivsel med samspel mellom barn og mellom tilsette og barn Anlegget har kapasitet i tråd med norm og krav til areal	<ul style="list-style-type: none"> Barnehagen har eit leikemiljø som vektlegg leik, kreativitet og læring. Møblar, materiale og organisering er gjennomtenkt og tilrettelagt for aldersgruppa. Barnehagen driv prosjektarbeid som gjev god variasjon og har gode system for mellom anna språkopplæring gjennom konkretar og symbol i barnas høgde. Godkjend kapasitet er høg sett opp mot dei ulike krava til godkjenning. Det er mellom anna ikkje teke vekk område som ikkje er i tråd med krav til dagslys og utsyn. Kommunikasjonsareal er også rekna med som leike- og opphaldsareal, sjølv stader der det ikkje er eigna for leik. Døme på dette er område med dører mellom avdelingane. Utviding til 7 avdelingar tar bort arbeidsrom for pedagogar. Denne utvidinga aukar tal på personar i bygget, utan at dette er kompensert i personalareal. Løysing med landskap i trapperom, er ikkje godt nok eigna for den typen arbeid som skal utførast. 	

	<p>I dag vert barnehagen driven med 6 avdelingar og opphavleg arbeidsrom er igjen tatt i bruk. Kapasitetsnytting som i dag, med 6 avdelingar, gjev godt rom for leik, samspel og variasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Enkelte stader er det lite dagslys - desse områda er ikkje i tråd med krav til rom for varig opphald Ei grov arealanalyse indikerer at om lag 590 m² av barnehagens areal kan godkjennast som leike- og opphaldsareal. Med ein plasskapasitet på 21 plassar (for barn over 3 år) per avdeling har barnhagen ein kapasitetsutnytting på 504 m². • Nokre plassar kunne møblar som mellom anna sofaer vore bytt ut med meir eigna og mindre plasskrevjande møbel. 	
Støtteareal	<ul style="list-style-type: none"> • Inngangsparti med garderobe og fingarderobe er greitt organisering og innreia. Grovgarderoben har knaggar som heng inntil veggen. Dette gjev ikkje optimale tilhøve for tørk av klede. • Stellerom er små og ikkje funksjonelt innreia. Det er plasskonflikt mellom vask, stellebenk og toalettdør. Det er ikkje eigna vask til barna på toalettet. Det er ikkje hev/senk alle stader. 	
Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	<ul style="list-style-type: none"> • Personalet har dei areala dei treng når barnehagen driv som 6 avdelingar. Når barnehagen driv den 7. avdelinga er personalareala for små. 	
Driftsareal: Tilstand, funksjonalitet og kapasitet	<ul style="list-style-type: none"> • Driftsareala er ok, med unntak av lite lagerplass. 	
Uteareal: Tilstand, funksjonalitet, kapasitet/storleik, variasjon, alderstilpassing og universell utforming. Korleis fremjar uteområdet leik, læring, kvile, samhandling og aktivitet?	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen har eit stort og variert uteområde. Det er flate asfalterte område inn mot inngangspartia. Området er sonedelt, med mykje asfalt. Leikeapparat og trapper i tre har stor trong for vedlikehald. • Sandkasse og huskestativ har kant rundt heile sona, og er ikkje universelt utforma. • Naturtomt er stor og variert, men i liten grad universelt tilgjengeleg. 	

Marihøna barnehage



Byggjeår og seinare endringar	Barnehagen vart bygd i; ein avdeling i 1987 og ein avdeling i 1997				
Tal bygg:	Eit bygg med 2 avdelingar				
Godkjent leike og opphaldsareal (LOA)	181 m ²				
Barnetal	Barn 3-5 år: 21 Barn 1-2 år: 12				
Over-/underkapasitet ihht LOA	Godkjend for 45 arealplassar (ein arealplass 4 m ² og utgjer ein barnehageplass for eit barn over 3 år. Barn under 3 år tel for 1.3 arealplass) og nyttar 37 plassar. Kapasitet bør ikkje nyttast fullt ut, da det er mangel i støtteareal og personalareal				
Tal avdelingar/basar	2 Språkdeling: Ja/nei				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	10,7	0,7	4	2	2

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing. Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Parkering og tilkomst	Tilkomst til barnehagen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre	
Leike- og opphaldsareal	Leike- og opphaldsareal er ihht. krav for godkjenning og fremjar variert leik, læring og god trivsel med samspel mellom barn og tilsette	
Støtteareal	Støtteareal har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Marihøna barnehage er eit barnehagebygg frå si tid, der det har vore gjort vedlikehald enkelte stader under tida. Det er likevel mykje som må gjerast for at barnehagen møter krav etter forskrift til miljøretta helsevern, arbeidsmiljølova og universell utforming.</p> <p>Barnehagen har arealmangel i personal- og støtteareal og har funksjonelle utfordringar på fleire område. For å oppretthalde kapasitet og samstundes møte krav til barnehagebygg må det gjerast større oppgraderingar og tilbygg.</p> <p>Barnehagen er eit viktig tilbod for barn og foreldre som bur i området og som ikkje har tilgang til bil.</p>
Forslag til utbetringar	<p>Må:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ny godkjenning etter krav til formålet som barnehage og arbeidsplass. • Barnehagen bør utbetrast gjennom ein heilskapleg plan der krav etter forskrift til miljøretta helsevern, arbeidsmiljø og universell utforming sjåast under eitt. For at barnehagen skal kunne møte dei ulike krava, vil det i tillegg til ombygging og oppussing, vere trong for tilbygg på om lag 90 m² NTA (130 m² BTA) (estimert ut frå standardar for personal- og støtteareal og krav til godkjenning av leike- og opphaldsareal) <p>Det er trong for meir areal i;</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Reinholdsrom ○ Lager ○ Møterom ○ Arbeidsrom (i dag nyttast leik og opphald) ○ Grovgarderobar ○ Teknisk rom <ul style="list-style-type: none"> • Gjerde mot Havnevegen må utbetrast for å komme under grenseverdier for støy. • Utvendig leikeapparat og hus må pussast opp for å unngå forfall og skade. <p>Bør:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide sjekklister for kontinuerleg oppfølging av bygg og uteområde

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik Miljøfaktorar: Luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget ivaretek ikkje i stor nok grad eit godt fysisk leike- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Det er dagslys i alle rom som er godkjend for leik og opphald. Fleire rom har høg brystning ved vindauge som ikkje i stor nok grad gir barn utsyn frå rommet. Det manglar glas for innsyn i fleire rom der barn oppheld seg. Dette gjeld mellom leike- og opphaldsareal og inn til toalett og stellerom. Anlegget har lite plass for lagring. Fleire stader er det plassert utstyr og møbler i leikeareal, eller på kontor/arbeidsrom. Veggar og golv har slitne overflatar som er vanskeleg å halde reint. Barnehagen har varierende luftkvalitet og varmestyring. Tilluftssoner i små rom gjer trekk langs golv og utfordringar med møblering. Innvendige rullegardiner skjermar ikkje mot solvarme. Anlegget fremjar ikkje i stor nok grad eit trygt og godt barnehagemiljø. Personalet legg ned mykje arbeid for å skapa variasjon i aktivitet. Anlegget er i for liten grad oversiktleg mellom rom, og har ikkje innsyn inn i alle rom der barn oppheld seg. Stellerom har ikkje berøringsfri armatur i vaskerenne. Anlegget er ikkje i stor nok grad universelt utforma. Anlegget manglar eit system for kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for barn og tilsette. Det er ikkje kantfrie tilkomst til sandkassar og leikeapparat. Barnehagen har HCWC. Dører av eldre kvalitet, utan lydisolering Støykart frå statens vegvesen syner at delar av uteområdet ligg i gul støysone, som er over lovlege grenseverdier. Det må undersøkast om gjerde har god nok kvalitet til å stoppe støyen. 	
Vedlikehaldsbehov	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget har god kontakt mellom inne- og uteareala. Det for liten grad av transparents innomhus. Det er bytta tak i 2023, men barnehagen har framleis stor trong for vedlikehald både ute og inne. 	
Trafikksituasjon:	<ul style="list-style-type: none"> Parkering har ikkje i stor nok grad skilje mellom harde og mjuke trafikantar 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Trafikkbildet inn mot anlegget er uoversiktleg. • Parkeringa er ikkje oppmerkt. 	
<p>Leike- og opphaldsareal (LOA): LOA fremjar variert lek, læring og god trivsel med samspel mellom barn og mellom tilsette og barn</p> <p>Anlegget har kapasitet i tråd med norm og krav til areal</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Avdelingane er variert innreia med leikesoner, bord og stolar tilpassa barns alder. • Barnehagen brukar ASK, og symbol er tilgjengeleg på stader som bad, garderobe, leikerom m.m. • Møblar og inventar er tenlege i høve barns medverknad, men det er varierende kvalitet og tilstand. • Det er lagt til rette for eit leikemiljø som tar omsyn til små barn og deira behov for sansestimulering. • Det er lagt vekt på møblering og uttrykk med pedagogisk innhald som er tilpassa rommet. 	
<p>Støtteareal</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Felleskjøkken er av nyare dato, og er ein fin møteplass • I kjøkkenet er det to frittstående frysarar som det ikkje er plass til andre stader. • Arbeidsbenkar på avdelingane treng oppussing. • Vindfanga er små, og det er ikkje i stor nok grad lagt opp til skilje mellom rein og skiten sone i fingarderoben. Det er i nokon grad lagt til rette for at barna sjølve kan medverke og bli sjølvstendige i av- og påkledning i fingarderoben. • Det er god plass til oppbevaring av skiftetøy i fingarderoben, men ikkje i stor nok grad lagt vekt på medverknaden til barn. • I fingarderobe er det er tenleg orden og nok plass til oppbevaring av utstyr og egedelane til barn. • Det er ikkje eigen personalgarderobe, og ikkje nok plass til personalet sitt arbeidstøy i vindfanga. • Personalinngang har oppheng til tøy på kvar side, men rommet er trangt og ikkje universelt utforma. Oppbevaring av sko og tøy kan også komme i konflikt med nødutgang. • Barna søv inne på eit av grupperomma og i utvendig vognbod. Boda er ikkje isolert og manglar lufting - dette er planlagt utbetra. Når dette blir gjort må det sjekkast opp mot krav til evakuering. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklime.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen har ikkje eige møterom. • Det er ikkje eigen personalgarderobe. • Arbeidsrom til pedagogar er mogleg ein del av det som er rekna inn i leik og opphaldsareal. Dette nyttast også til lagring av utstyr som f.eks vogner • Personalinngang har ikkje universell utforming. 	
<p>Driftsareal: Tilstand, funksjonalitet og kapasitet:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Reinhaldsrom, lager og teknisk rom er tronge. • På reinhaldsrom og lager oppbevarast utstyr på golvet, Dette er til hinder for godt reinhald og god ergonomi. • Koplingssskap for IKT er plassert på pauserom. Skapet genererer både varme og lyd. 	
<p>Uteareal: Tilstand, funksjonalitet, kapasitet/storleik, variasjon, alderstilpassing og universell utforming.</p> <p>Korleis fremjar uteområdet leik, læring, kvile, samhandling og aktivitet?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen har eit stort uteområde som er tilrettelagt for ulike aldrar. • Barnehagen brukast som leikeplass for barnefamiliar ettermiddag og helg. Det er i liten grad hærverk og øydeleggingar. • Anlegget ligg sentralt i eit område med mange andre aktivitetar og tenester. Det er høg bruksslitasje på aktivitetar og utstyr og stor trong for vedlikehald av mellom anna trekledning og dekker. • Område ved inngangspartiet er asfaltet og burde vore meir aktivisert og grønt. 	

Sæbø barnehage



Bilete frå Google Maps

Byggeår og seinare endringar	Barnehagen vart bygd i 1996				
Tal bygg:	Eit bygg med 3 avdelingar				
Godkjent leike og opphaldsareal (LOA)	376,5 m ²				
Barnetal	Barn 3-5 år: 17 Barn 1-2 år: 28				
Over-/underkapasitet ihht LOA	Godkjend for 94 arealplassar (ein arealplass er 4 m ² og utgjer ein barnehageplass for eit barn over 3 år. Barn under 3 år tel for 1.3 arealplass), men mykje av leikearealet er ikkje ihht krav og forskrift. Det er uvisse knytt til reell kapasitet.				
Avdelingar	3				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	16	1	6	8	1

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Samla vurdering:



Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Parkering og tilkomst	Tilkomst til barnehagen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre	
Leike- og opphaldsareal	Leike- og opphaldsareal er ihht. krav og for godkjenning og fremjar variert leik, læring og god trivsel med samspel mellom barn og tilsette	
Støtteareal	Støtteareal har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Sæbø barnehage er eit barnehagebygg med store funksjonelle utfordringar. Bygget er i liten grad i tråd med krav etter forskrift til miljøretta helsevern og barnehagelova. Dei tilsette har gjort mange tiltak for å utvikle leikemiljøet, og det er eit pedagogisk fokus som vektlegg at leik og barns medverknad er synleg i bygget.</p> <p>Av dei største utfordringane er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Manglande universell utforming. • Mangel på dagslys og utsyn, spesielt i første etasje. • Svært dårlege akustiske høve, spesielt i storbarnsavdeling. • Tungvint innvendig kommunikasjon og manglande transparens mellom rom og avdelingar. • Ikkje eigna stellerom og toalett for barn på småbarnsavdeling. • Ikkje skilje mellom rein og skitten sone. • For tronge grovgardarobbar, og manglande lagringskapasitet, spesielt i kjellaretasje.
Forslag til utbetringar	<p>Må:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ny godkjenning etter krav til formålet som barnehage og arbeidsplass. • Tung rehabilitering og ombygging for å nå formålskrav. <p>Bør:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ta i bruk sjekklister for jamleg oppfølging av bygg og uteområde.

Funksjonsvurdering

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik Miljøfaktorar: Luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget ivaretek ikkje i stor nok grad eit godt fysisk leike- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. Det er ikkje dagslys i alle rom som er godkjend for leik og opphald. Fleire rom har høg brystning ved vindauge som ikkje i stor nok grad gir barn utsyn frå rommet. Det manglar glas for innsyn til og mellom rom der barn oppheld seg. Dette gjeld mellom leike- og opphaldsareal og inn til toalett og stellerom. Anlegget har lite plass for lagring, slik at det fleire stader er system med lagring på topp av hyller som dannar støvdeponi. Det er mykje tronge rom og lagring av material og utstyr på golv. Anlegget er vanskeleg å halde reint, og det er vanskeleg å skilje mellom skitten sone og rein sone. Barnehagen slit med dårleg luftkvalitet og vanskeleg varmestyring. Dette gjer at det er for varmt på avdelingane mens det er for kaldt på kontor og personalrom. Det manglar tilfredsstillande solskjerming. Det er høgt støynivå på den største avdelinga med dårlege akustiske eigenskapar. Det er ikkje eigna toalett og stelletilhøve. Anlegget fremjar ikkje i stor nok grad eit trygt og godt barnehagemiljø, og legg ikkje til rette for inkludering og alderstilpassing. Personalet legg ned mykje arbeid for å skapa variasjon i aktivitet. Anlegget er i for liten grad oversiktleg mellom rom, og har ikkje innsyn inn i alle rom der barn oppheld seg. Personalet har tilpassa tilbodet og laga variasjonen i areal, utstyr og miljø som er tilpassa barnegruppa. Stellerom er tronge, har ikkje hev - senk stallebord og har ikkje berøringsfri armatur i vaskerenne. Anlegget er i nokon grad universelt utforma, men er i liten grad skilta. Tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne har varierende grad av universell utforming. Anlegget manglar eit system for kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for barn og tilsette. Tilbygg for vogner sperrar for dagslys i rom for leik og opphald. Barnehagen har eit HCWC i 1. etasje Det er lite visuell kontakt mellom leike- og opphaldsareal inne og ute. Barnehagen har areal som er tenlege med skilje mellom rein og skiten sone. Garderobar har tenleg plass til det tal på barn barnehagen har i dag og det er i nokon grad lagt til rette for at barna sjølve kan medverke og bli sjølvstendige i av- og påkledning. Det er lang avstand og lukka struktur mellom avdeling for storbarn, og garderobe/stellerom og toalett. 	
Vedlikehaldsbehov	<ul style="list-style-type: none"> Anlegget er ikkje godt nok vedlikehalde, ute og inne. Barnehagen har stor trong for vedlikehald 	
Trafikksituasjon:	<ul style="list-style-type: none"> Her er gjort eit arbeid med utviding av foreldreparkering og fortau utanfor barnehagen. Det er oversiktleg og funksjonelt for brukarar. 	
Leike- og opphaldsareal (LOA):	<ul style="list-style-type: none"> Barna har fleire stader ueigna leike- og opphaldsareal (avdelingsrom og grupperom) som i nokon grad fremjar leik og 	

<p>LOA fremjar variert lek, læring og god trivsel med samspel mellom barn og mellom tilsette og barn</p> <p>Anlegget har kapasitet i tråd med norm og krav til areal</p>	<p>trivsel.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje klart kva areal som er godkjend som leike og oppholdsareal. • Avdelingane er variert innreia med leikesoner, bord og stolar tilpassa barns alder. • Barnehagen brukar ASK, og symbol er tilgjengeleg på stader som bad, garderobe, leikerom m.m. • Møblar og inventar er tenlege i høve barns medverknad, men det er varierande kvalitet og tilstand. • Lukka struktur mellom avdelingane fremjar ikkje i stor nok grad samarbeid i profesjonsfellesskapet. • Det er i stor grad lagt til rette for eit leikemiljø som tar omsyn til små barn og deira behov for sansestimulering. • Det er i stor grad lagt vekt på møblering og uttrykk med pedagogisk innhald som er tilpassa rommet. 	
<p>Støtteareal</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kjøkken på kvar avdeling fungerer greitt, men er slitt og dårleg utstyrt. Vanskeleg tilgang på rom og kjøleskap for lagring og oppbevaring av mat. • Grovgarderobe og inngangsparti er store nok og tenleg innreia og organisert, men det er ikkje skilje mellom rein og sikten sone i garderoben. Det er god plass til oppbevaring av skiftetøy i fingarderoen, men ikkje i stor nok grad lagt vekt på medverknaden til barn. • Det er tenleg orden og nok plass til oppbevaring av utstyr og egedelane til barn. Knaggrekke står inn mot vegg, og legg ikkje i stor nok grad til rette for god tørk av klede. • Det er plass til arbeidstøyet til personalet i grovgarderoben med knaggar og eigne skap. Skapet når ikkje opp til tak, og gir slik sett eit område for oppbevaring og støvdeponi i høgda. • Det er overbygd vognskur tilknytt inngangsparti på småbarnsavdeling. • Stellerom og toalett er små og ikkje tenleg innreia. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Areal har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inn klima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Personalrommet er stort, men overmøblert med tanke på eit godt og effektivt reinhald. Møterom og arbeidsrom for personale er trangt og det er mykje lagring i desse romma. • Det er to personaltoalett i bygget og ikkje kjønnsdelte garderoar. • Det er ikkje dusj til personalet. • Kontor og møterom er ikkje i stor nok grad eigna for konfidensielle samtalar. • Temperatur er ustabil i kontor 	
<p>Driftsareal: Tilstand, funksjonalitet og kapasitet:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bygget har låg teknisk og bygningsmessig funksjonalitet. Ventilasjon, varme og sanitære forhold må utbetrast. • Det er ikkje eit låsbart skur til avfallsdunkar. 	
<p>Uteareal: Tilstand, funksjonalitet, kapasitet/storleik, variasjon, alderstilpassing og universell utforming.</p> <p>Korleis fremjar uteområdet leik, læring, kvile, samhandling og aktivitet?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen har eit stort og variert uteområde og er tilrettelagt for ulike alder. Det er likevel ikkje i stor nok grad lagt opp til variasjon i dei områda som er universelt utforma. • Den nedre leikeplassen er kupert og variert. Det er mykje slitasje enkelte stader og stor trong for vedlikehald på kort og lang sikt. 	

Prestmarka barnehage



Byggjeår og seinare endringar	Barnehagen er etablert i to bygg. Eit barnehagebygg med fleire byggetrinn, første trinn frå 1977, med 5 avdelingar, og ein ombygd skjuleheim, Solhall med 5 avdelingar.				
Tal bygg:	2				
Kapasitet leike og opphaldsareal (LOA)	944 m ² / 223 arealplassar (ein arealplass er 4 m ² og utgjer ein barnehageplass for eit barn over 3 år. Barn under 3 år tel for 1,3 arealplass)				
Barnetal	Barn 3-5 år: 67 barn Barn 1-2 år: 38 barn				
Over-/underkapasitet LOA jamfør godkjenning	I dag nyttast 469 m ² leike og opphaldsareal og det er ein overkapasitet på 473 m ² leike- og opphaldsareal jamfør godkjenning. Godkjend kapasitet er ikkje foreinleg med funn gjort i utgreiing. Barnehagen treng ei ny kapasitetsvurdering med bakgrunn i krav til formål, byggteknisk forskrift og miljøretta helsevern.,				
Tal avdelinger/basar	10 (5 i kvart bygg)				
Tilsette	Samla:	Leiing/adm:	Pedagogar:	Ped.medarb.	Andre:
	27,2	1,6	11,2	13,4	1

Vurdering av anlegget

Anlegget vert vurdert etter grad av måloppnåing.

Skalaen som vert brukt i vurderinga, går frå grøn til raud – slik:

EG 0	EG 1	EG 2	EG 3
I stor grad	I nokon grad	I mindre grad	I liten grad

Oppsummering og forslag til tiltak

Oppsummering av funksjonsvurdering	<p>Prestmarka barnehage har 10 avdelinger fordelt på 2 bygg (5 i kvart bygg). Per i dag er det 5 avdelingar i hovudbygget og 3 avdelingar i Solhall. Det er stor skilnad på pedagogisk funksjonalitet og bygningskvalitet i dei to bygga. Det godkjende leike- og opphaldsarealet er ikkje i tråd med krav til godkjenning, fleire stader. Fleire rom i begge bygg manglar tilstrekkeleg grad av dagslys og utsyn til å tilfredsstilla krav til varig opphald.</p> <p>Det opphavlege barnehagebygget (Hovudbygget) ber preg av eldre bygningsmessig kvalitet med stor trong for oppgradering og vedlikehald. Det er ei gjennomgåande skitten sone mellom de to bygningsdelane i hovudbygget. Om bygget skal drivast vidare må ein rekne med ein større ombygging og rehabilitering. Dette kan utløyse eit krav til godkjenning etter TEK17 i heile bygget.</p> <p>Solhall har moderne og fine lokale, men prosjektet er ikkje ferdig og det manglar ei heilskapleg organisering av bygget. Kjøkkenfunksjonen er ikkje tilfredsstillande. Felleskjøkken er ikkje gjort ferdig. Solhall er godt eigna der det er oppussa, men det må ferdigstillast. I delar av uteområdet er det støy over grenseverdiane for barnehage. Det er krav til avbøtande tiltak, som for eksempel støyskjerm.</p> <p>Dei tilsette jobbar godt med det pedagogiske innhaldet, leikemiljø og tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet. ASK og pedagogisk dokumentasjon er ein del av det fysiske miljøet.</p> <p>Organisering av ein barnehage på to forskjellige stader fører til ineffektiv drift, og utfordringar med å dele på både romlege og personalressursar. Styrar må dele seg på to lokasjonar. Organiseringa fører til mykje stress i kvardagen. Barnehagen har hatt høgt sjukefråvær over lengre tid, og jobbar med dette. Det fysiske arbeidsmiljøet med mykje organisering i stadvis dårlege lokalar er ei belastning for både barn og tilsette.</p>
Forslag til utbetringar	<p>Må:</p> <ul style="list-style-type: none">• Gjere ferdig oppussing, ombygging og organisering i Solhall.• Avvikle bruk av hovudbygg.• Etablere støygjerdje mot Radøyveien på framsida av Solhall.  <ul style="list-style-type: none">• Innsyn i alle rom der barn oppheld seg.• Komfyrvern og tidsbrytar der kjøkkenfunksjon er i leike- og opphaldsarealet.• Hev/senk stallebord der det manglar.• Ny kapasitetsvurdering og godkjenning etter barnehagelov og forskrift til

	<p>miljøretta helsevern.</p> <p>Bør:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kantfri tilkomst til leikeapparat og leikesonar • Berøringsfrie armatur i vaskane • Eigna oppbevaringsplass til vogner i Solhall.
--	--

Funksjonsvurdering hovudbygg

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Parkering og tilkomst	Tilkomst til barnehagen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre	
Leike- og opphaldsareal	Leike- og opphaldsareal er ihht. krav og for godkjenning og fremjar variert leik, læring og god trivsel med samspel mellom barn og tilsette	
Støtteareal	Støtteareal har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfellesskapet. Arealane har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inn klima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
<p>Helse – miljø – tryggleik</p> <p>Miljøfaktorar: Luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ivaretek ikkje i god nok grad krav til eit godt fysisk leike- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. • Det er ikkje dagslys i alle rom som er godkjend for leik og opphald. Nokre rom har høg brystning ved vindauge som ikkje i stor nok grad gir barn utsyn frå rommet. • Overbygg for vogner er bygd framfor opphaldsrom og hindrar dagslys og utsyn. • Det manglar fleire stader innsyn til rom der barn oppheld seg. Dette gjeld mellom leike- og opphaldsareal og inn til toalett og stellerom. • Anlegget har manglar tenlege system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. • Anlegget har ikkje skilje mellom skitten sone og rein sone. Ein grovgarderobe ved hovudinngang deler bygget i to. • Temperaturen varierer og vert ikkje opplevd som stabil. Mange stader er det kaldt på golvet. Det er ulik varmestyring i bygget. Panelomnar under vindauga har varierende kvalitet og varme. Nokre plassar er det varmeelement oppe ved taket (bad). • Det er varierende lyskjelder innandørs, og ikkje tenleg solskjerming i vindauge. • Ventilasjonsanlegget har varierende funksjonalitet i bygget. • Det er tenleg akustikk i anlegget. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Det er lydsmitte mellom etasjeskilje ned i baserom. • Anlegget fremjar ikkje i stor nok grad eit trygt og godt barnehagemiljø, og legg i for liten grad til rette for inkludering. • Anlegget er i for liten grad oversiktleg mellom rom, og har ikkje innsyn inn i alle rom der barn oppheld seg. • Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er tilpassa barnegruppa. • Stellerom har ikkje hev - senk stellebord og har ikkje berøringsfrie armatur i vaskerene. • Tilgjenge til rom og funksjonar ute og inne har varierende grad av universell utforming, men anlegget har heis. • Anlegget har ikkje i stor nok grad tenlege kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for barn og tilsette. • Anlegget er uoversiktleg med liten grad av transparens mellom rom og funksjoner innomhus. • Det er visuell kontakt mellom leike- og opphaldsareal inne og ute. • Det er små garderober, som ikkje er universelt utforma. • Det er i lite grad mogleg å legge til rette for god orden og innreiing som gjer at barn sjølve kan medverke og bli sjølvstendige i av- og påkledning. 	
Vedlikehaldsbehov	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har stor trong for vedlikehald, ute og inne: <ul style="list-style-type: none"> ○ Overflater inne (golv, vegger og tak) har varierende trong for vedlikehald. Nokre stader er det golvbelegg frå 70-talet ○ Overflater ute har ein del slitasje på treverk. ○ Det er trong for betre solskjerming og varmeregulering 	
Trafikksituasjon:	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget legg i liten grad til rette for trygg og tenleg trafikkavvikling. Det er få parkeringsplassar og mykje trafikk tett på bygget. Området er lite lesbart for barn. 	
<ul style="list-style-type: none"> • Leike- og opphaldsareal (LOA): • LOA fremjar variert lek, læring og god trivsel med samspel mellom barn og mellom tilsette og barn • Anlegget har kapasitet i tråd med norm og krav til areal 	<ul style="list-style-type: none"> • Barna har stort sett tenleg leike- og opphaldsareal (avdelingsrom og grupperom) som i nokon grad fremjar leik og trivsel, men fleire rom har ikkje stor nok grad av dagslys og utsyn. • Det er ikkje klart kva areal som er godkjend som leike og opphaldsareal. • Barnehagen har også tilgang til Radøyhallen - gymsal fem dagar i veka. • Møblering er jamt over tenleg med tanke på aldersgruppa og areal, og tenleg i høve barns medverknad. • Barnehagen brukar ASK, og symbol er tilgjengeleg på stader som bad, garderobe, leikerom m.m. • Det er ikkje fellesareal eller møteplassar mellom avdelingane. • Bygningen har ein lukka struktur og lite transparens. Læringsareala fremjar ikkje i stor nok grad samarbeid i profesjonsfellesskapet • Det går ikkje fram kva areal som er godkjend som leike- og opphaldsareal. Kapasitet er ikkje avklart. 	
Støtteareal	<ul style="list-style-type: none"> • Grovgarderobe og inngangsparti er ikkje store nok og er difor ikkje tenleg innreia og organisert. • Det er ikkje god nok plass til oppbevaring av utstyr og egedelar til barn. Knaggrekke står inn mot vegg, og legg ikkje i stor nok grad til rette for god tørk av klede. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • innreiinga er ikkje lagd til rette for medverknaden. • Det er ikkje stor nok plass til arbeidstøyet til personalet i grovgarderoben. • Det er plass til oppbevaring av skiftetøy i fingarderober, men ikkje i stor nok grad lagt vekt på medverknaden til barn. • Det er lite lager tilknytt avdelingar og elles lite lagerplass i barnehagen. • Barn søv i vogner under overbygg. Det er eit uisolert rom til plassering av vogner. • Toaletta til barn er små og manglar glas for innsyn. 	
Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	<ul style="list-style-type: none"> • Personalareala ligg i kjellaretasje. Areala er ikkje dimensjonert for personalet til fem avdelingar. • Det er ikkje nok plass til utstyr og arbeidstøy. • Det er ikkje stort nok arbeidsrom og pauserom. Begge bygga nyttar pauserom som møterom. Romma er tronge og overmøblerte. 	
Driftsareal: Tilstand, funksjonalitet og kapasitet:	<ul style="list-style-type: none"> • Reinholdsrom og bøttekott er tronge og ikkje tenleg utstyrt og møblert. Det er satt opp IKT-skap inne på reinholdsrom nede. Dette er ikkje ei eigna plassering. 	
Uteareal	<ul style="list-style-type: none"> • Utearealet er stort og variert i terreng og aktivitetar. Det manglar god oversikt enkelte stader og det er trangt for oppdragering av apparatar og dekker. Mykje slete treverk. 	

Funksjonsvurdering avdeling Solhall

Område	Mål	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik	Anlegget fremjar helse, miljø og tryggleik og er i samsvar med krav etter lov og forskrift.	
Vedlikehaldsbehov	Anlegget er godt halde ved like.	
Parkering og tilkomst	Tilkomst til barnehagen og parkering er trygg og lesbar for barn og foreldre	
Leike- og opphaldsareal	Leike- og opphaldsareal er ihht. krav og for godkjenning og fremjar variert leik, læring og god trivsel med samspel mellom barn og tilsette	
Støtteareal	Støtteareal har nok kapasitet, er tilgjengelege, funksjonelle, med god tilstand og kvalitet.	
Personalareal	Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.	
Driftsareal	Driftsareala legg til rette for god og enkelt drift av anlegget	
Uteareal	Utearealet er trygt, universelt utforma og fremjar variert leik, aktivitet, læring og sosial samhandling	

Vurderingspunkt	Kommentar og grunngjeving	Vurdering
Helse – miljø – tryggleik Miljøfaktorar: Luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget ivaretek i stor grad eit godt fysisk leike- og arbeidsmiljø, med tanke på reinhald, luftkvalitet, temperatur, lys, lydsmitte og akustikk. • Det er ikkje klart kva areal som er godkjend som leike- og opphaldsareal. Det er uvisse om det er dagslys i alle rom som er godkjend for leik og opphald. • Det er stort sett innsyn i og mellom rom der barn oppheld seg. Dette gjeld mellom leike- og opphaldsareal og inn til toalett og stellerom. Dette manglar i avdeling for førskolebarn. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Anlegget har tenlege system for lagring, slik at ein unngår støvdeponi. • Anlegget er lett å halde reint, og har skilje mellom skitten sone og rein sone. • Temperaturen er stabil og vert opplevd høveleg. Det er gode lyskjelder innandørs, og tenleg solskjerming i vindauge. • Ventilasjonsanlegget fungerer, både teknisk og slik brukarane opplever det. • Det er god akustikk i rom og soner. Det er lydsmitte mellom etasjeskilje ned i baserom. • Anlegget fremjar i nokon grad eit trygt og godt barnehagemiljø, og legg i nokon grad rette for inkludering, alderstilpassing og variasjon i aktivitet. • Anlegget er i for liten grad oversiktleg mellom rom, og har ikkje innsyn inn i alle rom der barn oppheld seg. • Tilbodet og variasjonen i areal, utstyr og apparat er tilpassa barnegruppa. • Stellerom har ikkje hev - senk stellebord og har ikkje berøringsfri armatur i vaskerøne. • Anlegget er i nokon grad universelt utforma, me er i liten grad skilta. • Anlegget har tenlege kontrastfargar og kvalitetar som sikrar gode lys- og lydtilhøve for barn og tilsette. • Anlegget er kompakt, men har i liten grad oversikt mellom rom og funksjonar innomhus. Det er ikkje innsyn i alle rom der barn oppheld seg, ikkje transparens mot tilstøytande rom og lite visuell kontakt mellom leike- og opphaldsareal inne og ute. • Barnehagen har areal som er tenlege med skilje mellom rein og skiten sone. • Garderobe har god plass til det tal på barn barnehagen har i dag, og det er lagt til rette for at barna sjølve kan medverke og bli sjølvstendige i av- og påkledning. 	
Vedlikehaldsbehov	<ul style="list-style-type: none"> • Dei nyoppussa areala er stort sett i tråd med krav til formålet. Areal som ikkje er pussa treng oppgradering ihht krav i lov og forskrift. 	
Trafikksituasjon:	<ul style="list-style-type: none"> • Det er fortau frå hovudveg og fram mot oppmerkt parkering på baksida av barnehagen. Parkeringsplassen er oversiktleg inn mot bygget. 	
Leike- og opphaldsareal (LOA): LOA fremjar variert lek, læring og god trivsel med samspel mellom barn og mellom tilsette og barn Anlegget har kapasitet i tråd med norm og krav til areal	<ul style="list-style-type: none"> • Barna har eit tenleg leike- og opphaldsareal (avdelingsrom og grupperom) som i stor grad fremjar leik og trivsel. • Det er god transparens og fine, funksjonelle avdelingar og rom i den delen som er pussa opp. • Det manglar noko oppgradering i førskuleavdelinga. Der er det ikkje tilstrekkeleg grad av innsyn mellom rom og funksjonar. • Det er sannsynleg godkjend leike- og opphaldsareal inne som ikkje er i tråd med krav til forskrift om miljøretta helsevern, mellom anna krav til dagslys og utsyn. • Det er godkjend leike- og opphaldsareal ute som har støy over grenseverdier. 	
Støtteareal	<ul style="list-style-type: none"> • Det er god tilgang på stellerom og toalett både inne og ute. • Stelleromma er funksjonelle, med hev/senk stellebord og berøringsfri armatur. • Det er HCWC til både barn og vaksne i bygget. • Garderobar har god golvplass. 	

	<ul style="list-style-type: none"> • Det manglar tilstrekkeleg kapasitet i kjøkken. 	
<p>Personalareal: Personalareala fremjar trivsel, inkludering og samarbeid i profesjonsfelleskapet. Areala har gode kvalitetar med tanke på akustikk, lydsmitte og inneklima.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er trong for fleire møterom i ulike storleik. Det er kapasitet til å etablere fleire møterom. 	
<p>Driftsareal: Tilstand, funksjonalitet og kapasitet:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bygget fungerer i tråd med krav 	
<p>Uteareal: Tilstand, funksjonalitet, kapasitet/storleik, variasjon, alderstilpassing og universell utforming.</p> <p>Korleis fremjar uteområdet leik, læring, kvile, samhandling og aktivitet?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er opparbeidd eit stort og variert uteområde, og det er kort veg til eit flott skogområde. • Uteområdet er soneinndelt med gjerde på fram- og bakside av huset, og fine grønne område som deler inn plassen. • Heile tomten er relativt flat • Uteområdet på framsida har eige bygg til WC. • Leikesoner og sandbasseng har ikkje kantfri tilkomst. • Det er ikkje satt opp støygjerde mot Radøyvegen. Støykart indikerer støy over grenseverdi. 	